



DET KONGELEGE  
KULTUR- OG KYRKJEDEPARTEMENT

# St.meld. nr. 23

(2008–2009)

---

## Bibliotek

Kunnskapsallmenning, møtestad og  
kulturarena i ei digital tid





# Innhald

<b>Del I</b>	<b>Innleiing og samandrag</b> .....	9	4.6	Oppsummering av utviklingstrekk.	53
<b>1</b>	<b>Innleiing</b> .....	11	<b>5</b>	<b>Juridiske rammevilkår og statlege støtte- og vederlagsordningar</b> .....	57
1.1	Føremål .....	11	5.1	Innleiing .....	57
1.2	Innhaldet i meldinga .....	11	5.2	Juridiske rammevilkår.....	57
1.3	Samfunnsoppdraget til biblioteka..	12	5.2.1	Åndsverklova .....	57
1.4	Definisjonar .....	13	5.2.2	Pliktavleveringslova .....	58
1.5	Grunnlagsdokument .....	14	5.2.3	Lov om bibliotekvederlag .....	59
<b>2</b>	<b>Samandrag</b> .....	19	5.2.4	Anna lovgjeving .....	59
2.1	Innleiing.....	19	5.3	Statlege støtte- og vederlagsordningar.....	59
2.2	Kunnskapsallmenning i ei digital tid	19	5.3.1	Innkjøpsordningar for litteratur og støtte til litteratur og tidsskrifter... ..	59
2.3	Samarbeid og fordeling av ansvar..	21	5.3.2	Innkjøpsordninga for musikk .....	60
2.4	Biblioteket som møtestad, lærings- og kulturarena. ....	23	5.3.3	Nye innkjøpsordningar .....	60
2.5	Bibliotektenester til alle.....	25	5.3.4	Lydbokavtala.....	61
<b>Del II</b>	<b>Utviklingstrekk, rammevilkår og internasjonale perspektiv</b> ...	27	5.3.5	Filmavtala .....	61
<b>3</b>	<b>Overordna utviklingstrekk</b> .....	29	5.3.6	Momsfritaket på bøker og tidsskrifter.....	61
3.1	Innleiing.....	29	5.3.7	Spelemidlar.....	62
3.2	Globalisering og teknologisk utvikling.....	29	5.4	Utdanning, kompetanseutvikling ..	62
3.3	Kunnskapsutvikling og informasjonsbehov.....	30	<b>6</b>	<b>Bibliotek i eit internasjonalt perspektiv</b> .....	65
3.4	Demografiske og strukturelle utviklingstrekk .....	32	6.1	Innleiing .....	65
<b>4</b>	<b>Det nasjonale biblioteknettverket – oppgåver og ansvarsfordeling</b> .....	35	6.2	Internasjonalt biblioteksamarbeid .	65
4.1	Innleiing.....	35	6.2.1	Det verdsomspennande biblioteksamarbeidet.....	65
4.2	Statleg ansvar .....	35	6.2.2	Det europeiske biblioteksamarbeidet.....	66
4.2.1	Nasjonalbiblioteket.....	37	6.2.3	Det nordiske biblioteksamarbeidet.....	66
4.2.2	Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek.	39	6.3	Bibliotekpolitikk i nokre andre land .....	67
4.2.3	Universitets- og høgskulebibliotek.	40	6.3.1	Sverige.....	67
4.3	Kommunalt ansvar og løyvingar... ..	43	6.3.2	Danmark .....	67
4.3.1	Folkebibliotek.....	44	6.3.3	Finland.....	68
4.3.2	Skulebibliotek.....	48	6.3.4	Nederland .....	69
4.4	Fylkeskommunalt ansvar og løyvingar .....	51	6.3.5	England.....	69
4.4.1	Fylkesbibliotek .....	51	<b>Del III</b>	<b>Drøftingar, vurderingar og tiltak</b> .....	71
4.4.2	Mobile bibliotektenester .....	52	<b>7</b>	<b>Kunnskapsallmenning i ei digital tid</b> .....	73
4.5	Biblioteksystem og systemleverandørar .....	52	7.1	Innleiing .....	73
4.5.1	BIBSYS .....	52	7.2	Eit digitalt innsatsprogram .....	73
4.5.2	Kommersielle biblioteksystem .....	53			
4.5.3	Frie biblioteksystem.....	53			

7.3	Metadata og standardar . . . . .	74	9.2	Samarbeid om folkebibliotek og bibliotekutvikling . . . . .	101
7.3.1	Samkatalogen og Nasjonalbibliografien . . . . .	75	9.3	Om interkommunalt samarbeid i kommunelova . . . . .	102
7.3.2	Søk i bibliotekatalogane . . . . .	76	9.3.1	Samarbeid etter § 27 . . . . .	102
7.4	Autorisasjons- og identitetsforvaltning . . . . .	77	9.3.2	Vertskommunemodellen . . . . .	103
7.5	Digitalisering, bevaring og tilgjengeleggjering . . . . .	78	9.3.3	Interkommunale selskap . . . . .	104
7.5.1	Nasjonalbibliotekets digitaliseringsprogram . . . . .	78	9.4	Nokre samarbeidsmodellar . . . . .	104
7.5.2	Andre digitaliseringsinitiativ . . . . .	79	9.5	Kompetansekravet og dispensasjonsordninga . . . . .	105
7.5.3	Kostnader ved digitalisering og drift . . . . .	79	9.6	Rammeprogram for kompetansutvikling . . . . .	106
7.5.4	Tilgjengeleggjering av kulturarvmateriale . . . . .	79	9.7	Departementets vurdering . . . . .	106
7.5.5	Langtidslagring av digitalt materiale . . . . .	80	9.8	Tiltak og strategiar . . . . .	110
7.6	E-boka og innkjøpsordningane . . . . .	80	<b>10</b>	<b>Nasjonal samordning av arkiv-, bibliotek- og museumsfeltet . . . . .</b>	<b>113</b>
7.7	Lisens- og konsortieavtaler . . . . .	81	10.1	Innleiing . . . . .	113
7.7.1	Omfanget av lisensavtaler i universitets- og høgskulesektoren . . . . .	81	10.2	ABM-utviklings roller og oppgaver . . . . .	114
7.7.2	Samordna kjøp av tilgjenge gjennom konsortieavtaler . . . . .	82	10.2.1	Oppgaver på museumsfeltet . . . . .	114
7.8	Nasjonale lisensar . . . . .	83	10.2.2	Oppgaver på bibliotekfeltet . . . . .	115
7.8.1	Utgreiing om nasjonale lisensar . . . . .	83	10.2.3	Oppgaver på arkivfeltet . . . . .	115
7.9	Publisering i opne arkiv . . . . .	84	10.3	Økonomiske ressursar . . . . .	116
7.10	Digitale tenester i biblioteka . . . . .	84	10.4	Evaluering av ABM-utvikling . . . . .	116
7.10.1	Nasjonalbibliotekets digitale bibliotek . . . . .	84	10.5	Høyringsfråsegner . . . . .	117
7.10.2	Andre digitale tenester i biblioteksektoren . . . . .	85	10.6	Departementets vurdering . . . . .	118
7.10.3	Digital formidling av musikk i biblioteka . . . . .	86	10.7	Tiltak og strategiar . . . . .	121
7.11	Departementets vurdering . . . . .	87	<b>11</b>	<b>Biblioteket som møtestad, lærings-, og kulturarena . . . . .</b>	<b>123</b>
7.12	Tiltak og strategiar . . . . .	89	11.1	Innleiing . . . . .	123
<b>8</b>	<b>Ressursdeling og fjernlån . . . . .</b>	<b>91</b>	11.2	Bibliotekrom og bibliotekfunksjonar . . . . .	123
8.1	Innleiing . . . . .	91	11.2.1	Universell utforming . . . . .	124
8.2	Fjernlån og ressursdeling i biblioteknettverket . . . . .	91	11.2.2	Kombinasjonsbibliotek og samlokaliseringar . . . . .	124
8.2.1	Omfanget av lånesamarbeidet . . . . .	91	11.2.3	Finansiering av nye biblioteklokale . . . . .	124
8.2.2	Nasjonalbibliotekets depotbibliotek . . . . .	93	11.3	Folkebiblioteket som møtestad og sosial arena . . . . .	125
8.2.3	Logistikk- og transportsystem . . . . .	94	11.4	Biblioteket som læringsarena . . . . .	125
8.3	Gratisprinsippet og fri lånerett . . . . .	95	11.4.1	Særleg om skulebibliotek og skulebibliotekutvikling . . . . .	127
8.4	Spørsmålet om felles biblioteklov . . . . .	95	11.5	Folkebiblioteka som kultur- og litteraturformidlarar . . . . .	128
8.5	Departementets vurdering . . . . .	96	11.5.1	Bibliotek i barnehagar . . . . .	128
8.6	Tiltak og strategiar . . . . .	98	11.5.2	Litteratur i Den kulturelle skulesekken . . . . .	129
<b>9</b>	<b>Organisering og drift av bibliotektenester lokalt og regionalt . . . . .</b>	<b>101</b>	11.5.3	Formidling og opphavsrett . . . . .	130
9.1	Innleiing . . . . .	101	11.5.4	Artotek – utlån av kunst gjennom bibliotek . . . . .	131
			11.6	Departementets vurdering . . . . .	131
			11.7	Tiltak og strategiar . . . . .	134

<b>12</b>	<b>Bibliotektenester til samar, nasjonale minoritetar og andre minoritetsspråklege</b> . . . . .	137	12.5	Departementets vurdering . . . . .	144
12.1	Innleiing. . . . .	137	12.6	Oppsummering av tiltak og strategiar . . . . .	146
12.2	Samiske bibliotektenester . . . . .	137	<b>13</b>	<b>Spesielle bibliotektenester</b> . . . . .	149
12.2.1	Sametingets løyvingar til bibliotek .	138	13.1	Innleiing . . . . .	149
12.2.2	Samisk litteratur og kultur i andre bibliotek. . . . .	139	13.2	Tilrettelagd litteratur og bibliotektenester. . . . .	149
12.2.3	Skulebibliotek i samiske område ..	140	13.2.1	Leser søker bok . . . . .	149
12.2.4	Fag- og forskingsbibliotek med samiske samlingar . . . . .	140	13.2.2	Bibliotektenester til teikn-språklege. . . . .	149
12.2.5	Bibliografi over samiske materiale..	141	13.3	Bibliotek i fengsel. . . . .	150
12.3	Bibliotektenester til nasjonale minoritetar. . . . .	141	13.4	Bibliotek i helseinstitusjonar. . . . .	150
12.3.1	Nærare om kvensk og finsk bibliotekteneste . . . . .	141	13.5	Departementets vurdering . . . . .	151
12.4	Bibliotektenester til andre minoritetsspråklege . . . . .	142	13.6	Tiltak og strategiar. . . . .	152
12.4.1	Innvandrargruppers bruk av biblioteket . . . . .	142	<b>14</b>	<b>Økonomiske og administrative konsekvensar</b> . . . . .	155
12.4.2	Det flerspråklige bibliotek. . . . .	143	<b>Vedlegg</b>		
			1	Litteraturliste . . . . .	156





DET KONGELEGE  
KULTUR- OG KYRKJEDEPARTEMENT

# St.meld. nr. 23

(2008–2009)

---

## Bibliotek

Kunnskapsallmenning, møtestad og  
kulturarena i ei digital tid

*Tilråding frå Kultur- og kyrkjedepartementet av 17. april 2009,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Stoltenberg II)*





-

*Del I*  
*Innleiing og samandrag*



Figur 1.1 Moss bibliotek

Foto: ABM-utvikling

# 1 Innleiing

## 1.1 Føremål

Eit overordna mål i kulturpolitikken er å sikre at alle får tilgjenge til kunst og kulturopplevingar og høve til å uttrykkje seg gjennom kunst og kultur, uavhengig av geografi, økonomiske og sosiale skiljeliner. Regjeringa vil realisere kulturløftet gjennom ei opptrapping av kultursatsinga til 1 prosent av statsbudsjettet innan 2014. Regjeringa vil også synleggjere det fleirkulturelle perspektivet på alle felt i kulturlivet og medverke til å skape betre møtestader. Noreg skal vere eit inkluderande samfunn der alle, uavhengig av økonomisk og sosial bakgrunn, har like rettar, plikter og vilkår for å delta i samfunn og arbeidsliv. Regjeringa vil også satse på kunnskap og utdanning.

Biblioteka er møtestader og arenaer som kan medverke til å nå regjeringa sine overordna mål for kultur og kunnskapspolitikken. Bibliotek er med på å styrkje demokratiet og yringsfridomen gjennom å

- sikre kunnskap og informasjon for alle
- formidle og forvalte norsk skriftkultur og litteratur
- formidle kunnskap om kultur og ulike samfunnstilhøve
- medverke til leselyst og lesedugleik
- gje tilgang til teknologi
- vere ein møtestad og sosial arena for mange ulike grupper.

Hovudføremålet med denne meldinga er å utvikle robuste og omstillingsdyktige bibliotek som kan tilby alle innbyggjarane betre bibliotektenester. Dette er ei viktig oppgåve som ikkje minst handlar om å styrkje og vidareutvikle ein offentleg møteplass for kultur- og kunnskapsformidling, tufta på demokrati og yringsfridom.

Utfordringane i biblioteka viser at det er behov for ein overordna politikk som kan medverke til at biblioteka tek i bruk løysingar og byggjer strukturar, som er robuste nok til å møte morgondagens utfordringar. Det er viktig at biblioteka i størst mogeleg grad arbeider i same retning og tek i bruk løysingar som gjev brukarane bibliotektenester med høg kvalitet. Det er behov for klarare mål og

krav, betre ansvarsfordeling og satsingsprogram for å oppnå ei slik utvikling.

Regjeringa vil oppnå dette gjennom å:

- setje fart i samarbeidet mellom biblioteka og stimulere til samordning og samdrift av bibliotektenester lokalt og regionalt
- utvikle den nasjonale samordninga av arkiv-, bibliotek-, og museumssektoren
- opparbeide ny kompetanse i biblioteka
- vidareutvikle digitale fellestener for biblioteka og utvikle bibliotekas kompetanse på å yte tenester i den digitale kunnskapsallmenningen
- utvikle folkebiblioteka som møtestad, kulturaarena og samfunnsaktør
- fremje folkebiblioteka som læringsarena og i særleg grad utvikle biblioteka som arena for leselyst og lesedugleik
- betre og utvikle skulebiblioteka
- utvikle bibliotektilbodet til spesielle grupper.

## 1.2 Innhaldet i meldinga

I det noverande biblioteklandskapet er ansvaret for bibliotektenestene klart fordelte mellom stat, fylkeskommune og kommune. Hovudmønsteret i denne oppgåvedelinga vil ikkje bli endra i tida som kjem, men departementet vil i samråd med andre relevante departement vurdere om det kan vere tenleg med ei nærare samordning eller samanslåing av bibliotekoppgåver i Nasjonalbiblioteket og ABM-utvikling – eventuelt om det kan vere ei løysing å overføre bibliotekoppgåver frå ABM-utvikling til Nasjonalbiblioteket. Hovudinnretninga vil elles vere at kommunane og fylkeskommunane framleis skal ha ansvaret for folkebiblioteka, men at kommunane i større grad bør samarbeide om bibliotektenestene. I meldinga vert det gjort framlegg om å prøve ut ei meir fleksibel organisering av bibliotektenestene på lokalt og regionalt nivå, og å prøve ut samarbeidsmodellar til dømes etter vertskommunemodellen.

For å styrkje samarbeidet og samspelet mellom forvaltningsnivåa, vert det gjort framlegg om å etablere ei friviljug ordning med samarbeidsavtaler mellom staten og fylkeskommunane. Desse samar-

beidsavtalene skal vere verktøy for å gjennomføre nasjonal politikk og nasjonale satsingsprogram og stimulere til fylkeskommunale og kommunale handlingsplanar på bibliotekområdet.

I meldinga vert det varsla at lov om folkebibliotek skal reviderast. Kompetansekravet for fagutdanna biblioteksjef og dispensasjonsordninga vert drøfta og ulike alternativ vert synleggjorde. Det vert tilrådd å fjerne lovkravet om at det skal finnast eit fylkesbibliotek i kvart fylke, og i lovverket vil ein i staden leggje vekt på dei oppgåvene som skal løysast på fylkeskommunalt nivå. Føremålet med desse endringane er å leggje til rette for meir fleksibel organisering av bibliotekenestene, og stimulere til samarbeid om personalressursar og kompetanse på tvers av kommunegrensene.

Vidare vil Kultur- og kyrkjedepartementet og Kunnskapsdepartementet starte eit arbeid for å harmonisere lovverket på heile bibliotekfeltet for å styrkje lånesamarbeidet og ressursutvekslinga mellom biblioteka. Felles retningslinjer for lånesamarbeid vert reviderte og departementet vil vurdere å fastsetje forskrift for lånesamarbeid og registrering med heimel i folkebiblioteklova § 3. Lov om opphavsrett til åndsverk er under revisjon, og departementet vil også starte arbeidet med å revidere lov om pliktavlevering av allment tilgjengelege dokument.

I tillegg til å stimulere til ei organisatorisk utvikling av bibliotekenestene på lokalt og regionalt nivå, vil den statlege satsinga på bibliotekfeltet framover omfatte fleire konkrete initiativ, i tillegg til dei tiltaka som vert varsla i digitaliseringsmeldinga. Både det samiske og det nynorske perspektivet skal inkludert i satsingane, som vil verte nærare konkretiserte:

- *Kompetanseutvikling*: Kultur- og kyrkjedepartementet og Kunnskapsdepartementet vil i fellesskap vurdere tiltak for å styrkje og utvikle kompetansen i heile biblioteksektoren. Eit kompetanseutviklingsprogram vil verte vurdert.
- *Modellbibliotek*: For å styrkje møteplassfunksjonen i folkebiblioteka vil Kultur- og kyrkjedepartementet arbeide for å synleggjere folkebibliotek som kan vise til god funksjonalitet og gode partnerskap.
- *Nasjonalt leseår 2010 og eit nasjonalt leseløft i perioden fram mot 2014*: Kultur- og kyrkjedepartementet og Kunnskapsdepartementet vil i fellesskap etablere eit nasjonalt leseår i 2010 som start på eit nasjonalt leseløft i perioden 2010–2014, retta mot både barn, unge og vaksne.
- *Nasjonal aktør i Den kulturelle skulesekken*. Kultur- og kyrkjedepartementet og Kunnskapsdepartementet vil styrkje litteraturformidling, leselyst og lesedugleik ved å utnemne Norsk Forfattersentrum som nasjonal aktør for litteratur i Den kulturelle skulesekken, og ved å utvikle folkebiblioteka som arena for lesing og litteraturformidling.

– *Digital kompetanseheving i folkebibliotek*: Fornyings- og administrasjonsdepartementet har gjeve støtte til eit pilotprosjekt som skal styrkje folkebiblioteka som arena for digital kompetanse. Prosjektet skal leggje grunnlaget for slike satsingar i alle større folkebibliotek.

- *Skulebibliotekutvikling*: Kunnskapsdepartementet har sett i verk eit eige program for skulebibliotekutvikling i perioden 2009–2012. Programmet inneheld tiltak for å styrkje lesing, kompetanseutvikling og kunnskapsdanning, informasjonskompetanse og statistikk, regelverk og samarbeid.
- *Biblioteksøk*: Nasjonalbiblioteket i samarbeid med ABM-utvikling vil etablere ei teneste med felles søk i alle bibliotekatalogane i norske bibliotek og ei ordning med brukarinitiert fjernlån. Ei slik teneste er viktig også for på sikt å realisere eit felles søk på tvers av arkiv, bibliotek og museum.
- *Frikjøpe verna materiale*: Nasjonalbiblioteket vil gjennomføre prøveprosjektet Bokhylla.no der verna materiale vil bli frikjøpt og gjort allment tilgjengeleg digitalt.
- *Nasjonale lisensar*: Kultur- og kyrkjedepartementet og Kunnskapsdepartementet vil i fellesskap vurdere korleis arbeidet med nasjonale lisensar bør utviklast vidare.
- *FoU på arkiv-, bibliotek- og museumsfeltet*: Kultur- og kyrkjedepartementet og Kunnskapsdepartementet vil i fellesskap vurdere tiltak som kan styrkje forskning og utvikling på arkiv-, bibliotek- og museumsfeltet.

Eit grunnleggjande perspektiv i meldinga er at den digitale utviklinga vil ha ein grensesprengjande verknad på bibliotekenestene framover. Samstundes med denne meldinga vert det også lagt fram ei stortingsmelding om digitalisering og digital formidling av kultur- og kunnskapskjelder i kulturfeltet. Dei to meldingane vil i nokon monn vere overlappende.

### 1.3 Samfunnsoppdraget til biblioteka

Verdigrunnlaget og legitimiteten til biblioteka bygger på tanken om at kunnskap og utdanning skal vere tilgjengeleg for alle, uavhengig av sosiale,

økonomiske og geografiske skiljelinjer. Dette gjeld alle typar bibliotek, fag- og forskingsbibliotek, folkebibliotek og skolebibliotek. Biblioteka skal gje den enkelte høve til læring og personleg utvikling heile livet gjennom. Fag- og forskingsbiblioteka skal hjelpe utdanningsinstitusjonane til å nå måla sine når det gjeld læring og forskning.

Biblioteka forvaltar viktige delar av dei fysiske og digitale kunnskaps- og informasjonsressursane i samfunnet på vegner av fellesskapen. Dei forvaltar ein sentral del av kultur- og kunnskapsallmenningen, skal skape breitt tilgjenge til informasjonskjeldene og leggje til rette for bruken av dei. På den eine sida skal biblioteka bevare og forvalte kjelder uavhengig av raskt skiftande teknologiske og andre endringar, og på den andre sida skal dei fornye tenestene sine og utvikle seg i takt med utviklingstrekka og behova i samfunnet.

Folkebiblioteka er viktige, sjølvstendige kulturarenaer og målberarar av grunnleggjande fellesverdier. Eit besøk på biblioteket kan by på eit stort spekter av opplevingar der det målretta søket etter spesifikke informasjonskjelder går hand i hand med det tilfeldige møtet med det uventa, anten dette er av kulturell, sosial eller kunnskapsmessig art. Slik kan eit bibliotekbesøk stimulere fantasien, og setje i gang kreative prosessar. Dette er ikkje minst viktig med tanke på at barn og unge er blant dei mest aktive brukarane av biblioteket.

Fag- og forskingsbiblioteka har ei særleg oppgåve som forvaltarar av fagleg og akademisk dokumentasjon og litteratur, både på norsk og på andre språk, innanfor dei ulike fagområda. Samstundes skal dei vere tilrettelagde, fysiske læringsarenaer som gjev tilgjenge til nødvendige hjelpemiddel, informasjon, kunnskapskjelder, utstyr og informasjonskompetanse. Fag- og forskingsbiblioteka tener også den demokratiske rolla gjennom å gjere kunnskap fritt tilgjengeleg for studentane, og dei medverkar til at kunnskap vert ein utviklingsfaktor mellom anna gjennom kunnskapsorganisering og ved å utvikle kritisk sans hos studentane.

Spesielt folkebiblioteka er heilt sentrale formidlarar av språklege og litterære uttrykksformer i dagens samfunn. Eitt av kjenneteikna ved folkebibliotek er at dei spelar ei spesiell rolle når det gjeld å formidle skjønnlitteratur. Dei har difor ei nøkkelrolle i arbeidet for å styrkje og formidle norsk skriftkultur og litteratur, og er viktige samarbeidspartnarar i arbeidet for å styrkje leseopplæringa. Folkebiblioteka er naturlege og sjølvsgde aktørar i arbeidet med Den kulturelle skulesekken i alle kommunar både som arena for litteraturformidling og som utviklar av ulike tilbod.

Biblioteka skal formidle informasjon og kunnskap om kultur- og andre samfunnstilhøve og på den måten medverke til å utvikle demokratiet og ytringsfridomen. I dette ligg også ein skyldnad til å skape forståing og respekt for kulturelt mangfald, anten dette mangfaldet botnar i etniske, religiøse, sosiale eller geografiske tilhøve.

Biblioteka skal vidare leggje til rette for at alle innbyggjarane kan velje eit aktivt liv ut frå personlege føresetnader. Tilgjenge til relevant informasjon og kunnskap er ein grunnleggjande føresetnad for at enkeltindivid kan vere deltakarar i eit levande demokrati og aktive samfunnsdeltakarar. Gjennom å gje tilgjenge til teknologi, rettleiing og opplæring kan biblioteka medverke til å auke digital kompetanse.

Biblioteka er kultur- og samfunnsinstitusjonar som ikkje berre organiserer samlingar av informasjonsberarar, det vere seg bøker og anna materiale, fysisk så vel som digitalt. Biblioteka skal òg vere fysiske møteplassar og læringsarenaer som tek vare på det kulturelle og demografiske mangfaldet, og som formidlar kunnskap og kultur i bibliotekarealet.

Biblioteka er òg institusjonar der det oppstår sosiale prosessar mellom menneske knytte til kulturformidling, kunnskap og læring. Her spelar bibliotekaren ei viktig rolle som formidlar, rettleiar og samtalepartnar. Biblioteka er difor ein stad i samfunnet der ein kan utvikle møtestader på tvers av ulike samfunnsgrupper. Dette er viktige faktorar for å styrkje demokrati, ytringsfridom, integrering, inkludering og livskvalitet i samfunnet.

Som institusjonstype har bibliotek tilretteleggjande oppgåver som skal sikre at informasjon og kunnskap skal vere tilgjengeleg for alle, og på mange ulike språk. Slik sett kan det seiast at samfunnsrolla til biblioteka ligg i skjæringspunktet mellom kulturpolitikk, utdanningspolitikk og ein politikk for å styrkje demokratiet.

## 1.4 Definisjonar

Den tradisjonelle definisjonen av eit *bibliotek* (av gr. bok og lagerrom) er ein bygning eller eit lokale der bøker og andre dokumenttypar vert oppbevarte. *Bibliotek* vert også ofte brukt som nemning for sjølve samlinga.

Eit konvensjonelt bibliotek kan i tillegg til trykksaker og manuskript også innehalde mikrofilm, spelefilm, videogram, fotografi og lydfestingar m.m. Den tradisjonelle bibliotekfunksjonen er – og har vore – å oppbevare bøker og manuskript og ordne samlingane slik at dei er tilgjengelege for

brukarane. Etter kvart er det lagt vekt på tenesteyting som referansearbeid, formidling og pedagogisk rettleiing.

Moderne informasjonsteknologi har gjort det enklare å ha oversyn over samlinga, gje informasjon om kva bøker som kjem til andre bibliotek, og å skaffe fram dette til brukarane. I dei siste åra er omgrepa *digitalt bibliotek* eller *elektroniske bibliotek* brukte om organiserte samlingar som gjev tilgjenge til informasjon i digital form formidla via eit datanett.

Eit anna omgrep er *saumlause bibliotek* og *saumlause bibliotektenester*, som refererer til noko som er *heilskapleg, i eit heilt stykke, utan skøyt*. Dette inneber konkret at ein som brukar kan gå til kva bibliotek som helst for å få tilgjenge til dei dokumenta eller tenestene ein treng. Den teknologiske utviklinga skal også kunne syte for at biblioteket kan vere *døgnope*.

Ein utvida definisjon er at biblioteket er ein institusjon som med utgangspunkt i samlingar av dokument – digitale eller fysiske – initierer og organiserer sosiale prosessar, først og fremst sosiale prosessar knytte til læring og kulturformidling. *Det sosiale biblioteket* rommar såleis ei vidare forståing av kva eit bibliotek er og fangar inn kjernen av det eit bibliotek alltid har gjort, samstundes som omgrepet også identifiserer ei oppgåve som vert stadig viktigare for biblioteka i det digitale samfunnet – å styrkje dei sosiale funksjonane til biblioteka, kulturperspektivet og biblioteket som ein offentleg møtestad for alle.

## 1.5 Grunnlagsdokument

St.meld. nr. 22 (1999–2000) *Kjelder til kunnskap og oppleving* (abm-meldinga) frå dåverande Kulturdepartementet gav klare signal om eit nærare samarbeid mellom biblioteka og arkiv- og museumsfeltet. Meldinga la særleg vekt på å framheve felles trekk, og det vart gjort framlegg om ei opprusting av arkiv-, bibliotek- og museumsfeltet. Som eit ledd i oppfølginga vart Statens bibliotektilsyn, Riksbibliotektenesta og Norsk museumsutvikling slått saman til det nye organet ABM-utvikling frå og med 1. januar 2004.

St.meld. nr. 48 (2003–2004) *Kulturpolitikk fram mot 2014* (kulturmeldinga) frå Kultur- og kyrkjedepartementet omhandla heile det statlege kulturfeltet. Meldinga la særleg vekt på kulturens eigenverdi, fagleg kvalitet som eit avgjerande kriterium og kulturelt mangfald i kulturlivet. På bibliotekområdet er omtalen særleg konsentrert om Nasjonalbiblioteket og om utviklinga av digitale tenester og

digitalt innhald i biblioteksektoren. I kulturmeldinga vart det gjort framlegg om å setje i gang eit nasjonalt utgreiingsarbeid på bibliotekområdet.

Det nyoppretta organet ABM-utvikling fekk ansvaret for å gjennomføre utgreiingsarbeidet. I mandatet vart det lagt vekt på

- framtidige utfordringar på bibliotekområdet
- biblioteka i informasjons- og kunnskapssamfunnet
- problemstillingar knytte til digitalisering
- ein gjennomgang av lovgjevinga på bibliotekområdet
- ein plan for ei heilskapleg utvikling av ein samla biblioteksektor
- ein plan for samarbeid med arkiv- og museumssektoren

Bibliotekutgreiinga *Bibliotekreform 2014* vart overlevert Kultur- og kyrkjedepartementet og Kunnskapsdepartementet 25. september 2006. Utgreiinga er samansett av eit strategidokument, eit bakgrunnsdokument og fem delutgreiingar.

Bibliotekutgreiinga peikar på at det i dag eksisterer eit nettverkssamarbeid mellom dei ulike bibliotektypane, både nasjonalt og internasjonalt. Nettverkssamarbeidet er dels basert på lover, og dels på tradisjonar gjennom lånesamarbeid og faglege nettverk. Det vert også peika på at den digitale utviklinga gjer det mogeleg for biblioteka å dele kunnskapkjelder med kvarandre til beste for brukarane og å utvikle nye, spennande og meir fleksible formidlingskonsept. På den andre sida representerer digital formidling også juridiske, økonomiske og tekniske utfordringar.

Bibliotekutgreiinga gjer framlegg om ei reform av biblioteksektoren. Utgreiinga omfattar konkrete tiltak innanfor dei tre målområda innhald og tenester, struktur og organisering, kompetanse og forskning. Hovudtiltak i bibliotekutgreiinga er å

- innføre ei felles biblioteklov som skal styrkje det samarbeidande biblioteknettverket
- utvikle digitalt innhald og nettbaserte tenester formidla gjennom eit digitalt bibliotek og ein ABM-portal
- fremje biblioteka som ressursar for læring og for kultur- og litteraturformidling
- styrkje biblioteka som bidragsytarar til integrering og kulturelt mangfald
- sikre bibliotektenester med nødvendig kvalitet og gjere dei lett tilgjengelege for alle
- reformere bibliotekstrukturen gjennom å konsolidere fleire folkebibliotek i eit geografisk område for å gjere biblioteka betre i stand til å utvikle og styrkje bibliotektenestene

- utvikle biblioteka som attraktive møteplassar i lokalsamfunn og utdanningsmiljø
- styrkje og fornye kompetansen i biblioteksektoren

Bibliotekutgreiinga vart send på brei høyring våren 2007, og departementet mottok nær 250 høyringsfråsegner. Desse gjev eit tydeleg inntrykk av at sektoren forventar ei satsing på biblioteka i kjølvatnet av utgreiinga. Det er forventa organisatoriske grep, løyvingar og igangsetting av prosjekt. Intensjonane og hovudtrekka i utgreiinga fekk brei støtte, med nokre unntak. Framlegget om å konsolidere folkebibliotek fekk varierende mottaking. Framlegget om ei felles biblioteklov som pålegg alle offentlege bibliotek å ta del i biblioteknettverket, fekk heller ikkje full støtte.

I 2006 vart ABM-utvikling evaluert. Dette førte til at organisasjonen vart omorganisert. I 2008 gjennomførte Direktoratet for forvaltning og ikt (DIFI) ei ny evaluering på oppdrag frå Kultur- og kyrkjedepartementet.

Fleire stortingsmeldingar og andre dokument frå både Kultur- og kyrkjedepartementet, Fornyings- og administrasjonsdepartementet, Kunnskapsdepartementet og Arbeids- og inkluderingsdepartementet dei siste åra har på ulike måtar innverknad på bibliotek og bibliotekverksemd. Desse dokumenta er:

- St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og meining* (språkmeldinga) frå Kultur- og kyrkjedepartementet legg grunnlaget for ein ny, strategisk språkpolitikk med eit heilskapleg perspektiv på språk og samfunn. Meldinga omtalar også innkjøpsordningane under Norsk kulturråd.
- St.meld. nr. 32 (2007–2008) *Samspill. Et løft for rytmisk musikk* frå Kultur- og kyrkjedepartementet omtalar mellom anna innkjøpsordninga for musikk. Ordninga skal utviklast til også å omfatte innkjøp og distribusjon av digitalisert musikk.
- St.meld. nr. 14 (2007–2008) *Dataspill* frå Kultur- og kyrkjedepartementet slo fast at departementet vil greie ut ei innkjøps- og utlånsordning for dataspel og særleg vurdere opphavsrettslege problemstillingar.
- St.meld. nr. 22 (2006–2007) *Veiviseren* frå Kultur- og kyrkjedepartementet slo fast at departementet vil greie ut ei eiga innkjøpsordning for norske kort- og langfilm til folkebiblioteka.
- St.meld. nr. 17 (2005–2006) *2008 som markeringsår for kulturelt mangfald* frå Kultur- og kyrkjedepartementet markerte starten på ei utvikling der stimulering av kulturelt mangfald

skal vere eit markant og gjennomgåande trekk ved norsk kulturpolitikk.

- I St.meld. nr. 8 (2007–2008) *Kulturell skulesekk for framtida* frå Kultur- og kyrkjedepartementet vart biblioteka som arena og aktør for litteraturformidling understreka. Det vart vist til at det er behov for ein eller fleire nasjonale aktørar som kan danne nettverk, samordne og medverke til å heve kompetansen og å styrkje kvaliteten på litteraturformidlinga i Den kulturelle skulesekken.
- St.meld. nr. 28 (2007–2008) *Samepolitikken* frå Arbeids og inkluderingsdepartementet inneheld mellom anna ein brei gjennomgang av den samiske kulturpolitikken og samiske bibliotektenester.
- St.meld. nr. 17 (2006–2007) *Eit informasjons-samfunn for alle* frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet understreka at all teknologisk utvikling i offentlig sektor skal byggje på universelt utforma løysingar. Meldinga framhevar biblioteka som ein aktør som kan medverke til å utvikle digital kompetanse, og understrekar at godt digitalt innhald er ein nøkkel til kunnskap.
- St.meld. nr. 27 (2000–2001) *Gjør din plikt – krev din rett* frå Kunnskapsdepartementet innebar ei markant omstilling og fornying av verksemda i universiteta og høgskulane gjennom kvalitetsreforma.
- St.meld. nr. 7 (2007–2008) *Statusrapport for Kvalitetsreformen i høgre utdanning* frå Kunnskapsdepartementet omhandla evalueringa av kvalitetsreforma. Bibliotektenestene ved universiteta og høgskulane var ikkje omtala i evalueringa, men Universitets- og høgskolerådet legg vekt på at kvalitetsreforma har ført til ei positiv utvikling for biblioteka ved institusjonane. Mellom anna er det lagt større vekt på å tilby digitale kjelder, og det har ført til betre samordning mellom biblioteksystemet og læringsplattformene ved institusjonane.
- St.meld. nr. 23 (2007–2008) *Språk bygger broer. Språkstimulering og språkopplæring for barn, unge og vaksne* frå Kunnskapsdepartementet gjorde framlegg om å styrkje leseopplæringa gjennom etterutdanningstilbod, rettleingsmaterieil og justering av læreplanen i norsk.
- St.meld. nr. 16 (2006–2007) *... og ingen stod igjen. Tidlig innsats for livslang læring* frå Kunnskapsdepartementet viste at det er ein klar samanheng mellom språkforståing i ung alder og lesedugleiken dei første skuleåra.
- St.meld. nr. 31 (2007–2008) *Kvalitet i skolen* frå Kunnskapsdepartementet omhandlar tiltak for

- å styrkje kvaliteten i grunnskulen. Skulebiblioteka har ei særleg oppgåve i å medverke til å utvikle og styrkje lesedugleiken.
- Satsing på skulebibliotek og lesing er også nedfelt i strategiplanen *Skapende læring. Strategi for kunst og kultur i opplæringen 2007–2010* frå Kunnskapsdepartementet. Strategiplanen har som mål å utvikle kunst- og kulturfagleg, estetisk og skapande kompetanse hos barn, elevar og tilsette i barnehage, grunnopplæring og høgare utdanning. Kunst og kulturelle uttrykk kan inngå i og styrkje alle faga i skulen og gje elevane opplevingar og erfaringar. Litteratur er eitt av desse uttrykka, og både skulebiblioteka og folkebiblioteka vert rekna for å vere viktige i formidlinga.
  - St.meld. nr. 27 (2004–2005) *Om opplæring innanfor kriminalomsorgen* frå Kunnskapsdepartementet peika på at ei vidare utvikling av fengselsbiblioteka bør ta omsyn til utdanningssektorens behov.







Figur 2.1

Foto: Morten Brun

## 2 Samandrag

### 2.1 Innleiing

---

Denne meldinga er strukturert i tre delar.

Del I (kap. 1–2) er innleiingsdelen i meldinga. Kap. 1 presenterer føremålet med meldinga, hovuddinnretninga og grunnlagsdokumenta. Kap. 2 er samandraget.

Del II (kap. 3–6) er bakgrunnskapittel. I kap. 3 vert det sett nærare på nokre overordna utviklingstrekk som har innverknad på utviklinga i biblioteka i tida framover. Kap. 4 omhandlar status og utviklingstrekk i det nasjonale biblioteknettverket og ansvarsfordelinga mellom stat, fylkeskommune og kommune. Det juridiske rammeverket og statlege støtte- og vederlagsordningar med innverknad for biblioteka, vert presenterte i kap. 5. I kap. 6 vert det gjort greie for bibliotek i eit internasjonalt perspektiv og det vert sett nærare på nokre utviklingstrekk i enkelte europeiske land.

Del III (kap. 7–13) er drøftings-, vurderings- og tiltakskapittel knytte til dei fire berande perspektiva i meldinga:

- *Det digitale perspektivet* vert gjort greie for og drøfta i kap. 7. Kapitlet omhandlar digitale utviklingstrekk og behov i biblioteka, men overlappar på fleire tema med digitaliseringsmeldinga.
- *Samarbeid og fordeling av ansvar* er utgangspunktet for drøftingane i kap. 8, 9 og 10. Kap. 8 handlar om samarbeidet og ressursdelinga i biblioteknettverket og verkemiddel som kan styrkje dette samarbeidet. Kap. 9 handlar om samarbeid og samordning av bibliotektenester lokalt og regionalt, og i første rekkje om utviklinga av folke- og fylkesbiblioteka. Kap. 10 handlar om nasjonal samordning av abm-feltet. I kapitlet vert evalueringa av ABM-utvikling som vart gjennomført i 2008 gått gjennom og drøfta nærare.
- *Biblioteket som møtestad, lærings- og kulturarerna* dannar rammene for drøftingane i kap. 11. Biblioteket som fysisk rom, møtestadfunksjonen og den sosiale arenaen vert presentert. Det vert mellom anna gjort greie for bibliotek i barnehagar, biblioteka si rolle i Den kulturelle skulesekken og satsinga på skulebibliotekutvikling.

- *Bibliotektenester til alle* er emne i kap. 12 og 13. I kap. 12 vert det sett nærare på bibliotektenestene til samar, nasjonale minoritetar og andre minoritetsspråklege. Kap. 13 handlar om bibliotektenestene til spesielle grupper.

Økonomiske og administrative konsekvensar av meldinga vert presenterte i kap. 14. Samandraget nedanfor er knytt til dei fire hovudperspektiva i meldinga slik dei er presenterte i kap. 7–13.

### 2.2 Kunnskapsallmenning i ei digital tid

---

*Det digitale perspektivet* vil på mange måtar vere eit tverrgående og overgripande perspektiv som grip inn i alle typar bibliotek, og som vil prege all utvikling av bibliotektenester i tida framover.

Samstundes med denne meldinga vert det også lagt fram ei melding om digital bevaring og formidling av kulturarv. Digitaliseringsmeldinga er ei overordna melding som skisserer ein nasjonal strategi for korleis ein skal arbeide for å bevare, gjere tilgjengeleg og formidle samlingane på kulturområdet ved å bruke digital informasjons- og kommunikasjonsteknologi. Bibliotek- og digitaliseringsmeldingane skal utfylle kvarandre, men det vil vere vanskeleg å lage eit knivskarpt skilje mellom dei. Dei to meldingane vil difor i nokon monn vere overlappende.

I kap. 7 vert det streka under at det er eit viktig mål å leggje grunnlaget for at ei teneste med felles søk i bibliotekatalogane og ei teneste med brukarinitiert fjernlån, kan realiserast innan rimeleg tid. I 2008 har Nasjonalbiblioteket og ABM-utvikling starta prosjektet Biblioteksøk som i første omgang skal erstatte Samkatalogen, men som i neste omgang skal utvidast til ei teneste med brukarinitiert fjernlån. Opprettinga av Biblioteksøk vil vere ein viktig føresetnad for også å kunne utvikle eit søk på tvers av arkiv, bibliotek- og museumssektoren. Nasjonalbiblioteket vil ha hovudansvaret for å nytte kompetanse, teknologi og ressursar for å utvikle Biblioteksøk. Det vil vere behov for å stimulere aktørane til å oppgradere teknologisk infrastruktur slik at dei kan delta i ei slik teneste.

I kapitlet vert det òg vist at metadata og katalogdata av god kvalitet er ein føresetnad for å kunne tilby ei teneste som Biblioteksøk. Nasjonalbiblioteket skal arbeide vidare med å forenkle arbeidet med Nasjonalbibliografien. Målet bør vere at kvart dokument vert katalogisert ein gong, og at det vert lagt til rette for enkel gjenbruk av metadata ved andre institusjonar.

For å kunne gje differensiert tilgjenge til digitalt materiale avhengig av kva status den enkelte brukaren har, er det nødvendig med gode tilgangsordningar. Slike autoriseringsløyningar for biblioteka må byggje på dei tenestene som alt er etablerte gjennom Feide i universitets- og høgskulesektoren, og Minside som er etablert av Fornyings- og administrasjonsdepartementet.

Digitaliseringsspørsmål vert grundig drøfta i stortingsmeldinga om digitalisering. I denne meldinga vert det gjort nærare greie for Nasjonalbibliotekets digitaliseringsprogram, som er ei systematisk satsing på å digitalisere norsk publisert innhald i stor skala. Satsinga vert sett i samheng med satsingar internasjonalt, og det vert gjort greie for nokre andre digitaliseringssatsingar i arkiv-, bibliotek- og museumssektoren i Noreg.

Digitalisering er svært kostnadskrevjande, og det vil også koste mykje å vedlikehalde og drifte det digitaliserte materialet. Det er også knytt varige driftskostnader til digital langtidslagring. Kostnader knytte til å gjere verna materiale digitalt tilgjengeleg er også ein viktig del av reknestykket. Det vert gjort greie for desse problemstillingane på eit overordna nivå i denne meldinga.

Nasjonalbiblioteket samarbeider på ulike måtar med opphavsrettsorganisasjonane for å finne måtar å frigje verna materiale. Gjennom pilotprosjektet om Nordområda er det gjeve allment digitalt tilgjenge til om lag 1400 bøker og tidsskriftartiklar. Gjennom det nye prosjektet Bokhylla.no er det planlagt å digitalisere og gjere tilgjengeleg litteratur frå dei tre tiårsbolkane 1790-åra, 1890-åra og 1990-åra. Ein del av dette materialet er framleis under opphavsrettsleg vern. Kultur- og kyrkjedepartementet har oppnemnt ei arbeidsgruppe som har fått som mandat å greie ut betalingsmodellar og ei konkret betalingsløyning for å kunne gje ope tilgjenge til materialet.

Avhengig av korleis prosjektet Bokhylla.no utviklar seg, kan det på sikt danne modell for ein avtalelisens for digitalt materiale. Slike lisensar kan utviklast vidare i eit samarbeid mellom samlingsforvaltarar og samlingseigarar og på sikt også omfatte andre typar materiale.

Arbeidet med nasjonale lisensar skal utviklast vidare. Dette arbeidet må vere del av ein overordna strategi for tilgjengeleggjing av digitalt materiale i eit kultur- og kunnskapsperspektiv. Kultur- og kyrkjedepartementet vil difor i samarbeid med Kunnskapsdepartementet vurdere korleis arbeidet med nasjonale lisensar skal utviklast vidare.

Eit anna viktig aspekt i arbeidet med å gjere digitalt publisert materiale tilgjengeleg er arbeidet med lisens- og konsortieavtaler. Dette omfattar avtaler om tilgjenge til ulike databasar og tidsskrifter i elektronisk format som særleg fag- og forskingsbiblioteksektoren er avhengige av. I stor grad vil dette gjelde relativt spesialisert utanlandsk fag- og forskingslitteratur, men det vil også kunne gjelde tilgjenge til allmenne digitale kjelder som også den vanlege folkebibliotekbrukar vil ha behov for. I meldinga vert det vist til at det ikkje vil vere samfunnsøkonomisk lønsamt å byggje opp kompetanse på lisens- og konsortieavtaler i enkeltinstitusjonar i biblioteksektoren i Noreg. Departementet vil vurdere korleis arbeidet med lisens- og konsortieavtaler skal utviklast vidare. Det bør også utviklast eit nærare samarbeid om konsortieavtaler i Norden og i Europa.

I meldinga vert det også vist til at det i dag er for få artiklar som vert publiserte i opne institusjonsarkiv, men at institusjonane i universitets- og høgskulesektoren arbeider med å gjere det til eit krav at tilsette skal publisere i desse. Kunnskapsdepartementet har no starta eit arbeid for sjå på korleis ein kan styrkje arbeidet med Open Access i Noreg. Kunnskapsdepartementet har bede Noregs Forskingsråd og Universitets- og høgskolerådet om innspel til korleis dette kan skje. Kunnskapsdepartementet vil vurdere kva prinsipielle avklaringar som bør gjerast, og kva tiltak som kan stimulere til auka bruk av Open Access.

Auka grad av digitalisering opnar for eit større behov for digitale formidlingstenester. Tenester som vert utvikla i dei større samlingsbevarande institusjonane med statleg støtte, må finansierast gjennom tilskotet til desse institusjonane. Når det gjeld andre typar digitale tenester som er utvikla og drifta til dømes i større folkebibliotek, vil det vere nødvendig å nærare vurdere organisering og finansiering. Døme på slike tenester er Ønskebok.no med fleire. Kultur- og kyrkjedepartementet vil difor få utgreidd ulike modellar for organisering og finansiering av slike digitale tenester.

Departementet vil elles følge opp Norsk kulturråds arbeid med å gjere innkjøpsordninga for musikk medieuavhengig.

### Tiltak og strategiar

- Nasjonalbiblioteket vil i nært samarbeid med involverte aktørar realisere Biblioteksøk med utgangspunkt i moderniseringsbehov i Norsk samkatalog for bøker, og ei teneste med brukarinitiert fjernlån. Det vil vere behov for å stimulere folkebiblioteka til å oppgradere den teknologiske infrastrukturen slik at dei kan delta i ei slik teneste.
- Nasjonalbiblioteket vil forenkle arbeidet med Nasjonalbibliografien. Målet bør vere at kvart dokument vert katalogisert ein gong, og at det vert lagt til rette for enkel gjenbruk av metadata ved andre institusjonar.
- Nasjonalbiblioteket vil avklare opphavsrett og personvernspørsmål slik at mest mogeleg av det digitaliserte materialet kan gjerast tilgjengeleg. Prosjektet Bokhylla.no kan på sikt danne modell for ein avtalelisens for digitalt materiale.
- Kultur- og kyrkjedepartementet vil i samarbeid med Kunnskapsdepartementet og andre involverte aktørar vurdere korleis arbeidet med nasjonale lisensar skal utviklast vidare.
- Kultur- og kyrkjedepartementet vil vurdere korleis arbeidet med lisens- og konsortieavtaler skal utviklast vidare, og i særleg grad vurdere samarbeid i Norden og i Europa.
- Kultur- og kyrkjedepartementet vil få utgreidd ulike modellar for organisering og finansiering av digitale tenester i folkebiblioteka.
- Kultur- og kyrkjedepartementet vil følgje opp arbeidet med å gjere innkjøpsordninga for musikk medieuavhengig.

### 2.3 Samarbeid og fordeling av ansvar

Ressursdeling og fjernlånssamarbeid er ryggrada i det nasjonale biblioteknettverket. I kap. 8 vert det gjort nærare greie for dette samarbeidet og omfanget av ressursdeling mellom bibliotektypane. Det vert slått fast at det er eit mål å finne mekanismar som kan styrkje ressursdelinga og samarbeidet mellom biblioteka, ikkje minst med tanke på ein komande forventa auke i det fysiske fjernlånet når Biblioteksøk vert innført. Departementet gjer framlegg om å fjerne tilskotet til Fjernlånssentralen ved Deichmanske bibliotek, og i staden nytte midlane til å styrkje fjernlånssamarbeidet på andre måtar, som til dømes transportordningar og andre mekanismar som kan styrkje ressursdelinga. Ei vidare utvikling av Nasjonalbibliotekets depotbibliotek vil vere eit viktig tiltak. Alternative leverings-

måtar for bibliotekmateriale, som til dømes Bok-butikk, skal også vurderast.

I meldinga vurderer ein framlegget i bibliotekutgreiinga om ei felles biblioteklov for folke- og fagbiblioteka for å styrkje saumlause tenester i biblioteknettverket. Departementet vil ikkje gjere framlegg om ei felles biblioteklov, og vil heller arbeide for å harmonisere lovverket og forskriftene i samarbeid med Kunnskapsdepartementet.

I samband med denne prosessen vil Kultur- og kyrkjedepartementet også vurdere justeringar i folkebiblioteklova.

I kap. 9 er dei mange utfordringane særleg innanfor folkebiblioteksektoren nærare drøfta. Folke- og fylkesbiblioteka har spesielle utfordringar knytte til forventningar om eit betre bibliotektilbod, samstundes som mange folkebibliotek strevar med å halde eit tilstrekkeleg høgt nivå, både fagleg og personalmessig. Det er grunn til å vere uroa for den kvaliteten på tenestetilbodet som ein i dag får i mange folkebibliotek. Mange kommunar har i dag vanskar med å skaffe fagutdanna biblioteksjef, og mange kommunar har færre enn eitt årsverk i biblioteket. Folkebiblioteka har mange stader ikkje nok ressursar til å gje eit tilfredstillande tilbod.

Det er behov for å opparbeide ny kompetanse i folkebiblioteka innanfor ei rekkje område, ikkje minst leiarutvikling og digital kompetanse. Desse utfordringane vil i framtida krevje tettare samarbeid om bibliotektenestene på tvers av kommunegrensene. I eit slikt samordningsperspektiv vert også framtida for dei tenestene som i dag vert utførte av fylkesbiblioteka, drøfta.

Alle typar bibliotek vil dei komande åra måtte navigere i eit landskap som vil vere prega av sterke innslag av tradisjonelle bibliotektenester kombinert med ein aukande bruk av digital teknologi. I eit slikt blandingslandskap er det viktig å stimulere til eksperimentering og utprøving av nye måtar å skape gode bibliotektenester på. Det vil vere direkte feil å freiste å stake ut fasitløysingar når utvikling og tendensar krev dynamikk, kreativitet og fleksibilitet. Bibliotek som både tek opp i seg dei tradisjonelle kjennemerka og kombinerer dei med det digitale potensialet, vert i somme samanhengar kalla hybridbibliotek. Utan omsyn til kva ein kallar framtidsbiblioteka vil dei måtte utvikle seg i ei kombinasjonsretning.

Kommunane har ansvar for folkebiblioteka, men meldinga drøftar mogelege verkemiddel for å stimulere til meir fleksibel og tenleg organisering av bibliotektenestene på tvers av eksisterande kommunegrensar. Folkebiblioteka vil i framtida ha klare behov for å utvikle dei samla bibliotektenes-

tene. Dette må tuftast både på dei klassiske bibliotekfunksjonane og det digitale potensialet. Styrende for denne utviklinga vil vere dei behova brukarane har for biblioteka som tenesteytarar.

I meldinga vert tiltak som kan styrkje organisatoriske løysingar tufta på samarbeid og samspel innanfor biblioteksektoren lokalt og regionalt, drøfta nærare. Dette omfattar konkret samarbeid om drift av biblioteka eller eit tettare samarbeid om viktige utviklingsspørsmål for biblioteka, som kompetanseutvikling, spesialisering og ansvarsdeling av bibliotektenester. I tida framover vil departementet medverke til å setje fart i samarbeidet mellom biblioteka, og stimulere til samordning av bibliotektenester regionalt og lokalt. Målet er å prøve ut ulike organisasjonsmodellar og gje rom for kreativ og fleksibel utprøving med basis i til dømes vertskommunemodellen, slik ABM-utvikling nyleg har sett i verk utgreiingar om.

I meldinga vert det vist til at fylkesbiblioteka er svært ulike, og at det i ulik grad er teke grep for å utvikle biblioteksektoren i dei enkelte fylka. Dagens lovkrav om at kvar fylkeskommune skal ha eit fylkesbibliotek vert drøfta, og det vert konkludert med at i den komande revisjonen av biblioteklova bør ein fjerne dette kravet, og i lovteksten heller leggje vekt på dei oppgåvene som må løysast på fylkeskommunalt nivå, og ikkje kva institusjon som skal løyse dei.

For å styrkje samarbeidet mellom staten og fylkeskommunane om bibliotekutvikling, gjer departementet framlegg om ei ordning med friviljuge samarbeidsavtaler. Føremålet er å forankre nasjonale målsetjingar regionalt og lokalt, kanalisere statlege satsingar meir effektivt og målretta, og stimulere til fylkeskommunale og kommunale bibliotekplanar.

I kapitlet vert også dagens kompetansekrav i biblioteklova og behovet for eit kompetanseløft i heile biblioteksektoren drøfta. Det vert konkludert med at dispensasjonsordninga er statisk og lite framtidsretta. Ulike alternativ vert drøfta. Departementet vil kome attende til spørsmålet om ein skal halde fram med kompetansekravet og dispensasjonsordninga i den komande revisjonen av biblioteklova.

Kultur- og kyrkjedepartementet og Kunnskapsdepartementet vil elles i fellesskap vurdere kva for tiltak som er nødvendige for å styrkje og utvikle den samla kompetansen i biblioteksektoren. Det ligg no føre eit utkast til rammeprogram for eit kompetanseutviklingsprogram som kan danne eit godt grunnlag for vidare politikktutforming. Kultur- og kyrkjedepartementet og Kunnskapsdeparte-

mentet vil også vurdere nærare behovet for å evaluere grunnutdanninga i bibliotekfag på ny.

Ansvar for nasjonalt nivå for å samordne og utvikle bibliotekfeltet både mellom Kultur- og kyrkjedepartementet og Kunnskapsdepartementet, mellom dei ulike forvaltningsnivåa, og på tvers av arkiv-, bibliotek- og museumsfeltet er også ein viktig del av samarbeids- og samordningsperspektivet. I kap. 10 vert evalueringa av ABM-utvikling gjennomgått, og det vert drøfta korleis ein kan styrkje potensialet for eit auka tverrsektorielt samarbeid.

I meldinga vert det halde fast ved at det også i framtida vil vere nødvendig både å syte for betre samordning og samarbeid internt i biblioteknettverket, støtte utviklingsarbeid i folkebibliotek og tenkje fellesløysingar og samarbeid på tvers av arkiv-, bibliotek- og museumssektorane. Det er behov for å gjennomgå retningslinene til ABM-utvikling, for å tydeleggjere institusjonens ansvar og oppgåver. Eit viktig siktemål vil vere å klargjere grensdraginga mellom ABM-utvikling og dei samlingsforvaltande institusjonane på abm-feltet. Departementet vil, i samråd med relevante departement og styret for institusjonen, vurdere om det kan vere tenleg med ei nærare samordning eller samanslåing av bibliotekoppgåver i Nasjonalbiblioteket og ABM-utvikling – eventuelt om det kan vere ei løysing å overføre bibliotekoppgåver frå ABM-utvikling til Nasjonalbiblioteket.

Som det er gjort nærare greie for i digitaliseringsmeldinga, vil departementet etablere eit råd samansett av sentrale aktørar på abm-feltet. Rådet skal løpande vurdere dei overordna strategiane for digitalisering med sikte på å kome med framlegg som medverkar til ei heilskapleg digital samlingsforvaltning. Rådet skal gje innspela sine til Kultur- og kyrkjedepartementet. Departementet vil utarbeide mandat for rådet.

Ei viktig oppgåve framover vil vere å styrkje statistikk- og analysearbeidet. Dette inkluderer også å følgje med på og å formidle kva som skjer internasjonalt når det gjeld kunnskapsutvikling på feltet. Det skal utviklast ulike former for indikatorar for kva som konstituerer god tenesteutøving både i arkiv, bibliotek og museum. Med utgangspunkt i indikatorar og spesielle kartleggingsprosjekt skal det utarbeidast oppdaterte tilstandsrapportar om arkiv-, bibliotek- og museumsfeltet.

Det vert slått fast at det er behov for å utvikle klarare nasjonale mål og betre samarbeidsliner slik at dei samla tenestene som biblioteknettverket gjev, er av høgast mogeleg kvalitet. Samstundes er det behov for betre dialog og klarare forventingar og forpliktingar mellom forvaltningsnivåa slik at

ressursar og satsingar vert kanaliserte og utvikla på ein optimal måte.

Departementet meiner òg at det er behov for å styrkje den generelle FoU-aktiviteten på abm-feltet. Kultur- og kyrkjedepartementet og Kunnskapsdepartementet vil i fellesskap vurdere eit samarbeid om forskings- og utviklingsaktivitetar på tvers av sektorane.

#### Tiltak og strategiar

- Statstilskotet til Fjernlånssentralen ved Deichmanske bibliotek vil verte fjerna. I staden vil departementet vurdere andre tiltak som kan medverke til å styrkje lånesamarbeidet og logistikksystemet i biblioteknettverket. Ei vidare utvikling av Depotbiblioteket ved Nasjonalbiblioteket vil vere eit viktig enkelttiltak. Det vil også bli teke initiativ til å prøve ut alternative leveringsmåtar for bibliotekmateriale, som til dømes Bok-i-butikk.
- Det vert utarbeidd nye, felles retningslinjer for lånesamarbeid, og Kultur- og kyrkjedepartementet vil vurdere å fastsetje forskrift for lånesamarbeid og registrering med heimel i folkebiblioteklova § 3.
- Kultur- og kyrkjedepartementet og Kunnskapsdepartementet vil harmonisere lovverket for folkebibliotek og universitets- og høgskulebibliotek for å styrkje samarbeidet mellom biblioteka.
- I ein prosess for å harmonisere lovverket på bibliotekfeltet vil Kultur- og kyrkjedepartementet også vurdere justeringar i folkebiblioteklova.
- Kultur- og kyrkjedepartementet vil stimulere til samarbeids- og samordningsløysingar i biblioteknettverket lokalt og regionalt. Målet er å prøve ut ulike organisasjonsmodellar, og gje rom for kreativ og fleksibel utprøving med basis til dømes i vertskommunemodellen.
- Det skal etablerast ei ordning med frivillige samarbeidsavtaler om bibliotekutvikling mellom staten og fylkeskommunane som verktøy for å gjennomføre nasjonal politikk og stimulere til fylkeskommunale og kommunale bibliotekplanar.
- Kultur- og kyrkjedepartementet og Kunnskapsdepartementet vil i fellesskap vurdere kva for tiltak som er nødvendige for å styrkje og utvikle den samla kompetansen i biblioteksektoren. Eit samla kompetanseutviklingsprogram for heile biblioteksektoren vil verte vurdert.

- Kultur- og kyrkjedepartementet og Kunnskapsdepartementet vil i fellesskap vurdere behovet for å evaluere grunnutdanninga i bibliotekfag på ny.
- Kultur- og kyrkjedepartementet vil i samråd med relevante departement og styret for ABM-utvikling vurdere om det kan vere tenleg med ei nærare samordning eller samanslåing av bibliotekoppgåver i Nasjonalbiblioteket og ABM-utvikling – eventuelt om det kan vere ei løysing å overføre bibliotekoppgåver frå ABM-utvikling til Nasjonalbiblioteket.
- Det skal utviklast eit samla grep når det gjeld kartleggingar og analysar av abm-feltet. Dette skal kunne gje samla tilstandsrapportar om abm-feltet som kan tene som grunnlag for å vurdere vidare politikktutforming.
- For å etablere eit godt grunnlag for nødvendig samordning av digitaliseringsarbeidet, vil Kultur- og kyrkjedepartementet etablere eit råd samansett av sentrale aktørar på abm-feltet. Departementet vil utarbeide mandat for rådet.
- Kompetanse på opphavsrett og personvern skal samlast i Nasjonalbiblioteket og i Arkivverket. Desse kompetanseiningane skal yte tenester til andre abm-institusjonar ved behov.
- Kultur- og kyrkjedepartementet og Kunnskapsdepartementet vil i fellesskap vurdere eit samarbeid om forskning og utvikling på arkiv-, bibliotek- og museumsfeltet.

#### 2.4 Biblioteket som møtestad, lærings- og kulturarena

Vidare har alle bibliotek, og særleg folkebiblioteka, ein dimensjon som legg vekt på *biblioteket som møtestad, lærings- og kulturarena*. Dette perspektivet er spesielt viktig med tanke på bibliotek som eit fysisk rom. Fordi dei skal fungere som læringsarena for forskarar, studentar og andre brukarar, har fagbiblioteka spesielle utfordringar. Skulebiblioteka og folkebiblioteka har både utfordringar og eit stort potensial når det gjeld leselyst, lesestimulering og kulturformidling.

I kap. 11 vert det vist til at bibliotekrommet i stor grad vert nytta både som møtestad, læringsarena og sosial arena. Både i folkebiblioteka og i biblioteka i utdanningssektoren ser ein at aktivitetane kjem inn i større monn. Biblioteka har på mange måtar endra rolle frå å vere rom for individuell fordjuping til å vere rom for aktivt fellesskap, og det fysiske biblioteklokalet har kvalitetar som ikkje utan vidare kan erstattast av digital distribu-

sjon av informasjon. Den sosiale møtestaden for alle representerer ein kvalitet som må utviklast.

I meldinga vert tiltak som kan styrkje biblioteket som ein stad for oppleving, læring og kunnskapssøk drøfta nærare. Det er lagt til grunn at folkebiblioteket i større monn enn i dag bør kunne gå inn i ei sentral rolle for heile det lokale kulturfeltet. Utviklinga av folkebiblioteket både som digital tenesteforbidlar og som ein fysisk møtestad understrekar at kommunane bør tenkje både samhandling og samlokalisering for dei aktivitetane og oppgåvene som dei utfører på heile kulturfeltet. I særleg grad må folkebiblioteka vere lett tilgjengelege der folk ferdast, og dei kan også gjerne vere integrerte eller samlokaliserte med kjøpesenter, kino, togstasjon, kulturskular, museum eller andre arenaer.

Kultur- og kyrkjedepartementet vil vidareutvikle biblioteka som offentleg møtestader og arbeide for å synleggjere og framheve bibliotek med god funksjonalitet, møtestadfunksjon og gode partnerskap. Ei ordning med modellbibliotek vil verte nærare konkretisert. Departementet vil også vurdere å etablere eit prosjekt for å styrkje folkebiblioteka som samfunnsmessig brubyggjar, og stimulere til breiare samarbeid og samhandling mellom biblioteka og det friviljuge organisasjonslivet.

Biblioteket som læringsarena kan definerast ut frå at mange brukar biblioteket som arbeids- og studiestad, men også at dei brukar tid på å lese, bla i og orientere seg i samlingane. Medan biblioteka i utdanningssektoren er viktige bidragsytarar for den formelle læringa, er folkebiblioteka særleg viktige for den uformelle læringa gjennom å gje fritt tilgjenge til kunnskap og informasjon. Folkebiblioteket kan vere ein stor ressurs og samarbeidspartnar i lokale strategiar for utdanning, læring og kompetanse- og næringsutvikling.

I meldinga vert det streka under at folkebiblioteka kan vere viktige arenaer for digital kompetanse. ABM-utvikling har med støtte frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet fått midlar til å utvikle biblioteka som arena for digital kompetanse. Prosjektet vil kunne leggje grunnlaget for slike satsingar i alle større folkebibliotek.

Skulebiblioteket er læringsarena for barn og unge i grunn- og vidaregåande skule. Kunnskapsdepartementet har sett i verk eit nasjonalt program for skulebibliotekutvikling for perioden 2009–2012. Programmet omfattar tiltak for å styrkje lesing, kompetanseutvikling og kunnskapsdanning, informasjonskompetanse og statistikk, regelverk og samarbeid.

I kapitlet vert også biblioteka som arena for leselyst og lesedugleik for både barn, unge og

vaksne, drøfta. Det vert understreka at biblioteket har stort potensial for å samarbeide med både skule og barnehage om å utvikle leselyst og lesedugleik. Det vert gjort framlegg om å utnemne Norsk forfattersentrum som nasjonal aktør for litteratur i Den kulturelle skulesekken.

Kultur- og kyrkjedepartementet og Kunnskapsdepartementet vil i fellesskap leggje til rette for at 2010 vert eit nasjonalt leseår, som start på eit lese-løft i perioden 2010–2014 retta mot både barn, unge og vaksne. Dette vil i stor grad handle om å etablere ei nasjonal ramme for dei mange ulike lesesatsingane som i dag skjer i regi av ulike aktørar. Departementet vil vidare undersøkje nærare om det er behov for ordningar som kan medverke til klarare og betre rammer for kultur- og litteraturformidling i biblioteka.

Endeleg vert spørsmålet om å opprette ei artotekordning, ei ordning for utlån av kunst i norske bibliotek, nærare drøfta.

#### *Tiltak og strategiar*

- For å vidareutvikle biblioteka som offentleg møtestad og synleggjere folkebibliotek med god funksjonalitet, møtestadfunksjon og gode partnerskap, vil Kultur- og kyrkjedepartementet opprette ei ordning med modellbibliotek.
- For å stimulere til breiare samarbeid og samhandling mellom biblioteka og det friviljuge organisasjonslivet, vil Kultur- og kyrkjedepartementet etablere eit eige prosjekt som kan styrkje folkebiblioteka som samfunnsmessig brubyggjar og møtestad for grupper som i dag i liten grad deltek i kultur- og organisasjonsliv.
- ABM-utvikling har fått støtte frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet for å utvikle biblioteka som arena for digital kompetanse. Prosjektet vil kunne leggje grunnlaget for slike satsingar i alle større folkebibliotek.
- Frå 2010 vil fylkeskommunane forvalte meir av spelemidlane som skal gå til regionale møteplassar og formidlingsarenaer for kultur. Departementet vil utarbeide nye retningslinjer for bruken av midlane.
- Kunnskapsdepartementet har sett i verk eit nasjonalt program for skulebibliotekutvikling for perioden 2009–2012. Programmet omfattar tiltak for å styrkje lesing, kompetanseutvikling og kunnskapsdanning, informasjonskompetanse og statistikk, regelverk og samarbeid.
- Kultur- og kyrkjedepartementet vil styrkje leselyst og lesedugleik ved å utnemne Norsk Forfattersentrum som nasjonal aktør for litteratur i Den kulturelle skulesekken, og ved å



utvikle folkebiblioteka som arena for lesing og litteraturformidling.

- Kultur- og kyrkjedepartementet og Kunnskapsdepartementet vil i fellesskap leggje til rette for at 2010 vert eit nasjonalt leseår, som start på eit leseløft i perioden 2010–2014 retta mot både barn, unge og vaksne.
- Kultur- og kyrkjedepartementet vil undersøkje nærare om det er behov for ordningar som kan medverke til klarare og betre rammer for kultur- og litteraturformidling i biblioteka.

## 2.5 Bibliotektenester til alle

Bibliotektenester til det samiske folket, nasjonale minoritetar og andre minoritetsspråklege er nærare omtalt i kap. 12. Etter biblioteklova har folkebiblioteka ansvar for å gje eit tilfredstillande tilbod til minoritetsspråklege i sine kommunar. Mange gjer eit godt arbeid, og departementet vil understreke at dette arbeidet må halde fram. Mange folkebibliotek har likevel ikkje kompetanse, eller mange nok innbyggjarar med andre morsmål enn norsk, til å gje eit breitt nok tilbod. Staten skal difor medverke til at minoritetsspråklege får bibliotektenester. Departementet vil understreke at Det flerspråklige bibliotek er eit viktig nasjonalt kompetansesenter og ein unik nettverksbyggjar i nasjonal samanheng. Biblioteket har funksjonar og relevans for dei minoritetsspråklege i alle landets kommunar, og dette bør utviklast i tida framover.

Sametinget undersøker no om det vil vere mogeleg å innføre ei innkjøpsordning for samisk litteratur, korleis ei slik ordning bør organiserast, og kva omfang ho eventuelt bør ha. Departementet vil sjå til at det samiske perspektivet vert innarbeidd i nasjonale satsingar på bibliotekområdet. Departementet vil også vidareføre den noverande ordninga med statstilskot til Finsk bibliotekteneste, og vil vurdere norsk-russisk bibliotekteneste i Kirkenes innanfor ramma av handlingsplanen for norsk-russisk kultursamarbeid.

Biblioteka har ei tosidig oppgåve i det fleirkulturelle samfunnet. På den eine sida skal biblioteka gjere sitt til inkludering gjennom litteratur- og kunnskapsformidling, og på den andre sida skal dei formidle kunnskap om breidda av det kulturelle mangfaldet i Noreg. For å styrkje biblioteka som bidragsytarar til inkludering, integrering og kulturelt mangfald er det behov for meir utviklingsarbeid og kompetansehevande tilbod. Det bør også satsast meir på forskning for å undersøkje potensialet som ligg i biblioteket som ein aktiv møtestad og samfunnsmessig brubyggjar.

Kap. 13 omhandlar tilrettelagd litteratur og bibliotektenester i fengsel og i helseinstitusjonar. Det er eit mål at både dei fysiske biblioteka og dei tenestene som biblioteka tilbyr, skal vere tilgjengelege for alle. Dette er eit viktig perspektiv som må byggjast inn i alle planar for å utvikle biblioteka i framtida. Arbeidet som vert utført i Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek, er av stor verdi og skal utviklast vidare.

Dei siste åra er det gjort mykje godt arbeid for å utvikle bibliotektenester i fengsla, men det vil framleis vere behov for å styrkje tenestene ved nokre av dei eksisterande fengselsbiblioteka. Departementet vil følgje opp plan for bibliotektenester i fengsel slik at alle innsette får eit godt bibliotektilbod.

Departementet viser til at vi i dag har eit mangfald av helseinstitusjonar på ulike forvaltningsnivå, og at dei ulike målgruppene ved institusjonane har ulike behov. Departementet meiner at det i framtida særleg må leggjast vekt på å sikre bibliotektilbodet til barn og unge, langtidspasientar og pasientar innan rehabilitering. Departementet meiner at ansvaret for drift og finansiering av bibliotektenester i helseinstitusjonar bør leggjast til helsevesenet.

### *Tiltak og strategiar*

- Kultur- og kyrkjedepartementet vil syte for at det samiske perspektivet vert vareteke i nasjonale satsingar på bibliotekfeltet.
- Nasjonalbiblioteket vil arbeide vidare med å utvikle ein felles samisk bibliografi i samarbeid med dei andre nordiske nasjonalbiblioteka og eventuelt det russiske nasjonalbiblioteket.
- Sametinget vil undersøkje om det skal innførast ei innkjøpsordning for samisk litteratur, korleis ei slik ordning bør organiserast, og kva omfang ho eventuelt bør ha.
- For å styrkje biblioteka som bidragsytarar til inkludering, integrering og kulturelt mangfald, er det nødvendig med meir systematisk utviklingsarbeid på dette området.
- Kultur- og kyrkjedepartementet vil styrkje og utvikle Det flerspråklige bibliotek som eit nasjonalt kompetansesenter for bibliotektenester til minoritetsspråklege. Biblioteket kan i aukande grad medverke som kursarrangør og koordinator for prosjekt og nettverksarbeid.
- Norsk-russisk bibliotekteneste i Kirkenes vil verte vurdert innanfor ramma av handlingsplanen for norsk-russisk kultursamarbeid som vart signert i januar 2009. Det flerspråklige bibliotek ved Deichmanske i Oslo vil framleis

- ha det nasjonale ansvaret for russiske bibliotektenester.
- Kultur- og kyrkjedepartementet vil sjå til at produksjonsnivået ved NLB vert halde oppe, og at tenestene vert utvikla i takt med den teknologiske utviklinga.
  - Kultur- og kyrkjedepartementet vil fullføre planen for bibliotektenester i fengsel slik at alle innsette får eit godt bibliotektilbod.
  - Kultur- og kyrkjedepartementet vil overføre ansvaret for drift og finansiering av bibliotektenester i helseinstitusjonar til helsevesenet.

-

*Del II*  
*Utviklingstrekk, rammevilkår og*  
*internasjonale perspektiv*



Figur 3.1 Frå publikumsarealet ved Nasjonalbiblioteket

Foto: Nasjonalbiblioteket

## 3 Overordna utviklingstrekk

### 3.1 Innleiing

---

Biblioteksektoren er forma etter dei behova som eksisterer til ei kvar tid, men er også eit resultat av lange bibliotekfaglege og forvaltningsmessige tradisjonar. Til liks med andre kunnskaps- og kulturinstitusjonar vert også biblioteka påverka av samfunnsutviklinga og av ei rekkje ytre faktorar. Dette set biblioteka i ein utfordrande og spanande posisjon.

I biblioteksektoren kan det vere ein tendens til at gårdsdagens løysingar i for stor grad vert brukte på morgondagens utfordringar. Biblioteka kan ofte verke for statiske og for lite opne for impulsar, samstundes som ein også kan sjå både sterk endringsvilje og endringsevne, men ofte på eigne premissar. I dag vert det teke mange gode initiativ og nytta mykje ressursar på å styrkje og utvikle biblioteka. Samstundes ser ein at mange initiativ vert for fragmenterte og at det i for liten grad vert teke eit samla grep om utfordringane.

Det tredelte forvaltningsansvaret på kommunalt, fylkeskommunalt og statleg nivå og det delte departementsansvaret skaper utfordringar for å få til samordning og samarbeid i biblioteknettverket. Desse strukturane krev sterkare samordning på nasjonalt plan, og betre evne til å konkretisere og å løyse felles utfordringar på tvers av heile biblioteknettverket. Det er ei utfordring for alle forvaltningsnivå å utvikle framtidbibliotek som møter krava til fornying. Det er også ei utfordring å skape bibliotek som møter behova brukarane har for tilgjenge til kjelder, kunnskap og kultur, oppleving, sosial interaksjon og aktiv medverknad. I dag ser vi at biblioteka vert utfordra på område som til dømes samarbeid og struktur, effektiv ressursutnytting, kompetanse, behov for fornying og nye formidlingsformer.

### 3.2 Globalisering og teknologisk utvikling

---

Globaliseringa og utviklinga av Noreg som fleirkulturelt samfunn påverkar biblioteka. Det er ein tendens til at kjelder vert monopoliserte og at internasjonalisering krev tettare samarbeid og strukturar. Brukarane er globale, den nasjonale kulturen vert

utfordra samstundes som kravet til eit meir mangfaldig tilbod i biblioteka aukar.

Den teknologiske utviklinga er ein viktig faktor for innovasjon og fornying og ho har ført til at nesten alle former for informasjon i form av tekst, lyd og bilete no kan lagrast og formidlast i digital form. Den teknologiske utviklinga utfordrar biblioteka samstundes som ho også opnar for innovasjonar. Utviklinga går samstundes raskt og ofte i uventa retningar, og framtidige teknologiske nyvinningar kan sprengje dei referanserammene vi har i dag.

Kjeldene til kunnskap og kultur er i aukande grad digitale. Det er forventningar om breitt tilgjenge til digitalt materiale, noko som utfordrar det tradisjonelle utlånet av trykte kjelder og verkemiddelapparatet som er bygt opp kring tradisjonelt utlån. Dette fører til spørsmål om prioriteringar og strategiar. Kva skal digitaliserast, kva skal omfattast av lisensar, kven tek avgjerdene og korleis skal ein utnytte ressursane best mogeleg? Utviklinga av nye teknologiar, brukarskapt innhald og aktiv medverknad skaper også utfordringar for det tradisjonelle bibliotektilbodet.

Eit sentralt utviklingstrekk i biblioteka er ein sterk auke i digitale abonnement særleg i universitets- og høgskulesektoren. Nedlasting av elektroniske dokument som universiteta abonnerer på, erstattar i aukande grad fysiske lån av papirdokument. Bibliotekstatistikken viser at tendensen er særleg sterk etter 2001. Etterspurnaden etter digitalt materiale i folkebiblioteksektoren er også venta å auke.

I Noreg er e-boka framleis berre i startfasen, men internasjonalt ser vi at e-boka er på frammarsj. Det er utvikla fleire ulike lesebrett, som til dømes Amazon Kindle og Sonys digitale papir. Internasjonalt er det eit aukande tilbod om å laste ned e-bøker, og rapportar frå USA og Japan viser at etterspurnaden også aukar. Det vert hevda at 10 prosent av boksalet i USA i dag er e-bøker, og at Amazon Kindle er seld i fleire eksemplar det første året på marknaden enn Ipod gjorde i sitt første år. Dei amerikanske e-bøkene er også billigare enn dei trykte, og dei kan lastast ned på lesebrettet i løpet av kort tid<sup>1</sup>.

<sup>1</sup> Aftenposten, 22.01.2009

Nye formidlingskanalar vil etter kvart kunne føre til nye lese-mønster og lesevanar også i Noreg, noko som kan verke inn både på bransjen og på biblioteka. Dei fleste vanlege bibliotekbrukarane i Noreg må enno besøkje biblioteket in persona for å låne bøker eller andre fysiske informasjonsberarar. I framtida kan ein tenkje seg løysingar der ein kan tinge alle typar dokument sjølv, og få dei leverte direkte heim til seg, uansett om det er fysiske eller elektroniske dokument, digitale lyd-filer, filmar eller e-bøker. Per i dag er ikkje desse løysingane på plass.

Når stadig meir informasjon vert å finne i same grunnleggjande form, den digitale, snakkar vi òg om ei samansmelting av tidlegare skilde bransjar og produktkategoriar, ikkje minst innanfor dei teknologitunge data-, tele- og mediesektorane. Dette fører til at tidlegare skilje mellom telefoni, multimedia, TV, film- og musikkmedium vert viska ut både innhaldsmessig og fysisk. Denne utviklinga pressar fram produksjon av multifunksjonelle teknologiske apparat, og det fører til ein stadig lågare teknologisk terskel for publisering av stoff på Internett med eit stort mangfald av bodskapar og former.

I prinsippet er det slik at alle no kan publisere kva dei måtte ønskje på Internett. Omfanget vil i framtida verte endå større, samstundes som behovet for kvalitetskontroll og betre gjenfinningsverktøy vert påtrengande. Dette aukande og komplekse informasjonstilfanget krev teknologiske løysingar som gjer det enkelt å analysere, strukturere, gruppere og presentere informasjon. Tradisjonelt er dette kjerneoppgåver for biblioteka, og i eit teknologisk komplekst samfunn vil desse kjerneoppgåvene ikkje verte mindre sentrale, jf. Nasjonalbibliotekets digitale sikringsmagasin som kan lagre trykt materiale, musikk, radio- og TV-opptak, film og foto som digitale filer.

I dag ser vi at semantisk teknologi er under stadig utforskning og utvikling, og representerer eit potensial for meir sofistikerte bibliotektenester som kan ta steget vidare frå det tradisjonelle dokumentfokus til å analysere informasjonen som dokumenta inneheld. Ein nærliggjande bruk av slik teknologi er å utvikle meir «intelligente» og treffsikre søkjetenester med til dømes automatisk kategorisering og tekstgjenkjenning. Men også andre og meir avanserte tenester er innanfor rekkevidde, til dømes automatiske «spørsmål-svar-tenester». Den semantiske teknologien kan kome til å revolusjonere vitskapleg publisering og kunnskapsforvaltning.

Omgrepet sosiale teknologiar vert nytta om nettbaserte tenester der brukarane i samspel skaper og held ved like innhaldet. Opplegg for deling av data og samhandling i sann tid er også vanlege trekk ved slike tenester. Døme på bruk av slike teknologiar er chat, blogging, podcasting, wikiar, sosial tagging og andre. Nett-tenester med slike samhandlingstrekk vinn meir og meir fram, og er dermed med på å setje ein ny standard for kommunikasjon.

Uansett kva utviklinga framover vil vise, må vi leggje til grunn at teknologiske nyvinningar kan verke inn både på biblioteket som fysisk møteplass, på dei tenestene biblioteket må utvikle, på brukarane og deira kompetanse og på samspelet og samarbeidet i biblioteksektoren. Medan fag- og forskingsbiblioteka er på full fart inn i ein digital røyndom, er folke- og skulebiblioteka berre i startfasen av å ta inn over seg denne spanande teknologiske utviklinga.

Overgangen frå fysiske til digitale informasjonsberarar utfordrar også offentlege styresmakter som skal utforme konkrete verkemiddel for ei digital tid. I dag er til dømes både innkjøpsordningane, bibliotekvederlaget og nullsatsen for moms på bøker retta mot fysiske eksemplar. Med ei venta auka utvikling i retning digital distribusjon av informasjonsberarar vil ein måtte vurdere verkemidla.

### 3.3 Kunnskapsutvikling og informasjonsbehov

---

I dagens kunnskapssamfunn skjer endringane raskt og krava til omstilling og kompetanseutvikling er store. Kunnskap og kreativitet står fram som sentrale drivkrefter for verdiskaping i samfunnet og er stadig viktigare for at enkeltmennesket skal kunne realisere seg sjølv. Mange har behov for å oppdatere seg, studere og tileigne seg ny kompetanse. Dette fører til behov for lett tilgjenge til studiemateriale, arbeidsplass med breiband og tilgjenge til nettbaserte utdanningstilbod. Dette er utviklingstrekk som også verkar inn på dei tenestene som biblioteka kan tilby.

Samstundes ser ein større skilnader mellom dei som har ressursar til å oppretthalde og utvikle kunnskapen sin, og dei som fell utanfor. I ei tid der informasjonsmengdene er store og av og til ugjennomtrengelege, er det difor avgjerande å kunne utvikle evne og kompetanse til å analysere, vurdere og sortere ut relevant og kvalitativt god informasjon.

### Informasjonskompetanse

Skulen har eit grunnleggjande og sjølvsgatt ansvar for å styrkje kjeldekritikk og informasjonskompetanse blant barn og unge, men biblioteka vil også kunne ha ein spesiell føresetnad for å utvikle informasjonskompetanse, både på individnivå og i samfunnet generelt. Særleg vil dette kunne gjelde grupper som av ulike årsaker er utanfor skule- og utdanningssituasjonar.

Den engelske rapporten *Information Behaviour of the Researcher of the Future*, gjennomført av University College London for British Library og Joint Information Systems Committee (JISC) i januar 2008, syner at sjølv om unge fødte etter 1993 (Google-generasjonen) tilsynelatande kan handtere ei datamaskin lett, så stolar dei tungt på søkje-tenestene, gløttar i staden for å lese, og tileignar seg informasjonen dei finn utan kritisk sans eller analytiske innfallsvinklar. Rapporten viser også at alle aldersgrupper, frå unge elevar til studentar og professorar, har lite tolmod og liten toleranse for forseinkingar når dei søker etter informasjon på Internett.

Rapporten peikar særleg på at informasjonskompetanse meir enn nokon gong er nødvendig på alle nivå for at folk verkeleg skal kunne nyttiggjere seg fordelane ved eit kunnskaps- og informasjonssamfunn. Det vert også vist til amerikansk forskning om at denne kompetansen må verte utvikla alt i dei formative barneåra. Rapporten legg til grunn at biblioteka kan vere ein viktig aktør for å styrkje både informasjonskompetansen og den digitale kompetansen til brukarane. I denne samanhengen er det viktig at bibliotek har stor tillit som informasjonshandterar og -tilbydar, jf. boks 3.1.

I denne samanhengen kan det også vere interessant å syne til ei amerikansk undersøking utført av professor James Evans ved Universitetet i Chicago (*The Economist*, juli 2008). Undersøkinga viste at dess fleire artiklar som vert publiserte digitalt, dess færre vert siterte. I første rekkje er det dei nyaste artiklane som vert siterte. Undersøkinga gjev ikkje noko svar på kvifor dette skjer.

### Digital kompetanse

VOX, ein etat under Kunnskapsdepartementet, kartlegg den digitale kompetansen blant vaksne i Noreg. Rapporten frå undersøkinga *Borgar og brukar* viser at om lag kvar tredje vaksne har svak digital kompetanse. I denne undersøkinga nyttar VOX tre dugleiksnivå. 36 prosent hamnar på nivå 3, som er det høgste dugleiksnivået. Samanlikna med til dømes Danmark er dette eit godt resultat. Under-

søkinga viser at dugleiksnivået minkar i takt med auka alder, medan dugleiksnivået aukar i takt med auka utdanning. Undersøkinga viser elles at 17 prosent av befolkninga er på nivå 1 og at 10 prosent ikkje nyttar PC.

Det er vanskeleg å trekkje presise konklusjonar av undersøkinga, men det er grunn til å merke seg at 27 prosent av innbyggjarane anten ikkje nyttar PC, eller har svak PC-dugleik. Det kan vere grunn til å tru at dagens digitale skilje i mindre

#### Boks 3.1 Stor tillit til bibliotek i informasjonssamheng

Den føderale institusjonen *Institute of Museum and Library Services* i USA publiserte i februar 2008 ei undersøking der dei mellom anna har kartlagt bruken av bibliotek og museum som informasjonsskjelder.

Undersøkinga viset at bibliotek og museum har stor tillit som informasjonstilbydar samanlikna med andre informasjonstilbydarar. På ein skala frå 1–5 fekk biblioteka ein tillitskarakter på 4,58 og museum 4,33. I andre enden av skalaen var private heimesider med ein karakter på 2,14 og kommersielle heimesider med 2,54.

Brukarane vart også spurde om kvifor dei valde å nytte biblioteka som informasjonsskjelde. Brukarar av heimesidene til biblioteka viste til følgjande grunnar: lett å bruke (93,9 prosent), ein kunne lite på informasjonen (74,5 prosent), det gjekk med lita tid og kosta lite pengar (69,4 prosent), den beste informasjonsskjelda (64,3 prosent).

Brukarar som besøkte biblioteket, hadde følgjande grunnar for å bruke biblioteket: lett å bruke (80,1 prosent), den beste informasjonsskjelda (76,2 prosent), det gjekk med lita tid og kosta lite pengar (75,6 prosent), ein kunne lite på informasjonen (68,8 prosent).

Eit anna spørsmål galdt i kva grad bruk av Internett har erstatta besøk på og bruk av bibliotek og museum. Resultatet er eintydig: det er ingen ting som tyder på at brukarane erstattar bibliotek med Internett. Derimot viser undersøkinga ein tendens til at brukarar som aukar bruken av heimesider i bibliotek og museum, utviklar ein høgare frekvens for konkrete besøk i bibliotek og museum.

Rapportane frå undersøkinga er å finne på [www.ims.gov](http://www.ims.gov).

grad handlar om tilgang til PC og i større grad om evna til å mestre den.

Ettersom stadig fleire offentlege og private tenester er tilgjengelege digitalt, er det ei utfordring å motverke at store grupper fell utanfor. VOX-rapporten peikar på at ulikskap i bruk av digitale verktøy på jobben ser ut til å forsterke det digitale skiljet. Det kan difor vere grunn til å vurdere korleis folkebiblioteka kan fungere som verkemiddel til å motverke dette.

#### *Lesekompetanse*

Den internasjonale *ALL-undersøkinga* (Adult Literacy and Life Skills) viser nivået på lesekompetansen hos vaksne i alderen 16–65 år i 6 land. Dei norske funna i undersøkinga viser at 8 prosent av innbyggjarane har ei svært svakt utvikla leseforståing. Ein av fire vaksne skårar på nivå 2, noko som vert rekna for å vere svakt sett i samanheng med OECD-mål. Undersøkinga viser også at ikkje-vestlege innvandrarakar utgjer ei særskild lesargruppe. 28 prosent av denne gruppa skårar på det lågaste meistringsnivaet.

Det store fleirtalet av norske elevar lærer å lese godt, og det finst knapt analfabetisme i Noreg. Det finst likevel mange menneske som ikkje les godt nok til å forstå det dei les, eller godt nok til å oppfatte samanhengar og viktige poeng. Undersøkingane PISA og PIRLS 2007 viser ein nedgang i lesekunnskapane i norsk skule samanlikna med liknande undersøkingar i 2000. Undersøkingane dekkjer ikkje alle måla for den norske skulen, men representerer likevel eit utval heilt sentrale mål. Lesing er grunnleggjande for vidare læring og det er alvorleg når undersøkingar viser at mange norske barn ikkje utviklar tilstrekkelege lesekunnskapar til å kunne delta i vidare utdanning og yrkesliv.

Den obligatoriske kartlegginga av elevar i andre klasse viser at lesekunnskapane blant gutane har betra seg noko frå 2006–2007, men prosentdelen av gutar som er på eller under bekymringsgrensene, er framleis signifikant høgare enn for jentene. Det er viktig å styrkje innsatsen for å betre kunnskapane hjå elevane. Elevar som ikkje lærer å lese tidleg, må fangast opp og ein må setje i verk tiltak raskt.

### **3.4 Demografiske og strukturelle utviklingstrekk**

Biblioteka fungerer på mange måtar som fellesgode i samfunnet. Slike fellesgode er avhengige av både politiske prioriteringar og i stor grad av offentleg finansiering. I kva grad det offentlege vil satse på biblioteka i framtida vil mellom anna kunne vere avhengig av dei funksjonane biblioteka kan fylle, og dei tenestene biblioteka kan forme sett i samanheng med brukarbehov og etterspurnad. For folkebiblioteka vil kommuneøkonomi, bibliotekpolitikken i kommunane og eventuelle endringar i kommunestrukturen vere viktig.

Eit viktig utviklingstrekk som kan ha innverknad på biblioteka, er den aukande migrasjonen som har ført til at Noreg har fått eit større innslag av menneske med bakgrunn i andre kulturar og med andre språk. Biblioteket har med dette fått brukargrupper som etterspør og forventar andre typar tenester. Andre utviklingstrekk som spelar inn, er velstandsutviklinga, aukande sentralisering og ei forventa eldrebølgje.

Stjernø-utvalet gjorde framlegg om å redusere talet på universitet og høgskular i Noreg. Dette framlegget vart rett nok avvist av Kunnskapsdepartementet, men fleire institusjonar vurderer no samanslåingar, og fleire høgskular ønskjer å verte universitet. Slike endringar kan ha verknad også for biblioteka, på den måten at forskarar og studenter har forventningar om at større administrative einingar vil gje tilgjenge til fleire lisensierte ressursar for alle. Nokre fagbibliotek og spesialbibliotek står såleis også overfor strukturelle endringar. Samanslåingar til større einingar kan gje stordriftsfordelar når det gjeld tilgjenge til lisensiert materiale, men skaper også geografisk avstand til det fysiske biblioteket.

Betre digitale bibliotektenester, nasjonale lisensar og ei utvikling av opne institusjonelle arkiv vil betre tilgjenget til forskingslitteratur. Dette kan ha innverknad på den demografiske utviklinga på den måten at det vil vere mogeleg å forske, studere og arbeide kvar som helst frå sin eigen PC.







Figur 4.1 Buskerud fylkesbibliotek kasserte over 3000 bøker i fylket og samarbeidde med ein kunstnar frå Arena Vestfossen som skulle bruke bøkene i eit kunstprosjekt

Foto: Buskerud fylkesbibliotek

## 4 Det nasjonale biblioteknettverket – oppgaver og ansvarsfordeling

### 4.1 Innleiing

Det nasjonale biblioteknettverket omfattar Nasjonalbiblioteket, Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek, om lag 210 fagbibliotek og om lag 110 avdelingar (til saman om lag 322 einingar), 431 folkebibliotek med 807 faste avdelingar, om lag 3000 skulebibliotek i grunnskulen, 388 skulebibliotek i vidaregåande skule, 18 fylkesbibliotek og 34 mobile einingar (bokbuss/bokbåt). Det finst også bibliotek i 15 fengsel.<sup>1</sup>

I tillegg må det understrekast at også private utdanningsinstitusjonar, private og offentlege forskingsinstitusjonar, arkiv, museum og helseinstitusjonar og ein del private bedrifter har eigne bibliotek. Dette gjeld også Stortinget, departementa og andre forvaltningsorgan. Dette er viktige ressursar for det samla biblioteknettverket.

Forvaltningsansvaret for biblioteknettverket er delt mellom stat, fylkeskommune og kommune. På statleg nivå er ansvaret delt mellom Kultur- og kyrkjedepartementet og Kunnskapsdepartementet. Biblioteka vert finansierte gjennom statlege rammeoverføringar til kommunane, fylkeskommunane, statlege verksemder og andre tilskotsinstitusjonar. I tillegg er ei rekkje statlege støtteordningar og prosjektmidlar viktige økonomiske verkemiddel i biblioteksektoren.

Dette kapitlet omhandlar det nasjonale biblioteknettverket strukturert gjennom eigarskap på statleg, fylkeskommunalt og kommunalt nivå. Ansvaret for skulebibliotek i grunnskulen ligg i kommunane og ansvaret for skulebibliotek i vidaregåande skule ligg i fylkeskommunane. Av praktiske årsaker er omtalen av skulebibliotek i denne framstillinga plassert under omtalen av det kommunale ansvarsområdet. Likeins er mobile bibliotektenester i dag eit delt ansvar mellom kommunalt og fylkeskommunalt nivå. I denne framstillinga er mobile bibliotektenester omtala under det fylkeskommunale ansvarsområdet. Samiske bibliotektenester, fengselsbibliotek og bibliotek i helseinstitusjonar er det gjort nærare greie for i kap. 12 og 13.

### 4.2 Statleg ansvar

Hovudoppgåva på statleg nivå er å leggje til rette for at alle bibliotek kan handle saman på ein slik måte at brukarane får best mogelege bibliotektenester. Dette omfattar i første rekkje ansvaret for eit velfungerande og oppdatert lov- og regelverk på bibliotekområdet, og at desse lovene vert handheva på ein slik måte at brukarane får dei bibliotektenestene dei har krav på.

Vidare er det eit statleg ansvar å syte for at aktørane som har nasjonale oppgaver, t.d. Nasjonalbiblioteket, ABM-utvikling og Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek, har rammevilkår som set dei i stand til å utføre oppgåvene sine. Staten har også hovudansvaret for dei fleste fag- og forskingsbiblioteka, og det er statens ansvar å gje retningslinjer og føringar for universitet og høgskular slik at biblioteka fungerer best mogeleg innanfor eigarstrukturane sine, samstundes som dei har eit aktivt og målretta samarbeid med andre bibliotek.

#### *Kultur- og kyrkjedepartementet*

*Kultur- og kyrkjedepartementets* samla ressursbruk til bibliotek-, språk- og litteraturføremål i 2009 er på om lag 831 mill. kroner. I perioden 1999–2009 er løyvingane til desse føremåla nær dobla, jf. tab. 4.1.

*Nasjonalbiblioteket* er den budsjettmessig største statsinstitusjonen med ei løyvingssamme over Kultur- og kyrkjedepartementets budsjett på 353,3 mill. kroner i 2009.

*Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek* (NLB) er ein statsinstitusjon underlagd Kultur- og kyrkjedepartementet. Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek får eit samla tilskot på 44,6 mill. kroner i 2009.

*ABM-utvikling* forvaltar i 2009 ei samla budsjettamme på 204,8 mill. kroner. Dette omfattar både drift, forvaltningsoppgaver, prosjektmidlar og oppdragsverksemd. Utan oppdragsverksemda er ABM-utviklings budsjett på 169,8 mill. kroner. Estimert del av ABM-utviklings drifts- og prosjektmidlar over post 01 som gjeld bibliotek i 2009, er om lag 30 mill. kroner.

<sup>1</sup> Per i dag er det inngått avtaler om å levere tenester i 30 fengsel. Ikkje alle er i drift enno.

Tabell 4.1 Tilskot til bibliotek-, språk- og litteraturføremål over Kultur- og kyrkjedepartementets budsjett 1999–2009 (mill. kroner)

Tiltak	1999	2001	2003	2005	2007	2009	Auke 1999–2009	Auke i prosent
Innkjøpsordningar/støtte – litteratur og tidsskrifter <sup>1</sup>	85,2	91,4	95,7	101,6	112,9	139,1	53,9	63,3
Diverse bibliotek-, litteratur- og språkføremål <sup>2</sup>	65,2	78,0	84,3	100,7	124,4	157,3	92,1	141,3
Bibliotekvederlag <sup>3</sup>	51,0	57,5	64,0	67,5	72,2	82,1	31,1	60,9
Statlege forvaltningsorgan <sup>4</sup>	216,9	232,3	265,5	355,1	378,5	453,1	236,2	108,9
Sum	418,3	459,2	509,6	624,9	688,0	831,6	413,4	98,8

Tilskot til mobil bibliotekteneste og biblioteklokale under kap. 326, post 60 vart avvikla som øymerkt ordning frå 2001, og er ikkje teke med for 1999 i oversynet.

<sup>1</sup> Kjelde: Norsk kulturråds årsmeldingar. For 2009: Saldert budsjett, kap. 326, post 55. I 2009 er også inkludert tilskot til publikasjonar/ymse tidsskrifter som før 2008 vart løyvt under kap. 335 Pressestøtte, post 76. For å kunne samanlike utviklinga er desse tilskota lagt inn for åra 1999–2007. Tala er henta frå dei årlege budsjettproposisjonane.

<sup>2</sup> Saldert budsjett for kap. 326, postane 73, 74, 75, 76, 78 og kap. 325, post 78. For kap. 325, post 73 er det nytta rekneskapstal for reine bibliotekprosjekt og felles ABM-prosjekt. Tala for 2009 er estimert ut frå tildeling – opplyst frå ABM-utvikling.

<sup>3</sup> Utbetalt vederlag under kap. 321 Kunstnarføremål, post 75. For 2009: estimat.

<sup>4</sup> Saldert budsjett, kap. 326, postane 01 og 45: Nasjonalbiblioteket, Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek, Språkrådet og Statens bibliotektilsyn. Frå 2002 gjekk Statens bibliotektilsyn saman med Norsk museumsutvikling og Riksbibliotektenesta inn i nytt forvaltningsorgan, ABM-utvikling. Det er lagt inn den delen av drifta av ABM-utvikling som gjeld bibliotek frå 2003 ut frå tal frå ABM-utvikling. Det er også lagt inn tal for løyvingane til Riksbibliotektenesta i 1999 – ut frå tal frå Kunnskapsdepartementet.

Kjelde: Kultur- og kyrkjedepartementet

Dei fleste faste tilskotsmottakarane til bibliotek, språk- og litteraturføremål på Kultur- og kyrkjedepartementets budsjett er samla på kap. 326, post 78 Ymse faste tiltak. Ein del av dei faste tiltaka mottek tilskot direkte frå departementet medan resten av forvaltningsansvaret er delegert til ABM-utvikling. I 2009 er den samla ramma på tilskotspostane over kap. 326, post 78 på om lag 102,1 mill. kroner. 53,1 mill. av desse vert forvalta av ABM-utvikling. I tillegg forvaltar ABM-utvikling også midlar over kap. 325, post 73, jf. tabell 4.2.

Kultur- og kyrkjedepartementet overførte forvaltningsansvaret for samiske kulturinstitusjonar og tiltak til Sametinget frå 2002. Sametinget forvaltar i 2009 ei rammeløyving til kulturføremål over Kultur- og kyrkjedepartementets budsjett på om lag 62 mill. kroner.

Statlege støtteordningar forvalta av Norsk kulturråd på bibliotek-, språk- og litteraturfeltet utgjer i 2009 om lag 139 mill. kroner.

Ei rekkje museum og arkivinstitusjonar i Noreg har fagbibliotek. Dette vil seie at dei statlege løyvingane til arkiv og museum også har ein bibliotekfunksjon.

#### Kunnskapsdepartementet

Dei statlege universitets- og høgskulebiblioteka under *Kunnskapsdepartementet* er, saman med

Nasjonalbiblioteket, landets viktigaste kjelder til fagleg og akademisk dokumentasjon og litteratur. Dei statlege universitets- og høgskulebiblioteka omfattar bibliotek ved sju universitet, 24 høgskular, to kunsthøgskular og fem vitskapelege høgskular. Biblioteka er underlagde universitets- og høgskulestrukturen, og held seg til dei lover og reglar som gjeld for eigarinstitutionen.

Biblioteka i universitets- og høgskulesektoren vert finansierte av den enkelte utdanningsinstitusjonen, som igjen får si årlege rammeoverføring frå staten ved Kunnskapsdepartementet. Bibliotek inngår som ei av oppgåvene utdanningsinstitusjonane skal ta hand om. Sentrale løyvingar til det enkelte universitetet og den enkelte høgskulen er baserte på førre års rekneskap og produksjon.

I den nye finansieringsmodellen for universitet og høgskular er resultatbasert finansiering eitt av elementa, noko som mellom anna inneber at forskingsaktiviteten verkar inn på inntektene til institusjonen. Biblioteka har ofte ansvaret for å registrere vitskapelege publikasjonar som dannar grunnlaget for den resultatbaserte finansieringa frå staten.

Kunnskapsdepartementet løyver også midlar til det nasjonale forvaltningsorganet BIBSYS som etter vedtektene skal stille til rådvelde og levere kostnadseffektive informasjonstenester av høg kvalitet primært for institusjonar i universitets- og

Tabell 4.2 Fordeling av midlar til bibliotek-, språk- og litteraturføremål over Kultur- og kyrkjedepartementets budsjett i 2009

(Løyving i mill. kroner)	
Innkjøpsordning for ny norsk skjønnlitteratur for vaksne	41,9
Innkjøpsordning for ny norsk skjønnlitteratur for barn og unge	27,6
Innkjøpsordning for omsett skjønnlitteratur. for barn, unge og vaksne	12,7
Innkjøpsordning for ny norsk faglitteratur for barn og unge	7,7
Produksjonsstøtte til biletbøker for barn og unge	1,4
Produksjonsstøtte til klassikarar	0,9
Produksjonsstøtte til nynorsk litteratur	2,5
Produksjonsstøtte til teikneseriar	1,9
Innkjøpsordninga for ny norsk sakprosa	13,9
Støtte til litteraturfestivalar	1,6
Støtte til tidsskrifter/ymse publikasjonar	22,7
Andre tiltak	4,5
<b>Innkjøpsordningar og støtte til litteratur og tidsskrifter</b>	<b>139,1</b>
Noregs Mållag	3,0
Det Norske Samlaget	13,1
Ordbokprosjekt	17,0
Ibsenprisen m.m.	4,8
Tilskot til diverse føremål <sup>1</sup>	119,4
<b>Diverse bibliotek-, litteratur og språkføremål</b>	<b>157,3</b>
<b>Bibliotekvederlag – estimert løyving</b>	<b>82,1</b>
Nasjonalbiblioteket (drift og investering)	353,3
Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek	44,5
Språkrådet	25,3
ABM-utvikling – estimert del som gjeld bibliotek <sup>2</sup>	30,0
<b>Statlege forvaltningsorgan</b>	<b>453,1</b>
<b>Samla løyving</b>	<b>831,6</b>

<sup>1</sup> Av denne løyvinga forvaltar ABM-utvikling til saman 64,9 mill. kroner fordelt med 53,1 mill. kroner over kap. 326/78 og 11,8 mill. kroner over kap. 325/73.

<sup>2</sup> Dette gjeld driftsposten (post 01)

Kjelde: Kultur- og kyrkjedepartementet

høgskulesektoren, og dessutan å skaffe, drive og utvikle fellesløysingar etter behov.

pande omorganisering av dei tidlegare geografiske einingane i Oslo og i Rana og store investeringar i bygningsfasilitetar begge stader.

#### 4.2.1 Nasjonalbiblioteket

Nasjonalbibliotekets mandat og oppgåver er forankra i *lov om avleveringsplikt for allment tilgjengelige dokumenter av 9. juni 1989 nr. 32*, jf. nærare omtale i pkt. 5.2.2. Trykt materiale har vore avlevert i Noreg sidan 1815. Universitetsbiblioteket var ansvarleg for pliktavlevert materiale fram til 1989 då Nasjonalbiblioteket vart etablert.

Dei siste åra har Nasjonalbiblioteket gått gjennom ein større endringsprosess, der hovudelementa har vore strategiutvikling, gjennomgri-

#### *Roller og oppgåver*

Nasjonalbiblioteket er Noregs fremste instans for innsamling, oppbevaring og formidling av materiale produsert i Noreg, og det som vert publisert om Noreg eller av nordmenn i utlandet. Nasjonalbiblioteket er den største institusjonen i det norske biblioteklandskapet, både i kraft av forvaltningsfunksjonane institusjonen har ansvaret for, og som ei sentral ressurseining for alle andre bibliotek. Institusjonen er lokalisert både i Oslo og i Rana.

Nasjonalbibliotekets visjon er å vere nasjonens minne og eit multimedialt kunnskapssenter, vere kjernen i eit digitalt bibliotek, tilby kunnskap og oppleving, tilby teknologikunnskap og kulturforståing og vere ein omstillingsdyktig institusjon.

Den viktigaste oppgåva for Nasjonalbiblioteket er å forvalte for samtid og ettertid den norske produksjonen av allment tilgjengeleg informasjon i form av bøker, aviser, tidsskrifter og andre grafiske reproduksjonar, musikk, kringkasting, foto, film og andre digitale medium som til dømes det norske internett-området .no som vert lasta ned regelmessig. I tillegg tek Nasjonalbiblioteket vare på privatarkiv frå forfattarar og kulturpersonar, og arbeider systematisk for å supplere samlingane på område og for tidsrom som tidlegare ikkje var omfatta av dagens pliktavleveringslov.

Funksjonane som Nasjonalbiblioteket skal fylle i relasjon til samlingane, kan grovt sett delast i to.

For det første har institusjonen ein *bevaringsfunksjon*, som omfattar all aktivitet som er knytt til innsamling, sikring og bevaring og det å gjere samlingane tilgjengelege. Viktige aspekt ved bevaringsfunksjonen er sikringsmagasinet i fjellet i Rana og det nybygde sikringsmagasinet i tilknytning til Nasjonalbibliotekets bygning i Oslo. Det digitale sikringsmagasinet og dei omfattande medielaboratoria i Rana, m.a. for å kunne utføre restaureringsoppgåver på film-, video- og lydmedium, høyrer også med til grunnføresetnadene for at Nasjonalbiblioteket kan fylle bevaringsfunksjonen på ein god måte.

For det andre har institusjonen ein *formidlingsfunksjon* som inneber at Nasjonalbiblioteket stiller samlingane sine til disposisjon for ulike brukargrupper innanfor dei rammene som pliktavleveringslova og åndsverklova set.

#### *Fellesressurs for biblioteka*

I tillegg til at Nasjonalbiblioteket stiller kjernesamlingane sine til rådvelde for forskning og dokumentasjonsføremål og for andre brukarar, utfører institusjonen ei rekkje funksjonar som kjem særleg andre bibliotek til gode. Samstundes utgjer dette fellesressursar i form av kompetanse, system og utstyr for heile biblioteksektoren.

Dei viktigaste av desse områda er

- nasjonale standardar for produksjon av metadata for dei media som er omfatta av pliktavleveringslova.
- definisjon av standardar for digitalt materiale i samarbeid med internasjonale aktørar
- samkatalogen, som er eit oversyn over alle bøker i alle norske bibliotek. Dette er ei

teneste som vil moderniserast og utvidast til å omfatte søk og tinging i det norske biblioteknettverket

- depotbiblioteket for bøker og andre trykte publikasjonar med tanke på gjenbruk
- digitalt og fysisk sikringsmagasin for materiale frå andre institusjonar
- produksjon av bibliografiar
- innlån av utanlandsk litteratur
- digitalisering og digital formidling
- juridisk kompetansesenter for abm-området
- ei fagleg utvikling som kjem forskarar, fag- og forskingsbibliotek og andre bibliotek til gode som ein del av forskingsinfrastrukturen i Noreg

#### *Formidling og bevaring*

I dei seinare åra har institusjonen òg satsa på ein meir aktiv formidlingspolitikk både på nett og gjennom eit omfattande utstillings- og formidlingsprogram. Frå 2006 er institusjonen tildelt det nasjonale ansvaret for forfattarjubileum og frå 2008 er det nasjonale filmarkivet lagt til Nasjonalbiblioteket.

Det aller meste av det som vert publisert som fysiske dokument, vert i dag produsert digitalt. Nasjonalbiblioteket arbeider difor tett med institusjonar som produserer innhald med tanke på mest mogeleg effektiv oppfølging av utfordringane i den digitale tidsalderen. I samarbeid med NRK er det utvikla eit digitalt sikringsmagasin for kringkastingsmateriale og det digitale sikringsmagasinet i Rana er NRKs og Nasjonalbibliotekets fellesarkiv for dette materialet. Det same gjeld løysingar for pliktavlevering i digitalt format av sendeflatene til tv og radio.

Nasjonalbiblioteket samarbeider også med mediehus og forlag for å etablere avlevering av det digitale grunnlaget for publikasjonane, både for å sikre digital bevaring og for å leggje til rette for digital formidling. Radio- og fjernsynsprogram vert i dag pliktavlevert som digitale filer. Nasjonalbiblioteket arbeider også med avtaler for å få avlevert aviser i eit digitalt bevaringsformat, og for samstundes å kunne utnytte det digitale formatet i formidlinga. Vidare har Nasjonalbiblioteket inngått ei rammeavtale med Den Norske Forleggerforening om digital avlevering av bøker og tidsskrifter. Per 1. januar 2009 har tre forlag slutta seg til denne avtalen. Det vert også arbeidd med liknande løysingar å på avisområdet. Avtaler om digital pliktavlevering er ein viktig milepæl som veldig få andre land førebels har nådd.

Frå 2006 fekk Nasjonalbiblioteket eit ansvar for pop- og rockarkiv, og for 2009 er det løyvt midlar til

Tabell 4.3 Nasjonalbibliotekets samling per mars 2009

Materialtype	Totalt	Vil bli digitalisert	Digitalisert per mars 2009
Bøker	1 900 000 <sup>1</sup>	400 000	90 000
Bilete	1 800 000	1 100 000	420 000
Kart	55 000	50 000	-
Arkivmateriale	3 000 hyllemeter	4 000 000 einingar	23 000 (handskrift)
Film/fjernsyn	450 000 band/rullar	<sup>2</sup>	3 100 (fysiske einingar)
Radio	1 200 000 timar	1 200 000 timar	250 000 timar
Lydopptak	150 000 band/plater/rullar	150 000	4 500 (fysiske einingar)
Notetrykk	73 000	73 000	-
Aviser	5 000 000 hefte	5 000 000 hefte	194 000 hefte
Plakatar	95 000	80 000	1 400
Postkort	240 000	200 000	-
Småtrykk	2 300 000	1 900 000	-
Tidsskrifthefte	3 700 000	2 000 000	-

<sup>1</sup> Av dette er om lag 400.000 unike norske titlar. 15 000 av desse har falle i det fri

<sup>2</sup> Ikkje utrekna, men i prinsippet alt unikt innhald

Kjelde: Nasjonalbiblioteket

å byggje opp dette i Nasjonalbiblioteket. Innsamling av materiale vil bli gjort i nært samarbeid med Rockheim og dei andre regionale rocksentra som er under planlegging, mellom anna Popsenteret på Schous plass i Oslo og Sølvberget Stavanger bibliotek og kulturhus. Gjennom ei slik organisering kan dei viktigaste samlingane av musikkrelatert materiale verte samla inn av fleire aktørar og tekne vare på for ettertida av ein nasjonal samordnar.

### Digitalisering

Nasjonalbiblioteket har starta ei storstilt digitalisering av samlingane sine. Målet er å digitalisere heile samlinga innan ein periode på 20 år. Sidan oppstarten av programmet våren 2006 er kring 85 000 av totalt 450 000 bøker digitaliserte. Tabell 4.3 viser Nasjonalbibliotekets samling per mars 2009. Nasjonalbibliotekets satsing på digitalisering er nærare drøfta i kap. 7.

#### 4.2.2 Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek

*Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek* (NLB) er ein statsinstitusjon underlagd Kultur- og kyrkjedepartementet. NLB er ein leiande leverandør av informasjons- og litteraturtenester til synshemma og andre med lesehemningar, og medverkar slik til å gje likt tilgjenge til litteratur for alle. Biblioteket produserer og låner ut folkebiblioteklitteratur i blindeskrift og som lydbøker. I tillegg produserer og formidlar NLB studielitteratur for studentar ved

universitet, høgskular og fagskular. Frå 2003 har NLB administrert og utført utskriftsteneste for døvblinde.

Filialane til NLB i Bergen og Trondheim vart formelt nedlagde 1. januar 2008. Oppgåvene som tidlegare vart utførte ved avdelingskontora er no overførte til Oslo. Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek har ei samla løyving på 44,6 mill. kroner i 2009. Dette er ein auke på 4,5 mill. kroner frå 2008.

NLB legg vekt på å byggje opp ein variert og god bokstamme som i stor grad speglar det norske litterære landskapet og det tilbodet som finst i norske folkebibliotek. Bibliotekets lyd- og blindeskriftsamling har eit breitt utval av skjønnlitteratur og sakprosa for barn, ungdom og vaksne. NLB produserer også tidsskrifter og tilbyr abonnement på Aftenposten i lydversjon.

Synshemma studentar har rett til å få produsert studielitteratur ved NLB. Studentar med andre lesehemningar, i tillegg til andre lånarar, har tilgang til å låne alle eksisterande produksjonar i NLBs samlingar.

I 2007 hadde NLB vekst i både samlingar, utlån og låntakarar. Totalt utlån i 2007 av lyd- og blindeskriftbøker var 281 991, og talet på lånarar var 14 433. Frå 2006 til 2007 hadde NLB ein vekst i utlånet av lydbøker på 17 prosent, medan auken i utlån av blindeskriftbøker var på 39 prosent. Utlånsveksten har samanheng med auka produksjon, nye tilbod og effektivisering av utlånsrutinar. NLB hadde i 2007 ei lydboksamling på i alt 10 052 titlar. 1 539

av desse titlane var studielitteratur. Blindeskriftsamlinga var i 2007 på 5895 titlar.

Lyd- og blindeskriftbøker vert produserte ved NLBs produksjonsavdeling, medan avdelinga for utlån og formidling tek hand om dei bibliotekfaglege oppgåvene. All lyd- og blindeskriftproduksjon og utlån av lydbøker er digitalt basert. Lydbøkene er i DAISY-format (Digital Accessible Information System), som er ein internasjonal lydbokstandard med funksjonalitet og brukargrensesnitt særleg lagt til rette for personar med behov for tilrettelagd litteratur.

NLB produserer lydbøker både ved tradisjonell innlesing, og ved bruk av talesyntese. Talesyntese er ei IKT-løysing som kan gjere tekst om til tale. I 2007 produserte NLB 901 lydbøker og 194 blindeskriftbøker innanfor folkebiblioteklitteratur. Aftenposten og fleirtalet av tidsskriftene vert produserte med talesyntese. Det same gjeld for ein stor del av studielitteraturen. I 2007 var produksjonen av studielitteratur på 356 titlar. 50 prosent av desse titlane vart produserte ved bruk av talesyntese. Dette er ei dobling frå 2006 til 2007. Bruk av talesyntese gjev kortare produksjonstid og inneber eit vesentleg betre tenestetilbod til studentar. Alle talesyntesebøkene vert produserte som fulltekstbøker. Dette inneber at lyd og tekst er synkroniserte, slik at den opplesne teksten blir markert og kan lesast parallelt. NLB samarbeider med Talboks- og punktskriftsbiblioteket (TPB) i Sverige for å utvikle ein betre norsk talesyntese.

Som omtala i pkt. 5.3.4, underteikna staten og opphavsrettsorganisasjonane ei ny lydbokavtale i 2008. Denne avtala gjev NLB rett til å tilby brukargruppa ei uavgrensa mengde eksemplar av eigenproduserte lydbøker. For brukarane inneber den nye lydbokavtala auka tilgang til boksamlinga og eit betre tenestetilbod.

NLB nyttar biblioteksystemet BiblioFil og tok i 2007 i bruk web-applikasjonen MappaMi. Gjennom MappaMi kan lånarane sjølv søkje i bokbasen og tinge lyd- og blindeskriftbøker tilsende i form av DAISY-CD. NLB er i gang med å leggje til rette for direkte nedlasting eller direkte avspeling (streaming) av alle titlane i bokbasen, men realisering av dette vil liggje noko fram i tid. NLB tilbyr allereie no direkte avspeling og nedlasting av Aftenposten i lydutgåve.

NLB samarbeider med andre produsentar av tilrettelagd litteratur, både i inn- og utland. Samarbeidspartar er til dømes Huseby kompetansesenter, Norges blindforbund og kommersielle aktørar innanfor digitalisering og lydbokproduk-

sjon. Det er også etablert eit tett samarbeid med NLBs søsterbibliotek i dei andre nordiske landa, og internasjonalt med DAISY Consortium (DC) og den internasjonale bibliotekorganisasjonen IFLA. NLB er representert i styret for DC, og leier i tillegg Norsk DAISY Consortium (NDK). NLB har også ein representant i Standing Committee i IFLA-seksjonen Libraries Serving People with Print Disabilities.

Det digitale masterarkivet til NLB vert lagra i det digitale sikringsmagasinet ved Nasjonalbiblioteket i Mo i Rana. I Mo i Rana er også NLBs samling av blindeskriftbøker lagra. Samarbeidet mellom NB og NLB er eit døme på god utnytting av statlege investeringar. Utlånet av lydbøker, inkludert brenning av ny DAISY-cd for kvart lån, skjer frå NLB.

NLB har no starta ein prosess med å etablere ei felles digital produksjonsplattform for lyd- og blindeskriftbøker, som vil innebære at all digitalisert litteratur kan gjerast tilgjengeleg for lånarane både som lyd- og blindeskriftbøker. Det er eit mål å kunne gje syns- og lesehemma tilgjenge til alle bokutgjevingar på utgjevingstidspunktet. Dersom NLB får enkelt tilgjenge til alle boktitlar i egna digitalt format, kan det med dagens teknologi etablereast produksjonslinjer slik at lyd- og blindeskriftbøker kan produserast på oppmoding. Bruk av talesyntese gjer det mogleg å levere lydbøker på ein rask måte, men skal ikkje erstatte dagens tilbod av lydbokproduksjonar innlesne på tradisjonell måte.

NLB ønskjer også å auke tilbodet av litteratur på andre språk enn norsk og er medlem i *The Global Library Project*. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom IFLA og DAISY Consortium som har som hovudmål å gje alle syns- og lesehemma tilgang til litteratur i digital form – frå kvar som helst i verda.

### 4.2.3 Universitets- og høgskulebibliotek

#### *Roller og oppgåver*

Dei statlege universitets- og høgskulebiblioteka under Kunnskapsdepartementet har som si primære oppgåve å tilby bibliotektenester for brukarar ved dei institusjonane dei er ein del av, samstundes som dei også er ein del av kunnskapsallmenningen og det internasjonale og nasjonale biblioteknettverket. Den mest sentrale oppgåva til universitets- og høgskulebiblioteka er å sikre institusjonane best mogeleg tilgjenge til verdas forskingslitteratur slik at norsk grunnforskning kan følgje med i den internasjonale forskingsfronten.



### Kvalitetsreforma

Med bakgrunn i Kvalitetsreforma vart det innført ei ny lov om universitets- og høgskular 1. august 2005. Lova gjev eit felles rammeverk for verksemda i institusjonane. Lova stiller ikkje konkrete krav om bibliotek, men i Ot. prp. nr. 79 (2003 – 2004) *Om lov om universitet og høgskoler* vert det peika på at universitet og høgskular må ha gode bibliotek for å kunne støtte opp om den faglege verksemda i institusjonen.

Kvalitetsreforma har ført til ei markant omstilling og fornying av verksemda til universiteta og høgskolane. Mange fag er delte i modular, og det er etablert nye studiestrukturar, nye grader og nye karakterar. Ei undersøking utført av Universitets- og høgskolerådet frå 2004 viser at Kvalitetsreforma har styrkt biblioteket si stilling i utdanningsinstitusjonane.

Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) har utarbeidd *Forskrift om akkreditering, evaluering og godkjenning etter lov om universitet og høgskoler*. I §3–3f står det at «institusjonen skal ha et tilfredsstillende fagbibliotek». Den meir detaljerte *Forskrift om standarder og kriterier for akkreditering av studier og kriterier for akkreditering av institusjoner i norsk høyere utdanning*, inneheld meir spesifiserte krav til bibliotek ved universitet og høgskular for å oppnå akkreditering. Her vert det slått fast at utfyllande kriterium for akkreditering er at institusjonane har tenlege lokale med arbeidsplassar, moderne teknologi og kompetent personale. Vidare skal institusjonane ha lett tilgjengelege, relevante digitale og konvensjonelle samlingar og/eller tenester for studentar og vitenskapleg personale.

Norsk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU-STEP) har gjennomført ei undersøking av arbeidsvilkåra til dei vitenskapleg tilsette ved universitet, vitenskaplege høgskular og instituttsektoren<sup>2</sup>. Om lag 188 forskarar deltok i undersøkinga. Resultata viser at biblioteka ved institusjonane er dei ressursane og fasilitetane som forskarane er mest nøgde med. Dette viser at fagbiblioteka varetek brukarane sine behov på ein god måte,

### Utgifter og årsverk

I perioden 1998–2007 har talet på årsverk i universitets- og høgskulebiblioteka variert ein del, men ligg no på same nivå som i 1998, det vil seie 909 årsverk. I 2007 hadde universitetsbiblioteka i alt 523

årsverk og dei vitenskaplege høgskulebiblioteka hadde 41 årsverk. Dei totale utgiftene auka frå 407 mill. kroner til 853 mill. kroner i perioden.

### Samlingar og utlån

Universitets- og høgskulebiblioteka har store samlingar av norsk litteratur. I perioden 1998–2007 auka samlingane frå totalt 11,2 til 13,2 mill. einingar. Universitetsbiblioteka i Oslo, Bergen, Trondheim og Tromsø mottek i dag også eksemplar av pliktavlevert materiale.

Utlånet frå universitets- og høgskulebiblioteka auka frå 3,1 mill. til 3,6 mill. einingar i perioden 1998–2007. Universitets- og høgskulebiblioteka er aktive og store netto bidragsytarar til lånesamarbeidet i biblioteknettverket. Samla sett er det universitetsbiblioteka som medverkar mest til fjernlånet i Noreg, sjølv om deira del har minka dei siste åra, jf. nærare omtale i kap. 7.

### Digitale abonnement


I motsetnad til mange andre bibliotek vil ein stor del av samlingane ved universitets- og høgskulebiblioteka vere materiale på andre språk enn norsk. Eit viktig utviklingstrekk er at i staden for å kjøpe inn papirtidsskrifter, går mange no over til å abonnere på databasar med tidsskriftartiklar. Det er ein sterk tendens til at nedlasting av elektroniske filer som universiteta abonnerer på, i aukande grad erstattar fysiske lån av papirdokument.

Dei siste åra viser statistikken ein sterk vekst i omfanget av digitale abonnement ved universitets- og høgskulebiblioteka. Tendensen er særleg sterk etter 2001. Dersom ein ser på alle fag- og forskingsbiblioteka under eitt, ser ein ein kraftig auke i utlån og nedlastingar av elektroniske dokument. I 2007 var det samla talet for utlån og nedlastingar i fag- og forskingsbibliotek over 10 millionar, jf. figur 4.2.

Statistikken viser også at fag- og forskingsbiblioteka i løpet av dei fire siste åra har auka bestanden av e-bøker frå om lag 100 000 til i underkant av 700 000. I perioden 1998–2007 steig innkjøpsutgiftene i universitets- og høgskulebiblioteka frå 123,9 mill. (170 mill. 2007-kroner) til 259 mill. kroner. Talet på periodika (trykte og digitale) auka frå 187 000 til 503 000 i same perioden.

Som døme på utviklinga ved eit par av institusjonane kan det visast til Universiteta i Bergen og i Oslo. Bibliotekstatistikken viser at det fysiske utlånet ved Universitetet i Bergen gjekk ned med 23 prosent i perioden 2002–2007. Ved Universitetet i Oslo gjekk det fysiske utlånet opp i same periode. Når det gjeld nedlasting, viser statistikken at dette

<sup>2</sup> NIFU-STEP, rapport 9/2009



Figur 4.2 Fag- og forskningsbibliotek: Samla utlån og nedlastingar av elektroniske dokument

Kilde: ABM-utvikling, Bibliotekstatistikken 2007

har auka både i Bergen og i Oslo, men i Oslo har det blitt nærare 20-dobla. Talet på trykte abonnement ved Universitetet i Bergen minka frå 7 130 til 6 669 frå 2006 til 2007. I same perioden auka talet på elektroniske abonnement frå 11 770 til 13 100.

Overgangen frå fysisk til digitalt materiale inneber potensielt betre og raskare tilgjenge til materialet. Men denne endringa har også ein økonomisk dimensjon. Medan innkjøp av eit papirbasert eksemplar som regel vil ha same pris for ulike institusjonar, vil eit digitalt abonnement ofte ha ein prismodell basert på kor mange potensielle brukarar det er. Store institusjonar med mange brukarar betaler difor ein høgare pris for eit digitalt abonnement enn ein liten institusjon med få brukarar. Elektroniske tidsskrifter har dessutan meirverdiavgift.

#### Spørsmål om tilgjenge

Prisen på digitale abonnement og avgrensingar i forhold til talet på brukarar er ei utfordring når det gjeld å utvikle saumlause bibliotektenester. Ein institusjon kan i utgangspunktet ikkje gje tilgjenge til dei digitale abonnementa sine for andre enn eigne brukarar. Ein må også rekne med at det vil vere ulikt tilgjenge til ein del ressursar for ulike interne grupper. Til dømes vil ein forskar kunne få tilgjenge til nokre ressursar, utan at ein student får det. Mange av avtalene biblioteka gjer med leverandørar av digitale ressursar, opnar likevel for det som kallast «walk-in-use». Dette inneber at biblioteket kan gje tilgjenge til ressursane i eigne lokale, for alle som kjem dit.

Ved universitet og høgskular er det særleg viktig at brukarane får tilgjenge til dei elektroniske


innhaldsressursane i biblioteka, ikkje berre ved å oppsøkje dei fysiske biblioteka for å studere desse på skjerm i lokalet. Forskarar og studentar må få tilgjenge til ressursane på sine eigne PCar anten dei er på kontora, laboratoria, lesesalane eller studenthyblane. Det er også viktig at det vert lagt til rette for enkelt tilgjenge til relevant litteratur i dei elektroniske læringssystema som studentane nyttar. Dette skjer ved at forskarar og studentar vert klarerte gjennom IP-adresser som er knytte til datasystema til universiteta og høgskolane.

Gjennom tilgangssystemet Feide i Uninett og i BIBSYS er det lagt til rette for at ein forskar kan gå direkte frå treff i eit artikkelsøk i til dømes Google, til ein elektronisk fulltekstversjon av artikkelen dersom den inngår i moderinstitusjonens abonnement. BIBSYS har lagt til rette for slik klarering som skjer gjennom store internasjonale klareringsinstitusjonar.

#### Nye oppgåver for biblioteka

Biblioteka i høgare utdanning har dei siste åra gjennomgått store endringar. Biblioteka har fått nye oppgåver og har utvikla og straumlineforma tenestene sine etter eigarinstitusjonen sine behov. Målet har vore å utvikle eit heilskapleg læringsmiljø med relevante og kompetente støttetjenester. Læringscentermodellen har dei siste åra vore eit førebilete for utvikling av biblioteka innanfor høgare utdanning. Læringscenteret er ein kombinasjon av arbeidsplassar, informasjonsressursar og informasjonskompetanse, og IKT-retta og pedagogiske støttefunksjonar.

Ei av dei mest sentrale oppgåvene ved universitets- og høgskulebiblioteka har vore å medverke til



Figur 4.3 Netto driftsutgifter til kultursektoren i kommunane. Prosentvis auke 2004–2007

Kilde: KOSTRA

å utvikle informasjonskompetansen til studentane. Informasjonskompetanse omfattar evne til å erkjenne behovet for informasjon og evne til å søkje, lokalisere og vurdere informasjon på ein effektiv måte. Dette er ein samansett kompetanse som stiller krav til grundig, systematisk og progressiv opplæring og rettleiing i nær tilknytning til fag og tema. Røynsler viser at informasjonskompetansen ofte er dårlegare utvikla gjennom grunnopplæringa enn ein kunne forvente.

Eit anna viktig utviklingstrekk er at biblioteka har fått oppgåver knytte til den vitenskaplege publiseringa i institusjonane. Biblioteka har i fleire tilfelle ansvar for å gjere vitenskapleg arbeid tilgjengeleg i dei opne institusjonsarkiva som mange universitet og høgskular har etablert. Døme på slike opne institusjonsarkiv er DUO ved Universitetet i Oslo, BORA ved Universitetet i Bergen, DIVA ved NTNU og Munin ved UiTø. I tillegg tilbyr BIBSYS forskingsarkivering i BRAGE. Ved utgangen av 2008 hadde 33 institusjonar i universitets- og høgskulesektoren opna institusjonelle arkiv hos BIBSYS.

Med støtte frå Kunnskapsdepartementet og ABM-utvikling har universiteta og høgskolane utvikla ei nasjonal søkjeteneste for vitenskapleg informasjon i opne institusjonelle arkiv (NORA). NORA haustar regelmessig frå universitetsarkiva og frå BRAGE.

Registrering i Fellessystemet for forskingsdokumentasjon (FORSKDOK) har også vore ei viktig oppgåve for biblioteka ved dei til saman 49 institusjonane som no brukar dette systemet. Det er no

gjort framlegg om å slå saman FORSKDOK og universiteta sitt fellessystem (FRIDA) til ein felles database for vitenskapleg publisering under namnet Norsk vitkapsindeks. Dersom dette vert realisert, er det ikkje lenger biblioteka, men forskarane sjølve som vil leggje inn forskingsdata.

På den andre sida er biblioteka involverte i sjølve publiseringa, gjennom å gjere vitenskaplege arbeid tilgjengelege i dei opne institusjonsarkiva. Elektronisk publisering, e-læring, lisensiering og tilgangsproblematikk er emne som det vert arbeidd aktivt med.

### 4.3 Kommunalt ansvar og løyvingar

Kommunane har ansvaret for den faglege og økonomiske drifta av folkebiblioteka og skulebiblioteka i grunnskulen. Lovgrunnlaget definerer ikkje kor store ressursar den enkelte kommunen skal nytte for å etterleve påbodet om bibliotekdrift.

Den samla økonomiske innsatsen i den kommunale kultursektoren er generelt omfattande. I 2007 var netto driftsutgifter til kultur i kommunane totalt 6,95 milliardar kroner. Den samla auken frå 2004 til 2007 var i underkant av 1,6 milliardar kroner. Kommunane nytta om lag 1,13 milliardar kroner til folkebibliotek i 2007. Samanlikna med andre kulturområde er det berre idrett og andre kulturaktivitetar som får meir, jf. tabell 4.4. Samanlikna med andre kulturområde er det likevel folkebiblio-

teksektoren som har lågast prosentvis auke i løyvingane i perioden 2004–2007, jf. figur 4.3.

Økonomien i skulebiblioteka i grunnskulen er ein del av skulens totale budsjett for stillingar og læremiddel og vert ikkje skilt ut systematisk.

Økonomien i skulebiblioteka i grunnskulen er ein del av skulens totale budsjett for stillingar og læremiddel og vert ikkje skilt ut systematisk.

### 4.3.1 Folkebibliotek

#### *Roller og oppgåver*

*Lov 20. desember 1985 nr. 108 om folkebibliotek* regulerer både folke- og fylkesbiblioteka i Noreg. Noreg har hatt lover om folkebibliotek sidan 1935. Medan dei tidlegare lovene gav staten heimel for å gje reglar for og stille ei rekkje krav til standard, drift og organisering av folkebiblioteka, er no gjeldande biblioteklov fyrst og fremst ei rammelov utan føresegner om kommunalt løyvningsnivå, stats-tilskot og vilkår for slikt.

I folkebiblioteklova står det at alle kommunar skal ha eit folkebibliotek som vert drive av kommunen åleine, eller i heilt eller delvis driftsfellesskap med annan kommune, fylkeskommune eller statleg institusjon. Kommunen fastset reglementet for folkebiblioteket på grunnlag av retningslinjer som departementet gjev for bibliotekdrifta. Det skal vere eit organisert samarbeid mellom folkebiblioteket og dei kommunale skulebiblioteka.

Føremålsparagrafen i folkebiblioteklova § 1 seier at

Folkebibliotekene skal ha til oppgave å fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksomhet gjennom informasjonsformidling og ved å stille bøker og annet egnet materiale gratis til disposisjon for alle som bor i landet. Det enkelte bibliotek skal i sine tilbud til barn og voksne legge vekt på kvalitet, allsidighet og aktualitet. Virksomheten skal være utadrettet, og tilbudene skal gjøres kjent.

Føremålsparagrafen har stått uendra sidan 1985. Den rommar på mange vis dei viktigaste elementa som skal til for at folkebiblioteka skal ta hand om samfunnsoppdraget sitt – å sikre alle fritt tilgjenge til informasjon, kunnskap og kultur. Formidlingsoppgåvene og rolla biblioteka har som møtestad, er likevel i liten grad synleggjorde i den noverande folkebiblioteklova, men denne oppgåva er til gjengjeld grunnfesta i fleire stortingsmeldingar om bibliotek og kultur.

I lov om folkebibliotek er det fastsett at den offentlege bibliotekverksemda også skal omfatte bibliotektenester for pasientar i statlege helseinstitusjonar, og for andre som har særskilde vanskar med å bruke biblioteket. Det er fastsett i lova at det kan gjevast statstilskot til visse bibliotekføremål som ikkje naturleg høyrer inn under ansvarsområdet til kvar enkelt kommune, eller som er særleg viktig for å halde ved lag eit nasjonalt biblioteksystem.


#### *Folkebibliotekavdelingane*

Bibliotekstatistikken viser at folkebiblioteksektoren er i rask endring. I perioden 1998–2007 har

Tabell 4.4 Kommunale løyvingar til kulturføremål i perioden 2004–2007 (1000 kroner)

	2004	2005	2006	2007	Auke 2004–2007
Aktivitetstilbod barn og unge	734 285	726 600	796 155	836 998	102 713
Folkebibliotek	1 045 907	1 059 702	1 104 489	1 132 199	86 292
Kino	50 148	55 076	58 800	77 810	27 662
Museum	243 882	259 348	279 734	316 187	72 305
Kunstformidling	300 284	295 452	313 290	358 416	58 132
Idrett	1 414 807	1 566 471	1 730 080	1 952 819	538 012
Kommunale musikk- og kulturskular	739 715	817 912	873 763	945 054	205 339
Andre kulturaktivitetar	847 462	991 418	1 180 047	1 337 906	490 444
Samla netto driftsutgifter kultursektoren	5 376 490	5 771 979	6 336 358	6 957 389	1 580 899

Kjelde: KOSTRA



Figur 4.4 Folkebibliotekavdelingar 1998–2007

Kilde: ABM-utvikling

talet på folkebibliotekavdelingar minka frå 1077 til 807. Over 40 prosent av bibliotekfilialane er lagde ned i løpet av 10 år. Medrekna hovudbiblioteket er det no om lag to avdelingar per kommune, og det er i hovudsak dei minste avdelingane som vert lagde ned.

272 av dei 807 folkebibliotekavdelingane var etter statistikken kombinasjonsbibliotek i 2007. Heile 92 prosent av desse var kombinasjon av grunnskule- og folkebibliotek, medan 8 prosent (23 bibliotek) var kombinasjon av bibliotek i vidaregåande skule og folkebibliotek.

I 51 norske kommunar er kombinasjonsbibliotek det einaste biblioteket i kommunen. Tre av desse kommunane hadde om lag 15 000 innbyggjarar, medan ingen av dei andre kommunane hadde over 8 000 innbyggjarar. I gjennomsnitt hadde kommunane som valde denne løysinga for kommunens einaste folkebibliotekavdeling, om lag 3 500 innbyggjarar. Til saman var det 227 kommunar som berre hadde ei folkebibliotekavdeling. Dei 176 kommunane som ikkje har valt ei løysing med kombinasjonsbibliotek, hadde i gjennomsnitt om lag 6 300 innbyggjarar.

#### Utgifter og årsverk

Dei totale driftsutgiftene i folkebiblioteksektoren i 2007 var på om lag 1,2 milliardar kroner. Løn og sosiale utgifter var den største utgiftsposten på om lag 766 mill. kroner.

Folkebiblioteka hadde 1 796 årsverk fordelt på 2 546 tilsette. Tala inkluderer også stillingar som reinhald, vaktmeister osv. Dei fagutdanna bibliotekarane stod for 943 årsverk fordelt på 1 077 tilsette.


I 367 kommunar hadde folkebiblioteket under 5 faglege årsverk i 2007. Totalt 108 kommunar hadde mindre enn eitt faglege årsverk i biblioteket, og 56 prosent av landets kommunar hadde mindre enn to faglege årsverk. 72 kommunar hadde meir enn 5 årsverk, og av desse hadde 31 kommunar meir enn 10 årsverk. I desse 72 kommunane bur 64 prosent av innbyggjarane i Noreg.

Som figur 4.5 viser bur 48 prosent av landets befolkning i kommunar med bibliotek som har 10 årsverk eller meir. 4 prosent av innbyggjarane bur i kommunar med mindre enn eitt årsverk i biblioteket, og 11 prosent av innbyggjarane bur i kommunar med mindre enn to årsverk i biblioteket.

Denne strukturen gjev mange små bibliotek i kommunar med lågt folketal, mange mellomstore bibliotek og nokre få store bibliotek. Bibliotek med få faglege årsverk vil ha store utfordringar med å kunne klare omstillinga til å fornye tenestene, slik at innbyggjarane i desse kommunane kan ta del i den digitale utviklinga og fornyinga av dei tenestene som vil og må kome.


#### Kompetansekravet

Dagens folkebiblioteklov stiller krav til kommunane om å tilsetje fagutdanna biblioteksjef, jf. folke-



Figur 4.5 Innbyggjarar i kommunane etter årsverk i biblioteka, 2007

Kilde: ABM-utvikling



Figur 4.6 Innbyggjarar i kommunar med fagutdanna biblioteksjef, 2007


Kilde: ABM-utvikling

biblioteklova § 5, og tilsvarende krav til fylkeskommunen om fagutdanna fylkesbiblioteksjef, jf. folkebiblioteklova § 8. Det er høve til å søkje om dispensasjon frå kravet om fagutdanna folkebiblioteksjef.

I 2007 hadde 124 kommunar (29 prosent) ikkje fagutdanna biblioteksjef. I 2004 var talet 141 kommunar. Talet på kommunar med fagutdanna biblioteksjef dei siste ti åra har variert mellom 60 og 70 prosent. Det at det ikkje vert stilt krav til storleiken på stillinga, kan ha ført til at det er vanskeleg å rekruttere fagutdanna søkjarar til dei mange deltidstillingane i kommunane.

Om lag 10 prosent av innbyggjarane bur i kommunar utan fagutdanna biblioteksjef, jf. tabell 4.6.

Tre av kommunane utan fagutdanna biblioteksjef er så store at det er godt med bibliotekarkompetanse blant dei tilsette. Dette gjeld Tromsø, Bodø og Drammen. Om lag 40 prosent (169 000) av dei som bur i kommunar utan fagutdanna biblioteksjef, er heimehøyrande i desse tre kommunane. Dersom ein held Bodø, Tromsø og Drammen utanfor, bur om lag 266 000 innbyggjarar (om lag 6 prosent) i kommunar utan fagutdanna biblioteksjef. Desse kommunane er også relativt store i utstrekning. Kravet til fagutdanna biblioteksjef og dispensasjonsordninga er nærare gjort greie for og drøfta i kap. 9.



Figur 4.7 Utlån av bøker og andre medium frå folkebibliotek (1000)

Kilde: ABM-utvikling/Bibliotekstatistikk 2007

### Medietilbod og utlån

Alle folkebibliotek har eit basistilbod. Mediesamlingane omfattar utlånseiningar som fag- og skjønnlitteratur, aviser, tidsskrifter, musikk, lydbøker, film på video/dvd og digitale dokument. Biblioteka tilbyr også lettlesne litteratur.

I tillegg til bøker som biblioteka sjølve kjøper inn, mottok dei bøker frå dei ulike innkjøpsordningane til Norsk kulturråd. Dette utgjør ein viktig del av tilveksten av nye bøker i dei mindre biblioteka.

I 2007 vart det brukt om lag 145 mill. kroner til medieinnkjøp. Medieløyvingane til folkebiblioteka gjekk tilbake frå 156 mill. i 1998 til 138 mill. kroner i 2005. I perioden frå 2005 til 2007 har løyvingane til medieinnkjøp auka med 7 mill. kroner. Samstundes har både prisen på bøker og talet på utgjevingar auka.

Samlingane i folkebiblioteka var på i underkant av 22 mill. einingar i 2007, og samla utlån var på 24 mill. einingar. Dette tilsvarte i gjennomsnitt 5,1 lån per innbyggjar. Fram til 2004 auka det totale låneomfanget, men dette har sidan gått ned med 5,2 prosent. For dei siste åra har tala for bokutlån gått ned og utlån av andre media gått opp. Det er generelt folkebibliotek i dei største og i dei minste kommunane som har flest utlån per innbyggjar.


### Besøksstatistikk

Statistikken viser også at besøket per innbyggjar går attende på landsbasis. I 2005 besøkte kvar inn-

byggjar biblioteket i gjennomsnitt 5,1 gonger. I 2007 var talet 4,7, jf. figur 4.7. Med seks besøk per innbyggjar er Sør-Trøndelag fylket med flest besøk. I Troms har talet på besøk auka frå 3,1 til 5,5 i perioden 2004 – 2007. Årsaka er det nye hovudbiblioteket i Tromsø der besøkstala har auka frå 3,1 i 2004 til 8,1 besøk per innbyggjar i 2007. Dei fem største biblioteka i landet hadde 5,4 besøk per innbyggjar i 2007. Tala på besøk var høgare per innbyggjar i dei større kommunane enn i dei små. Fleire av dei nye folkebiblioteka som er bygde dei siste åra, som til dømes Drammensbiblioteket, trekkjer også til seg lånarar frå omkringliggjande kommunar.

Statistisk sentralbyrås rapport 14/2006 *Undersøkelse om bibliotekbruk*<sup>3</sup>, viste at bibliotekbrukarane er nøgde med folkebiblioteket. Dei er aller mest nøgde med utvalet av bøker og med lokalet. Tre av fire meiner at det er viktig med eit godt folkebibliotek i eigen kommune. I valet mellom eit lite og nært eller eit stort og sentralt folkebibliotek, føretrekkjer dei fleste det siste. Dei aller fleste synest det passar best å besøkje biblioteket om ettermiddagen og kvelden på kvardagar. Tre av fire synest også det passar å gå på biblioteket på laurdag og godt over halvparten kunne tenkje seg å besøkje biblioteket på søndagane. Statistikken viser at litt over halvparten av hovudbiblioteka (220) hadde laurdagsope i 2007. Berre nokre få bibliotek hadde søndagsope.

<sup>3</sup> Buskoven, 2007



Figur 4.8 Folkebibliotek. Besøk per innbyggjar 1998–2007

Kilde: ABM-utvikling/Bibliotekstatistikk 2007

#### Møtestad, lærings- og kulturarena

Folkebiblioteka er særleg viktige for utviklinga av uformell læring gjennom fritt tilgjenge til kunnskap og informasjon. Dei fleste biblioteka tilbyr lese- og arbeidsrom eller sittegrupper. I stadig fleire bibliotek kan brukaren kople seg til Internett med eigen PC. Alle hovudbiblioteka har PC-ar for publikum med Internett tilgjengeleg. Fleire folkebibliotek opprettar også meir organiserte lærings-tilbod, ikkje minst gjennom samarbeid med andre aktørar. Eit slikt tilbod er studieplassar og tilhøyrande utstyr til studentar som følgjer fjernundervisning. Mange folkebibliotek fungerer i dag både som møtestader, kulturarenaer og lærings-sentra i lokalsamfunnet, men ulikskapane mellom biblioteka er store, og evna til tenesteyting varierer.

#### Bibliotektilbodet til barn

Barn får bibliotektilbod både gjennom folkebiblioteket og skulebiblioteket. Folkebibliotektilbodet til barn er lovfesta gjennom biblioteklova. FN-konvensjonen om barnets rettar og IFLA/UNESCOs Manifest om folkebibliotek er viktige referansedokument i utviklinga av bibliotektilbodet til barn, jf. boks 4.1.

Barn og unge er ei stor og viktig brukargruppe og folkebiblioteka legg stor vekt på tilbodet til dei yngre. God formidling krev både gode kunnskapar om barnelitteratur og kunnskap om formidling. Ei viktig målgruppe for biblioteka er difor også dei

vaksne formidlarane som foreldre, lærarar og førskulelærarar.

Rapporten *Undersøkelse om bibliotekbruk* viste at 69 prosent av barn opp til 12 år brukte folkebiblioteka dei siste 12 månadene. Både gutar og jenter brukar biblioteket mykje. I aldersgruppa 10–11 år hadde heile 93 prosent besøkte folkebiblioteket det siste året. Ein tredel hadde vore på biblioteket ti gonger eller meir. Barn les og låner bøker, teikneseriar og DVD, dei høyrer på musikk eller brukar PC, og dei brukar biblioteket som ein stad å vere.

Barn og unge med minoritetsspråkleg bakgrunn nyttar folkebiblioteka ekstra mykje. Dei nyttar samlingane på dei ulike morsmåla og på norsk. Dei nyttar også Internett-tilbodet og dei andre tilboda, og dei nyttar ikkje minst biblioteket som ein møtestad med vener. Biblioteka er difor eit godt utgangspunkt for tilbod til minoritetsspråklege barn.

Mange bibliotek tilbyr levande formidling i form av eventyrstunder, dokke- og barneteater, konsertar og forfatterbesøk. Dette gjer biblioteket til ein sentral kulturarena for barn. Utprøving av dataspel i bibliotek er også ein aktivitet som kan gje dei unge nye opplevingar i biblioteket, åleine eller saman med andre.

#### 4.3.2 Skulebibliotek

Skulebiblioteka står i ei særstilling som bibliotek på grunn av si nære tilknytning til skulen som eigar-institusjon, og fordi læreplanane er styringsdokumentet. Skulebiblioteket er ein del av den pedago-



#### **Boks 4.1 FNs konvensjon om barnets rettar og IFLA/UNESCOs manifest om folkebibliotek**

*FNs konvensjon om barnets rettar* understrekar dei rettane barn har til å ytre seg fritt, til å søkje, få og spreie informasjon både munnleg, i skrift og på trykk, i kunstnarisk form eller gjennom anna medium. Staten skal sikre barn tilgjenge til informasjon frå eit mangfald av nasjonale og internasjonale kjelder. Omsynet til minoritetsbarn skal takast hand om. Staten skal også oppmuntre produksjonen og spreinga av bøker for barn. Barn har rett til leik og fritid. Partane skal vidare respektere og fremje barnets rett til fullt ut å delta i det kulturelle og kunstnarlege livet og skal leggje til rette for rekreasjons- og fritidsaktivitet.

I IFLA/UNESCOs *Manifest om folkebibliotek* står det at folkebiblioteket byggjer på prinsippet om at alle skal ha det same tilbodet, uansett alder, rase, kjønn, religion, nasjonalitet, språk eller sosial status. Alle aldersgrupper skal kunne finne materiale som passar for dei. Ei av folkebiblioteket sine oppgåver er å skape og styrkje gode lesevanar hos barn heilt frå dei er små. Folkebiblioteka skal dessutan gjere sitt til å stimulere fantasien og kreativiteten hos barn og unge. Folkebiblioteka skal støtte og delta i aktivitetar og program for å utvikle lese- og skrivekunnskapane for alle aldersgrupper, og ta initiativ til slike aktivitetar.

giske verksemda og skal medverke til å realisere verdiar, læringsmål og innsatsområde i skulen. Samstundes er skulebibliotek eit bibliotek med krav til profesjonell behandling av materiale, formidling og samarbeid med andre offentlege bibliotek. Slik som for universitets- og høgskulebiblioteka krev dette eit aktivt og systematisk samarbeid mellom bibliotekar, administrasjon og undervisningspersonale.

Kommunen har ansvaret for skulebiblioteka i grunnskulen, og fylkeskommunen har ansvaret for skulebiblioteka i vidaregåande opplæring. Det faglege oppfølgingsansvaret for skulebiblioteka både i grunnskulen og i den vidaregåande skulen ligg i Utdanningsdirektoratet. ABM-utvikling har ansvaret for å innhente og formidle skulebibliotekstatistikk i samband med den årlege bibliotekstatistikken.

#### *Roller og oppgåver*

På lik linje med andre bibliotek har skulebiblioteka eit ansvar for å forvalte informasjonen i samfunnet, og gje elevar og lærarar fritt tilgjenge til ulike fysiske og digitale kjelder. Grunnverdiar som yringsfridom, demokrati og kulturelt mangfald skal sikrast. Tilgjenge inneber eit ope bibliotek i funksjonelle og lett tilgjengelege lokale, dessutan ressursar som omfattar skjønn- og faglitteratur og andre læringskjelder i trykt, digitalisert eller anna medieform som til dømes aviser, tidsskrifter og lydbøker. Basisoppgåver for alle skulebibliotek er å stimulere til auka leselyst, formidle litteratur, stille litteratur gratis til disposisjon og utlån, og å utvikle informasjonskompetansen til elevane. I lys av resultat frå PIRLS og PISA 2006 vil det vere nødvendig å styrkje og vidareutvikle denne oppgåva ytterlegare. Samstundes skal skulebiblioteka også vere i front på det digitale området.

#### *Lovverket*

Opplæringslova med forskrift og Læreplanverket for Kunnskapsløftet (gjeld som forskrift) styrer verksemda i grunnskulen og vidaregåande opplæring. I forskrift til opplæringslova heiter det at skulen skal ha skulebibliotek, med mindre tilgjenget til skulebibliotek er sikra gjennom samarbeid med andre bibliotek. Bibliotek som ikkje ligg i same lokale som skulen, skal vere tilgjengeleg for elevane i skuletida, slik at det kan brukast aktivt i opplæringa. Biblioteket skal også vere særskilt tilrettelagt for skulen. Lova stiller ikkje krav til kompetanse i biblioteket.

I lov om folkebibliotek § 6 heiter det at det skal vere eit organisert samarbeid mellom folkebiblioteket og dei kommunale skulebiblioteka. Det er utarbeidd retningsliner for dette samarbeidet. Tilsvarende vert det stilt krav i lov om folkebibliotek § 10 om at det skal vere eit organisert samarbeid mellom fylkesbiblioteket og skuleleiinga i fylkeskommunen. Samarbeidet mellom fylkesbiblioteket og dei statlege skulestyresmaktene i fylket skal sikrast ved avtaler, slik at den faglege kompetansen til fylkesbiblioteket vert stilt til rådvelde for skulestyresmaktene. Det er ikkje stilt tilsvarende krav om samarbeid frå skulen si side.

#### *Årsverk, samlingar og medieløyving*

Det er i dag 3220 grunnskular og 450 vidaregåande skular i Noreg, og biblioteka ved skolane representerer om lag 650 årsverk. Dette er i gjennomsnitt 0,17 årsverk i biblioteket per skule. Det er noko

auke sidan 2000. Årsverka er fordelte med 280 i grunnskulen og 360 i vidaregåande skule.

Bibliotekstatistikken viser at i 2007 var det i gjennomsnitt 19 bøker per elev i samlingane i grunnskulen, fordelt på om lag 63 prosent skjønnlitteratur og 37 prosent faglitteratur. Gjennomsnittleg storleik på samlingane i grunnskulen varierte frå 12 per elev i Oslo til 28 bøker per elev i Troms. Gjennomsnittleg utlån per elev i grunnskulen var 13 bøker i året.

I dei vidaregåande skulane vart det i 2007 nytta 183 kroner til medieløyvingar per elev mot 235 kroner i 1998 (2007-kroner). Gjennomsnittleg bokbestand i dei vidaregåande skolane variererte frå 11 bøker per elev i Hordaland til 32 bøker per elev i Finnmark. Gjennomsnittleg bokutlån per elev i vidaregåande skule var 3,9 bøker i 2007.

#### *Nasjonal kartlegging av skulebibliotek*

Møreforskning i Volda har på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet gjennomført ei nasjonal kartlegging av skulebibliotek i grunnskulen og vidaregåande opplæring 2006–2007<sup>4</sup>.

Kartlegginga viser at 98 prosent av skulane har skulebibliotek på eller i tilknytning til skulen. Om lag 84 prosent av alle skulebiblioteka i grunnskulen ligg i eigne lokale, noko som er ein auke på 44 prosent sidan 1997. Nesten alle skulebiblioteka i vidaregåande skule ligg i eigne lokale eller er integrerte i felleslokala.

Vidare viser kartlegginga at berre 30 prosent av skuleeigarane har ein eigen plan for skulebiblioteka, at det er store ulikskapar i tilbodet til elevane, og at det er mangel på kompetanse både hos lærarar og skulebibliotekarar. I vidaregåande opplæring er bemanninga og ressursane gjennomgåande betre enn i grunnskulen. Dette er også i samsvar med årleg statistikk, som viser at personar med ei bibliotekfagleg utdanning på ei halvårseining eller meir, står for om lag 35 prosent av personalressursane i grunnskulebibliotek, medan nærare 60 prosent av personalressursane ved bibliotek i vidaregåande skule er bibliotekarar med full fagutdanning. Statistikken for 2007 viser også at det årleg vert sett av i gjennomsnitt 7 timar per veke ved den enkelte grunnskulen til skulebibliotek, og i gjennomsnitt 36 bibliotekartimar per veke i vidaregåande skule. Fagutdanna bibliotekarar stod for 21 av desse.

Kartlegginga viste at skular som har ein eigen plan for skulebiblioteket, er meir nøgde med til-

boda. Dette kan tyde på at ein viktig føresetnad for eit velfungerande skulebibliotek, er at tilbod og tenester er ein integrert del av skulens samla planlegging. Skulebiblioteket er i større eller mindre grad integrert i planarbeidet ved om lag 70 prosent av skulane.

Kartlegginga viste elles at 72 prosent av grunnskuleelevane og 65 prosent av elevane i vidaregåande skule nyttar biblioteket ein eller fleire gonger i veka. 26 prosent av biblioteka i grunnskulen har ein personalressurs på meir enn 7 timar. På vidaregåande skule med 300 elevar eller meir er gjennomsnittet 39,5 timar.

75 prosent av lærarane seier at elevane får opplæring i å bruke biblioteket, men opplæringa er oftast ikkje knytt til verkeleg problemløysing. Dei fleste skulane er i dag oppkopla mot Internett. Bibliotekarane overlet ofte IKT og søking på nett til datalærarane.


Kartlegginga av skulebibliotek viste elles at 88 prosent av lærarane og 51 prosent av bibliotekarane meiner at det i høg grad er viktig å samarbeide med lærarane om å bruke skulebiblioteket som læringsarena. 82 prosent av lærarane og 50 prosent av bibliotekarane meiner det same om å drive litteraturformidling og å stimulere til lese-lyst. Det er noko uvisst kva som kan vere årsaka til den store ulikskapen i svara frå lærarane og bibliotekarane, men det er mogeleg at bibliotekarane meiner at dei ikkje har kapasitet og ressursar til å nytte skulebiblioteket aktivt som lærings- og kulturarena.

#### *Gi rom for lesing!*

Gjennom strategiplanen *Gi rom for lesing! Stimulering av lese-lyst og leseferdighet 2003–2007* vart det sett i gang ei rekkje tiltak for å styrkje rolla til skulebiblioteka og samarbeidet mellom skule- og folkebibliotek. Samstundes vart det identifisert område som det er behov for å utvikle vidare, som samarbeid mellom lærarar og bibliotek, kompetanseutvikling og systematisk planarbeid. Evalueringa av strategiplanen<sup>5</sup> viser at skulebibliotek har vore eit sentralt satsingsområde og folkebiblioteket har vore den viktigaste samarbeidspartnaren. I prosjektrapportane frå 2005 og 2006 er bibliotek og forfattarbesøk trekte fram mellom dei viktigaste områda. I mykje av samarbeidet har også Den kulturelle skulesekken medverka.

<sup>4</sup> Barstad med fleire, 2007

<sup>5</sup> Buland 2007



Figur 4.9 Netto driftsutgifter til kulturføremål i fylkeskommunane, 2004–2007 (1000 kroner)

Kilde: KOSTRA

## 4.4 Fylkeskommunalt ansvar og løyvingar

### 4.4.1 Fylkesbibliotek

#### *Roller og oppgåver*

Fylkesbiblioteket er ei lovpålagd kulturoppgåve for fylkeskommunane og oppgåvene er fastsette i folkebiblioteklova. Målgruppene for fylkesbiblioteka er kommunane, fylkeskommunane og statlege styresmakter. Etter lova skal fylkesbiblioteket ta hand om fjernlånet i fylket, organisere lånesamarbeid for folkebiblioteka og ha ansvaret for sin del av den felles planen for å skaffe og oppbevare litteratur. Fylkesbiblioteket skal vidare gje råd til lokale styresmakter, yte bibliotekfagleg rettleiing og assistanse og arrangere møte og kurs om bibliotekspørsmål. Fylkesbiblioteket kan drive direkte utlån frå bokbuss/bokbåt, anten åleine eller i samarbeid med andre fylkes- og folkebibliotek. Fylkesbiblioteka skal også ta del i organisert samarbeid med skuleleinga i fylkeskommunen. Samarbeidet mellom fylkesbiblioteket og dei statlege skulestyresmaktene i fylket skal sikrast ved avtaler, slik at den faglege kompetansen ved fylkesbiblioteket kan stillast til rådvelde for skulestyresmaktene.

#### *Utgifter og årsverk*

Den årlege rammeløyvinga frå stat til fylkeskommune utgjer det økonomiske grunnlaget for å gjennomføre fylkesbibliotekets oppgåver. I 2007 nytta fylkeskommunane om lag 122 mill. kroner til drift

av fylkesbibliotek. I perioden 2004–2007 har fylkeskommunane sine netto driftsutgifter til bibliotekføremål auka svakt. Det er særleg utgiftene til museumsføremål som har auka i fylkeskommunane, noko som har samanheng med museumsreforma i perioden.

Alle fylke utanom Oslo har eit eige fylkesbibliotek. Til saman disponerte desse 161 årsverk i 2007. Dette er ein liten nedgang frå 2006 og det varierer mellom 2 i Vest-Agder og 19,5 årsverk i Nordland.

Utgiftene til fylkesbiblioteka har stige frå 108 mill. kroner i 1998 til 122 mill. kroner i 2007. I 2007 nytta fylkesbiblioteka om lag 18 mill. kroner til mobile bibliotektenester. Driftsutgiftene per innbyggjar varierte i 2007 frå 11 kroner i Rogaland og Hordaland til 133 kroner i Finnmark.

#### *Samlingar og utlån*

Samlingane i fylkesbiblioteka utgjorde i overkant av 800 000 einingar i 2007, men varierte mellom 0 og 160 000. Nokre fylkesbibliotek har ikkje lenger eigne samlingar og fungerer difor ikkje som utlånsbibliotek. Samla utlån i fylkesbiblioteka på landsbasis i 2007 var om lag 640 000 einingar. Til samanlikning var samla utlån i folkebiblioteka i 2007 om lag 24 mill. einingar.

3 av 4 utlån via fylkesbiblioteket var i 2007 direkte utlån, og det meste av dette var utlån frå bokbåt eller bokbuss. Om lag 25 prosent av utlåna gjekk til klassesett, depot i fengsel og andre institusjonar. 94 prosent av utlåna skjedde innan fylket.

Statistikken viser ein kraftig nedgang i tinging av fjernlån gjennom fylkesbiblioteket.

### Variasjonar

Det er stor variasjon mellom fylkesbiblioteka, både med omsyn til talet på tilsette, storleiken på budsjetta og løyvingar per innbyggjar. Variasjonane har dels samanheng med ulike prioriteringar av bibliotekområdet og økonomiske rammevilkår, og at enkelte fylkesbibliotek sjøve sit med driftsoppgåver knytte til bokbuss og IKT. Enkelte fylkesbibliotek er dessutan samorda med anna fylkeskommunal verksemd og kan trekkje på felles interne ressursar. I tillegg vert dei ulike oppgåvene vektlagde ulikt.

Bibliotekstatistikken viser at fylkesbiblioteka nyttar meir ressursar til kompetanseutvikling og mindre til mediesamlingar og utlån enn tidlegare. Fylkesbibliotekets oppgåver er i dag i hovudsak knytte til rådgjeving og kompetanseutvikling, samordning og utviklingsarbeid. To tredelar av fylkesbiblioteka har enno eigne mediesamlingar, medan resten kjøper medie- og fjernlånstenester frå eit kommunalt bibliotek i regionen. Fleire vurderer å gå over til ein slik modell. I tida framover vil ein nok sjå ei vidare utvikling på dette området. Fylkesbiblioteka har også på ulike måtar teke ansvar for dei mobile bibliotektenestene.

#### 4.4.2 Mobile bibliotektenester

Det har vore mobile bibliotektenester i Noreg i over 50 år. I 2007 var det 31 bokbussar og ein bokbåt i Noreg. I perioden 1998–2007 har talet gått ned frå 48 bokbussar og ein bokbåt. Nedgangen har vore på om lag 35 prosent

I 2007 hadde 194 kommunar eit bokbusstilbod og i alt hadde bokbussane 1633 stoppestader. Det totale utlånet var 702 000, og av dette var 502 000 utlån til barn. Utlånet ved dei mobile einingane utgjorde om lag 3 prosent av det totale utlånet i folke- og fylkesbiblioteka. Dei siste ti åra har det vore ein nedgang i utlån på 27 prosent.

Drifts- og finansieringsmodellane for dei mobile bibliotektenestene i Noreg er ulike. Nokre er både drivne og finansierte av fylkeskommunen. Dette gjeld til dømes bokbussane i Akershus. I Buskerud er modellen at fylkeskommunen driv bussane og at kommunane betalar eigendelar. I Rauma kommune i Møre og Romsdal og i fleire kommunar i Hordaland er bokbussane kommunalt eller interkommunalt drivne. I Nordland er bokbussane kommunalt/interkommunalt drivne, men med driftstilskot frå Nordland fylkeskommune.

6 av dei 31 bokbussane er samiske bokbussar og nokre av desse vert drivne i samarbeid med Sverige og Finland. Staten gav tidlegare tilskot til både investeringar og drift av mobile bibliotektenester, men i 2001 vart tilskotsordninga innlemma i rammetilskotet til kommunane. I dag er det berre dei samiske bokbussane som får øyremerkte drifts- og investeringstilskot via Sametinget.

Kultur- og kyrkjedepartementet har opna for å gje investeringsstøtte til kjøp av bokbussar over kulturbyggordninga, men det er opp til den enkelte fylkeskommunen om dei ønskjer å prioritere bokbussane.

## 4.5 Biblioteksystem og systemleverandørar

Så og seie alle bibliotek i Noreg har elektronisk mediekatalog, realisert gjennom eit biblioteksystem. I tillegg til katalog- og søkjefunksjon har slike system gjerne modular for utlån, fjernlån, fornying av lån og tinging av materiale. I dag er det også vanleg å tilby eit sluttbrukargrensesnitt på Internett, slik at brukarane sjøve kan administrere låna og tingingane sine. Systema byggjer på internasjonale standardar for katalogisering, klassifisering og registrering, og fleire tilbyr tenester som gjer det mogeleg å søkje på tvers av katalogar, til dømes i ein region.

Det er særleg fem leverandørar som dominerer marknaden for biblioteksystem i Noreg. Desse er BIBSYS, Bibliotekenes IT-senter AS, Biblioteksystemer AS, Bibliotekservice AS og Reindex.

Hovudmønstrer er at BIBSYS dekkjer fag- og forskingsbiblioteka, medan kundane til dei andre leverandørane for det meste er folke-, fylkes- og skulebibliotek. I 1999 danna leverandørane eit samarbeidsforum med eiga nettside (<http://www.biblev.no/>). Nasjonalbiblioteket og ABM-utvikling er også med i forumet, og det vert halde regelmessige møte der saker av felles interesse blir drøfta.

### 4.5.1 BIBSYS

BIBSYS er eit statleg forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet, organisert i Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet i medhald av lov om universitet og høgskoler §1–4, nr. 4.

BIBSYS skal etter vedtektene stille til rådvelde og levere kostnadseffektive informasjonstenester av høg kvalitet, primært for institusjonar i universitets- og høgskulesektoren, og dessutan skaffe, drive og utvikle felleisløysingar etter behov. BIB-

SYS skal fremje samarbeids- og integrasjonsløysingar mellom institusjonane og skal medverke til at biblioteksystem og informasjonstenester vert best mogeleg integrerte med andre datasystem og tenester ved institusjonane.

Vidare skal BIBSYS etter vedtektene skaffe, utvikle og drifte ein felles bibliotekatalog og eit felles biblioteksystem for deltakarane, utføre dataforvaltning og andre aktivitetar knytte opp mot desse produkta og tenestene. Bibliotekatalogen og andre databasar skal så langt det er mogeleg vere fritt tilgjengelege for søk over Internett for alle.

Tilskotet frå Kunnskapsdepartementet var 3 mill. kroner i 2008, medan dei totale utgiftene til BIBSYS er nær 40 mill. kroner. Deltakarane i BIBSYS-samarbeidet, særleg universitet og høgskular, står såleis for det meste av finansieringa. Nasjonalbiblioteket betalar for sin del om lag 3 mill. kroner i året.

Ei arbeidsgruppe utnemnd av styret for BIBSYS, fekk hausten 2008 i oppdrag å greie ut kva for bibliotektenester som universitets- og høgskulesektoren vil trenge i tida framover, og kva endra brukaråtferd vil ha å seie for BIBSYS framtidige tilbod. Konklusjonen var mellom anna at BIBSYS må ha ein tenestorientert arkitektur, og byggje tenestetilbodet på ein kjerne av kommersielt tilgjengeleg programvare. Rapporten har no vore ute på høyring med frist 15. mars 2009. BIBSYS kontakt med dei brukarane som nyttar dei enkelte tenestene, vil i løpet av 2009 vere basert på ei konsortieorganisering. Dette vil sikre god brukarmedverknad.

#### 4.5.2 Kommerielle biblioteksystem

I motsetnad til BIBSYS er dei andre biblioteksystemleverandørane kommersielle føretak som tilbyr biblioteksystem/søkjesystem i marknaden. Kundane er først og fremst folke- og skulebibliotek, men også mindre fagbibliotek som ikkje er med i BIBSYS. Systema vert også nytta i andre institusjonar med behov for registrering av katalogdata. Dei vanlegaste kommersielle biblioteksystema er Aleph, Bibliofil, MetaLib, Micromarc, Reindex og Tidemann.

Systema byggjer på internasjonale standardar for katalogisering, klassifisering og registrering. Systema inneheld til dømes reserverings- og tingsingsfunksjonar for fysisk materiale som kan lånast frå biblioteka, litteratursøk og tidsskrift-handtering. Data vert innlemma i felles, eventuelt lokale, databasar som det enkelte bibliotek kan koplast opp mot. Dette gjer det mogeleg med ras-

kare registrering og rask lokalisering av dokumenta. Målet er kommunikasjon mellom dei ulike biblioteksystema.

#### 4.5.3 Frie biblioteksystem

Også i biblioteksektoren er det dei siste åra aukande interesse for fri programvare. Når det gjeld frie biblioteksystem er det Koha som har mest aktivitet i Noreg. Koha er utvikla på New Zealand, og programmet er no i ferd med å verte omsett til norsk (bokmål og nynorsk). Andre frie biblioteksystem er Evergreen og OpenBiblio. Førebels veit vi ikkje om nokon av desse er tekne i bruk i norske bibliotek, men dette er truleg eit spørsmål om tid. Vi må rekne med at trenden mot aukande bruk av fri programvare i biblioteksektoren vert sterkare i tida som kjem.

#### 4.6 Oppsummering av utviklingstrekk

Overgangen frå trykt til digitalt materiale er eit sentralt utviklingstrekk i biblioteka. På mange måtar er vi no inne i ei brytningstid der utviklinga går raskt og der løysingane ikkje alltid er openberre. Ein lyt leggje til grunn at biblioteka enno i mange år må forvalte også fysiske informasjonsberarar, men for fagbiblioteka ser vi at overgangen frå trykt til digitalt materiale går raskt, og at behovet for tilgjenge til digitalt forskingsmateriale er stort.

Utfordringane i framtida vil vere å kunne gje allment tilgjenge til materiale med opphavsrettsleg vern og finne ordningar som gjev betre tilgjenge til forskingsmateriale på tvers av institusjonar. Nasjonalbibliotekets satsingar på det digitale området vil på sikt kunne føre til at den vanlege brukaren kan ha direkte tilgjenge på sin eigen PC til store delar av den norske kulturarven. Dette vil i stor grad vere eit økonomisk spørsmål og eit spørsmål om prioriteringar.

I universitets- og høgskulesektoren ser ein tendensar til at biblioteka vert ein sterkare og meir integrert del av sine moderinstitusjonar. Dette gjer at biblioteka vert meir sentrale kompetansesentra og får ei viktigare rolle både med omsyn til å styrkje informasjonskompetanse og å ta på seg andre oppgåver i læringsmiljøet.

Utviklinga viser også at folkebiblioteka får oppgåver som lokal kultur- og læringsarena. Folkebiblioteka kan, dersom dei vert satsa på og sett inn i ein større samfunnsmessig samanheng, knytast tettare saman med lokale og regionale lærings-, utdannings- og kulturstrategiar. Det er framleis

etterspurnad etter fysisk materiale gjennom folkebiblioteka, men folk låner færre bøker og tek heller med seg anna type materiale til heimplån. Statistiken viser likevel at besøkstala ved dei nye folkebiblioteka aukar, og at biblioteket som ein ikkje-kommersiell offentleg møtestad får auka verdi. Mange folkebibliotek har likevel behov for eit løft, både

når det gjeld innhald og kvalitet på tenestene og når det gjeld kompetanse. I ei digital tid vil det vere nødvendig å skape sterkare og meir robuste bibliotek og partnerskap på tvers av andre samfunnssektorar. Folkebiblioteka må tilby noko som er attraktivt og som folk etterspør. Folkebiblioteka som møtestad og kulturarena er difor sentral.





Figur 5.1 Lydbok, kokebok, barnebok, Bibelen m.fl.

Foto: Nasjonalbiblioteket



## 5 Juridiske rammevilkår og statlege støtte- og vederlagsordningar

### 5.1 Innleiing

---

Dette kapitlet gjev eit oversyn over juridiske verkemiddel og statlege støtte- og vederlagsordningar som verkar inn på biblioteksektoren. Lovverket som regulerer folkebibliotek, skulebibliotek og bibliotek i universitets- og høgskulesektoren, er gjort nærare greie for i gjennomgangen av desse bibliotektypane i kap. 4. Dette vert ikkje gjenteke her.

### 5.2 Juridiske rammevilkår

---

#### 5.2.1 Åndsverklova

*Lov 12. mai 1961 nr. 2 om opphavsrett til åndsverk m.v.* (åndsverkloven) gjev i § 2 einerett til å råde over verket til den som har skapt det. Denne eine retten gjeld eksemplarframstilling ( å lage ein kopi) og å gjere verket tilgjengeleg for ålmenta. Eksemplarframstilling eller spreining utanfor det private området krev klarering med opphavmannen. Til dømes er framføring av litteratur i eit bibliotek, og å leggje eit åndsverk ut på Internett omfatta av eineretten. Opphavsretten og åndsverklova er i stor grad bygde på internasjonale konvensjonar som m.a. Bernkonvensjonen og Romakonvensjonen og ei rekkje EØS-direktiv.

Åndsverklova skal balansere mellom opphavmannens rett til sitt eige arbeid og samfunnets interesse av bruk og spreining av informasjon og kulturarv. Det finst difor ei rekkje reglar om avgrensing av eineretten i åndsverklova. For bibliotek er særleg reglane om framstilling av eksemplar og avtalelisens i § 16 og 16a aktuelle, og dessutan spreining av eksemplar etter § 19.

Arkiv, bibliotek og museum har mellom anna rett til å framstille eksemplar av verk til konserverings- og sikringsføremål, jf. forskrift med heimel i åndsverklova § 16. Forskrifta gjev løyve til å digitalisere åndsverk frå eiga samling. Dette gjeld i alle tilfelle der marknaden ikkje tilbyr eit digitalt eksemplar for sal som kan oppfylle institusjonens behov for konservering og sikring av åndsverket.

Nasjonalbiblioteket har ein særleg heimel til å digitalisere samlingane sine av kulturarvomsyn. Det er også mogeleg for andre abm-institusjonar å søkje Kultur- og kyrkjedepartementet om utvida løyve til digitalisering. Departementet har fram til no ikkje motteke slike søknader.

Forskrifta inneheld også reglar for å gjere eksemplara (kopiane) som abm-institusjonane har framstilt, tilgjengelege. Abm-institusjonane kan gjere digitalisert materiale frå si eiga samling tilgjengeleg på skjerm for publikum i sine eigne lokale. Publikum kan ta papirutskrift til privat bruk etter reglane i åndsverklova § 12. Digitale kopiar kan også bli «fjernlånt» til ein bestemt brukar i eit anna bibliotek, som kan studere det på skjerm eller ta ei papirutskrift.

Når det gjeld å gjere materialet tilgjengeleg utanfor institusjonens eigne lokale eller i ei anna framstilling, har åndsverklova sidan 2005 hatt ein heimel til avtalelisens i § 16a. Denne gjer det mogeleg at partane kan avtale tilgjengeleggjering i langt vidare utstrekning enn den opninga som finst i fribruk/gratisføreseigna i åndsverklova §§ 12 og 16, ved å inngå avtale med rettshavar eller representative organisasjonar.

Dette kan til dømes gjelde tilgjengeleggjering av digitalisert materiale eller ein generell avtale for framføring av verk. Det er hittil ikkje inngått nokon avtale etter denne føreseigna. Åndsverklova § 38a opnar for at ein organisasjon som representerer ein vesentleg del av rettshavarane, kan inngå avtaler på vegner av alle rettshavarane på eit område. Til dømes vil Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening kunne gjere ein avtale på vegner av alle faglitterære skribentar, også dei som ikkje er medlemmer av organisasjonen. Dette gjer at ein kan finne fram til ordningar for vidare bruk av verk utan å klarere kvart enkelt tilfelle.

Åndsverklova gjev vidare rett til fri framføring av verk i undervisning og ved tilstellingar der framføringa ikkje er det vesentlege, tilhøyrarane ikkje betalar og tilstillinga ikkje er inntektsgjevande, jf. åvl § 21. Dette gjeld ikkje for filmar eller scenisk framføring av verk. Det vil seie at framføringar i

skulebibliotek som ein del av undervisninga kan skje utan klarering med opphavsmannen.

Løyve til å låne ut åndsverk i bibliotek er heimla i åndsverklova § 19, som seier at eit eksemplar av eit verk kan spreiest vidare om det er selt med opphavsmannens samtykke. Dette er i samsvar med EØS-forpliktingane, jf. direktiv 92/100/EEC av 19. november 1992 om utleige- og utlånsrettar (utleigedirektivet), som gjer utleige og utlån til ein del av opphavsmannens einerett. For utlån kan eineretten fråvikast. Føresetnaden er at opphavsmannen får vederlag. I Noreg er dette oppfylt ved at opphavsmennene får vederlag frå staten, jf. lov om bibliotekvederlag.

I juli i år gav EU-kommisjonen ut ei såkalla grønbok om opphavsrett i kunnskapsøkonomien<sup>1</sup>. Grønboka drøftar mellom anna om reglane om bibliotek innanfor EØS (opphavsrettsdirektivet m.m.) er klare nok, og om det bør gjerast presiseringar eller endringar i gjeldande direktiv. Mellom anna spør grønboka om det bør opprettast lisensieringsordningar mellom utgjevarane (forlag) og offentlege bibliotek for å auke tilgjenget til åndsverka.

Åndsverklova er under revisjon, i første rekkje for å gjere den lettare tilgjengeleg. Det skal også vurderast endringar som følgje av utviklinga både her til lands og innanfor EØS. Grønboka og oppfølginga av denne vil bli vurdert i samband med revisjonen av åndsverklova.

### 5.2.2 Pliktavleveringslova

*Lov om avleveringsplikt for allment tilgjengelege dokument av 9. juni 1989 nr. 32* pålegg alle som gjev ut informasjon å avlevere trykte dokument til staten ved Nasjonalbiblioteket. Lova omfattar alle typar medium og tilgjengeleggjering i alle former. Dette vert regulert i § 4 som seier at følgjande dokument som er gjorde tilgjengelege for ålmenta skal avleverast:

- dokument av papir eller papirliknande medium, mikroformer og fotografi i sju eksemplar
- lydfesting, film, videogram, edb-dokument og kombinasjonar av desse dokumenttypane i to eksemplar
- opptak av kringkastingsprogram i eitt eksemplar

Dokument laga i utlandet skal berre avleverast dersom det er laga for norsk utgjevar eller særskilt er tilpassa ålmenta i Noreg.

Føremålet med lova (jf. § 1) er å sikre avlevering av dokument med allment tilgjengeleg informasjon til nasjonale samlingar, slik at desse vitnemåla om norsk kultur og samfunnsliv kan verte bevarte og gjorde tilgjengelege som kjeldemateriale for forskning og dokumentasjon. Lova skal tryggje kontinuerleg supplering av Nasjonalbibliotekets samling ved at utgjevarar sender inn nye bøker, tidsskrifter, lydfestingar med meir. Det er Nasjonalbiblioteket som er mottaksinstitusjon for alle typar pliktavlevert materiale etter ei endring av forskrifta som vart sett i verk 18. januar 2008.

Lov om avleveringsplikt er ei kortfatta fullmaktslov, og dei fleste fullmaktene som i lova er tilagde Kongen, er ved kgl. res. 25. mai 1990 delegerte til departementet. Meir detaljerte føresegner om kven som har avleveringsplikt og kvar dokumenta skal sendast, er fastsette i forskrift 25. mai 1990, med endringar av 18. januar 2008.

Fordelinga av dei pliktavleverte trykte dokumenta vert regulerte av instruks av 9. juni 1989 nr. 32 for institusjonar som forvaltar dokument innkomne etter pliktavleveringslova. Etter instruksen skal trykte dokument avleverast i sju eksemplar. Det første eksemplaret er eit sikringseksemplar, det andre er eit presenseksemplar som er tilgjengeleg på Nasjonalbibliotekets lesesal i Oslo. Dei neste fire går til universitetsbiblioteka i Oslo, Bergen, Trondheim og Tromsø. Sametingets bibliotek mottek publikasjonar på samisk. Det sjuande eksemplaret vert innlemma i Depotbibliotekets samlingar.

Pliktavleveringslova er ei spesiallov i forhold til åndsverklova, og den gjev heimel for bruk av pliktavleverte dokument. Sidan det ikkje vert betalt vederlag for dei pliktavleverte trykte dokumenta, kan åndsverklova § 19 ikkje nyttast som heimel for utlån.

Pliktavleveringslova § 1 seier at føremålet med lova mellom anna er å sikre avlevering av dokument med allment tilgjengeleg informasjon, slik at dette kan bli «gjort tilgjengeleg som kjeldemateriale for forskning og dokumentasjon.» Ut over dette har ikkje lova nokon presis heimel som seier noko om bruken av det pliktavleverte materialet. Denne utlånshommel er relativt vag og skaper ein del tolkingsproblem som heimel for utlån av pliktavlevert materiale.

Så lenge materialet er under opphavsrettsleg vern, dvs. i 70 år etter opphavsmannens død, jf. åndsverklova § 40, må det liggje føre særleg heimel for å framstille eksemplar av det pliktavleverte materialet eller nytte det på annan måte. Ein slik heimel gjev åndsverklova § 16 med tilhøyrande forskrifter som seier at ein abm-institusjon som er

<sup>1</sup> Opphavsrett i kunnskapsøkonomien, COM 2008 final, 16.07.2008

omfatta av reglane, kan digitalisere åndsverk, men berre til konserverings- og sikringsføremål (jf. omtalen av åndsverklova). Nasjonalbiblioteket har heimel til å digitalisere heile samlinga si, også det pliktavleverte materialet.

I hovudsak skal bruk av digitalisert pliktavlevert materiale regulerast av pliktavleveringslova. Åndsverklova har heimel for å gjere materialet tilgjengeleg på skjerm i eigne lokale. Ut over dette regulerer ikkje åndsverklova eller forskrifta tilgjenge til digitalisert materiale, og eventuell fjernaksess eller utlån av digitalisert pliktavlevert materiale må difor regulerast i pliktavleveringslova. Departementet vil ta initiativ til å revidere lova i nær framtid.

### 5.2.3 Lov om bibliotekvederlag

*Lov av 29. mai 1987 nr. 23 om bibliotekvederlag* regulerer vederlag til opphavsmenn til norske verk som vert stilte til disposisjon for utlån i offentlege bibliotek, inkludert forskings- og spesialbibliotek. Ordninga skal kompensere forfattarar og andre opphavsmenn for bruken av verka deira i norske bibliotek. Vederlaget er kulturpolitisk grunngeve, og målet er å fremje norsk språk og litteratur. Bibliotekvederlaget er ein av føresetnadene for at det kan lånast ut bøker gratis i bibliotek, jf. åndsverklova § 19 og direktiv 92/100/EEC av 19. november 1992 om utleige- og utlånsrettar.

Etter lova skal opphavsrettsorganisasjonane få vederlag gjennom årlege løyvingar over statsbudsjettet. Vederlaget vert gjeve kollektivt, og det vert utbetalt til eit eige fond som vert forvalta av dei aktuelle organisasjonane. Midlane vert i all hovudsak fordelte etter søknad frå rettshavarane til arbeids- og reisestipend. Ordninga omfattar ikkje forlag eller andre utgjevarar.

Det samla bibliotekvederlaget er tufta på statistikk over kor mange fysiske einingar som er tilgjengelege for utlån i alle offentlege bibliotek, folke-, skule- og fag- og forskingsbibliotek. Vederlaget vert rekna ut frå ein vederlagssats per verk.

Vederlagssatsen vert bestemt gjennom forhandlingar mellom departementet og ei felles samanslutning av organisasjonar som organiserer opphavsmenn. Det er departementet som avgjer om ein organisasjon har rett til vederlag og såleis har rett til å delta i samanslutninga som har forhandlingsrett med departementet. I dag er 23 ulike organisasjonar part i avtala.<sup>2</sup>

Avtala om satsen på bibliotekvederlaget gjeld vanlegvis for fire år om gongen. Avtala vart sist forhandla i 2007 og gjeld for perioden 2008–2011. Det

samla bibliotekvederlaget i 2008 er på 78,6 mill. kroner.

Norsk Skuespillerforbund har i brev og i møte med departementet argumentert for at deira medlemmer bør innlemmast i bibliotekvederlagsordninga, sidan videogram og lyd bøker der skodespelarane medverkar i aukande grad vert lånte ut i biblioteka. I dag finst det ikkje noko rettsleg grunnlag for eit slikt krav. Lov om bibliotekvederlag er utforma i samsvar med åndsverklova og er retta mot opphavsmenn. Skodespelarane er ikkje opphavsmenn, men utøvande kunstnarar og har såleis ikkje krav på bibliotekvederlag slik lova er utforma i dag.

### 5.2.4 Anna lovgjeving

Også personvernlovgjevinga og internasjonale retningslinjer frå IFLA og UNESCO har innverknad på bibliotekverksemda. Bibliotek behandlar personopplysningar til dømes i låneregister, utlansregister og bokbasar. I tillegg kan bibliotek ha andre samlingar som kan innehalde personopplysningar, til dømes biletbasar, klippsamlingar frå aviser, lokalhistoriske samlingar og liknande. Tilfang som vert lagt ut på Internett, kan også innehalde personopplysningar.

## 5.3 Statlege støtte- og vederlagsordningar

### 5.3.1 Innkjøpsordningar for litteratur og støtte til litteratur og tidsskrifter

Norsk kulturråd forvaltar i 2009 om lag 139 mill. kroner til innkjøpsordningar og støtte til litteratur og tidsskrifter, jf. nærare oversyn i tabell. 4.2. Det vert gjeve støtte anten til innkjøp av bøker under ein av dei fem innkjøpsordningane eller som produksjonstilskot. I tillegg vert det gjeve støtte til ulike litteraturprosjekt. Her vert det lagt vekt på litteraturformidling, nye lesegrupper og nye litterære uttrykksformer.

<sup>2</sup> Partane i avtala er Den norske Forfatterforening, Den norske fagpresseforening, Forbundet Frie Fotografer, Foreningen for Norske Komponister og Tekstforfattere, Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening, Norsk Filmkritikerlag, Norsk Fotografforbund, Norsk Journalistlag, Norsk Komponistforening, Norsk kritikerlag, Norsk Oversetterforening, Norsk Redaktørforening, Norske Barne- og Ungdomsbokforfattere, Norske Billedkunstnere, Norske Dramatikere Forbund, Norske Grafikere, Norske Grafiske Designere og Illustratører, Norske Kunsthåndverkere, Ny Musikk Komponistgruppe, Samisk Faglitterær Forfatter- og Oversetterforening, Samisk Forfatterforening, Samiske Kunstneres Forbund, Tegnerforbundet.

Vi har i dag fem ulike innkjøpsordningar for litteratur:

- ny norsk skjønnlitteratur for vaksne (ca. 200 titlar i 1 000 eksemplar)
- ny norsk skjønnlitteratur for barn og unge (ca. 100 titlar i 1 550 eksemplar)
- ny norsk faglitteratur for barn og unge (ca. 20 titlar i 1 550 eksemplar)
- omsett skjønnlitteratur for barn, unge og vaksne (ca. 65 titlar i 500 eksemplar)
- ny norsk sakprosa (ca. 50 titlar i 1000 eksemplar).

I tillegg finst det ei prøveordning for innkjøp av kulturtidsskrifter. Dei innkjøpte boktitlane og tidskriftene vert sende vidare til norske folke- og skulebibliotek og til nokre undervisningsstader, sjømannskyrkjer og bibliotek i utlandet.

St.meld. nr 35 (2007–2008) *Mål og mening* understreka at innkjøpsordningane er viktige kulturpolitiske verkemiddel som i første rekkje stimulerer produksjonen av norskspråkleg litteratur, men som også verkar inn på tilbodet i biblioteka. Dei innkjøpte eksemplara kjem i tillegg til det som biblioteka sjølve kjøper inn over eigne budsjett. Etter bibliotekstatistikken for 2007 utgjer bøkene i innkjøpsordningane om lag 30 prosent av nytilfanget i folkebiblioteka.

Innkjøpsordningane er anten automatiske, det vil seie at alle bøkene som er godkjende vert kjøpte inn, eller dei er selektive, noko som inneber at bøkene vert rangerte og at det vert kjøpt inn så mange bøker som ordninga gjev rom for. Dette krev prosessar som må ta noko tid. Dei fleste innkjøpte bøkene kjem difor til biblioteka ei stund etter lansering. Det er registrert kritikk av dette.

I utgangspunktet har alle bibliotek ansvaret for sjølve å ha eit tilfredstillande mediebudsjett slik at brukarane får best mogeleg tilbod. Det vil likevel alltid vere eit mål å gje best mogeleg sørvis og informasjon til biblioteka som mottek bøker gjennom innkjøpsordningane. Innkjøpsordningane skal halde fram, men dei må også utviklast i takt med den teknologiske utviklinga og med framtidige endringar i etterspurnad og forbrukarmønster. I 2009 vil Norsk kulturråd starte ei prøveordning med innkjøp av e-bøker.

Lydboka er også eit digitalt medium som no har slått rot i den norske bokmarknaden. Lydboka er ikkje omfatta av dei eksisterande innkjøpsordningane. Lydboka er i utgangspunktet ei tilrettelegging av tekst til lyd, men det siste året har Kulturrådet også fått enkelte søknader der lydboka er den primære utgjevinga, og der det ikkje finst ein papirbasert versjon som er gjeven ut først. For

slike utgjevingar vil det vere ein aktuell diskusjon om det er ei betre løysing å etablere ei eiga tilskotsordning for lydbøker enn å inkludere desse i dei etablerte tilskotsordningane.

### 5.3.2 Innkjøpsordninga for musikk

Innkjøpsordninga for musikk (tidlegare innkjøpsordning for fonogram) skal medverke til å auke kjennskapen om og spreinga av norske fonogram. Ordninga skal stimulere til eit mangfaldig og kreativt produksjonsmiljø for musikk i Noreg. Innkjøpsordninga for musikk er i 2009 på 16,4 mill. kroner.

For 2007 vart det kjøpt inn 157 fonogram (i starten LP-plater, no CD-ar). Dei fleste fonogramma vert kjøpte inn i 582 eksemplar, og 400 av desse vert fordelte til mottakarar i Noreg. Nokre fonogram vert berre sende til norsk- eller nordiskspråklege mottakarar og har såleis ikkje full internasjonal distribusjon. Desse vert kjøpte inn i 462 eksemplar. Ein del av dei innkjøpte fonogramma går også til å promotere norsk musikk i utlandet.

Til liks med dei endringane som er gjorde for å starte med ei prøveordning for innkøp av e-bøker under innkjøpsordningane for litteratur, skal innkjøpsordninga for musikk no også omfatte innkjøp og distribusjon av digitalisert musikk, jf. St.meld. nr. 21 (2007–2008) *Samspill – et løft for norsk musikk*.

### 5.3.3 Nye innkjøpsordningar

#### *Dataspel*

I St.meld. nr. 14 (2007–2008) *Dataspill* er det sett som mål at det skal satsast på gode norske dataspel i ulike sjangrar tufta på norsk språk og innhald. I meldinga vert det varsla at den norske tilskotsordninga for utvikling av dataspel skal vidareførast og styrkjast. Departementet vil vidare vurdere å innføre ei ordning med tilskot til lansering av dataspel og greie ut ei utlånsordning for norske dataspel gjennom folkebiblioteka.

Både PC-spel og spel for konsollar som Nintendo, PlayStation eller Xbox er rekna som programvare etter åndsverklova. Det er ikkje lov å låne ut dataspel ved biblioteka i dag utan at det vert inngått ein avtale med opphavsmannen eller –organisasjonane, eller at det vert innført ei innkjøpsordning for norske spel.

Det er i dag likevel lov å låne ut dataspel til bruk i biblioteklokalet. Fleire bibliotek, til dømes Drammensbiblioteket og Trondheim folkebibliotek har kjøpt inn konsollar til bruk i bibliotekets lokale. Denne bruken av dataspel er svært populært ved desse biblioteka. Drammensbiblioteket har også

eigne arrangement der det vert spela ulike dataspel heile natta i biblioteket.

Tilbod om dataspel kan vere med på å gjere biblioteka attraktive for nye grupper. Spel er eit sosialt medium, det gjev gode felles kulturopplevingar og er eit kulturuttrykk som alle bør få tilgjenge til. Regjeringa vil greie ut dei opphavsrettslege problemstillingane knytte til ei innkjøps- og utlånsordning for norske dataspel gjennom den pågåande revisjonen av åndsverklova.

### Film

I St.meld. nr. 22 (2006–2007) *Veiviseren* vart det gjort framlegg om å etablere ei innkjøpsordning for norske kort- og langfilm til folkebiblioteka etter modell frå ordningane for litteratur og musikk. Det skulle vurderast nærare om ordninga skal leggjast til Norsk film etter omorganiseringa, eller til Norsk kulturråd, og om ei slik innkjøpsordning skal gjelde alle norske filmar som vert utgjevne på dvd, eller om eit uavhengig råd bør vurdere kva for filmar som skal kjøpast inn. Ei slik ordning kan prøvast ut gjennom digital formidling i nettverk, der filmene ikkje er avhengige av fysiske kopiar. Ei innkjøpsordning kan auke tilgjenget til norsk film for alle. Innkjøpsordning for norske filmar var eitt av framlegga i *Bibliotekreform 2014*.

### 5.3.4 Lydbokavtala

Staten produserer lydbøker for synshemma med heimel i åndsverklova § 17. Staten skal etter dette betale vederlag for produksjonen. Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek (NLB) produserer skjønnlitteratur, sakprosa, barne-, ungdoms- og studielitteratur, og Huseby kompetansesenter produserer skulebøkene.

I juni 2008 vart staten og opphavsrettsorganisasjonane einige om ei ny vederlagsavtale.<sup>3</sup> Avtala inneber at produsentane berre skal betale vederlag per master time, altså for produksjonen av nye titlar målt etter kor lange bøkene er. Det er ikkje sett ei grense for kor mange eksemplar som kan produserast av kvar tittel. Dette betyr at ventelistene vert fjerna og at brukarane får tilgang til litteratur mykje raskare enn tidlegare. Tidlegare var det eit problem at produsentane ikkje kunne dekkje etterspurnaden etter dei mest populære skjønnlitterære titlane. Dei tilrettelagde lydbøkene skal vere gratis

tilgjengelege for brukarane og er difor ikkje tilgjengelege for sal.

Avtala opnar også for online-distribusjon, noko som gjer at produsentane sparar portoutgifter. På den andre sida skal produsentane innan to år utstyre dei digitale filene med vannmerker, slik at dei kan sporast tilbake til låntakar dersom dei digitale filene vert misbrukte.

### 5.3.5 Filmavtala

I perioden 1999–2001 eksisterte det ei avtale mellom staten og Norsk filmforbund om *vederlag til Filmforbundet for statens bruk av norsk kortfilm og norske biblioteks bruk av videogram utgjevne i Noreg*. Seinare vart det forhandla fram ei ny avtale, der Norske filmregissørar òg vart part. Det vart mellom anna lagt rammer for kor mykje av midlane i fondet som kan gå til administrasjon.

Avtala inneber at eit årleg vederlag vert overført frå staten til Norsk filmvederlagsfond, administrert av Norsk filmforbund. I dag kompenserer vederlaget først og fremst for utlån av filmar frå biblioteka. Filmvederlagsfondet er eit kollektivt vederlagsfond, og fondsmidlane skal nyttast til tiltak som kan fremje bruken av audiovisuelle produksjonar. Hovuddelen av midlane skal etter vedtektene gå til stipend.

Noverande avtale skal reforhandlast i løpet av inneverande år. Samstundes ligg det føre søknader frå andre organisasjonar om å bli part i avtala. Dette er under vurdering, og må avklarast før ein kan inngå ei ny avtale. Ei mogeleg innkjøpsordning for film kan verke inn på storleiken på vederlaget. I 2008 var vederlaget om lag 4 mill. kroner.

### 5.3.6 Momsfritaket på bøker og tidsskrifter

Etter meirverdiavgiftslova § 16 første ledd nr. 8, skal det ikkje reknast utgåande meirverdiavgift på bøker i siste omsetningsledd (nullsats). Nullsatsen er nærare avgrensa i forskrift nr. 19 til meirverdiavgiftslova. Eit grunnleggjande krav er at boka må trykkjast, men i forskrifta er det uttrykt at nullsatsen også gjeld ved omsetning av parallellutgåver av bøker utgjevne som lydbøker. Det er også nullsats på omsetning av tidsskrifter som hovudsakeleg vert omsette til faste abonnentar eller tidsskrifter med i hovudsak politisk, litterært eller kulturelt innhald.

Digitale produkt sende over Internett vert behandla som tenester og ikkje varer, jf. Ot.prp. nr. 2 (2000–2001) Om lov om endringar i lov 19. juni 1969 nr. 66 om meirverdiavgift (Meirverdiavgiftsreforma 2001) punkt 6.1.3.3. Avgiftsfritaket må

<sup>3</sup> Den norske Forfatterforening, Norsk Oversetterforening, Norske Dramatikeres Forbund, Norske Barne- og Ungdomsbokforfattere, Norsk kritikerlag, Den norske Forleggerforening, Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening, Norsk Journalistlag og Norsk Redaktørforening.

difor avgrensast mot elektroniske tenester. Dette får den konsekvens at trykte bøker og tidsskrifter ikkje er pålagde meirverdiavgift, medan dei elektroniske versjonane av dei same tidsskriftene og e-bøker vert pålagde ei slik avgift. Også lydbøker som ikkje vert utgjevne som parallellutgåver, får meirverdiavgift.

For biblioteka som ikkje har momsrefusjon, vert det dyrare å abonnere på elektroniske tidsskrifter enn å kjøpe dei trykte. Dette får særleg konsekvens for dei statlege biblioteka utan momsrefusjon. For desse vert elektroniske ressursar ein relativt stor utgiftspost. Meirverdiavgift på digitale kultur- og kunnskapskjelder vart innført i 2001, med meirverdiavgiftsreforma som utvida grunnlaget til å omfatte tenester. Dette var akkurat i den perioden då universitets- og høgskulebiblioteka for alvor starta overgangen frå trykte til digitale informasjonskjelder.

Frå 1. januar 2004 vart det innført ei generell ordning med kompensasjon for meirverdiavgift til kommunesektoren. Ordninga er heimla i *lov 12. desember 2003, nr. 108 om kompensasjon av meirverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner mv.* Kompensasjonsordninga gjeld både varer og tenester, inkludert elektroniske tenester. Dette inneber at kommunane og fylkeskommunane må lage detaljerte momsrekneskap og krevje moms attende. I desse tilfella er utfordringa heller å syte for at momsrefusjonen kjem attende til biblioteket.

Nasjonale skatte- og avgiftsreglar er ikkje omfatta av det direkte bruksområdet for EØS-avtala. Meirverdiavgiftsreglane i Noreg er likevel i stor utstrekning i samsvar med reglane på dette området i EU, som gjennom hovuddirektivet for meirverdiavgift (Rådsdirektiv 2006/112/EØF) opnar for fritak eller låg sats på trykte publikasjonar. Etter direktivet vert også elektroniske versjonar av dei same publikasjonane rekna som elektroniske tenester.

Noreg er likevel bunde av andre regelsett i EØS-avtalen, som kan verke inn på utforminga av skatte- og avgiftsreglar. Dette gjeld både regelverket om dei fire fridomane og forbod mot offentleg støtte. ESA (kontrollorganet til EØS-avtalen) behandlar no ei klage på tilsvarende momsfritak for aviser, der påstanden er at eit slikt fritak ikkje er kompatibelt med EØS-reglane om ulovleg offentleg støtte i art 61 (1). Norske styresmakter følgjer også retningsliner gjevne av OECD, som slår fast at digitale produkt ved handel over landegrensar skal behandlast som tenester og ikkje varer i ein meirverdiavgiftssamanheng.

Meirverdiavgiftsbehandlinga av trykte og elektroniske publikasjonar er ein del av Regjeringa sine

løpande vurderingar av meirverdiavgiftsregelverket. Departementet vil arbeide vidare med dette spørsmålet, men legg til grunn at dette må vurderast i eit større perspektiv og i forhold til internasjonale føringar.

### 5.3.7 Spelemidlar

#### *Spelemidlar til bygg*

Av den delen av overskotet frå statlege spel som går til kulturbygg, blir i dag om lag 50 mill. kroner per år forvalta av fylkeskommunane. Etter eigne prioriteringar kan fylkeskommunane nytte dei overførte summene til mellom anna biblioteklokale. Frå 2010 vil den delen av spelemidlane til kulturbygg som i dag blir forvalta av departementet, verte fasa inn i den desentraliserte ordninga for kulturhus. Desse midlane utgjer no 75 mill. kroner per år. Med desse utvida rammene vil dei regionale forvaltningseiningane ha større rom for finansiering av kulturbygg etter eigne prioriteringar.

#### *Spelemidlar til den kulturelle skolesekken*

Den kulturelle skolesekken er eit nasjonalt tiltak for å styrkje kulturformidlinga til barn og unge i grunnskolen og i vidaregåande opplæring. Den kulturelle skolesekken vert gjennomført lokalt og regionalt og årleg vert kommunane og fylkeskommunane tilførte om lag 167 mill. kroner til ordninga. St.meld. nr. 8 (2007–2008) *Kulturell skolesekk for framtida* er styringsdokumentet for Den kulturelle skolesekken.

## 5.4 Utdanning, kompetanseutvikling

Utdanning og kompetanseutvikling i biblioteksektoren skjer i mange former og på mange ulike nivå. Det kan skje individuelt, eller ha ei målsetjing som er meir institusjonelt orientert.

Innanfor norsk høgare utdanning er tilbydane av utdanning og kompetanseutvikling innanfor bibliotek- og informasjonsfag desse:

- Høgskolen i Oslo, avdeling for journalistikk, bibliotek- og informasjonsfag tilbyr utdanning som bibliotekar. Høgskolen har tilbod om bachelor (180 studiepoeng) og master (120 studiepoeng) i bibliotek- og informasjonsfag.
- Universitetet i Tromsø gjev utdanning i bachelor, master og doktorgrad i dokumentasjonsvitskap som gjev kompetanse til å arbeide i alle typar bibliotek.
- Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet i Trondheim underviser om digitale bibliotek.

- Høgskolen i Bergen har tilbud om Bibliotek, dokumentasjons- og informasjonsstudium
- Høgskolen i Agder gjev tilbud om skulebibliotek-kunnskap.

Høgskolen i Oslo førebur no ein søknad til NOKUT om eit eige doktorgradsprogram i bibliotek- og informasjonsvitskap. Skulen har også utvikla ein master i bibliotekleing i samarbeid med nordiske partnarar. Studiestart er planlagd til hausten 2009. Grunnutdanninga ved Høgskolen i Oslo vart sist evaluert i 1997.

Ved Pedagogisk utviklingssenter ved Høgskolen i Oslo vert det planlagt eit nytt førstebibliotekarprogram frå 2009. Føremålet er å medverke til å få utført viktige forskings- og utviklingsoppgåver i biblioteksektoren, og å heve bibliotekarane sin kompetanse.

Dei høgare utdanningsinstitusjonane tilbyr også korte kurs og seminar. Også dei fleste fylkesbiblioteka arrangerer gjennom året ei rekkje kurs for dei bibliotektilsette i sitt fylke. Tema og opplegg varierer. Ifølgje bibliotekstatistikken for 2007 var kvar fagtilsett i norske folkebibliotek i gjennomsnitt til stades på tre kurs eller møte arrangerte av fylkesbiblioteket dette året.<sup>4</sup>

For bibliotektilsette uansett fagleg bakgrunn kan det ofte vere nyttig å orientere seg mot etter- og vidareutdanningstilbod også på andre område enn dei reint bibliotekfaglege, til dømes innan leing, marknadsføring eller IKT.

Kompetanseutvikling skjer også i mindre organiserte og meir uformelle former på arbeidsplassen. Døme på dette er intern opplæring, arbeidsseminar, kunnskapsdeling, jobbrotasjon osv. I stor grad handlar det om å leggje til rette for læring og gode læringsarenaer på arbeidsplassen og å utvikle ein intern kultur for kunnskapsutvikling. Dels er dette eit leiaransvar, og dels er det eit ansvar for den enkelte. På bibliotekområdet ligg det også eit potensial for kompetanseutvikling i å delta i ulike digitale tenester på bibliotekfeltet. Læring på arbeidsplassen føreset bibliotekteiningar med eit minimum av arbeidskollegaer og ei grunnbemannig som frigjer tid til kompetanseutvikling. Dette er ikkje sjølvstekt i dagens bibliotek-Noreg.

Avtaleverk og lovverk styrer den retten dei tilsette har til å delta i kompetanseutvikling. Det er ulike reglar for etterutdanning i form av korte kurs og poenggejvande vidareutdanning. Regelverket er også ulikt for arbeidstakarar i stat og kommune. Hovudavtala for arbeidstakarar i staten og hovudavtala for tilsette i kommunar og fylkeskommunar regulerer tilgjenge til etterutdanning. Arbeidsmiljølova § 12–11 regulerer tilgjenge til vidareutdanning.

<sup>4</sup> Fagutdanna bibliotekar med eksamen frå Høgskolen i Oslo, avd. for bibliotekfag eller tilsvarende utdanning, jf. forskrift om personale i kommunalt folkebibliotek (med endringar av 16. juni 1999). Anna personale i kontor- eller fagstillingar: Alt merkantilt personale, bibliotekassistentar, avdelingsleiarar og andre fagtilsette utan bibliotekarutdanning.



Figur 6.1 Deichmanske bibliotek, Oslo

Foto: Anders Ericson



## 6 Bibliotek i eit internasjonalt perspektiv

### 6.1 Innleiing

Utviklinga og utforminga av norske bibliotek er påverka av internasjonale forhold. Biblioteka har også internasjonale forgreiningar, og det er viktig å dele kompetanse og ressursar. Arbeid, avgjerder og tilrådingar i internasjonale, europeiske og nordiske interesseorganisasjonar, fagorganisasjonar og samarbeidsorgan verkar også inn på aktiviteten og utviklinga i norsk biblioteksektor. På bibliotekfeltet finst det også mange nettverk, prosjekt og samarbeidstiltak, og norske bibliotek må heile tida vurdere kva for aktivitetar det vil vere tenleg å involvere seg i. Internasjonalt samarbeid er generelt viktig for å møte utfordringane også nasjonalt.

Det kan vere vanskeleg å skilje ut klare tendensar i den internasjonale utviklinga, men eit viktig utviklingstrekk er overgangen frå det tradisjonelle biblioteket til blandingsbiblioteket med både digitale og trykte kjelder. Også utviklinga innanfor opphavsrett og nye regime for distribusjon og tilgjenge påverkar heile den internasjonale biblioteksektoren. Viktige utviklingstrekk for fagbiblioteka er bevaring og formidling av forskingsdata, forskingsdokumentasjon og forskingsresultat, mellom anna gjennom opne institusjonelle arkiv og Open Access-tidsskrifter.

Målsetjinga for det utanrikskulturelle arbeidet er etter St.prp. nr. 1 (2008–2009) *Utenriksdepartementet* å skape arenaer og møteplassar som legg til rette for dialog, utveksling og samarbeid med andre land. Kulturutveksling og andre former for internasjonalt kultursamarbeid er med på å skape gjensidig innsikt. Dette er viktig som grunnlag for alt internasjonalt samarbeid og for å fremje forståing og tillit i det internasjonale samfunnet. Regjeringa sitt kulturløft vert følgt opp internasjonalt, og det vert arbeidd for å styrkje biletet av Noreg som ein interessant samarbeidspartnar og ein moderne kultur- og kunnskapsnasjon.

### 6.2 Internasjonalt biblioteksamarbeid

Biblioteksektoren har lang tradisjon for internasjonalt samarbeid. Det verdsomspennande samarbeidet skjer både gjennom formelle organisasjonar,

gjennom ulike former for institusjonssamarbeid og gjennom uformelle nettverk. Norske bibliotek og bibliotekinstitusjonar er aktive i ei rekkje nordiske, europeiske og internasjonale organisasjonar. Utvikling og prosjekt kjem ofte i gang som resultat av faglege internasjonale møte og seminar, konferansar og arbeidsgrupper. Det er difor viktig å stimulere til at norske aktørar får høve til å delta i slike samanhengar.

#### 6.2.1 Det verdsomspennande biblioteksamarbeidet

Den største og viktigaste internasjonale bibliotekorganisasjonen er IFLA (International Federation of Library Associations and Institutions). IFLA er ein uavhengig organisasjon som arbeider for å fremje bibliotek- og informasjonstenester, og den har medlemmer i 155 land. Organisasjonen er samansett av ei rekkje komitear med ulike spesialområde. I mange av komiteane er det norske representantar. Gjennom deltaking får Noreg tilgjenge til informasjon om kva som skjer på den internasjonale bibliotekfronten, og høve til samarbeid over landegrensene. Noregs støtte til IFLA gjennom ABM-utvikling medverkar også til at utviklingsland, som elles ikkje ville hatt høve til å delta i internasjonale fora, kan vere ein del av fellesskapen.

For gjenfinning og utnytting av dei samla bibliotekressursane er det viktig at internasjonale standardar og regelverk vert lagde til grunn for registreringsarbeidet, slik at utveksling av data er mogeleg. ISO (International Organization for Standardization) er ein sentral aktør i dette arbeidet. Noreg er representert i fleire av ISO-komiteane. Dei tradisjonelle standardane som er brukte i biblioteka, er ISBN, ISSN og ISSMN. Desse vert haldne ved like av ISO og administrerte i Nasjonalbiblioteket.

Noreg følgjer også opp arbeidet med ISBD (International Standard Bibliographic Descriptions), som regulerer form og innhald i bibliografiske postar. Kommunikasjon mellom maskiner aukar og nye standardar vert stadig viktigare for bibliografisk arbeid.<sup>1</sup> Nasjonalbiblioteket ved Den norske Katalogkomité er sentralt i dette arbeidet.

UNESCO arbeider med informasjon, kommunikasjon og ytringsfridom i eit globalt perspektiv, og har mellom anna utarbeidd eit manifest om folkebibliotek, jf. boks 4.1.

Lyd- og punkttskriftbibliotek og tilsvarende organisasjonar frå heile verda har danna eit konsortium, Daisy-konsortiet. Daisy er eit akronym for Digital Accessible Information SYstem, eit system for å strukturere informasjon slik at den er tilgjengeleg for alle, også personar med ulike typar funksjonshemmingar. Føremålet med konsortiet er å skape ein internasjonal standard for lydbøker og for at ulike land skal kunne låne av kvarandre. Eit internasjonalt samarbeid er også ein føresetnad for ein verdsmarknad for digitale lydbokspelarar. Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek er aktiv i Daisy-konsortiet, og har mellom anna ansvar for å leie utviklingsprosjekt.

### 6.2.2 Det europeiske biblioteksamarbeidet

Det er ikkje utvikla ein eigen bibliotekpolitikk innanfor ramma av EU, men fleire av dei europeiske stønadsprogramma er også opne for biblioteka. Til dømes vert det gjeve stimuleringsmidlar til bibliotekutvikling og -forskning gjennom IKT- og forskningsprogramma, prosjektmidlar gjennom Kulturprogrammet og stønad til læring for vaksne gjennom programma for livslang læring. Også initiativ på andre område, til dømes opphavsrett, har konsekvensar for norske bibliotek.

Til no har enkelte bibliotek av ein viss storleik vore aktive i prosjekt under programma. Norsk biblioteksektor har likevel eit stort potensial for å delta meir aktivt i europeisk samarbeid gjennom desse programma.

I 2008 vart Europeana lansert som ein felles inngang til europeisk kulturarv på nettet. Nettstaden er ei omfangsrik samling med innhald frå arkiv, bibliotek og museum. Delprosjekt for å vidareutvikle Europeana får stønad frå EU gjennom EUs rammeprogram for konkurransevne og nyskaping (CIP-programmet). CIP-programmet vidarefører fleire tidlegare program som også støtta utviklinga av Europeana, mellom anna eContentPlus.

Det finst òg fleire biblioteksamanslutningar på europeisk nivå som ikkje er direkte knytte til EU. Dette er mellom andre

### Boks 6.1 Stepping Stones into the Digital World

Oppland fylkesbibliotek har i perioden 2006–2008 delteke i eit europeisk samarbeidsprosjekt mellom åtte land for å vidareutvikle biblioteka som arena for grunnleggjande dataopp-læring. Prosjektet *Stepping Stones into the Digital World* tok utgangspunkt i at biblioteka er viktige for digital ytrings- og informasjonsfridom i eit demokratisk samfunn. Prosjektet fokuserte på biblioteket som arena for digital kompetanse, som tilbydar av digital informasjon og som rettleiar i bruk av digitale verk-tøy. For Oppland fylkesbibliotek var det eit mål at EU-prosjektet skulle bygge opp om og vidareutvikle lokale tiltak. Prosjektet fekk støtte frå EUs Grundtvig-program.

- LIBER (Ligue des Bibliothèques Européennes de Recherche) representerer og fremjar interessene til dei europeiske forskingsbiblioteka.
- EBLIDA (European Bureau of Library, Information, and Documentation Associations) er ein paraplyorganisasjon for bibliotek, arkiv og andre institusjonar som arbeider med dokumentasjon i Europa. Organisasjonen arbeider mellom anna med opphavsrett, utdanning, kultur og digitalisering.
- NAPLE (National Authorities on Public Libraries in Europe) er den europeiske organisasjonen for nasjonale bibliotekstyresmakter på folkebibliotekområdet.

### 6.2.3 Det nordiske biblioteksamarbeidet

Nordisk Ministerråd har fleire stimuleringsprogram som kan vere relevante for biblioteksektoren. Mobilitets- og residensprogrammet skal medverke til å bygge nordiske nettverk, og auke utveksling mellom organisasjonar på kulturfeltet. Programmet for nordisk kunst- og kultursamarbeid gjev tilskot til kulturprosjekt med ein nordisk dimensjon.

Biblioteka kan søkje midlar gjennom Nordisk kulturfond, til dømes til kulturformidlingsprosjekt. Forskingsbiblioteka kan søkje midlar gjennom Nordbib til prosjekt knytte til Open Access og forskingsdistribusjon.

NORON er eit kontakt- og samarbeidsforum for dei nordiske nasjonalbibliotekarane og leiarar

<sup>1</sup> Døme på slike nye standardar er ISTC (International Standard TextCode), ISNI/ISPI (International Standard name/Part identifier), NBN (National Bibliography Number).

av nasjonale organisasjonar på bibliotekfeltet. I tillegg finst det også faglege samarbeidsorgan som NORSIB (Nordisk samarbeidskomité for idrettsbibliotek).

Dei nordiske bibliotekdirektørane på folkebibliotekområdet har eit fast samarbeid med årlege møte som går på omgang mellom dei fem landa. I møta vert samarbeid om utvikling av dei nordiske folkebiblioteka drøfta, og det vert utveksla røynsler på aktuelle område. Direktørgruppa er også styringsgruppe for det engelskspråklege tidsskriftet SPLQ (Scandinavian Public Library Quarterly).

### 6.3 Bibliotekpolitikk i nokre andre land

#### 6.3.1 Sverige

Sverige har til saman 290 kommunar og 9,1 mill. innbyggjarar. Det skal vere folkebibliotek i alle kommunar. Bokutlånet var 6 per innbyggjar i 2006, og samla utlån for alle medium var 70 mill. Kvar innbyggjar besøkte folkebiblioteket åtte gonger i året. Til saman hadde folkebiblioteka 71 mill. besøk. Svenske folkebibliotek hadde 4 878 årsverk i 2006.

Ansvar for folkebiblioteka ligg under Kulturdepartementet, medan forskingsbiblioteka sorterer under Utbildningsdepartementet. Skolverket og Myndigheten för skolutveckling har ansvaret for skulebiblioteka.

I 1996 fekk Sverige ei eiga biblioteklov som omfattar alle dei offentlege biblioteka. Biblioteklova er ei rammelov som bestemmer at alle kommunar skal ha folkebibliotek, og at det skal finnast länsbibliotek i alle län og bibliotek i alle grunnskular, gymnas og høgskular.

Folkebiblioteka skal fremje lesing og litteratur, informasjon, opplysning og utdanning, og kulturell verksemd. Dei skal medverke til at databasert informasjon vert tilgjengeleg for alle innbyggjarane. Tilbodet til barn og ungdom, funksjonshemma, innvandrarak og andre minoritetar skal ha spesiell merksemd. Boklån på folkebiblioteka skal vere avgiftsfrie. I 2004 kom det eit tillegg til lova som pålegg dei offentlege biblioteka å samarbeide. Kommunane og landstinga skal dessutan vedta planar for bibliotekverksemda.

Länsbiblioteka/regionbiblioteka har eit regionalt ansvar for utvikling, rådgjeving, informasjon og etterutdanning. Länsbiblioteka i Västra Götaland og i Skåne er dei to største biblioteka.

Statens kulturråd har ansvaret for å fordele statleg kulturstøtte, informere om kultur og kulturpolitikk og samle inn kulturstatistikk. Kulturrådet

arbeider med å betre og utvikle biblioteka som tenesteytarar, og driv også ulike former for utviklingsarbeid på bibliotekfeltet. Kulturrådet har til dømes eit særleg ansvar for å støtte det arbeidet som folkebiblioteka gjer for å utvikle lesleyst hos barn og unge.

Kungliga biblioteket (KB) er Sveriges nasjonalbibliotek. I tillegg til nasjonalbibliotekoppgåvene arrangerer KB også kurs, konferansar og samarbeider med forskingsbibliotek, folkebibliotek, arkiv og museum. KB arbeider mellom anna med lisensiering av forskingsdatabasar og vitskaplege publikasjonar. KB gjev også støtte til ulike prosjekt og har ansvaret for den nasjonale bibliotekatalogen LIBRIS og tenesta Samsök. KB har også eit program for Open Access (openaccess.se), dei forvaltar og utviklar eit nettverk av ansvarsbibliotek og støttar fjernlånsamarbeidet mellom biblioteka.

Kvart tredje år publiserer KB ein analyse av fag- og forskingsbiblioteka. Den siste analysen frå 2005 viser tendensar til at fag- og forskingsbiblioteka får ansvaret for nye oppgåver som til dømes publisering, intern pedagogisk verksemd og fjernundervisning. Det er ein markert overgang frå trykt til digital informasjon og ei utvikling i retning læringssentermodellen.<sup>2</sup>

#### 6.3.2 Danmark

Danmark har etter kommunereforma i 2007 i alt 98 kommunar og 5 regionar. Reforma har ført til ei omfattande omlegging av folkebiblioteksektoren der talet på hovudbibliotek er redusert. I 2007 var det i alt 97 hovudbibliotek, 422 bibliotekfilialar og 31 bokbussar i Danmark. Dei fleste av dei nedlagde hovudbiblioteka held fram, men har endra status til filialar. Fleire nye bibliotekbygg er under planlegging. Folkebiblioteka er eit kommunalt ansvar. Innan universitetssektoren er det også gjennomført ei omfattande reform som har verka inn på fag- og forskingsbiblioteka.

Folkebiblioteka er eit ansvar under Kulturministeriet, medan dei fleste forskingsbiblioteka er underlagt Ministeriet for Videnskab, Teknologi og Udvikling. Skulebiblioteka og nokre bibliotek i høgare utdanning sorterer under Undervisningsministeriet.

Kulturministeriets sakkyndige organ Styrelsen for Bibliotek og Medier vart oppretta i 2008 etter ein fusjon mellom Bibliotekstyrelsen (oppretta 1997) og Mediesekretariatet. Styrelsen skal vere eit strategisk organ for bibliotekutvikling, auke samarbeidet mellom ulike bibliotektypar, initiere

<sup>2</sup> Jönsson, 2005

og støtte forsøk og utvikling, fordele midlar til ulike utviklingsprosjekt og gje råd til regjeringa og kommunane i bibliotekpolitiske spørsmål. Styrelsen tek mange initiativ til å utforme bibliotekpolitikken i Danmark, og arbeider for å forankre bibliotekpolitikken på andre samfunnsområde. Gjennom partnerskapsavtaler finansierer Styrelsen ei gruppe Sentralbibliotek med kommuneoverskridande oppgåver. Talet på sentralbibliotek er frå 2009 redusert frå ni til seks.

I 2000 kom ei ny dansk biblioteklov som seier at biblioteka skal fremje opplysning, utdanning og kulturell aktivitet ved hjelp av ulike medium. Lova fastset at ulike bibliotektypar skal samarbeide, at kommunane skal drive bibliotek, at lån skal vere gratis, men at biblioteka kan ta betalt for andre tenester som konsultasjonar og kurs. Den danske biblioteklova er meir detaljert enn den norske. Lova er revidert fleire gonger sidan 2000. Styrelsen for Bibliotek og Medier forvaltar lova.

Danmarks elektroniske fag- og forskingsbibliotek (DEFF) er ein samarbeidsorganisasjon for danske fag- og forskingsbibliotek. DEFF-sekretariatet er plassert i Styrelsen for Bibliotek og Medier. DEFFs øvste ansvarlege instans er eit koordineringsutval med representantar for Kulturministeriet, Ministeriet for Videnskab, Teknologi og Udvikling og Undervisningsministeriet.

Bibliotekstyrelsens strategi for dansk bibliotekutvikling er presentert i rapporten *Fra information til viden*. Bakgrunnen for den nye strategien er eit tiår prega av digitale medium, internettutviklinga og viktige milepælar i dansk bibliotekutvikling som ny biblioteklov, nettportalen bibliotek.dk, nasjonal transportordning og etableringa av Danmarks elektroniske fag- og forskingsbibliotek (DEFF). Strategien er utforma med særleg tanke på dei visjonane den danske regjeringa har om utdanning i verdsklasse og Danmark som leiande kunnskapsnasjon.

### 6.3.3 Finland

Finland har 416 kommunar og 5,2 millionar innbyggjarar. I 2006 hadde landet 858 folkebibliotek inkludert hovudbibliotek. Utlånet av bøker per innbyggjar var 10 og lånet per innbyggjar inkludert andre medium var 14. Det totale utlånet var 73 mill. Totalt besøk var 60 millionar. Til samanlikning hadde norske folkebibliotek 22 mill. besøk same året. Finland hadde 4 780 årsverk i biblioteka i 2006, noko som inneber 1 090 innbyggjarar per årsverk. Finske bibliotekbrukarar er mellom dei ivrigaste i EU.

Det finske biblioteklandskapet omfattar kommunale folkebibliotek, vitskapelege bibliotek, Nasjonalbiblioteket, spesialbibliotek og bibliotek ved skular og yrkesskular. Finland er kjent for bibliotekbygg, for høgt utlån per innbyggjar og for gode leseresultat for skulebarn i PISA-undersøkingane.

I Finland ligg forvaltningsoppgåvene på bibliotekområdet i Undervisningsministeriet som har ansvaret for Nasjonalbiblioteket, depotbiblioteket, universitetsbiblioteka og yrkeshøgskulebiblioteka. Nasjonalbiblioteket har ansvaret for å utvikle tenester for biblioteka. I kommunane samarbeider bibliotek og skular om skulebibliotektenester. Undervisningsministeriet har delegert skulebibliotekoppgåvene til Utbildningsstyrelsen.

Den finske biblioteklova gjeld primært bibliotek- og informasjonstenestene ved folkebiblioteka. For å fremje desse tenestene både på regionalt og riksomfattande nivå har lova også føresegner om sentralbibliotek og landskapsbibliotek. Dette er kommunale bibliotek som er tillagt tilleggsfunksjonar som staten betalar for. Det er kommunane som finansierer folkebiblioteka. I lova er det uttrykt ei plikt til å samarbeide i eit nasjonalt og internasjonalt nett av bibliotek- og informasjonstenester. I denne samanhengen er vitskapelege bibliotek og bibliotek ved lærestader spesielt nemnde. Verksamda ved dei vitskapelege biblioteka er nemnd i lover som Universitetsloven (1998) og i Lov om finansiering av undervisnings- og kulturvirksomhet (1998). Finlands vitskapelege bibliotek står overfor store endringar i åra framover som følgje av at fleire institusjonar skal slåast saman til større administrative einingar.

Då den nye biblioteklova var på plass i 1999, vart det sett ned ei bibliotekpolitisk arbeidsgruppe som skulle kartleggje utfordringar for biblioteka i informasjonssamfunnet og peike på nokre konkrete løysingar. Dette resulterte i 2003 i *Biblioteksstrategi 2010* som identifiserte utfordringar som kompetanse, leiarutdanning og behov for eit system der statsfinansierte bibliotek sentralt og regionalt er pålagde å yte tenester til små folkebibliotek. Det vart også peika på behovet for ein nasjonal instans som kan gjennomføre sektoroverskridande prosjekt, og behovet for å utvikle bibliotektilbodet til skulane.

*Biblioteksstrategi 2010* vart følgd opp av *Utvecklingsprogram för bibliotek* som kom i 2006. Som resultat av strategien og utviklingsprogrammet er det løyvt fleire midlar til bibliotek over statsbudsjetta, og biblioteka har fått utviklingsmidlar til mellom anna digitale tenester og til oppdatering av biblioteksystem i små kommunar. Ein del kommu-

nar har tilsett personar med både bibliotekfagleg og pedagogisk kompetanse for å utvikle bibliotektenestene i skulen. Eit nytt utviklingsprogram for 2015 er no under arbeid.

Med den nye finske universitetslova som vart sett i verk 1. august 2006, skifta Helsingfors universitetsbibliotek namn til Nasjonalbiblioteket, og vart ein frittstående institusjon under Helsingfors universitet. Målet var å styrkje biblioteksektoren og utvikle Nasjonalbiblioteket som felles sørwiseining for heile biblioteknettverket. Nasjonalbiblioteket har også ansvaret for Det nasjonale elektroniske biblioteket (FinELib), som er eit nasjonalt konsortium av dei finske universiteta, yrkeshøgskulane, fleire forskingsinstitutt og folkebibliotek.

Det finske undervisningsministeriet har starta prosjektet *Nasjonellt digitalt bibliotek* (2008–2011). Målet med prosjektet er å gje betre tilgjenge til elektronisk materiale i biblioteka, arkiva og musea og å utvikle ein strategi for langtidsbevaring av materialet. Gjennom prosjektet skal det utviklast ei felles søkjeteneste for arkiv-, bibliotek- og museumsfeltet.

#### 6.3.4 Nederland

I Nederland er det dei siste åra gjennomført ei konsolidering av folkebiblioteka. Folkebiblioteka i dei 447 kommunane er samla i 157 organisatoriske einingar kalla basisbibliotek. Basisbiblioteka dekkjer område med i snitt 104 000 innbyggjarar. Talet på avdelingar i basisbiblioteka er på om lag på same nivå som tidlegare. Dei regionale bibliotekorganisasjonane i Nederland har hatt ansvaret for å gjennomføre endringane under leiing av ei nasjonal styringsgruppe. Konsolideringa var forankra i ei avtale mellom nasjonalt nivå (Ministeriet for utdanning, kultur og vitskap) og kommunalt nivå (tilsvarande KS) og provinsane. Kompetanseutvikling i biblioteka har vore eit satsingsområde i arbeidet.<sup>3</sup>

Den nederlandske folkebibliotekforeininga (Vereniging Openbare Bibliotheken) arbeider for å utvikle folkebiblioteka innanfor område som opphavsrett, digitalt innhald og tenester, forskning og utvikling. Foreininga gjennomfører ulike bibliotekkampanjar og utviklar nasjonale digitale tenester for bibliotekportalen [www.bibliotheek.nl](http://www.bibliotheek.nl). Det vert også arbeidd med å utvikle eit standard kvalitetsystem som inkluderer kvantitative og kvalitative indikatorar. Foreininga utfører enkelte nasjonale oppgåver på vegner av ministeriet, og er finansiert av både medlemsavgifter og av statlege tilskot.

Kvart fjerde år legg ministeriet fram eit politisk rammedokument med mål og satsingsområde for biblioteka som vert omsett i eit årleg handlingsprogram. Programmet *The Guideline for Basic Library Organisations* trekkjer opp linene for den framtidige utviklinga i biblioteka innanfor kunnskap og informasjon, kunst og kultur, utvikling og utdanning, lesing og litteratur, samfunn og debatt.

Koninklijke Bibliotheek (KB), som langt på veg svarar til det norske Nasjonalbiblioteket, vert saman med dei akademiske biblioteka finansierte direkte av ministeriet. KB leier det nasjonale nettverket av fag- og forskingsbibliotek.

SURF er fellesorganet for IKT innanfor høgare utdanning og forskning. Stiftinga vart etablert i 1987 og representerer over 60 forskings- og utdanningsinstitusjonar. SURF arbeider med e-læring, vitskapleg publisering, informasjonsprosessar, autentisering og autorisasjon, standardisering og opphavsrett, og samarbeider nært med andre aktørar i det nederlandske biblioteknettverket.

#### 6.3.5 England

Museums, Libraries and Archives Council (MLA) vart etablert i 2000 som eit offentleg organ finansiert av Department for Culture, Media and Sports. MLA er eit strategisk organ som skal arbeide for og med abm-sektorane og fremje samarbeid mellom dei. MLA var ein modell for opprettinga av ABM-utvikling (2003). Organisasjonen har fram til no vore organisert med eit hovudkontor i London og med 9 regionkontor. Frå 2009 vert dette endra. Hovudkontoret i London skal halde fram, men regionkontora vert reduserte til tre, eitt i North East, eitt i North West og eitt i Yorkshire. MLA arbeider nasjonalt og regionalt med regjeringa, lokale styresmakter og viktige organ og organisasjonar innanfor og på tvers av sektorane. MLA arbeider også særskilt med å utvikle folkebiblioteka.

*Framework for the Future – MLA Action Plan for Public Libraries – «towards 2013»*, er ein handlingsplan for folkebiblioteksektoren publisert i mai 2008. Planen er delt inn i satsingsområda forskning og kunnskapsinnhenting, gode døme, innovasjon og digital endring. Det er laga ein tiltaksplan for kvart område.

For å realisere planen skal MLA arbeide i partnerskap med lokale styresmakter, nasjonale organ og andre organisasjonar. Føremålet med planen er å vise korleis folkebiblioteka er relevante for lokalmiljøet, fremje gode døme og støtte satsingar innanfor læring, informasjon og lesing. Det er planlagt å etablere kompetanseprogram for dei biblio-

<sup>3</sup> Frank Huysmans & Carlien Hillebrink, 2008.

tektilsette, og det skal utviklast nasjonale digitale ressursar.

Universitets- og høgskulesektoren i England er langt framme når det gjeld strategiar for bruk av IKT i læringa. Den mest sentrale aktøren på dette området er The Joint Information Systems Committee (JISC) ([www.jisc.ac.uk](http://www.jisc.ac.uk)), som er organisert i

eit system av komitear støtta av eit sekretariat. JISC skal støtte, rettleie og gje råd til høgare utdanningsinstitusjonar. JISC er ikkje avgrensa til bibliotekverksemd, men arbeider også med felles IKT-utvikling ved forskings- og utdanningsinstitusjonane.

-

*Del III*  
*Drøftingar, vurderingar og tiltak*



Figur 7.1 E-bok på stranda

Foto: Amazon.com



## 7 Kunnskapsallmenning i ei digital tid

### 7.1 Innleiing

---

Biblioteka har ansvaret for viktige delar av dei fysiske og digitale kunnskaps- og informasjonsressursane i samfunnet på vegner av fellesskapen. Dei skal skape breitt tilgjenge til informasjonskjeldene og leggje til rette for bruken av dei. Dette er eit oppdrag som biblioteka har til felles med arkiva og musea. Ny teknologi har opna for nye måtar å skape, ta vare på og formidle kultur og kunnskap. Nye digitale tenester vert sydde etter brukarane sine mål, ikkje etter institusjonane eller fagmiljøa. Dette kan føre til store endringar for abm-institusjonane og etter kvart omforme korleis dei samhandlar med brukarane.

Overgangen frå trykte til digitale kjelder verkar inn på korleis ein skal utvikle bibliotektenestene vidare. Dette nye og spanande handlingsrommet vert ofte illustrert med korleis digital teknologi kan lette alle funksjonane i bibliotekarbeidet. Det digitale innhaldet er meir tilgjengeleg for fleire uavhengig av opningstider i eit fysisk biblioteklokale. Brukarane kan få tilgjenge til digitalt innhald heime, eigentleg utan å gå vegen om biblioteket. Digital teknologi kan gjere det enklare å ta vare på alle typar dokument, og ved å digitalisere originaldokument kan dei sparast for øydeleggjande bruk.

Den digitaliseringsoptimistiske oppfatninga av framtidbiblioteket må likevel balanserast med ein del grunnleggjande tilhøve som biblioteka må hanskast med på ein eller annan måte. *For det første* har biblioteka eit forvaltnings- og formidlingsansvar for eit stort volum av tradisjonelle informasjonsberarar. Dette materialet skal forvaltast og formidlast på ein forsvarleg måte i mange år framover. *For det andre* vil det ta mange år berre å digitalisere delar av det materialet som i dag eksisterer på tradisjonelle medium, og kriterium for prioritering av utval må kontinuerleg vurderast. *For det tredje* vil det ta mange år før alle i det norske samfunnet vil ha så omfattande bruk av digitale medium at ein kan seie at heile samfunnet samhandlar på ei digital plattform når det gjeld informasjonsinnhenting.

Det er eit mål at brukarane skal få digitalt tilgjenge til den informasjonen dei opplever som mest relevant og interessant for dei. Det unike og verdfulle for ein brukar, ligg like gjerne i museet

som i Nasjonalbiblioteket eller Arkivverket. Jamvel om det aller meste av publisert materiale og mykje anna vil vere å finne i Nasjonalbiblioteket, og eldre statlege arkiv forvalta av Arkivverket, gjer det seg gjeldande ein fragmentert bevaringssituasjon for kommunale arkiv, privatarkiv, foto og ikkje minst for gjenstandsmateriale i musea. Dette tilseier at abm-institusjonane må delta med sitt innhald, sin kunnskap og sine tenester i eit framtidig tenestetilbod.

Digitaliseringsmeldinga går nærare inn på spørsmål om korleis ein kan samarbeide for å digitalisere, formidle og lagre materiale i norske arkiv, bibliotek og museum. Hovudretninga på digitaliseringsmeldinga er nettopp korleis brukarane skal få samordna tilgjenge til kultur og kunnskap frå mange ulike institusjonar og sektorar.

Hovudperspektivet i dette kapitlet er dei digitale utfordringane for biblioteka, men med eit sideblikk også til arkiv- og museumsfeltet. Innleiingsvis vert det gjort greie for resultatane frå innsatsprogrammet Norsk digitalt bibliotek 2003–2008 og det internasjonale bakgrunnsteppet gjennom tiltak som European Digital Library (EDL) og Europeana. I kapitlet vert det elles gjort greie for det arbeidet Nasjonalbibliotekets og ABM-utviklings utfører for å realisere ei teneste med felles søk i bibliotekatalogane og ei teneste med brukarinitiert fjernlån. Nasjonalbibliotekets digitaliseringsprogram og utfordringar knytte både til langtidslagring og tilgjengeleggjering av dette materialet vert kort drøfta. Vidare vert utviklinga av e-boka og verknaden dette har for innkjøpsordningane omtala, og det vert gjort greie for arbeidet med lisensar og konsortieavtaler som i særleg grad universitets- og høgskulesektoren er avhengig av. Eit verkemiddel som nasjonale lisensar og ein aukande bruk av opne institusjonsarkiv vert omtala. Avslutningsvis vert digitale tenester og digital formidling av musikk nærare drøfta.

### 7.2 Eit digitalt innsatsprogram

---

Det digitale perspektivet var sentralt i St.meld. nr. 22 (1999–2000) *Kjelder til kunnskap og oppleving (abm-meldinga)*. I denne meldinga vart det peika

på at utviklinga av eit digitalt bibliotek vil vere ei stor fagleg og organisatorisk utfordring, og at det vidare arbeidet med digitalisering av kulturarvsmateriale må planleggjast meir heilskapleg enn før. I St.meld. nr. 48 (2002–2003) *Kulturpolitikk fram mot 2014* vart det frå statens side gjort klart at ein også må sjå digitalisering av kulturarvsmateriale i abm-institusjonar i samanheng.

Eit innsatsprogram vart etablert i 2003 etter tilråding frå ei arbeidsgruppe nedsett av ABM-utvikling. Arbeidsgruppa tilrådde innsats på områda innhald, metadata, tenester og infrastruktur. Visjonen var at:

Norsk digitalt bibliotek skal gje alle enkelt tilgjenge til digital informasjon og kunnskap.

Arbeidsgruppa definerte «digitalt bibliotek» slik:

Ei organisert samling av tenester og innhaldsressursar som gjev brukarane tilgjenge til informasjon på digital form gjennom eit datanett. Tilgjenget kan også gjelde ikkje-digitalt innhald.

Som svar på oppfordringane i kulturmeldinga til å sjå digitalisering av kulturarven i samanheng, oppretta ABM-utvikling ei ekstern arbeidsgruppe for digitalisering. Arbeidsgruppa gjennomførte ei kartlegging av omfanget av digitalisert materiale i abm-sektoren, og utarbeidde framlegg til strategiar for digitalisering, digital bevaring og digital formidling i abm-sektoren, jf. rapporten *Kulturarven til alle* (ABM-utvikling 2006).

Målsetjingane med innsatsprogrammet var i utgangspunktet å syte for basisen i eit norsk digitalt bibliotek, og å samordne og stimulere til samarbeid om utvikling av bibliotektenester. Basis må i denne samanhengen forståast som ulike nasjonale strukturar og ordningar som er føresetnader for eit digitalt bibliotek.

Dette omfattar til dømes

- ein felles nasjonal digital infrastruktur
- val av standardar
- nasjonale lisensar på viktige informasjonsressursar
- ei ordning for ressursdeling og nasjonal medieforsyning
- ein effektiv og samordna produksjonsprosess for metadata
- tilfredsstillande driftsmodellar for nasjonale tenester
- samarbeid om nokre få sentrale digitale tenester som søkjetenester, formidlingsportalar og rettleiings- og spørjetenester

Innsatsprogrammet har ikkje oppfylt alle måla, men det er likevel gjort ein del godt grunnlagsarbeid som kan nyttast vidare. Gjennom programmet er det utvikla nokre digitale tenester og digitalt innhald. Det er også spesifisert eit rammeverk for eit digitalt bibliotek med tilrådingar om metadataformat, søkjeprotokollar, systemarkitektur og identitetsforvaltning. Nasjonalbiblioteket, som tok del i utforminga av dette rammeverket, har lagt desse tilrådingane til grunn i vidareutviklinga av det digitale nasjonalbiblioteket (NBDigital)

Programmet har på mange måtar vist at fleire utfordringar framleis må handterast før ein når målet om å gje breitt tilgjenge til både fysiske og digitale kunnskapskjelder gjennom eit digitalt bibliotek. Desse utfordringane er knytte til organisering, økonomi, samarbeidsrelasjonar, jus/lovverk, infrastruktur og teknologi. Ein viktig føresetnad for saumløyse er god felles infrastruktur. Eit viktig krav er at biblioteksystema må kommunisere med kvarandre og følgje vedtekne standardar. Når det gjeld fysisk infrastruktur, er effektiv distribusjon av fysisk materiale svært viktig.

### 7.3 Metadata og standardar

Metadata er ei fellesnemning for alle former for data som vert nytta til å støtte forvaltning, gjenfinning og bruk av dokument og informasjon. Døme på metadata om ein publikasjon er opplysningar om forfattar, tittel, illustratør, publiseringsår og emneord.

Sjølv om dagens teknologi for informasjonsgjenfinning gjer det mogeleg med automatisert indeksering av heile dokument, vil metadata også i framtida vere viktig for å organisere og finne att informasjon. Metadata av god kvalitet er ein viktig føresetnad for å kunne tilby fungerande digitale søkjetenester.

Dei fleste former for metadata er strukturerte i ulike metadataformat. Eit metadataformat kan definerast som eit sett reglar for å skildre dokument. For å støtte utveksling av metadata mellom system og databaser, må dei som skal utveksle metadata vere einige om metadataformat og protokoll for å eksportere og importere metadata.

Digitalisering av innhald og katalogar krev standardar, format og retningslinjer på nasjonalt nivå på dette området, for å sikre at dei ulike systema kan kommunisere seg imellom, noko som igjen er kritisk i løysingar som felles søk og andre digitale innhaldstenester. Her må internasjonale standardar leggjast til grunn.

### Boks 7.1 EU-satsingar på digital formidling av kulturarven

*The European Library* (TEL) er ein portal til samlingane i nasjonalbiblioteka i Europa. Standardar og teknologiske løysningar frå TEL er seinare lagt til grunn for utviklinga av *European Digital Library* (EDL), som var eit EU-prosjekt i perioden 2006–2008 under eContentplus programmet. Prosjektet vart koordinert av Det tyske nasjonalbiblioteket. Målet med programmet var å gje felles tilgjenge til dei elektroniske ressursane til nasjonalbiblioteka i Belgia, Hellas, Island, Irland, Liechtenstein, Luxemburg, Noreg, Spania og Sverige. Dette arbeidet var grunnlaget for etableringa av *Europeana* i 2008.  
[www.theeuropeanlibrary.org](http://www.theeuropeanlibrary.org)

*Europeana* er ein felles inngang til innhald og tenester frå arkiv, bibliotek og museum i Europa. Her skal brukarane finne opplysningar om bøker, aviser, artiklar, kart, lydopptak, foto, arkivtilfang, målarstykke og gjenstandar med meir. Brukarane og informasjonen står i sentrum i eit utvida arkiv-, bibliotek- og museums-perspektiv. Ei rekkje institusjonar har medverka med materiale fram til opninga. Mellom desse institusjonane er også det norske Nasjonalbiblioteket.

Innhaldet i *Europeana* skal auke snøgt i åra som kjem. Arbeidet med *Europeana* har ført til eit omfattande fokus på standardar og interoperabilitet. Det har òg ført til meir samarbeid mellom sektorane, og det har sett søkjelyset på oppgåver som må løysast for at nye steg kan takast til beste for brukarane. EU-kommisjonen har løyvt nærare 120 mill. euro til prosjektet i perioden 2009–2010. 69 mill. kjem frå EUs forskingsprogram og skal øyremerkast digitalisering og utvikling av digitale bibliotek. 50 mill. euro frå programmet for konkurransekraft og innovasjon skal gå til tiltak for å betre tilgjenget til kulturelt innhald.  
[www.europeana.eu](http://www.europeana.eu)

*Europeana Local* er eit EU-prosjekt under eContentPlus i perioden 2008–2011. Prosjektet er sikta mot å involvere og hjelpe lokale og regionale bibliotek, museum, arkiv og audiovisuelle arkiv i Europa til å gjere materialet sitt tilgjengeleg gjennom *Europeana*. 27 land og 32 partnarar deltek i prosjektet og budsjettet er på om lag 40 millionar kroner. ABM-utvikling, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Avinet Leikanger er norske partnarar i prosjektet.  
[www.europeanalocal.eu](http://www.europeanalocal.eu)

St.meld. nr. 17 (2006–2007) *Eit informasjons-samfunn for alle* frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet trekkjer opp dei overordna linene for arbeidet med IKT-arkitektur, felleskomponentar og IKT-standardar i offentleg sektor. Det er oppretta eit breitt samansett standardiseringsråd som utarbeider ein referanse katalog med retningsliner for bruk av standardar i offentleg sektor. Referanse katalogen skal etter kvart omfatte både tekniske, semantiske og organisatoriske standardar.

I digitaliseringsmeldinga vert det drøfta korleis ein skal samordne arbeidet med metadata og standardar på arkiv-, bibliotek- og museumsfeltet. Det vert gjort framlegg om å opprette eit eige koordineringsråd for abm-feltet, som òg skal samarbeide med Standardiseringsrådet.

#### 7.3.1 Samkatalogen og Nasjonalbibliografien

*Norsk samkatalog for bøker* er i dag den største databasen over metadata i norske bibliotek. Samkatalogen

vert organisert av Nasjonalbiblioteket og inneheld i dag referansar til både norsk og utanlandsk materiale i 329 fagbibliotek (inkludert BIBSYS-biblioteka), 45 fylkes- og folkebibliotek og dei norske institutta i Aten og i Roma. Om lag halvparten av det inkluderte materialet er trykt etter 1983. Per 1. januar 2009 består Samkatalogen av om lag 4,26 mill. unike postar.

### Boks 7.2 BAM-portalen i Tyskland

*BAM* er ein tysk portal der brukarane kan finne relevant materiale frå arkiv, bibliotek og museum gjennom eitt og same søk. I dag omfattar BAM 38 millionar datapostar. Eit spesielt trekk ved BAM-søket er at det som eit forsøk koplpar oppslagsord i Wikipedia direkte til søk i BAM-portalen. Heimesida finst på <http://www.bam-portal.de/>.

I dag er registrering av metadata i Samkatalogen basert på at biblioteka gjer dette friviljug gjennom at deltakarbiblioteka inngår avtale med Nasjonalbiblioteket om å levere katalogdata, og å stille samlingane til rådvelde for andre bibliotek. Det er bibliotekarane i det enkelte biblioteket som har ansvaret for å registrere materialet. Dette vert gjort ved hjelp av ulike katalogiseringsverktøy i dei ulike biblioteksystema.

Arbeidet med Samkatalogen viser at metadata som vert leverte frå kjeldene, er av svært varierende kvalitet. Samlingane vert katalogiserte (registrerte i databasar) på ulike måtar av biblioteka, sjølv om det ligg ein felles standard til grunn. Ulik registreringspraksis skaper store utfordringar når ein skal få på plass felles søkjeløysingar.

*Nasjonalbibliografien* skal gje bibliografisk dokumentasjon av alt materiale som fell inn under pliktavleveringslova. Nasjonalbibliografien skal også dokumentere verk utgjevne i utlandet av norske opphavsmenn. Nasjonalbiblioteket har hatt ansvaret for Nasjonalbibliografien sidan 1999, og tidlegare låg ansvaret hos Universitetsbiblioteket i Oslo. Nasjonalbibliografien er allment tilgjengeleg på nett, og både søking i postane og import av postane til eige system er gratis. Det er ikkje lovleg å laste ned postane til kommersielt føremål utan særskilt løyve.

Nasjonalbiblioteket har i februar 2009 inngått ei avtale med Biblioteksentralen om kjøp av katalogpostar, inkludert klassifikasjonsnummer. Avtala omfattar bøker og lydbøker, men kan utvidast til andre materialtypar dersom partane ønskjer det. Katalogpostane er også tilgjengelege for andre BIBSYS-bibliotek. Avtala inneber også ei samordning av katalogiserings- og klassifikasjonspraksis, noko som betyr at det meste av norsk forlagslitteratur no vert katalogisert og klassifisert ein gong for dei fleste norske folke- og fagbibliotek. I tillegg vil regelverket bli praktisert på same måten i dei to institusjonane som er dei mest sentrale i produksjonen av katalogdata i Noreg.

### 7.3.2 Søk i bibliotekatalogane

Dei fleste norske bibliotek har i dag ei nettside med diverse informasjon og ein elektronisk mediekatalog, tilgjengeleg og søkbar frå heimesida. Nettsida kan òg gje større eller mindre rom for interaksjon og dynamikk. Bibliotekstatistikken i 2007 viser at 90 prosent av folkebiblioteka og 87 prosent av biblioteka i vidaregåande skule har mediekatalogen tilgjengeleg på nett.

I tillegg til mediekatalogar for enkelte bibliotek finst det i dag også enkelte overbyggingstenester

som søkjer i fleire bibliotek samstundes. Døme på slike tenester er regionale søk, som søkjer i alle mediekatalogane innanfor ein region/fylke. Desse tenestene er gjerne avgrensa til enkelte biblioteksystem og bibliotektypar, men det finst også tenester som kryssar systemgrenser og bibliotektypar. Eit døme er Bibliotekportalen Oppland som tilbyr samla tilgjenge til alle bibliotekatalogane i Oppland, inkludert katalogane til høgskulebiblioteka og biblioteka på vidaregåande skule. På fagbiblioteksida rår BIBSYS grunnen åleine som katalogteneste med ein sentralisert mediekatalog over den samla bestanden i alle fag- og forskingsbiblioteka, søkbar over Internett ved tenesta Bibsys Ask.

Dei fleste forskingsbiblioteka i universitets- og høgskulesektoren abonnerer på fleire tusen elektroniske tidsskrifter, mange i digital fulltekst. Som vegvisar gjennom dei mange databasane og tidsskriftene har dei største forskingsbiblioteka i universitets- og høgskulesektoren utvikla såkalla bibliotekportalar, som også tilbyr søk etter enkeltartiklar og direkte tilgjenge til fulltekst dersom abonnementet dekkjer dette. Dei 4 største universitetsbiblioteka har gått saman om ein bibliotekportal, Uniport, som gjev tilgjenge til dei samla elektroniske ressursane (lisensierte) til Universitetsbiblioteket i Oslo (UBO), Universitetsbiblioteket i Bergen (UBB), Universitetsbiblioteket i Tromsø (UBTø) og Universitetsbiblioteket i Trondheim (UBIT).

### *Biblioteksøk*

Ei teneste som gjer det mogeleg å søkje i alle landets bibliotek, har lenge vore etterspurt i Noreg. Andre nordiske land har etablert tenester som til dømes bibliotek.dk, bibliotek.se og biblioteken.fi. I 2008 har Nasjonalbiblioteket gjennomført eit forprosjekt saman med ABM-utvikling for å greie ut korleis ei slik teneste kan etablerast også i Noreg. Første fase i prosjektet *Biblioteksøk* er no gjennomført.

Prosjektet er basert på innhausting av metadata frå bibliotekatalogane, og målet er i første omgang å erstatte Samkatalogen med eit nytt fellessøk i alle norske bibliotekdatabasar. I neste fase av prosjektet skal søket utvidast slik at brukaren kan tinge materialet han eller ho treng direkte frå trefflista. Brukaren kan sitje heime, på arbeidsstaden sin, i biblioteket eller ein annan stad og bruke tenesta. Materialet kan anten sendast til næraste bibliotek eller direkte heim til brukaren. Det kan i prinsippet leverast til eit valfritt bibliotek, eller sendast til det biblioteket det kom frå. Dersom element i trefflista er direkte tilgjengelege for bruka-

ren i fulltekst, kan dette gjerast synleg for brukaren.

Eit slikt system kan også utvidast med funksjonalitet som kan la brukaren administrere sine egne lån, og leggje inn profilar over materiale som ein er særleg interessert i, slik at ein kan få beskjed når materialet er å finne i næraste bibliotek. Funksjonaliteten kan gje brukaren høve til å låne materialet der det finst. Denne tenesta kan etablerast på ein slik måte at den også lett kan nyttast via andre portalar og tenester. Dette vil seie at både Bibsys, portalane ved universiteta eller til dømes Store norske leksikon på nett lett skal kunne integrere Biblioteksøk i sine tenester. Etter forprosjektet er det konkludert med at ei slik teneste kan la seg samordne ved å vidareutvikle det verktøyet Nasjonalbiblioteket nyttar for søk i eige materiale.

For å kunne delta i ei teneste som felles søk med bestillingsfunksjon, er det ein føresetnad at biblioteka kan leggje sine katalogdata til rette for automatisk innhausting til ein felles nasjonal base over metadata. Dette inneber at katalogsystema til biblioteka vert utvida med modular som støttar dei standardiserte protokollane for innhenting av metadata og formidling av fjernlån. Det er førebels ikkje estimert kva det vil koste å oppgradere heile biblioteksektoren, slik at data kan haustast inn og danne grunnlag for felles søk i alle biblioteka.

Nasjonalbiblioteket meiner at dersom samspelet med leverandørane av katalogsystem til norske bibliotek er godt, kan ei første løysing som erstattar dagens samkatalog vere på plass etter ein utviklingsperiode på om lag eitt år. Etter ytterlegare eitt år kan funksjonalitet som gjer det mogeleg for ein brukar å tinge fjernlån direkte frå systemet, vere ein realitet. Samstundes bør det vere mogeleg å tilby tenesta til andre portalar, som lett kan integrere tenestene i sine egne løysingar. Etter den første utviklingsperioden kan ytterlegare funksjonalitet utviklast i samarbeid og i dialog med brukarane.

#### 7.4 Autorisasjons- og identitetsforvaltning

Ei teneste som felles søk i bibliotekatalogane kan gje tilgjenge til informasjon om kva for fysisk materiale som finst i ulike bibliotek, høve til å tinge dette direkte og etter kvart også få tilgjenge til materiale i digital fulltekst. Målet er at brukaren ved å logge seg inn *ein gong* får tilgjenge til alt innhald han har rett til som student, som tilsett og som folkebibliotekbrukar. Av økonomiske og opphavsrettslege

årsaker må tilgjenget til ein del av det digitale materialet vere ulikt og avhengig av brukarstatus.

Prosjektet *Nasjonalt lånekort* starta opp 15. mars 2004 som eit felles initiativ frå Nasjonalbiblioteket og biblioteksystemleverandørane ALEPH, Bibliofil, Bibsys, Mikromarc og Tidemann. Tiltaket fekk prosjektstøtte frå ABM-utvikling. Hovudmålet for prosjektet har vore å utvikle ei løysing for eit nasjonalt lånekort basert på eit felles, sentralt låneregister for personlege lånarar i Noreg, å leggje til rette for at ein på sikt skal kunne låne i alle bibliotek i heile landet med eitt lånekort, og å gjere det enklare for biblioteka å samarbeide om registrering og vedlikehald av lånarinformasjon.

Nasjonalt lånekort vart lansert i oktober 2005. Løysinga vert drifta av Bibliotek-Systemer AS med basis i ei tenesteavtale mellom biblioteksystemleverandørane. Prosjektet vart formelt avslutta 4. november 2005, og den enkelte systemleverandøren er no kontaktpunktet for løysinga mot sine kundar. I dag vert Felles lånekort nytta av om lag 580 fag- og folkebibliotek, og det er gjeve ut om lag 300 000 lånekort med om lag 400 000 bibliotektilknyttingar sidan hausten 2005.

I ei digital tid vil det vere nødvendig å utvikle «lånekort» som byggjer på dei etablerte offentlege autorisasjonsordningane (Public Key Infrastructure). Feide og Minside kan i denne samanhengen tene som døme.

*Feide* (Felles elektronisk identitet) er ei nasjonal rollebasert ordning for identitetsforvaltning for utdanningssektoren. Så godt som alle institusjonane i høgare utdanning har Feide, og etter planen skal alle i skule-Noreg ha Feideidentitet før utgangen av 2010. Konseptet går ut på at kvar brukar får eit brukarnamn av sin lærestad som kan nyttast i heile sektoren. Same brukarnamnet verkar overalt, både ved eigen institusjon og ved nasjonale felles tenester, med same passord eller sertifikat. I tillegg til å identifisere brukaren, gjer Feide det også mogeleg å handtere tilgjenge til materiale som krev klarering av rettar. Feide starta som eit norskutvikla, proprietært system, men i den versjonen som er i bruk no, er det basert på den opne standarden SAML 2.0. Denne standarden vert også brukt av Minside. BIBSYS er eit døme på ei teneste som er tilpassa Feide i dag.

Nasjonalbiblioteket har også valt å bruke Feide, men førebels er det ikkje implementert noko løysing for tilgangskontroll for digitale bøker. Årsaka er at det ikkje er innført avgrensa tilgjenge for dei bøkene som Nasjonalbiblioteket har digitalisert og lagt ut på NBDigital. Dette gjeld bøker som anten har falle i det fri eller som Nasjonalbiblioteket har avtaler om å gje allment tilgjenge til.

## 7.5 Digitalisering, bevaring og tilgjengeleggjering

Digitaliseringsspørsmål i arkiv-, bibliotek- og museumssektoren vert presentert og drøfta i stortingsmelding om digitalisering. I denne meldinga vert digitaliseringsspørsmål presenterte og kort drøfta i eit bibliotekperspektiv.

Når det gjeld digitalisering, er Nasjonalbiblioteket ein hovudaktør på bibliotekfeltet. Også ei rekkje andre bibliotek har materiale som det kan vere av verdi å digitalisere. Dette gjeld ikkje minst fotografi. Langtidslagring og utvalskriterium ved digitalisering er viktige føresetnader for kva biblioteka kan tilby av digitale tenester.

Eit digitalt dokument er eit dokument som anten er skapt digitalt, eller som er produsert ved å digitalisere eit fysisk objekt. I dag er det mest vanleg at dokument vert skapte digitalt, men likevel vert mange av desse publisert i form av trykksaker eller andre fysiske medium. Når nyare originaldokument vert digitaliserte, må ein avklare opphavsrettslege spørsmål. I forskrift til åndsverklova har Nasjonalbiblioteket fått ein eigen heimel til å digitalisere sine samlingar.

Det finst mange metodar for å digitalisere fysiske objekt. Ulike typar materiale krev ulike metodar og ulike typar utstyr for å gje eit godt resultat. Digitalisering er ein ressurskrevjande prosess, og det er difor viktig å unngå at same objekt må digitaliserast meir enn ein gong. Som ein hovudregel bør ein alltid digitalisere i ein kvalitet som er høg nok til å ta vare på eigenskapane i objektet, og som dermed kan nyttast for å bevare objektet digitalt. Med utgangspunkt i dette kan ein generere ulike kvalitetar for formidling. For eit godt resultat er det også viktig å kvalitetssikre materiale med fullstendig tekstrepresentasjon.

I 2004 vart *Google Book Search* lansert. Dette er eit samarbeid mellom Google og store angloamerikanske bibliotek som til dømes Harvard University Library, Oxford Bodleian Library og New York Public Library. Per 2008 har selskapet digitalisert om lag 1 million bind. I tillegg til dei store angloamerikanske biblioteka, er også enkelte japanske, tyske og hollandske bibliotek med i prosjektet. Ein har i første omgang konsentrert seg om eldre bøker som har falle i det fri, men også mykje i fulltekst som er verna av opphavsretten er digitalisert.

Også nokre store internasjonale forlag har sett i gang ulike digitaliseringsprosjekt. Mest profilert er kanskje forlaget Gale som med utgangspunkt i eksisterande mikrofilmar tilbyr mellom anna *Eighteenth Century Collections Online*, som er ein elektronisk ressurs som omfattar meir enn 138 000

engelskspråklege titlar publiserte mellom 1701 og 1800. Eit anna døme er *The Times Digital Archive* som gjev brukaren tilgjenge til heile avisserien frå 1785 til 1985 i pdf-utgåver. I Noreg tilbyr VG tilgjenge til artikkane i avisa frå 1945 til 1992 mot betaling. Dette gjeld om lag 650 000 artiklar i pdf-utgåver.

### 7.5.1 Nasjonalbibliotekets digitaliseringsprogram

Den mest omfattande digitaliseringssatsinga i Noreg er Nasjonalbibliotekets digitaliseringsprogram som vart starta i 2006. Programmet inneber ei systematisk digitalisering av alt materiale som har vore publisert i Noreg, og ein ambisjon om å etablere avlevering til Nasjonalbiblioteket av det digitale utgangspunktet for framtidige publikasjonar. Materiale som er fri for opphavsrettslege bindingar, og ikkje har avgrensa bruk som pliktavlevert materiale vert fortløpande lagt ut på Nasjonalbibliotekets teneste NBDigital.

Historisk sett har Nasjonalbiblioteket arbeidd med digitalisering av kringkastingsmateriale og av foto. Etter oppstarten av digitaliseringsprogrammet i 2006 har også systematisk digitalisering av bøker og aviser vorte vektlagd. Også andre materialtypar som til dømes manuskript, tidsskrifter, musikk og film vert digitalisert i mindre omfang.

Nasjonalbiblioteket får også avlevert ein del materiale i digital form. Nasjonalbiblioteket har hatt i drift digital filbasert pliktavlevering av radio sidan årsskiftet 2004/2005, og digital avlevering av fjernsyn frå NRK sidan august 2008. I tillegg er Aftenposten og Adresseavisen digitalt avlevert i bevaringskvalitet sidan 2007. Digital avlevering av bøker og tidsskrifter skal etter planen starte i løpet av 2009. Nasjonalbiblioteket har sidan 2005 også hausta inn store delar av det norske nettdomenet .no, slik at dette ligg lagra som filer i det digitale sikringsmagasinet.

For å kunne gjennomføre massedigitalisering har Nasjonalbiblioteket no oppskalert digitaliseringsaktiviteten. Det er også etablert 15 produksjonsløyper som omfattar alle stega frå eit objekt vert valt ut, til det ligg bevart i det digitale sikringsmagasinet og samstundes er tilgjengeleg på nett til autoriserte brukarar. Nasjonalbiblioteket har etablert eigne produksjonslinjer både for kvar enkelt materialtype og for ulike format innanfor materialtypene. Prosessane varierer frå nesten heilautomatiske prosessar til tidkrevjande manuelle operasjonar.

Materialet som vert digitalisert i Nasjonalbiblioteket vert valt ut etter desse kriteria:

- *systematisk massedigitalisering* på mest mogleg effektiv måte for ulike format og medietypar
- *tematisk utval* av innhald på tvers av medietypar som til dømes tilrettelegging av nettinnehald i samband med forfattarjubileum, markeringar og utstillingar. Mellom anna vert Wergelands samla verk og anna utvald materiale i samband med Wergelandsåret digitalisert
- *digitalisering på førespurnad*. På grunnlag av førespurnader utanfrå vert det digitalisert ulike typar materiale i samarbeid med andre institusjonar. Dette kan vere materiale som ikkje finst i Nasjonalbiblioteket og det kan vere materiale som finst i Nasjonalbiblioteket, men som andre ønskjer å få tilgjenge til med omsyn til formidling. Døme på dette er digitalisering av Abelmaterialet som i dag kan lesast i ein tilrettelagd presentasjon på NTNUs nettsider

### 7.5.2 Andre digitaliseringsinitiativ

Det er også sett i gang mange mindre digitaliseringsprosjekt både innanfor universitets- og høgs-kulesektoren og i regionane, nokre av desse i samarbeid med Nasjonalbiblioteket.

Eit døme på ei regional digitaliseringssatsing er trondheimsbilder.no som er den offisielle nettstaden for historiske bilete frå Trondheim. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Sverresborg Trøndelag Folkemuseum, Trondheim kommune Byarkivet, Trondheim folkebibliotek og Universitetsbiblioteket i Trondheim. Prosjektet var eit pilotprosjekt for å få erfaring med å byggje slik ny digital infrastruktur, og det fekk støtte frå ABM-utvikling. Basen inneheld om lag 50 000 digitaliserte bilete og veks heile tida. Deichmanske bibliotek i Oslo har også digitalisert og gjort tilgjengeleg mykje fotomateriale frå Oslo gjennom sine Internettene-ter.

Eit anna døme er Universitetsbiblioteket i Oslo som har si eiga prosjektgruppe for digitalisering av delar av bibliotekets eldste materiale. Universitetsbiblioteket i Oslo og Nasjonalbiblioteket har skrive under på ei avtale om at Nasjonalbiblioteket skal digitalisere ei visst mengd sider kvart år framover. Universitetsbiblioteka oppbevarer mykje materiale som det er viktig å gje tilgjenge til. Det er behov for å få betre oversyn over kva materiale som finst i norske bibliotekinstitusjonar, og som det kan vere naturleg å digitalisere.

Arkiverket har også utført svært mykje digitalisering, og har omfattande planar i åra framover. Realistiske mål er å digitalisere 5–10 prosent av

samlingane og ein vil prioritere materiale som ein reknar med vert mykje etterspurt av brukarane.

### 7.5.3 Kostnader ved digitalisering og drift

Digitalisering er svært kostnadskrevjande, og Nasjonalbiblioteket trur at det vil koste kring ein milliard kroner å digitalisere alt dei har av samlingar i dag. I tillegg vil det også koste mykje å vedlikehalde og drifte det digitaliserte materialet. Sjølv om Nasjonalbibliotekets digitale sikringsmagasin ikkje krev store areal, er det nødvendig med kontinuerleg vedlikehald i form av konvertering til nye format og oppgradering til nye medieberarar og nye sikringssystem.

Det vert opplyst at om lag 60 prosent av kostnadene vil gå til sjølve digitaliseringa (digitalt lager, innkjøp av digitaliseringsutstyr og programvare, utvikling og integrering av system som inngår i digitaliserings- og etterbehandlingsprosessen og lønsmidlar). 40 prosent av kostnadene vil gå til registrering av materiale for å etablere nødvendige metadata for gjenfinning og til uthenting av data frå samlingane osv.

I 2007 rekna Nasjonalbiblioteket med å bruke 15–20 år på å gjennomføre digitaliseringsprogrammet. Nasjonalbiblioteket nytta om lag 21 mill. til programmet i oppstartåret 2006 og om lag 18 mill. kroner i 2008. I 2009 budsjetterer Nasjonalbiblioteket med å nytte om lag 28 mill. kroner.

Til samanlikning reknar Arkiverket med at det er behov for om lag 20 mill. årleg i 20 år for å nå målet om å gjere 5–10 prosent av samlingane tilgjengelege gjennom digitalisering. Dette omfattar 4 000 hyllemeter mikrofilma materiale, 16 000 hyllemeter papir (etterspurt) og store mengder foto, lyd, kart, teikningar, film med meir.

Departementet har i dag ikkje samla oversyn over kva kostnadene er for dei andre digitaliseringsprosjekta som går føre seg i arkiv-, bibliotek- og museumssektoren. Hovudsakeleg er prosjekta finansierte av den enkelte eigarinstitusjonen, eller av fleire institusjonar som har gått saman om arbeidet i fellesskap.

Kostnader knytte til å det å gjere verna materiale tilgjengeleg digitalt er også ein viktig del av reknestykket, anten det gjeld lisensavtaler eller infrastruktur for formidling, jf. nærare omtale i pkt. 7.6.

### 7.5.4 Tilgjengeleggjering av kulturarvmateriale

For å kunne gjere verna materiale i abm-institusjonane tilgjengelege digitalt, må institusjonane ha

avtaler med rettshavarar for det materialet som ikkje har falle i det fri. Materiale som har falle i det fri, vert gjort tilgjengeleg utan opphavsrettslege avtaler. Når det gjeld pliktavlevert materiale, kan dette berre gjerast tilgjengeleg for forskning og dokumentasjon, jf. pliktavleveringslova §1.

Dei siste par åra har Nasjonalbiblioteket samarbeidd med norske opphavsrettsorganisasjonar om å gjere norske verk digitalt tilgjengelege over Internett. Dette har i første rekkje handla om pilotprosjektet knytt til Nordområda der det i alt er gjeve allment digitalt tilgjenge til om lag 1400 bøker og tidsskriftartiklar. Nasjonalbiblioteket har no gjennomført ei evaluering av Nordområdeprosjektet som konkluderer med at tenesta har hatt god brukartrafikk. Det er bestemt at prosjektperioden skal utvidast til 31. desember 2009, slik at ein kan få kvalitetssikra resultatata ytterlegare.

Det vert no planlagt å utvide samarbeidet mellom partane gjennom det nye prosjektet «Bokhylla.no». Planen er å digitalisere og gjere tilgjengeleg litteratur frå tiårsbolkane 1790-åra, 1890-åra og 1990-åra. Delar av materialet frå perioden 1890-åra, og så godt som alt materialet frå 1990-åra, vil vere underlagt vern etter åndsverklova. Dette inneber at all bruk av materialet ut over dei unntaksføresegnene som finst i åndsverklova, føreset at det vert inngått avtale med opphavsrettsorganisasjonane.

Kultur- og kyrkjedepartementet har i november 2008 oppnemnt ei arbeidsgruppe med representasjon frå departementet, Nasjonalbiblioteket og Kopinor, som skal kome med innspel som kan liggje til grunn for gjennomføringa av Bokhylla.no, og leggje grunnlaget for vidare forhandlingar tufta på røynsler frå Nordområdeprosjektet. Gruppa har fått som mandat å greie ut betalingsmodellar og ei konkret betalingsløysing for å kunne gje ope tilgjenge til materialet. Det verna materialet skal kunne lesast på skjerm via Internett, men det vil ikkje verte lagt til rette for nedlasting og utskrift av det verna materialet. Materiale som har falt i det fri vil fritt kunne lastast ned og skrivast ut.

Avhengig av korleis prosjektet Bokhylla.no utviklar seg, kan det på sikt danne modell for ein avtalelisens etter åndsverklova § 16a. Slike avtalelisensar kan på sikt utviklast vidare i eit samarbeid mellom samlingsforvaltarar og samlingseigarar og etter kvart også omfatte andre typar materiale.

Tilgjengeleggjering av digitalt materiale kan også ha særlege personvernutfordringar, som omtalt i pkt. 5.2.4.

### 7.5.5 Langtidslagring av digitalt materiale

Ei aukande digitalisering har ført til større behov for sikker lagring i eit langtidsperspektiv. Nasjonalbiblioteket og Arkivverket arbeider begge med løysingar for digital langtidslagring av digitalisert og digitalt skapt materiale. Begge institusjonane har store utfordringar på dette feltet. Det ligg òg ofte eit svært omfattande arbeid knytt til klargjering av materiale for langtidslagring, t.d. frå gamle format. Det er viktig at løysingane som Nasjonalbiblioteket og Arkivverket byggjer opp, også på sikt kan yte tenester til andre. Samstundes er det avgjerande at institusjonar over heile landet byggjer opp kompetanse på å velje format og kvalitetsnivå eigna til langtidslagring.

Nasjonalbiblioteket er gjennom sine oppgåver etter lov om avleveringsplikt og sin teknologiske kompetanse ein hovudaktør på bibliotekfeltet når det gjeld digital langtidbevaring. Nasjonalbiblioteket tek i dag vare på digitalt materiale i stort omfang for andre institusjonar. Døme på dette er det digitale radioarkivet til NRK, Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek og Aftenposten. Avtala mellom Nasjonalbiblioteket og fleire forlag legg også opp til at Nasjonalbiblioteket skal ta vare på digitale bøker og tidsskrifter for forlaga. Det vert også arbeidd med liknande samarbeid med fleire aviser.

Utfordringane på feltet krev ein nasjonal strategi og eit godt samarbeid mellom sentrale aktørar. Utfordringane og behova for digital langtidslagring vert nærare drøfta i digitaliseringsmeldinga.

### 7.6 E-boka og innkjøpsordningane

I september 2008 arrangerte Norsk kulturråd eit seminar med søkjelys på digitaliseringsprosessens mange konsekvensar for forfattarar, forlag, politikarar, forvaltning, bokhandlarar, bibliotek og lesarar. Seminaret viste at dei fleste partane no meiner at vippepunktet for den digitaliserte litteraturen er nær, og at e-boka truleg vil nå massemarknaden i løpet av dei næraste to til fem åra. Nye formidlingsskanalar kan påverke lese-mønster og lesevanar. Ved eit aukande tilbod om ny, norsk litteratur som e-bok vil dette også kunne føre til auka etterspurnad etter e-bøker på biblioteket.

Digitale utgjevingar fører til endringar i kva vi definerer som ei bok og dette vil også måtte få konsekvensar for innkjøpsordningane for litteratur. Ordningane som i dag eksisterer, byggjer på avtaler mellom dei som er involverte i dei ulike kategoriene. Alle avtaleverka er knytte til innkjøp av papir-



**Boks 7.3 Utlån av e-bøker i folkebibliotek**

Etter kvart som meir og meir vert digitalisert eller tilgjengeleg digitalt, vil det i aukande grad verte mogeleg å laste ned låneobjekt til eigen PC eller e-boklesar. Biblioteksentralen har no starta pilotprosjektet BS Weblån med utlån av e-bøker. Den tekniske løysinga er klar, men alle spørsmål kring opphavsrett er enno ikkje på plass. Buskerud fylkesbibliotek har nyleg fått prosjektmidlar for å prøve ut utlån av e-bøker ved tre av biblioteka i fylket. Utlån av leseplater og bruk av nettsamfunns-teknologi vil også vere ein del av prosjektet.

bøker, og kulturrådets tilskot er bygde på ein fordelingsnøkkel som har brei aksept i bransjen.

I 2009 vil Norsk kulturråd starte ei prøveordning med innkjøp av e-bøker under innkjøpsordningane for litteratur. Slike innkjøp vil vere avhengig av mange faktorar, og Kulturrådet må i samråd med avtalepartane finne ut kva det er ein skal betale for, korleis betalinga skal fordelast på dei ulike ledda, og korleis produkta skal kjøpast inn og distribuerast til biblioteka og lesarane. Spørsmål om utsalpris, royalty og parallelle utgåver på papir og digitalt er nokre av dei mange faktorene som kjem inn i drøftingane. E-boka er eit spanande produkt, men det vil krevje evne til omstilling i fleire av ledda i den litterære produksjonen.

**7.7 Lisens- og konsortieavtaler**

Frå midten av 1990-talet har tilbodet av databasar og tidsskrifter i elektronisk format auka sterkt. Dette handlar i første rekkje om utanlandsk forskingslitteratur, men det kan også omfatte norske tidsskrifter og ulike typar referansedatabasar. Dei siste åra har det vorte meir og meir vanleg at fagbiblioteksektoren kjøper tilgjenge til desse essensielle kunnskapskjeldene gjennom lisens- og konsortieavtaler forhandla fram anten gjennom institusjonane sjølve eller gjennom ABM-utvikling.

Lisens betyr at det er behov for samtykke frå rettshavarane til å gjere materialet tilgjengeleg. Vi snakkar difor om lisens berre for det materialet som har opphavsrettsleg vern, eller anna nærstående vern, som til dømes tidsskriftartiklar. Lisens- og konsortieavtalene inneber at biblioteka betalar ei avgift for å kunne hente ut materiale frå ein ressurs. I prinsippet inneber dette at ein ikkje eig inn-

haldet i kunnskapskjelda, men at ein leiger seg tilgjenge. Dersom ein seier opp avtalen, mister ein ofte tilgjenge til det digitale innhaldet i kjelda.

**7.7.1 Omfanget av lisensavtaler i universitets- og høgskulesektoren**

I universitets- og høgskulesektoren er det stort behov for tilgjenge til viktige utanlandske kjelder. Dette vert no primært løyst gjennom institusjonslisensar, der kvar institusjon inngår eigne avtaler eller sluttar seg til konsortieavtaler som gjev institusjonen tilgjenge til dei valde ressursane etter ei fordeling av kostnadene.

Felles for desse avtalene er at tilgjenget er avgrensa til dei institusjonane som har slutta seg til bestemte avtaler for bestemte ressursar eller pakker av ressursar. På same måten som at alle bibliotek ikkje har råd til å kjøpe inn alle bøker, vil dei heller ikkje ha råd til å abonnere på alle elektroniske ressursar. Samstundes er dei mykje lettare å distribuere, slik at forskarane får tilgang direkte frå eigen PC utan å måtte oppsøkje biblioteklokala fysisk.

Biblioteka brukar i dag store summer på å gje brukarane tilgjenge til digitale kjelder. For fag- og forskingsbiblioteka er talet i 2007 om lag 163 mill. kroner, og av desse går 132 mill. kroner til elektroniske tidsskrifter. Til dømes nyttar norske fag- og forskingsbibliotek om lag 45 millionar kroner i året for å få tilgjenge til tidsskriftpakken ScienceDirect frå forlaget Elsevier.

Statistikken viser at den delen av budsjetta som går til elektroniske kjelder, aukar svært mykje. Dette er ein klar endringstrend, som i hovudsak kjem av at ein kjøper tilgjenge til alle titlar frå eit forlag, såkalla pakker, og ikkje enkelttitlar som ein gjorde med trykte tidsskrifter.

Ein viktig kostnadsfaktor er at eit trykt tidsskrift ikkje er pålagt meirverdiavgift, medan den elektroniske versjonen av same tidsskriftet får meirverdiavgift. Dette inneber at dei elektroniske versjonane ofte er dyrare enn dei trykte for dei biblioteka som ikkje har momsrefusjon. Dette gjeld dei fleste statlege biblioteka. I 2001 utgjorde til dømes utgiftene til moms på slike ressursar om lag 100 000 kroner for Universitetsbiblioteket i Bergen. I 2007 var desse utgiftene heile 4,8 mill. kroner.

Ofte har ikkje små institusjonar råd til å abonnere på alle relevante ressursar eller store nok pakker av ressursar. Det er gjort framlegg om å vurdere lisensavtaler på tvers av institusjonar for å sikre at også små fag- og forskingsmiljø får tilgjenge til dei viktigaste kunnskapsressursane.

#### Boks 7.4 Helsebiblioteket.no

Helsebiblioteket.no er etablert ved Nasjonalt kunnskapssenter for helsetenesta. Den primære målgruppa for Helsebiblioteket er personell, studentar og forskarar i helsetenesta på alle nivå. Hovudmålet har vore å sikre likt tilgjenge til kunnskap for alle som arbeider i helsetenesta. Helsebiblioteket gjev mellom anna tilgjenge til store referansedatabasar og fulltekstdatabasar med om lag 4000 tidsskrifter. Så langt som mogeleg skal innhaldstene vere opne og tilgjengelege for alle, noko som også er tilfelle for ei lang rekkje norske og utanlandske kjelder som til dømes referansedatabasen Cochrane Library og e-tidsskriftet New England Journal of Medicine. Helsebiblioteket er finansiert av Helsedirektoratet og dei regionale helseføretaka.

Leverandørane har førebels ikkje hatt rom for denne typen løysingar i sine avtalemodellar.

#### 7.7.2 Samordna kjøp av tilgjenge gjennom konsortieavtaler

For å effektivisere og samordne kjøp av tilgjenge til elektroniske kunnskapsressursar vert det i dag inngått konsortieavtaler på vegner av fleire institusjonar. Dei fleste konsortieavtalene i norske bibliotek er organiserte av ABM-utvikling, men det finst også nokre som er etablerte av mindre grupper av bibliotek med felles interesse for ein spesiell ressurs.

Fordelen med konsortieavtaler er at ein betre kan forhandle pris og vilkår. Det er i utgangspunktet ingen «automatiske» deltakarar i nokon av konsortieavtalene. Dette vil seie at alle potensielle deltakande institusjonar står fritt til å velje om dei vil delta. Dette skjer etter at ABM-utvikling har forhandla fram eit sett med vilkår og prisar som deltakarane må akseptere. Alle avtaler vert forhandla fram på bakgrunn av ønskje frå dei deltakande biblioteka. Ei ferdig forhandla avtale vert alltid send ut til alle institusjonane med presentasjon av prisar og vilkår. Det er ein føresetnad at prisen på den respektive lisensavtala skal vere rimelegare, og dei verdiaukande tenestene meir gunstige enn det som det enkelte bibliotek på eiga hand ville klare å forhandle fram.

ABM-utvikling overtok arbeidet med konsortieavtaler frå Riksbibliotekjenesten i 2003 og har vidareført og utvikla dette arbeidet. I dag organiserer ABM-utvikling konsortieavtaler for norske bibliotek for i overkant av 72 mill. kroner, og institusjonen har ansvar for 27 avtaler som omfattar 72 e-ressursar med til saman 320 deltakarar. Dette omfattar mellom anna om lag 200 folke- og fylkesbibliotek og 55 høgskule- og universitetsbibliotek. Folke- og fylkesbiblioteka betalar i overkant av 1 prosent av dei samla utgiftene til lisensar i norske bibliotek, altså om lag 800 000 kroner. Dette inneber at folke- og fylkesbibliotek i liten grad deltek i dei ulike konsortieavtalene, og at dei berre har tilgjenge til nokre få ressursar. Avtalene omfattar tilgjenge til pakker av elektroniske tidsskrifter, referansedatabasar, leksikon, bøker, faktaressursar og ordbøker.

ABM-utvikling arrangerer også konferansar og seminar om spørsmål knytte til lisensarbeid, gjev råd og rettleiing til biblioteka og har kontaktmøte med sektoren generelt, spesielt med lisensutvalet ved universiteta. Konsortiearbeidet skjer etter eit sett med avtalekriterium som er utarbeidde i samarbeid med lisensutvalet. Alle kontraktar vert kvalitetssikra av juridisk kompetanse.

Mange av dei viktigaste ressursane og databasane er svært kostbare å abonnere på. Dette har samanheng med relativt liten konkurranse blant tilbydarane samstundes som det er svært viktig for brukarane å få tilgang til det lisensierte materialet. Ein annan faktor er at dei årlege prisjusteringane ligg mellom 5–7 prosent over fjorårets pris. Dette er ofte langt over det som biblioteka vanlegvis får tildelt i budsjettauke. Dette betyr at prisen på det lisensierte materialet i mange tilfelle er opp det biblioteka disponerer til kjøp av anna materiale som ikkje er bunde opp i konsortieavtaler.

Det er lite som tyder på at dette biletet vil endre seg framover. Tvert om ser det ut til at dei store internasjonale leverandørane no vender seg til andre marknader. Det er også teikn på at prismodellane vert bygde på BNP i det enkelte landet. Dette kan gjere det særst vanskeleg å forhandle ned prisen for den norske marknaden ytterlegare. Utfordringa ligg då i å konsolidere arbeidet med konsortieavtaler gjennom fleirårige kontraktar med fast prisauke, og samstundes prioritere andre område, som til dømes å stimulere til arbeid med Open Access og institusjonelle arkiv.

I evalueringa av ABM-utvikling gjennomført av DIFI i 2008, vert det konkludert med at konsortiearbeid bør vere ei naturleg oppgåve for ABM-utvikling framover.

## 7.8 Nasjonale lisensar

Spørsmålet om nasjonale lisensar er reist i ulike politiske samanhengar det siste tiåret. Uttrykket er primært nytta i samband med tilgjenge til sentrale norske kultur- og kunnskapskjelder i form av ei «nasjonal digital kunnskapsbase». Nasjonale lisensar er ofte knytte til eit behov om å stimulere produksjonen av norsk kvalitetsmateriale og samstundes medverke til ei større spreieing av dette materialet. Etter kvart er nasjonale lisensar også nytta om breiare tilgjenge til utanlandske kunnskapskjelder, særleg i fagbiblioteksektoren. Ein kan tenkje seg ulike nasjonale lisensar og ulike målgrupper for lisensane.

I bibliotekutgreiinga vart følgjande tilrådd:

For at befolkninga skal kunne benytte utvalgte digitale innholdsressurser fritt, samtidig som opphavsretten ivaretas, må det forhandles fram nasjonale lisensar. Digitale kunnskapskilder er så sentrale for utviklingen av det norske kunnskapssamfunnet at de bør være mer tilgjengelege enn i dag. Viktig kunnskaps- og kulturarvsmateriale skal gjerest tilgjengelig gjennom bibliotek- og utdanningsinstitusjoner eller direkte til heile befolkningen gjennom lisensar og andre vederlagsordningar. Eksemplar på andre innholdskilder som det bør gis tilgang til er ordbøker, leksika og digitale avisarkiv.

Og

Det er behov for å kunne kjøpe lisensar på tvers av institusjoner for at også små fagmiljøer skal få tilgang til forskningsbasert litteratur.

### 7.8.1 Utgreiing om nasjonale lisensar

ABM-utvikling la i november 2008 fram ei utgreiing om nasjonale lisensar der omgrepet vert definert slik:

Nasjonale lisensar er lisensar for fri tilgang til opphavsrettslig beskyttet digitalt materiale for enten alle innbyggere i landet (nasjonal tilgang), eller alle institusjoner som har behov for tilgang til spesifikke viktige kunnskapskilder.<sup>1</sup>

*Nasjonalt tilgjenge* inneber at alle innanfor eit nærare definert geografisk område har tilgjenge til ressursen. Eit slikt tilgjenge vil då vere regulert i den nasjonale lisensen eller avtala. Tilgangsregima kan vere ulike, men det er vanleg å nytte tilgjenge basert på nasjonale IP-adresser.

I utgreiinga vert behovet for nasjonale lisensar grunngeve både i eit kulturpolitisk, språkpolitisk,

utdannings- og forskingspolitisk og i eit informasjonspolitisk perspektiv. Utgreiinga peikar på at ein i dag i stor grad må betale for å få tilgjenge til kvalitetsinformasjon, medan ein stor del av den informasjonen som er fritt og gratis tilgjengeleg, ikkje er kvalitetssikra.

Utgreiinga presenterer eksisterande ordningar og forretningsmodellar for lisensar, og viser særleg til dei aukande kostnadene fag- og forskingsbiblioteka har for å få tilgjenge til nyare internasjonalt vitsskapeleg materiale. Det vert peika på at finansiering av nasjonale lisensar kan skje etter ulike modellar for ulike typar kjelder, målgrupper og tilgjenge.

Ei finansiering av nasjonale lisensar på fag- og forskingsområdet kan til dømes innebere at bibliotekteigarane aksepterer å øymerke nokre av budsjettmidlane til ein felles pott for å drifte dei løpande lisenskostnadane (top-slicing-prinsippet). I praksis vil dette truleg ha mest å seie for bibliotek som vert finansierte gjennom løyvingar frå Kunnskapsdepartementet. Bakgrunnen for å vurdere nasjonale lisensar her er primært det behovet mindre fagmiljø har for databaseinformasjon.

Rapporten gjer greie for lisensordningane som er etablerte gjennom Nasjonal digital læringsarena (NDLA). Her er det gjennomført anbod for innkjøp av digitale læremiddel som byggjer på prinsippet om at desse ressursane skal vere fritt tilgjengelege for sluttbrukar. Det er dei same utfordringane ein ser i arbeidet med nasjonale lisensar for biblioteka.

Ved sidan av regulering av tilgjenge gjennom IP-adresser kan ein også nytte modellar knytte til brukaridentifikasjon og passord for å gje tilgjenge til definerte brukargrupper. Dette vil vere aktuelt der bibliotek kjøper tilgjenge til lisensiert materiale for til dømes studentar og forskarar knytte til institusjonen, eller slik vi ser i Helsebiblioteket.no, der nokre av ressursane er meint berre for helsepersonell.

Utgreiinga rår til at det no vert teke konkrete initiativ til å etablere nasjonale lisensar som sentralt verkemiddel for biblioteksektoren. Det vert hevda at det er behov for eit sterkt, koordinerande ledd med ein klar strategi, planar og økonomisk handlekraft. Det er nødvendig med sentrale løyvingar for å etablere ein nasjonal kunnskapsbase, men det kan også vere aktuelt at bibliotekteigarane aksepterer at nokre av budsjettmidlane vert lagde inn i ein felles pott for å drifte lisenskostnadane. Rapporten konkluderer med at ABM-utvikling med si røynsle og kompetanse på konsortiearbeid også bør handtere dei nasjonale lisensane.

<sup>1</sup> Abelsnes, Kristine 2008

## 7.9 Publisering i opne arkiv

Open Access (open tilgang) inneber at vitenskaplege publikasjonar vert fritt tilgjengelege på web. Forfattaren eller opphavsmannen har opphavsretten til publikasjonen, men gjev brukarane lov til å lese, laste ned, kopiere, distribuere, skrive ut, søkje i eller lenke til fullteksten utan å krevje ved-erlag.

Ein skil gjerne mellom Open Access-tidsskrifter og Open Access eigenarkivering.

*Open Access-tidsskrifter* er ei ordning der det er gratis å lese artikkelen. Slike tidsskrifter aukar raskt i mengde og i bruk målt i siteringar. Finansiering av Open Access-tidsskrifter er ei utfordring som til dømes kan løysast ved at tidsskriftet vert drive på dugnad med økonomisk støtte frå styresmakter og organisasjonar, eller ved at forskarane betaler for publiseringa.

*Open Access eigenarkivering* vil seie at arbeid som alt er publisert vert lagt ut i opent tilgjengelege elektroniske arkiv eller sentrale elektroniske arkiv.

Institusjonelle arkiv er gjerne eigd av forskingsinstitusjonar, medan sentrale arkiv kan drivast av forskingsråd eller liknande. Det er internasjonale standardar for slike arkiv for å sikre at dei kan knytast saman i eit globalt søkbart system. Det vert skilt mellom eigenarkivering av «post-prints» og «pre-prints», det vil seie utkast før og etter fagfelle-vurdering av manuskripta. For arbeid som også skal publiserast gjennom tradisjonelle kanalar, må ein følgje dei reglane det aktuelle forlaget har for arkivering i opne institusjonsarkiv.

Fordelane med opne institusjonsarkiv er for det første at forskarane får eit sentralt, elektronisk arkiv for sine forskingsarbeid, som på denne måten også blir tilgjengelege for andre interesserte, både i og utanfor institusjonen. Dette vil gjere publikasjonane og forskinga til den enkelte meir synleg. For det andre vert institusjonen meir synleg. Dei publiserte forskingsresultata vert brukte til å marknadsføre institusjonen overfor løyvande styresmakter, potensielle studentar eller tilsette. For det tredje fører dette til at forskingsresultat frå ei rekkje forskingsinstitusjonar over heile verda, vert eit felles gode. Dette er svært viktig til dømes i utviklingsland der det ofte er vanskeleg å få tilgjenge til forskingsresultat. Den enkelte forskaren har etter åndsverklova opphavsretten til publikasjonane sine.

Det er lite som tyder på at trenden med fritt tilgjengelege publikasjonar kjem til å minke. I dag har mange institusjonar innanfor universitets- og høgskulesektoren oppretta egne institusjonsarkiv.

Eit døme er Bergen Open Research Archive (BORA) ved Universitetet i Bergen. Dei fire eldste universiteta har samarbeidd om å lage egne arkiv, og BIBSYS har utvikla verktøyet BIBSYS Brage som dei fleste høgskulane og fleire forskingsinstitutt brukar ved hjelp av søketenesta NORA (Norwegian Open Research Archive, utvikla innanfor Norsk digitalt bibliotek). Gjennom NORA kan ein no søkje i alle dei opne institusjonsarkiva i Noreg under eitt.

Universitets- og høgskolerådet har fått utført ei kartlegging av norsk publisering av vitenskaplege artiklar i 2005–2006 og sett på kor mange av desse som i teorien kunne ha vore deponerte i eit institusjonsarkiv.<sup>2</sup> Rapporten konkluderer med at 47 prosent av artiklane kunne blitt arkivert. For 27 prosent av artiklane var det ikkje mogeleg å finne kva som var forlagets politikk. Ein del av desse kunne truleg også blitt arkivert.

## 7.10 Digitale tenester i biblioteka

Målet med å digitalisere bør vere å gje enklare tilgjenge til materialet som finst i biblioteka. Dette krev mykje av biblioteka når det gjeld formidling og tilrettelegging. Materiale er ikkje tilgjengeleg for bruk berre ved at det finst i digital form på ei eller anna adresse. I dagens informasjonssamfunn fløymer det over med data og informasjon frå alle kantar. Arbeidet med å systematisere og filtrere straumen blir stadig større. Digitalt innhald er tilnærma verdlaust for brukaren dersom det ikkje finst gode verktøy og tenester som hjelper brukaren å finne, filtrere og bruke innhaldet.

Målet er at mykje av det samla materialet skal vere lett tilgjengeleg for brukaren der han er eller bur. Det er behov for gode digitale tenester som hevar seg over institusjonsnivået, som gjer tilgjengeleg kunnskapkjelder både i digital og fysisk form, og som er kopla til effektive forsynings- eller distribusjonsmekanisar.

### 7.10.1 Nasjonalbibliotekets digitale bibliotek

*NBDigital* ([www.nb.no](http://www.nb.no)) er Nasjonalbibliotekets digitale bibliotek. Med utgangspunkt i samlingane lagar Nasjonalbiblioteket ei rekkje nettutstillingar ofte knytte til dagsaktuelle emne, jubileum eller andre hendingar. Nasjonalbiblioteket er også partnar i fleire større formidlingsprosjekt på nett. Døme

<sup>2</sup> Undersøkinga er gjennomført av Sigbjørn Hernes, Høgskolen i Lillehammer

er Jazzbasen i samarbeid med Norsk Jazzarkiv, Kulturminne Ekofisk, Frigg og Statfjord ([www.kulturminne-frigg.no](http://www.kulturminne-frigg.no) og [www.kulturminne-ekofisk.no](http://www.kulturminne-ekofisk.no)), Niels Henrik Abels verker ([www.abelprisen.no](http://www.abelprisen.no)) og ei netteneste som viser fotomateriale frå rundt 60 av arkiva som leverte bidrag til utstillinga «80 millioner bilder – Norsk kulturhistorisk fotografi 1855–2005» ([www.nb.no/nmff/80millioner.php](http://www.nb.no/nmff/80millioner.php)). Tenesta Biblioteksøk er nærare omtala i pkt. 7.3.

### 7.10.2 Andre digitale tenester i biblioteksektoren

Dei siste åra er det også utvikla fleire andre typar digitale tenester i biblioteka. Dette er gjerne tenester retta mot spesielle målgrupper som til dømes barn og unge. Fleire av tenestene inviterer til aktiv brukarmedverknad. Mange av tenestene er utvikla med stønad frå innsatsprogrammet Norsk digitalt bibliotek.

*Biblioteksvar* ([www.biblioteksvar.no](http://www.biblioteksvar.no)) er ei digital referanseteneste der ein kan kome i kontakt med ein bibliotekar gjennom chat, sms eller e-post. Bibliotekarane som deltek i Biblioteksvar, arbeider ved over 60 ulike folke-, skule- og fagbibliotek. Biblioteksvar hjelper brukarane med å finne fram på Internett, finne faktaopplysningar, finne kjelder til skule- eller studentoppgåver, gjev tips til lesestoff eller andre ting som brukaren måtte lure på. Biblioteksvar er ei form for dugnad som inneber ekstra arbeidsoppgåver for dei deltakande biblioteka utan at dei får ekstra ressursar. Gevinstane ved å delta er likevel mange. Gjennom samarbeid vert det skapt eit utviklande nettverk for det enkelte biblioteket og for den enkelte bibliotekaren. Som deltakar får ein høve til å delta på minst ei fagleg samling i løpet av året. ABM-utvikling finansierer prosjektkoordinator og kompetanseoppbygging. Det finst i dag liknande tenester både i Danmark (Biblioteksvagten), Sverige (Fråga biblioteket) og i Finland (Information Gas Station).

*Skrivebua* ([www.skrivebua.no](http://www.skrivebua.no)) er ein poesi-nettstad med redaksjonell kontroll der ungdom kan publisere eigne dikt og tekstar og kommentere andre sine tekstar. Fylkesbiblioteket i Nordland er vert for Skrivebua. ABM-utvikling har gjeve støtte til prosjektet, og har også gjeve prosjektmiddel til å utvikle ein samisk variant av Skrivebua. Den samiske varianten er ikkje ferdig enno.

*Reaktor* ([www.reaktor.deichman.no](http://www.reaktor.deichman.no)) er ein kreativ nettstad med redaksjonell kontroll der ungdom kan publisere eigne verk som til dømes film, foto og teikneseriar. Andre brukarar kan gje tilbakemelding på det som vert lagt ut, og ein kan få tips om korleis ein kan utvikle seg vidare. Ein kan finne

andre brukarar med same interesse, velje ut favorittar og sende meldingar til andre brukarar. Reaktor er utvikla av Deichmanske bibliotek og Trondheim folkebibliotek. Prosjektet har fått støtte frå ABM-utvikling.

*Ønskebok* ([www.onskebok.no](http://www.onskebok.no)) er ei teneste for formidling av litteratur til ungdom og unge vaksne. Det er ein heilt ny måte å finne litteratur på. Her kan ein søkje på den stemninga ein ønskjer at boka skal ha, eller på kva for hovudperson, type handling eller stad ein ønskjer seg. Ønskebok har vore eit prosjekt hos ABM-utvikling i samarbeid med Norsk kulturråd og Opening the Book, og skal no over i meir permanent drift i eit bibliotekmiljø. Tenesta er nasjonal og byggjer på bidrag frå over 60 bibliotekarar frå heile landet som har fått opplæring i nye formidlingsformer.

*Litteratursida* ([www.litteratursiden.no](http://www.litteratursiden.no)) skal vere ei nasjonal teneste for litteratur og litteraturformidling i folkebiblioteka. Sida er førebels under planlegging. I Danmark finst det ei liknande teneste ([www.litteratursiden.dk](http://www.litteratursiden.dk))

Nasjonalt biblioteket finansierer si formidlingsverksemd sjølv gjennom statstilskotet. I ein oppstartfase har prosjektmidlar frå ABM-utvikling eller andre vore løysinga for dei fleste av dei andre digitale tenestene drivne av biblioteka med potensial som nasjonale tenester. Det finst også døme på at digitale tenester får tilskot over statsbudsjettet. Dette gjeld til dømes Nord-sør-biblioteket, som er eit kompetansebibliotek med ei nettside. Tenesta vert drifta av Sølvberget, Stavanger bibliotek og kulturhus og tilskotet til tenesta er i 2009 på kr. 429 000. Tenesta er også ein del av Biblioteksvar. Bibliotekutgreiinga vurderer det som lite tenleg å oppretthalde det særskilde tilskotet til Nord-sør-biblioteket.

Biblioteka vil i aukande grad kunne utvikle tenester som går på tvers av institusjonsgrenser og geografi. Dette er positivt og fører til meir effektiv bruk av ressursar og enklare tilgjenge til tenestene for brukarane. Det vil i framtida kunne verte behov for ulike typar tenester som kan formidle digitale kjelder til ulike brukargrupper. Det er ei utfordring å sikre vidare drift av digitale tenester etter ein prosjekt- og utviklingsperiode.

I Danmark administrerer *Styrelsen for Bibliotek og Medier* tilskot til ulike tenester i biblioteksektoren. Døme på slike tenester er leksehjelp, barnehagebibliotek, leselyst og retrokonvertering. Styrelsen forvaltar også den såkalla *Netbibliotekspuljen*, der biblioteka kan søkje om tilskot til drift av nye digitale tenester, konferansar og arbeidsseminar. Ei eiga koordineringsgruppe for nettbibliotek behandlar søknadene, og lagar ei tilråding til Sty-

### Boks 7.5 Bibliotek 2.0

Bibliotek 2.0 er eit samleomgrep for nye måtar å utvikle og levere digitale bibliotektenester på. Ein kan tenkje seg at bibliotekkkatalogen kan verte langt rikare, og brukarane kan få tilgjenge til fleire og meir varierte nettbaserte tenester. Gjennom Bibliotek 2.0 vil samspelet med brukarane endre seg. Brukarane vert partnerar og medspelarar, og vil i like stor grad vere produsentar som brukarar av informasjonstenestene i biblioteket.

Gjennom prosjektet *23 ting om 2.0* er det utvikla eit opplæringsprogram for bibliotekkarar om nye 2.0-teknologiar som blogging, wiki, podkasting og korleis ein kan nytte desse teknologiane i biblioteka. Prosjektet har fått støtte av ABM-utvikling.

relsen som vert lagt til grunn for vedtak. Dei ulike nettbiblioteka kan få støtte for fleire år om gongen.

#### 7.10.3 Digital formidling av musikk i biblioteka

På musikkområdet gjer stadig nye medium for distribusjon seg gjeldande. Mp3-filer og I-Pod konkurrerer med CD-teknologien. Nedlastingar av musikk over nettet aukar, medan salet av CD-plater stagnerer eller går ned. Utlånet av musikk i biblioteka omfattar i dag stort sett utlån av CD-plater.

I 2004 starta prosjektet Låtlån med utlån av lyd-filer i biblioteket ved Bergen offentlege bibliotek og Deichmanske bibliotek i Oslo. Brukarane fekk tilgjenge til Låtlån ved pålogging med lånekort på ei av datamaskinene i biblioteket tilkoppa Internett. Brukarane kunne spele av dei musikkfilene dei ønskte å lytte til direkte (streaming). Det var også opna for å kjøpe musikken ved å laste ned eller brenne filene.

Utgangspunktet for musikktilbodet gjennom Låtlån var Phonofiles database med over 90 000 verk innanfor sjangrar som rock, hip hop, elektronica, jazz, klassisk, samtidsmusikk og folkemusikk. Tv2 Invest, Foreningen for Norske komponister og tekstforfattere (NOPA), Foreningen Norske Plateselskaper (FONO) og NRK Aktivum, som eig Phonofile, representerer over 250 norske og svenske plateselskap.

Sidan Låtlånprosjektet vart gjennomført, har det skjedd ei rekkje endringar som gjer at ein no

kan vurdere å etablere ei digital teneste som tilbyr utlån og «streaming» av musikk «online». Eit moment som aukar fleksibiliteten og tilgjengen, er at fleire plateselskap fjernar kopisperra på musikken. Dette gjorde også Phonofile i 2007. For Phonofile betyr dette at tenesta no er plattformuavhengig, og at den kan nyttast av dei aller fleste MP3-spelarar som er tilgjengelege i dagens marknad.

Det er likevel framleis utfordringar knytte til kva for tekniske løysingar som eventuelt er nødvendig for å unngå ulovleg bruk av materialet, og kva for fleksibilitet dette gjev brukaren. Det er også knytt utfordringar til å finne prismodellar som er akseptable både for opphavsmennene og biblioteka.

I Danmark finst det ei spesiell bibliotekteneste for digital formidling av musikk. Prosjektet starta i 2004 under namnet Netlån og prosjektet har no gått over i ein driftsfase. Gjennom Netlån kan brukaren spele av musikken direkte, eller laste ned for utlån. Eit utlån varer i sju dagar. Lånaren kan i denne perioden overføre fila til ein mp3-spelar eller liknande. Når lånetida er ute, vil det ikkje lenger vere mogeleg å spele av dei nedlasta filene.

I løpet av prosjektperioden er nedlastinga og det digitale utlånet mangedobla, frå om lag 1 000 dagleg til om lag 10 000. Talet på brukarar av web-sida har stige frå rundt 500 til 45 000 per måned. Kostnadene er knytte til talet på nedlastingar, og biblioteka kjøper inn ei viss mengd nedlastingar til sine brukarar. Den største ulikskapen mellom den danske Netlån og den norske Låtlån er at den danske ordninga opnar for at brukaren kan laste ned musikken og at ein difor kan høyre den så mange gonger ein ønskjer i låneperioden. Ein treng altså ikkje sitje i det fysiske biblioteket og høyre på musikken.

Som omtala også i kap. 5 har innkjøpsordninga for fonogram skifta namn til innkjøpsordninga for musikk, og skal frå 2009 også omfatte innkjøp og distribusjon av digitalt publisert musikk. Kulturrådet arbeider no med ein modell for korleis musikkfiler skal kunne handterast ved påmelding til innkjøpsordninga, og kva tekniske krav filene som vert leverte, må oppfylle. Målet er å få til ei god behandling av dei påmelde filene både når det gjeld vurdering og distribusjon. I denne prosessen er det spesielt viktig å sikre uavhengig plattform, fleksibilitet for brukaren, og ei løysing som i størst mogeleg grad fremjar bruken av materialet. Det vil vere viktig at løysinga som vert vald for distribusjon av lydfilene, er enkel å integrere med eksisterande nettenester og system i biblioteka.

## 7.11 Departementets vurdering

### *Biblioteksøk*

I denne meldinga er det eit viktig mål å leggje grunnlaget for at ei teneste med felles søk i alle landets bibliotekatalogar, og ei teneste med brukarinitiert fjernlån, kan realiserast innan rimeleg tid. Biblioteksøk er eit svært viktig tiltak på bibliotekfeltet dei neste åra, og vil vere ein viktig føresetnad for på sikt å realisere ei teneste som felles abm-søk.

Metadata og katalogdata av god kvalitet er ein føresetnad for å kunne tilby ei teneste som Biblioteksøk. Nasjonalbiblioteket har ansvaret for å utvikle Nasjonalbibliografien med tilhøyrande standardar og teknologiske løysingar. Målet bør vere at kvart dokument vert katalogisert ein gong, og at det vert lagt til rette for enkel gjenbruk av metadata ved andre institusjonar. Nasjonalbiblioteket har i februar 2009 inngått ei avtale med Biblioteksentralen om å kunne nytte deira metadata som grunnlag for produksjon av Nasjonalbibliografien.

Den nye søkjetenesta Biblioteksøk skal no etablerast av Nasjonalbiblioteket og erstatte Norsk samkatalog for bøker. For å etablere ei slik teneste er det nødvendig å utvikle ein teknologisk infrastruktur på tvers av bibliotektypene med basis i internasjonale standardar. Dette krev at nasjonale aktørar på bibliotekfeltet samarbeider, og at det enkelte biblioteket legg til rette for at metadata kan haustast inn.

Nasjonalbiblioteket vil ha hovudansvaret for å nytte kompetanse, teknologi og ressursar for å utvikle Biblioteksøk. I tillegg vil ein stimulere aktørane til å oppgradere teknologisk infrastruktur slik at dei kan delta i tenesta. Dette vil vere eit viktig oppfølgingspunkt i eit vidare samarbeid mellom staten og fylkeskommunane om bibliotekutvikling.

### *Tilgangskontroll og identitetsforvaltning*

Ei teneste som Biblioteksøk vil på sikt kunne utvidast med funksjonar som tingingsteneste og digitalt tilgjenge til materiale avhengig av brukarstatus. I denne samanhengen er det nødvendig med ei autorisasjons- og tilgangsteneste. Departementet meiner at det på sikt vil vere naturleg å knyte ei slik teneste til dei løysingane som vert etablerte gjennom Minside. Men det må også opnast for at autentisering kan gjerast av andre identitetstilbydarar. Utdanningssektoren vil framleis nytte Feide, så det er naturleg at også dette systemet vert knytt til ei slik teneste som identitetsforvaltar. Generelt bør løysinga vere slik at det er enkelt å innlemme fleire identitetstilbydarar etter kvart.

### *Digitalisering*

Nasjonalbibliotekets digitaliseringsprogram skal kome alle til gode. utfordringar med å gjere verna materiale allment tilgjengeleg digitalt er eit spørsmål om jus, avtaler og økonomi, som må finne sine ulike løysingar i eit samarbeid mellom opphavsrettsgrupper og styresmaktene. Til sist er dette eit spørsmål om kor stor den digitale kunnskapsallmenningen kan gjerast innanfor tilgjengelege økonomiske ressursar.

Nasjonalbiblioteket har bygt opp infrastruktur og kompetanse som gjer at institusjonen i dag er ein hovudaktør på bibliotekfeltet innanfor digitalisering. Nasjonalbiblioteket er eit viktig nasjonalt kompetansesenter og kan samarbeide med mange ulike aktørar i abm-feltet som planlegg å starte med digitalisering av samlingar.

Når det gjeld bøker, skal Nasjonalbiblioteket i prinsippet ha alt av norsk materiale. Det er difor ikkje noko poeng i at til dømes folkebibliotek skal starte digitalisering av eigne samlingar, utan at dette omfattar samlingar som ikkje finst i Nasjonalbiblioteket. Det vil vere av langt større verdi dersom folkebiblioteka nyttar ressursane sine til å oppgradere nødvendig teknologi slik at ein kan delta i tenester som Biblioteksøk. Folkebiblioteka kan også formidle materialet og medverke til at kunnskapen om det digitaliserte materialet, som til dømes fotografi, aukar.

Nasjonalbiblioteket har teke mål av seg til å digitalisere heile samlinga. Musea og arkiva arbeider også intensivt med digitalisering. Det er viktig at bibliotek, arkiv og museum samarbeider for å avklare gråsoner seg imellom. Digitaliseringsmeldinga går nærare inn på kva tiltak som vil vere nødvendige for å styrkje samarbeidet og samordninga innanfor abm-feltet.

Departementet viser til det pågåande prøveprosjektet Bokhylla.no. Departementet vil følgje prosjektet og leggje til rette for at Nasjonalbiblioteket kan arbeide vidare med å gje auka tilgjenge til digitalt materiale. Bokhylla.no kan, avhengig av utviklinga framover, danne modell for ein avtalelisens for tilgjengeleggjing av digitalt materiale.

Samordning av og samarbeid om digitalisering er også omtalt i kap. 10 og i digitaliseringsmeldinga.

### *E-boka og innkjøpsordningane*

E-bøker er eit spanande produkt og ein må forvente ein aukande etterspurnad. Utviklingstrekk i til dømes USA og Japan tilseier at e-boka etter kvart også vil nå massemarknaden i Noreg. I dag vert det arbeidd med å få til tenlege bransjeordning

gar for sal og distribusjon av digitale bøker. I enkelte bibliotek vert utlån av e-bøker prøvd ut. Norsk kulturråd arbeider for å finne løysingar for påmelding og distribusjon av digitale bøker under innkjøpsordningane. Departementet legg til grunn at ein no er inne i ei brytningstid når det gjeld overgangen frå trykt til digitalt materiale. Departementet vil følgje opp arbeidet til Norsk kulturråd på dette feltet, og vurdere verkemiddelbruk, kostnader og innsatsar etter kvart som utviklinga tilseier det.

#### *Lisens- og konsortieavtaler*

Lisensiert materiale er svært viktige kunnskapskjelder for biblioteka. I dag nyttar særleg universitets- og høgskulesektoren mykje midlar på å gje tilgjenge til slike ressursar. Lisensiert materiale vil truleg kunne få aukande innverknad også for folkebiblioteksektoren. Det er ei utfordring at medan trykte publikasjonar har fritak frå meirverdiavgift, har dei elektroniske versjonane av dei same publikasjonane meirverdiavgift. Meirverdiavgiftsbehandlinga av trykte og elektroniske publikasjonar er ein del av den løpande vurderinga av regelverket. Regjeringa vil arbeide vidare med denne saka og sjå henne i samanheng med den internasjonale utviklinga.

I Noreg vil det ikkje vere samfunnsøkonomisk lønsamt å byggje opp kompetanse på konsortieavtaler i enkeltinstitusjonar i biblioteksektoren. ABM-utvikling har hatt hovudansvaret for dette arbeidet dei siste åra. Departementet vil i samarbeid med Kunnskapsdepartementet vurdere korleis arbeidet med lisens- og konsortieavtaler skal vidareutviklast. Ein føresetnad for at ein skal halde fram med å tilby slike tenester til biblioteka, er at ein oppnår gode vilkår og avtaler. I dette arbeidet er det viktig å ha god dialog med deltakarane og eit godt samarbeid over landegrensene. Det vil vere særleg viktig å styrkje samarbeidet om konsortieavtaler i Norden og resten av Europa.

#### *Nasjonale lisensar*

Nasjonale lisensar er eit moglege verkemiddel som kan sikre betre tilgjenge til ein del elektroniske kjelder for alle bibliotek. Dette kan demokratisere tilgjenget til aktuelle kjelder, og skape meir like vilkår for brukarar over heile landet. Kva kjelder som kan vere aktuelle for nasjonale lisensar, må drøftast nærare.

Departementet er positiv til å etablere nasjonale lisensar for biblioteksektoren, og vil at dette feltet skal utviklast vidare. Det overordna målet

med nasjonale lisensar må vere å gje allment tilgjenge for innbyggjarane. Til utdannings- og forskingsføremål kan det vere interessant å byggje vidare på modellen ein ser i helsebiblioteket.no, med ei nærare definert målgruppe for dei nasjonale lisensane. Ein må òg sjå nasjonale lisensar i samanheng med andre modellar for vitskapeleg publisering, slik som opne institusjonsarkiv.

Departementet vil understreke at arbeidet med nasjonale lisensar må vere del av ein overordna strategi for tilgjengeleggjing av digitalt materiale i eit kultur- og kunnskapsperspektiv. Kultur- og kyrkjedepartementet vil difor saman med Kunnskapsdepartementet vurdere korleis arbeidet med nasjonale lisensar skal utviklast vidare.

#### *Opne institusjonsarkiv*

Kartlegging har vist at det i dag er altfor få artiklar som vert publiserte i opne institusjonsarkiv, men fleire av institusjonane i universitets- og høgskulesektoren ser det som ønskeleg at dei tilsette skal publisere fleire forskingsresultat i arkiva. Det er eit mål å auke parallellpubliseringa i opne arkiv samstundes som ein tek vare på den kvalitetssikringa av norsk forskning som skjer gjennom internasjonal fagfellevurdering.

Kunnskapsdepartementet har no starta eit arbeid for sjå på korleis ein kan styrkje arbeidet med opne institusjonsarkiv i Noreg, og har bede Noregs forskingsråd og Universitets- og høgskolerådet om innspel til korleis dette kan skje. Kunnskapsdepartementet vil vurdere kva for prinsipielle avklaringar som bør gjerast, og kva for tiltak som kan stimulere til auka bruk av opne institusjonsarkiv. Emnet vert nærare drøfta i den komande forskingsmeldinga.

#### *Digitale tenester*

Biblioteka vil i aukande grad kunne utvikle tenester som går på tvers av institusjonsgrensar og geografi. Dette er positivt og fører til meir effektiv bruk av ressursar og enklare tilgjenge til tenestene for brukarane. I framtida kan det verte behov for ulike typar digitale tenester til ulike brukargrupper.

Nasjonalbiblioteket finansierer sine digitale tenester gjennom statstilskot, medan det kan vere behov for å sjå nærare på ulike modellar for organisering og finansiering av digitale tenester i folkebiblioteka. Departementet vil få utgreidd ulike modellar for korleis slike tenester kan drivast og finansierast utover prosjektfasen. Departementets generelle utgangspunkt er at formidlingsspørsmål



er ein del av det løpande ansvaret for enkeltinstitusjonar i abm-sektoren.

Digitale tenester må elles med jamne mellomrom evaluerast. Dette gjeld også digitale tenester utvikla av Nasjonalbiblioteket og Arkivverket, og det gjeld Kulturnett.no, som ABM-utvikling har hatt ansvaret for. Når det gjeld Kulturnett.no vil departementet vurdere korleis denne tenesta best kan drivast i framtida.

#### *Digital formidling av musikk*

Departementet viser til at Norsk kulturråd arbeider med ei prøveordning med påmelding og distribusjon av digitalisert musikk gjennom innkjøpsordninga. Departementet vil følge opp arbeidet med å gjere innkjøpsordninga medieuavhengig. Det er viktig at aktuelle aktørar deltek i arbeidet med å utforme ei ny ordning.


### **7.12 Tiltak og strategiar**

---

– Nasjonalbiblioteket vil i nært samarbeid med involverte aktørar realisere Biblioteksøk med utgangspunkt i moderniseringsbehov i Norsk samkatalog for bøker, og ei teneste med brukarinitiert fjernlån. Det vil vere behov for å stimu-

lere folkebiblioteka til å oppgradere teknologisk infrastruktur slik at dei kan delta i ei slik teneste.

- Nasjonalbiblioteket vil forenkle arbeidet med Nasjonalbibliografien. Målet bør vere at kvart dokument vert katalogisert ein gong, og at det vert lagt til rette for enkel gjenbruk av metadata ved andre institusjonar.
- Nasjonalbiblioteket vil avklare opphavsrett og personvernspørsmål slik at mest mogeleg av det digitaliserte materialet kan gjerast tilgjengeleg. Prosjektet Bokhylla.no kan på sikt danne modell for ein avtalelisens for digitalt materiale.
- Kultur- og kyrkjedepartementet vil i samarbeid med Kunnskapsdepartementet og andre involverte aktørar vurdere korleis arbeidet med nasjonale lisensar skal utviklast vidare.
- Kultur- og kyrkjedepartementet vil vurdere korleis arbeidet med lisens- og konsortieavtaler skal utviklast vidare, og i særleg grad vurdere samarbeid i Norden og i Europa.
- Kultur- og kyrkjedepartementet vil få utgreidd ulike modellar for organisering og finansiering av digitale tenester i folkebiblioteka.
- Kultur- og kyrkjedepartementet vil følge opp arbeidet med å gjere innkjøpsordninga for musikk medieuavhengig.



Figur 8.1 Automatlageret ved Nasjonalbiblioteket

Foto: Nasjonalbiblioteket

## 8 Ressursdeling og fjernlån

### 8.1 Innleiing

---

Samarbeid om bibliotektenester har fleire dimensjonar. Dei aspekta som går på organisatoriske verkemiddel for å få til eit betre samarbeid, spesielt lokalt og regionalt, og den nasjonale samordninga av arkiv-, bibliotek- og museumssektorane, vert drøfta i dei neste kapitla. Dette kapitlet ser nærare på lånesamarbeidet og ressursdelinga mellom biblioteka.

Samarbeidet om fjernlån er ei ryggrad i det tverrgåande biblioteksamarbeidet når det gjeld utveksling av fysiske eksemplar. Lovgjevinga på dette feltet utgjer samstundes eit hovudgrunnlag for utforminga av bibliotektenester og samhandling mellom ulike bibliotek.

I bibliotekutgreiinga vart det gjort framlegg om å utvikle eit brukarorientert og samarbeidande biblioteknettverk gjennom ei landsomfattande transportordning for distribusjon av bibliotekmateriale. Det vart også gjort framlegg om å endre biblioteklovgevinga for å sikre samarbeidet i eit nasjonalt nettverk.

### 8.2 Fjernlån og ressursdeling i biblioteknettverket

---

Fjernlån er samarbeid mellom bibliotek, der biblioteka stiller samlingane sine til rådvelde for brukarar ved andre bibliotek gjennom lån mellom biblioteka. Samarbeidet gjev god utnytting av dei felles bibliotekressursane nasjonalt og internasjonalt. Ein føresetnad for eit fungerande samarbeid er at biblioteka har eit fornuftig sjølvforsyningsnivå. Fjernlån skal vere eit supplement til samlingane i biblioteket, og ikkje ei erstatning for manglande ressursar lokalt. Fjernlån omfattar både fysisk og digitalt materiale. Fysisk materiale i form av bøker, dvd-ar og liknande vert returnert til eigarbiblioteka, medan kopiar ikkje vert returnerte.

Ein annan definisjon på fjernlån er ressursdeling. I den konteksten blir målsetjinga med fjernlån å sikre felles tilgang til landets samla bibliotekressursar for alle som bur i landet. Dette betyr at alt materiale som er til heimlån i eitt bibliotek, også er tilgjengeleg for brukarar ved andre bibliotek gjen-

nom fjernlånsamarbeidet. Mogelege framtidige samsøkfunksjonar i katalogane, forventningar om effektiv transport og framveksten av digitale format stiller nye krav til det eksisterande samarbeidet.

For folkebiblioteka er fjernlån indirekte nedfelt i lov om folkebibliotek § 1 der det står at folkebiblioteka er del av eit nasjonalt biblioteksystem. Retten til å få fjernlånstenester er derimot ikkje klart uttrykt i lova. Lova pålegg heller ikkje folkebiblioteka plikt til å yte fjernlån, men i § 3 står det at biblioteka skal følgje felles reglar om lånesamarbeid. Det er knytt ein forskriftsheimel til dette som aldri er nytta.


Etter § 9 i biblioteklova har fylkesbiblioteka eit ansvar for fjernlånsverksemda i fylket. Utviklinga av IKT har i praksis ført til at dei fleste folkebiblioteka no tek ansvar for sine egne fjernlån og tingar desse direkte utan å gå vegen om fylkesbiblioteket. I tråd med denne utviklinga vart det i 2007 gjort nokre justeringar i retningsliner for reglement for fylkesbiblioteka, godkjende av Kultur- og kyrkjedepartementet 24. oktober 2007. Både punktet som omhandla fylkesbibliotekets plikt til å ha egne samlingar, og punktet som pålegg fylkesbiblioteket å byggje opp samlingar etter den såkalla emnefordelingsplanen, vart fjerna.

Samarbeid om fjernlån for fag- og forskingsbiblioteka er ikkje nedfelt eksplisitt i lovverket, men i 1999 utarbeidde Statens bibliotektilsyn og Riksbibliotektenesta felles retningsliner for fjernlån for fag- og folkebiblioteksektoren. Retningslinene vart reviderte i 2002 og vil no verte reviderte på ny.

#### 8.2.1 Omfanget av lånesamarbeidet

Statistikken for 2007 viser at nærare 900 000 dokument, i all hovudsak bøker, vart lånte mellom dei ulike biblioteka i Noreg. Fagbiblioteka låner mest til kvarandre, men sende også 46 280 lån til folke- og skolebiblioteka i 2007.

Nasjonaltbiblioteket er ein viktig aktør gjennom lån frå Depotbiblioteket og er den enkeltinstitusjonen med størst utlån, dvs. ca 13 prosent av det totale fjernlånet. I 2007 effektuerte Depotbiblioteket nærare 100 000 lån, og av desse var 34 711 lån til folke- og skulebiblioteka.




Figur 8.2 Fjernlån frå fylkesbiblioteka innanfor eige fylke og innlån til folkebiblioteka

Kjelde: Bibliotekstatistikken 2007, ABM-utvikling


Deichmanske bibliotek får eit statleg tilskot til Fjernlånssentralen for å formidle spesiallitteratur, dvs. litteratur som vanlegvis ikkje vert kjøpt inn av folkebibliotek, og eldre litteratur. I 2007 lånte Fjernlånssentralen ut 15 785 bøker. Tilskotet frå staten til dette var om lag 2 millionar årleg.

Fylkesbiblioteka stod for om lag halvparten av det fjernlånte materialet internt i fylka. Det er all grunn til å tru at ein stor del av resten av låna, var lån mellom folkebiblioteka innanfor same region. Unntaket er låna frå Nasjonalbiblioteket og fagbiblioteka.



Figur 8.3 Fjernlån 2007

Kjelde: ABM-utvikling



Figur 8.4 Fjernlån endring 2004–2007

Kjelde: Bibliotekstatistikken/ABM-utvikling 2007

Statistikken gjev ikkje nøyaktig informasjon om kva bibliotek som låner til kven, men det er truleg høg grad av sjølvforsyning av litteratur innanfor eit fylke, i alle fall når det gjeld litteratur og materiale av allmenn interesse. Det er ofte meir spesialisert materiale og eldre litteratur som vert lånt inn frå andre bibliotek enn folke- og fylkesbiblioteka i eigen region.

Figur 8.3 syner fordelinga av fjernlån mellom dei ulike bibliotektypene i 2007 og figur 8.4 syner utviklinga frå 2004–2007. Tala viser at folke- og fylkesbiblioteka samla stod for noko under halvparten av alle fjernlån. Samla sett er det folke- og fylkesbiblioteka som står for den største delen av fjernlåna. Fjernlåna frå folke- og fylkesbibliotek har auka i perioden.

I 2007 var det samla talet for utlån og nedlastingar i fag- og forskningsbibliotek over 10 millionar. Det er 700 000 e-bøker i samlingane til fag- og forskningsbiblioteka, men dette er bøker som ikkje kan sendast på fjernlån av opphavsrettslege årsaker.

### 8.2.2 Nasjonalbibliotekets depotbibliotek

Nasjonalbibliotekets depotbibliotek vart oppretta i samband med etableringa av Nasjonalbibliotekavdelinga i Rana i 1989. Bakgrunnen for etableringa var å frigjere hylleplass i biblioteka ved å overføre lite brukt materiale til eit nasjonalt fellesmagasin. Det skulle fungere som eit felles sørvispunkt og gje betre funksjonsdeling for det norske bibliotek-

systemet. Mellom anna ville det vere mogeleg å byggje opp sentrale låne- og kopieringsfunksjonar.

Depotbiblioteket mottok litteratur frå norske fag- og folkebibliotek som har behov for å kassere delar av samlingane sine. På denne måten vert litteratur tilgjengeleg samstundes som biblioteka får redusert materialmengda. Andre bibliotek som seinare har behov for å kassere dei same publikasjonane, ser at litteraturen alt er tilgjengeleg fordi den finst i depotbiblioteket.

Mengda av publikasjonar som vert avleverte frå år til år, er avhengig av ryddesjauane i dei store biblioteka. Normalt vert det avlevert mellom 100 000 og 200 000 publikasjonar per år. Det er fagbiblioteka som avleverer mest materiale. Rundt rekna 80 prosent av publikasjonane som vert avleverte, kjem frå fagbiblioteka.

Etter mottak vert litteraturen registrert i BIBSYS. Eksisterande katalogdata vert brukte om igjen så langt det let seg gjere, for å redusere manuell registrering til eit minimum. Norsk litteratur vert prioritert i registreringsprosessen. Dei registrerte publikasjonane vert lagra i automatlagret, som sikrar god og effektiv uthenting av samlinga.

Depotbiblioteket har hatt ein jamn auke i fjernlånet sidan oppstarten i 1989. I 2008 var fjernlånet på 103 000 fordelt på 96 000 bøker, 5 000 mikrofilm og 2 000 kopiar av tidsskriftartiklar. Fjernlåna frå Depotbiblioteket er likt fordelte mellom fag- og folkebibliotek.

Tabell 8.1 Avlevering til Depotbiblioteket 2004–2008

	Monografiar	Tidsskrifter (hefte)	Sum avleverte publikasjonar
2004	33 240	70 950	104 190
2005	55 400	89 550	144 950
2006	44 240	256 650	300 890
2007	45 520	152 550	198 070
2008	69 400	58 500	127 900

Kjelde: Nasjonalbiblioteket

Nasjonalbiblioteket rapporterer om at Depotbiblioteket er ein av dei raskaste fjernlånsleverandørane i Norden. 66 prosent av materialet når mottakarane etter to dagar, 23 prosent når mottakarane tre til fire dagar etter at det er tinga, og 11 prosent når mottakaren meir enn fire dagar etter at det er tinga.

Som vist i figur 8.3 står Nasjonalbiblioteket for 13 prosent av fjernlånet i Noreg, og mesteparten kjem frå Depotbiblioteket. Dette gjer Depotbiblioteket til den enkeltaktøren som har størst utlån. Dette, kombinert med hurtig effektivering av tingingar gjer at det ikkje er tvil om at Depotbiblioteket er ein viktig aktør i fjernlånsarbeidet.

### 8.2.3 Logistikk- og transportsystem

I fleire år framover vil biblioteka måtte forsyne brukarane med fysisk bibliotekmateriale. Ein føresetnad for saumlause bibliotektenester med god fjernlånsflyt er eit operativt og kostnadseffektivt transportsystem. Rask dokumentlevering krev gode interne rutinar og ein effektiv transport slik at brukarane får tingingane sine så fort som mogeleg. Pris og miljøomsyn er viktige faktorar.

Tradisjonelt har levering mellom biblioteka vorte utført av Posten. Dette har vore arbeidskrevjande for biblioteka og det har kravt pakking, frankering og adressering. Dei siste åra har andre tilbydarar av boktransport kome til. I nokre fylke

betalar fylkesbiblioteka ein stor del av transportkostnadene for folkebiblioteka.

Fleire fylke nyttar transportselskap eller har egne bokbilar som køyrer mellom biblioteka i regionen. Slike transportordningar fører til enklare rutinar. Dokumenta vert lagde i kasser utan innpakking. Transportfirmaet hentar kassene og køyrer direkte rute mellom biblioteka eller samlar opp og sender via post eller spedisjon til andre delar av landet. Røynslene med dei regionale transportordningane er at dei fungerer bra i tettbygde strøk. I område med mange bibliotek og relativt korte avstandar er slik transport effektiv og rimeleg for biblioteka og lønsam for transportørane.

Norsk Bibliotektransport (NBT) er ei privat verksemd som har spesialisert seg på transport mellom bibliotek. NBT har 204 kundar, dei fleste i austlandsregionen. Biblioteksentralen AL har varsla at dei snart kan tilby ei landsdekkjande transportteneste for bøker. Dei etablerte regionale transportordningane vil danne grunnlaget for ei slik ordning. Det er ei utfordring å få til full dekning over heile landet.

Behovet for gode logistikksystem blir truleg endå større når bestillingstenesta i Biblioteksøk kjem i bruk. I Danmark auka fjernlånet svært mykje det første halve året etter at ei liknande teneste var innført. Som ein konsekvens av dette vil det vere behov for å vurdere tiltak som kan utvikle og betre logistikk- og transportsystemet i biblioteksektoren.

Ein gong i framtida vil truleg behovet for å fysisk frakte bibliotekmateriale frå ein stad til ein annan minke. Veksten i digitale dokument aukar raskt og på eit tidspunkt vil dagens opphavsrettslege problemstillingar når det gjeld digitale lån, kunne vere løyste. Større bruk av e-boklesarar og fildistribusjon kan føre til at transporten av fysiske dokument vert mindre. Inntil desse opphavsrettslege og distribusjonsmessige løysingane kjem, vil det framleis vere behov for å sikre god transport av bibliotekmateriale mellom biblioteka. ABM-utvik-

Tabell 8.2 Depotbibliotekets samlingar per april 2009

Bøker	777 000
Tidsskrifter (hefte)	1 640 000
Mikrofilmar	53 000
Lydbøker	1 600
Musikk (CD-ar)	1 500

Kjelde: Nasjonalbiblioteket

### Boks 8.1 Biblioteksamarbeid i Østfold

I Østfold er samlingar og kompetanse i alle folkebibliotek, Høgskolen i Østfold og alle dei vidaregåande skulane i fylket tilgjengelege for innbyggjarane, på tvers av kommunegrensar og forvaltningsnivå. Samarbeidet er i praksis organisert rundt ei transportordning. Biblioteka har ei felles sørviserklæring og eit felles utlånsreglement. Dagleg vert det køyrt transport mellom høgskulebiblioteka og folkebiblioteka i fylket. Dette gjer at brukarane både kan tinge, låne og levere inn bøker frå den samla bokstammen i dei samarbeidande biblioteka ved alle filialar. I BiblioFil er det laga eit enkelt digitalt samsøk for Østfoldbiblioteka.

Transportordninga i Østfold har frigjort tid ved at ein slepp å pakke og frankere bøkene. No vert bøkene lagde i ei kasse med ein følgjesetel. Høgskulen har nokre restriksjonar på eigne samlingar fordi biblioteket først og fremst må syte for at studentane vert prioriterte. Desse biblioteka følgjer praksis om ikkje å sende ut bøker på fjernlån før dei har stått ein månad i hyllene. Vidare kan det vere restriksjonar på pensumlitteratur i presseriodar. Folkebiblioteka gjev også innspel til høgskulebiblioteket om bøker dei ønskjer at høgskulen skal kjøpe inn, og som dei sjølve ikkje ser seg i stand til å kjøpe.

ling arbeider for tida med ei utgreiing om ei nasjonal transportordning.

### 8.3 Gratisprinsippet og fri lånerett

Eitt av dei grunnleggjande prinsippa for ideen om folkebibliotek er gratisprinsippet. Alle skal sikrast fritt og likt tilgjenge til ressursane i biblioteka. Gratisprinsippet slår fast at tenestene ved biblioteket skal vere gratis for brukarane. Folkebiblioteklova § 1 første ledd lyder slik:

Folkebibliotekene skal ha til oppgave å fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksomhet gjennom informasjonsformidling og ved å stille bøker og annet egnet materiale gratis til disposisjon for alle som bor i landet.

Den frie låneretten er eit anna grunnleggjande prinsipp som også går fram av § 1 første ledd. Dette inneber at folkebiblioteka ikkje kan avgrense samlingar og tenester til innbyggjarar i eigen kommune. Alle skal kunne nytte bibliotektilbodet i kommunen, og det som kan lånast av ein innbyggjar, skal og kunne lånast av ein annan, utan omsyn til kvar han eller ho bur i landet. Ein del bibliotek bryt dette lovkravet, særleg når det gjeld nyare materiale eller særskilde typar materiale, som lyd-bøker og musikk. Likevel ser ein at fleire og fleire bibliotek no legg til rette for å følgje dette lovpålegget.

Gratisprinsippet i folkebiblioteklova omfattar ikkje fag- og forskingsbiblioteka. Forbodet mot utleige i åndsverklova § 19 andre ledd gjeld tilsvarende for desse biblioteka, og inneber at heller ikkje desse biblioteka kan ta betalt for utlån av bøker. Åndsverklova er derimot tolka slik at mindre kostnader, til dømes til ekspedisjon, ikkje vert omfatta av utleigeforbodet. Fag- og forskingsbiblioteka kjøper mange lisensar til digitale verk og tidsskrifter. For desse publikasjonane er det lisensavtala som regulerer retten til å ta betalt ved vidaformidling.

I ei digitalisert bibliotekframtid opnar det seg nye løysingar og fleire tenestetilbod. Gratisprinsippet ligg fast og legg saman med lov om opphavsrett rammene for korleis utviklinga av tilbodet vert i framtida. Så lenge brukaren ikkje skal betale for tenester ved folkebiblioteka, vert det opp til kommunen å prioritere kor vidt tenestetilbodet skal vere ut frå eigne budsjett.

### 8.4 Spørsmålet om felles biblioteklov

I 2002 fekk Senter for bibliotekutvikling ved Høgskolen i Oslo i oppdrag å greie ut spørsmålet om ei felles biblioteklov.<sup>1</sup> I utgreiinga vart det gjort framlegg om å utforme ei lov om bibliotektenester som pålegg alle offentlege bibliotek å delta i biblioteknettverket, mellom anna gjennom å yte fjernlån og ved kunnskapsdeling.

Det vart argumentert med at ei lov om bibliotektenester bør fastslå prinsippet om at offentleg finansierte bibliotek skal stille sine ressursar til disposisjon gjennom fjernlånsamarbeid, og gje det alminnelege publikum rett til å nytte dei biblioteka lova gjeld for. Vidare bør lova stimulere til ulike former for samarbeid og fellesløysingar mellom folkebibliotek og universitets- og høgskulebibliotek. Mellom anna bør § 4 i dagens biblioteklov, som

<sup>1</sup> Audunsson, Ragnar 2004

opnar for interkommunalt samarbeid, utvidast og i tillegg opne for driftsfellesskap mellom ein kommune og ein høgskule. Det vert også rådd til at det vert opna for at brukarar frå eigen institusjon i periodar kan prioriterast.

Med utgangspunkt i utgreiinga om felles biblioteklov opna *Bibliotekreform 2014* for at det kan vere tenleg å samle lovgjevinga for fleire bibliotektypar i same lov. Føremålet med ei felles lov skulle vere å fremje det saumlause biblioteket, synleggjere alle bibliotek, nyttiggjere offentlege ressursar best mogeleg og sikre eit godt samarbeid mellom dei ulike bibliotektypane, mellom anna ved å påleggje dei å gjennomføre lånesamarbeid. Vidare vert det peika på at nettverk med felles standardar er viktig, spesielt i ei digital tid. Det som talar mot ei felles lov, er at universitets- og høgskulebiblioteka er integrerte i sine moderinstitusjonar, og at dei først og fremst skal tene desse.

Spørsmålet om det er tenleg å utarbeide ei felles biblioteklov for heile bibliotekfeltet, er ei av problemstillingane som det vart bede om særleg tilbakemelding på i høyringa av bibliotekutgreiinga. Høyringssvara og grunnleggjane er delte. Generelt kan det seiast at kommunane og folkebiblioteksektoren er positive til ei slik endring, medan universitets- og høgskulesektoren, Nasjonalbiblioteket og KS tvilar på om ei felles lov vil vere ei god løysing for utfordringane i sektoren. Mange av argumenta som vert framførte i utgreiinga, vert gjentekne i høyringssvara. Dessutan trekkjer ei rekke høyringsinstansar fram følgjande:

- Pålegg om å delta i eit felles biblioteknettverk kan sikre likt tilgjenge til biblioteka sitt materiale over heile landet, noko som også er nødvendig for å sikre likt tilgjenge til kultur- og kunnskapskjelder, og leggje til rette for desentraliserte studiar
- Ei felles lov vil danne grunnlaget for felles lånekort i alle landets bibliotek, og felles søkje- og tingsfunksjon.
- Ein sikrar at gratisprinsippet vert vidareført i heile biblioteksektoren.
- Ein kan stille konkrete krav til kompetanse i alle biblioteka.
- Ein tydeleggjer kva for offentlege styringsmakter som er ansvarlege for bibliotektenestene innanfor dei ulike sektorane og dei ulike utdanningsnivåa.

KS meiner at ei lovfesting av rettar innanfor biblioteksektoren kan få uheldige konsekvensar for deira medlemmer. Føresetnaden for å støtte ei slik felleslov er difor at lova ikkje har fokus på rettar,

samstundes som staten dekkjer dei meirkostnadene ei eventuell endring vil medføre.

Universitets- og høgskulesektoren tviler på at eit felles lovverk kan medverke til auka effektivitet i biblioteknettverket. Det vert hevda at lovgjeving ofte kan hemme kreativitet og rask tilpassing, og at gode økonomiske ordningar er viktigare enn felles lov. Universitets- og høgskulesektoren peikar på at det er viktigare å harmonisere den lovgjevinga som alt finst på feltet, framfor å utarbeide ei felles lov.

Nasjonalbiblioteket stiller spørsmål ved om lov i det heile tatt er det riktige verkemidlet for eit samarbeidande biblioteknettverk. Nasjonalbiblioteket meiner at det er behov for ei meir spesifikk drøfting av ulike verkemiddel, før ein kan konkludere med at det er rett å utvide dagens biblioteklov. Dei meiner vidare at lovheimling ofte fungerer som eit defensivt verkemiddel som gjer at innsatsen ikkje vert utviklingsretta, men konsentrert om å forsvare eksisterande løysingar. Nasjonalbiblioteket gjer dessutan framlegg om å avvikle eksisterande biblioteklov og erstatte henne med felles tiltak og program som kan gje bibliotekkeigarane grunnlag for samarbeid, og fordelar av å delta i samarbeidet. Slike samarbeid må vekse fram av utviklingsarbeid i institusjonane. Drammensbiblioteket vert nemnt som eit godt døme.

## 8.5 Departementets vurdering

### *Lånesamarbeidet*

Eit velfungerande nettverk av samarbeidande bibliotek føreset at kvart enkelt bibliotek i større grad forpliktar seg til å yte fjernlån i dette arbeidet. Lånesamarbeidet er på mange måtar sjølv ryggrada i samarbeidet, og sjølv om departementet har inntrykk av at dette stort sett fungerer godt, kan det vere grunn til å sjå nærare på kva tiltak som kan styrkje lånesamarbeidet. Ei framtidig teneste som felles søk i alle bibliotekatalogar og høve til å tinge materiale direkte, kan føre til auka etterspurnad etter fjernlånstenester i ein periode. For å sikre at biblioteka skal klare å handtere ein slik etterspørselsauke, vil det vere viktig å ta eit betre grep om transportsystemet i biblioteksektoren.

Departementet meiner at god transport av materiale både krev gode regionale løysingar og ein nasjonal overbygning. Departementet er einig i at statlege tilskot av den typen som Deichmanske bibliotek hittil har motteke til Fjernlånssentralen, ikkje skal halde fram. Depotbiblioteket i Nasjonalbiblioteket medverkar etter kvart meir til fjernlånnet, og folkebiblioteka tingar sjølv det dei treng



direkte frå andre folkebibliotek og fagbibliotek. Desse midlane bør difor heller nyttast til tiltak som kan styrkje lånesamarbeidet og logistikksystemet. Departementet vil vurdere nærare kva verkemiddel som vil vere dei mest tenlege for å sikre eit vel fungerande system over heile landet. Nasjonalbibliotekets depotbibliotek skal utviklast vidare, og departementet vil ta initiativ til å prøve ut alternative leveringsmåtar for bibliotekmateriale, som til dømes Bok-i-butikk.

### *Felles biblioteklov*

Departementet viser elles til framlegget om å innføre ei felles biblioteklov for å styrkje det samarbeidande biblioteknettverket. Departementet meiner at i prinsippet kunne ei felles biblioteklov medverke til å bryte ned barrierar mellom bibliotektypane, sikre samarbeidet i eit nasjonalt biblioteknettverk og sikre alle tilgjenge til landets samla bibliotekressursar. Departementet meiner likevel at utgreiinga om felles lov er lite spesifikk når det gjeld innhaldet i ei slik lov ut over at føremålet er å sikre gode bibliotektenester og tilgjenge til landets samla bibliotekressursar for alle, uavhengig av bustad, arbeidsplass eller tilknytning til utdanningsinstitusjon. Dei økonomiske utfordringane knytte til ei eventuell felleslov er ikkje behandla, og det reelle behovet for at «alle skal ha tilgjenge til alt» er heller ikkje vurdert i særleg grad, samstundes som det går fram av utgreiinga at fjernlånet i dag fungerer godt.

Dagens biblioteklov heimlar eit samarbeidande biblioteknettverk i §§ 1, 3 og 9. Men denne lova gjeld, som tidlegare nemnt, berre for folkebibliotek. I dagens biblioteklov er det den felles utnyttinga av samlingane som er i fokus, medan samarbeid om utnytting av den samla kompetansen ikkje er spesielt omtalt.

Prinsippet om den frie låneretten er ein like viktig berebjelke i lovverket som gratisprinsippet. I omgrepet «alle som bur i landet» ligg at eit folkebibliotek ikkje kan gje førerrettar til tenester og samlingar til kommunens eigne innbyggjarar. Dette vert likevel praktisert ulikt i dag, og særleg når det gjeld fjernlån mellom biblioteka vert enkelte medietypar unnateke fjernlån ved nokre bibliotek. Når biblioteklova seier at folkebiblioteka er ledd i eit nasjonalt biblioteksystem, betyr dette likevel ikkje ei plikt til å yte fjernlån, sjølv om det ut frå forarbeida til lova kan sjå ut til at dette har vore intensjonen.

Sjølv om biblioteklova § 3 faktisk heimlar ei forskrift for lånesamarbeid, er det ikkje utarbeidd ei slik forskrift. Dei felles retningslinene for fjernlån

for folke- og fagbibliotek som Statens bibliotektilsyn og Riksbibliotektenesta i si tid utarbeidde, er difor berre rettleiande. Lovverket som gjeld for universitets- og høgskulebibliotek har ikkje ein tilsvarande heimel, og det er difor eit spørsmål om det kan vere føremålstenleg å ta inn ein tilsvarande forskriftsheimel som kan danne grunnlaget for ei felles forskrift om lånesamarbeid, i regelverket som gjeld for universitets- og høgskulebibliotek.

ABM-utvikling er no er i gang med å utarbeide nye, felles retningsliner for fjernlånsamarbeidet. Departementet vil vurdere å fastsetje forskrift for lånesamarbeid og registrering med heimel i folkebibliotekova § 3. Etter forvaltingslova, kap. 7, skal forvaltingsorganet sjå til at alle saker er godt opplyst og at partane får uttale seg, før endeleg vedtak vert fatta.

Ei utfordring for ei felles biblioteklov er gratisprinsippet som i dag gjeld for folkebiblioteksektoren, medan ein i fag- og forskingsbiblioteka i dag tek betalt for ekspedisjonskostnader for kopiar og originaldokument. Særleg universitets- og høgskulesektoren brukar i dag også store delar av sine ressursar på lisensavtaler, oftast inngått med utanlandske tidsskriftutgjevarar. Ei eventuell innføring av gratisprinsippet i fag- og forskingsbiblioteka kan innebere ein markant kostnadsauke for bibliotek eigaren eller eit meir avgrensa tilgjenge til materiale for brukarane. Det kan synast noko usikkert om og korleis ei felles lov kan påverke gjeldande lisensavtaler. Til dømes kan auka tilgjengeleggjing (dvs. ei utvida brukargruppe) til materiale som i dag vert omfatta av lisensavtaler, føre til endringar i kostnadene. Ein må også rekne med at ein god del av materialet i forskingsbiblioteka er av mindre interesse for den alminnelege bibliotekbrukaren.

Prinsippet om den frie låneretten kan også skape problem for fag- og forskingsbibliotek. Primærfunksjonen til desse biblioteka er å tilby og vidareutvikle relevante tenester for interne brukarar, men samstundes skal dei offentlege universitets- og høgskulebiblioteka og spesialbiblioteka vere en del av biblioteknettverket. Det bør vere ein opning for at tenester og tilgjenge til spesielt materiale i ein del tilfelle kan vere reservert for bruk på undervisningsstaden eller for interne brukarar.

I samband med utviklinga av felles søkje- og tingingstenester vil det vere aktuelt å innføre differensiert tilgjenge til enkelte ressursar, avhengig av brukarstatus og kva føremålet med bibliotekbruket er. Eit slikt differensiert tilgjenge kan gjere det enklare å avklare kostnadene ved nødvendige lisensavtaler. Innføring av eit felles lånekort, som opnar for differensiert tilgjenge til bibliotekmateriale, er ikkje noko som er nødvendig å regulere i ei

felles lov. Ei felles biblioteklov er heller ikkje nødvendigvis det mest tenlege verktøyet for å sikre eit godt samarbeid mellom fag- og folkebiblioteka.

Departementet kan ikkje sjå at det har kome fram argument som i tilstrekkeleg grad underbygger at det er behov for ei felles biblioteklov som femner om heile biblioteksektoren. Departementet konkluderer difor med at det ikkje er nødvendig å utforme ei felles biblioteklov for heile biblioteksektoren for å nå målet om eit betre samarbeidande biblioteknettverk. Kunnskapsdepartementet og Kultur- og kyrkjedepartementet har ansvaret for å finne andre måtar som sikrar eit godt samarbeid om bibliotektenestene på tvers av sektorane.

Kunnskapsdepartementet og Kultur- og kyrkjedepartementet vurderer det difor som ei betre løysing å harmonisere og revidere det eksisterande lovverket under begge departement, for å oppfylle det felles ansvaret det er å sikre brukarane gode bibliotektenester. Ein slik gjennomgang må også ha som mål å utvikle eit lovverk som er betre tilpassa utfordringane i biblioteksektoren, og som opnar for meir fleksible løysingar for drift og organisering av bibliotektenestene.

Kunnskapsdepartementet varslar at det vil bli oppretta ei gruppe som skal greie ut nye lovføresetnader i universitets- og høgskulelova for å støtte opp under deltakinga i biblioteksamarbeidet for universitets- og høgskulebiblioteka.

I ein prosess for å harmonisere lovverket vil Kultur- og kyrkjedepartementet også vurdere ei rekkje justeringar i biblioteklova. Dette omfattar

- justeringar i føremålsparagrafen til folkebiblioteklova, særleg knytte til ansvaret for aktiv formidling og møteplassfunksjon

- organisering og drift av bibliotektenester med tanke på å opne for meir fleksible organisatoriske løysingar
- fylkeskommunens ansvar for bibliotektenester
- kompetansekravet i folkebiblioteklova og behovet for fleksibilitet i organiseringa av tenester
- krav til og standardar for folkebibliotekdrift

## 8.6 Tiltak og strategiar

---

- Statstilskotet til Fjernlånsentralen ved Deichmanske bibliotek vil verte fjerna. I staden vil departementet vurdere andre tiltak som kan medverke til å styrkje lånesamarbeidet og logistikksystemet i biblioteknettverket. Ei vidare utvikling av Depotbiblioteket ved Nasjonalbiblioteket vil vere eit viktig enkelttiltak. Det vil dessutan bli teke initiativ til å prøve ut alternative leveringsmåtar for bibliotekmateriale, som til dømes Bok-i-butikk.
- Nye, felles retningslinjer for lånesamarbeid er under utarbeiding, og Kultur- og kyrkjedepartementet vil vurdere å fastsetje forskrift for lånesamarbeid og registrering med heimel i folkebiblioteklova § 3.
- Kultur- og kyrkjedepartementet og Kunnskapsdepartementet vil harmonisere lovverket for folkebibliotek og universitets- og høgskulebibliotek for å styrkje samarbeidet mellom biblioteka.
- I ein prosess for å harmonisere lovverket på bibliotekfeltet vil Kultur- og kyrkjedepartementet også vurdere justeringar i folkebiblioteklova.





Figur 9.1 Vestre Toten bibliotek

Foto: Paal Bjurstedt

## 9 Organisering og drift av bibliotektenester lokalt og regionalt

### 9.1 Innleiing

---

Dette kapitlet omhandlar sentrale aspekt som går på organisatoriske verkemiddel for å få til betre samarbeid og samordning, spesielt lokalt og regionalt. Folke- og fylkesbiblioteka har særlege utfordringar knytte til forventningar om eit betre bibliotektilbod, samstundes som mange folkebibliotek strevar med å halde eit tilstrekkeleg høgt nivå, både fagleg og personalmessig. Når det gjeld å utvikle folkebiblioteka, har kommunane i dag eit klart hovudansvar, men i dette kapitlet vert moglege statlege verkemiddel som kan stimulere til meir fleksibel og tenleg organisering av bibliotektenestene på tvers av eksisterande kommunegrenser, og styrking av kompetansen, drøfta. I eit slikt perspektiv vert også framtida for dei tenestene som i dag vert utførte av fylkesbiblioteka, drøfta.

I bibliotekutgreiinga vart det gjort framlegg om å etablere større folkebibliotekeiningar ved at fleire kommunar innanfor eit geografisk område samlar sine bibliotekressursar til eit nytt konsolidert bibliotek (der det å konsolidere betyr både å styrkje og å samle). Framlegget var at det skulle vere minst 6–8 årsverk med variert kompetanse i ei ny bibliotekeining, som kunne vere samansett av fleire fysiske bibliotekavdelingar. Det er understreka at alle kommunar skal ha minst éi folkebibliotekavdeling i tråd med folkebiblioteklova, og at det er snakk om driftssamarbeid mellom kommunar.

Behovet for større samla personalressursar, betre leiing og auka kompetanse var grunnlaget for framlegget. Det vart konkludert med at mannskap og kompetanse i biblioteka i dag ikkje er tilfredstillande, og at det er behov for eit kompetanseløft. Behovet for fornying av kompetansen har samanheng med generasjonsskifte, og at dei tilsette må meistre nye utfordringar og behov. I bibliotekutgreiinga vart det gjort framlegg om å etablere eit nasjonalt kompetanseutviklingsprogram for heile biblioteksektoren.

Vidare vart det gjort framlegg om at fylkesbiblioteka bør utviklast til regionbibliotek med rettleiings-, koordinerings- og utgreiingsoppgåver, og at vanlege driftsoppgåver bør overlatast til folkebiblioteka. Fylkesbiblioteka kan byggje opp nettverk og

kompetanse og forankre biblioteksektoren i regionale politiske planprosessar.

I høyringsfråsegnene gav alle kommunane inntrykk av ei positiv haldning til å styrkje samarbeidet, og ønskjer å prøve ut ulike samarbeidsmodellar. Men mange av dei mindre kommunane meiner at framlegget om konsolidering er for bastant. Fleire av dei større kommunane og nokre av dei mindre kommunane med røymsler frå vellukka kommuneoverskridande samarbeid på andre område, er positive til framlegget. Dei fleste fylkeskommunane er positive til konsolidering og viser til røymsle frå eige fylke, men mange understrekar at det bør vere rom for ulike samarbeidsmodellar.

Framlegget om eit kompetanseutviklingsprogram vart teke særleg godt i mot i kommunane. Universitets- og høgskulesektoren er særleg oppteken av at det vert utvikla kompetanseutviklings tiltak knytte til pedagogikk, formidling og rettleiing. Mange peikar på at fylkesbiblioteka bør utviklast vidare som regionale kompetanse- og utviklingsaktørar.

### 9.2 Samarbeid om folkebibliotek og bibliotekutvikling

---

Dei siste 15 åra er det sett i verk mange interkommunale samarbeidsprosjekt i folkebiblioteka, og fleire av desse har vart i mange år. Døme på slike samarbeid finst i Nordhordland, i Namdalen, i Hallingdal og fleire andre stader. Norsk Bibliotekforening har på sin nettstad laga eit oversyn over dei ulike samarbeidstiltaka som gjeld i dag. Dei aller fleste av samarbeidsprosjekta av noko omfang har fått støtte av ABM-utvikling eller tidlegare Statens bibliotektilsyn.

Graden av forpliktande samarbeid har variert. Samarbeidet har handla og handlar i første rekkje om ulike former for interkommunalt samarbeid, om tenester mellom folkebibliotek i ein region, men ikkje om å samarbeide fullt ut om ressursar og personale. I Nordhordland der åtte kommunar samarbeider, har ein til dømes åtte biblioteksjefer, men ingen barnebibliotekar. Andre stader er det etablert samarbeid mellom to kommunar der den

eine kommunen kjøper biblioteksjeftenester frå den andre.

ABM-utvikling melder at desse interkommunale samarbeidsformene gjev ei viss uttjelning, men at det ofte ikkje er forpliktande nok til å få til det siste løftet som er nødvendig. Utfordringa er i stor grad knytt til kompetanse, og her er det viktig å skilje mellom den kompetansen som skal liggje i førstelinetenesta i alle bibliotek (retteleiing og formidling), og den kompetansen som må samlast på eit høgare nivå (leiing, utvikling og planlegging). Det er ei utfordring å lyfte samarbeidet opp til politisk og administrativ behandling i fleire samarbeidande kommunar, slik at bibliotek kjem høgare på den politiske dagsordenen.

Opninga i § 4 i Lov om folkebibliotek om at folkebiblioteket kan drivast i heilt eller delvis driftsfellesskap med annan kommune, fylkeskommune eller statleg institusjon, er ikkje teken i bruk med eitt unntak. I dag er det framleis berre Tønsberg og Nøtterøy kommunar som samarbeider slik at to kommunar dannar eit integrert bibliotek med felles administrasjon og med bibliotekavdelingar både i Tønsberg og på Nøtterøy. Det er heller ingen kommune som har søkt om unntak frå kravet om å ha folkebibliotek i kommunen slik den same paragrafen opnar opp for: «Departementet kan gjøre unntak fra første ledd for forsøksvirksomhet.»

Dei samarbeidstiltaka som er etablerte, er eit uttrykk for at det trengst samarbeid over kommunegrensene for å utnytte ressursane betre. Dei ulike samarbeidstiltaka som er sette i verk, gjev eit godt grunnlag å byggje vidare på, og kan vere eit første steg i retning av meir forpliktande samarbeid i folkebiblioteksektoren. ABM-utvikling har i 2008 lyst ut midlar til å greie ut biblioteksamarbeid mellom fleire kommunar innanfor vertskommunemodellen, jf. nærare omtale i pkt. 9.3.2.

Den teknologiske utviklinga dei siste åra har skapt nye samarbeidsformer i biblioteksektoren, mellom anna med omsyn til IKT-basert søk etter bibliotekmateriale og organisering av utlån. Som tidlegare omtala, har dette ført til at fylkesbibliotekets oppgåver over tid har endra karakter. Frå å vere sentrale i fjernlånsamarbeidet i fylka, arbeider fylkesbiblioteka i dag i større grad med kompetanseutvikling, samordning og utviklingstiltak. Det er ein tendens til at driftsoppgåvene som til dømes medieforsyning og mobil bibliotekteneste blir overførte til folkebiblioteka.

Fylkesbiblioteka er i dag svært ulike, og det varierer i kva grad det er teke grep for å flytte driftsansvar til folkebiblioteka. For mange av dei små folkebiblioteka fungerer fylkesbiblioteket som

den faglege instansen som kan kontaktast for å få råd. Mange av dei mindre biblioteka har også nytte av å delta i ulike utviklings- og kompetansetiltak organiserte av fylkesbiblioteket. Der fylkesbiblioteket driv aktivt utviklingsarbeid, har også dei større kommunane nytte av det. Eit døme på dette er Vestfold, der bykommunar som Sandefjord og Larvik gjev uttrykk for at dei har nytte av det arbeidet fylkesbiblioteket gjer for heile regionen, og i samarbeid med andre fylkesbibliotek.

I Oppland har fylkesbiblioteket vore pådrivar for å lage regionale bibliotekplanar som er vedtekne i kommunane. Biblioteksamarbeidet i Oppland er òg forankra i regionråda. Prosjektet *Sømløst Oppland* har vore retta mot å utvikle både fysiske og digitale saumlause tenester. Ein felles bibliotekportal er vegvisar inn til alle kommunane og bibliotektenestene på nett. Også i Østfold er samlingar og kompetanse i alle folkebiblioteka, Høgskolen i Østfold og alle dei vidaregåande skulane i fylket gjorde tilgjengelege for alle innbyggjarane. Fylkesbiblioteket har arbeidd aktivt med dette.

## 9.3 Om interkommunalt samarbeid i kommunelova

### 9.3.1 Samarbeid etter § 27

Kommunelova § 27 gjeld interkommunalt og interfylkeskommunalt samarbeid om løysing av felles oppgåver. Fleire kommunar, fleire fylkeskommunar eller begge delar kan opprette eit eige styre, og kommunestyret eller fylkestinget kan gje fullmakter til å ta avgjerder som gjeld drift og organisering av verksemda. Etter kommunelova § 27 andre ledd skal vedtektene for det interkommunale styret ha føresegner om samansetning, ansvarsområde, innskot og om det er høve til å ta opp lån. Vidare er det reglar om oppseiing av deltakinga.

Denne måten å organisere samarbeid mellom kommunar og ev. fylkeskommunar på kan også nyttast for samarbeid om bibliotektenester. Der ein vil prøve ut ei organisering der fylkeskommunen får eit sentralt ansvar, kan ei organisering etter kommunelova § 27 vere tenleg.

Dei fleste av dei interkommunale samarbeidsløysingane mellom bibliotek er oppretta ved avtaler, og ikkje etter modell av kommunelova § 27, med eit felles styre. For nokre av samarbeidsløysingane finst det regionale bibliotekplanar som er vedtekne i dei involverte kommunane.

Telemarksbiblioteket er til dømes oppretta som eit felles bibliotek for Telemark fylkeskommune og Nome kommune med felles styre. Telemarksbibli-

oteket er både fylkesbibliotek for Telemark og folkebibliotek for Nome kommune.

Tønsberg og Nøtterøy har samarbeidsavtale mellom dei to kommunane, godkjende av begge kommunane og med felles styre. Samarbeidet femner om både bygg, drift og fordeling av kostnadene. Økonomiplan og budsjett skal godkjennast av kommunestyra i begge kommunane. Det same gjeld ved vesentleg utviding eller omlegging av verksemda. Eventuell oppseiing av avtala skal gjerast med minimum 3 års varsel. Biblioteksjefen har ansvar for all dagleg drift, inklusive personalansvar og tilsetjingar.

### 9.3.2 Vertskommunemodellen

*Vertskommunemodellen* er heimla i kommunelova §§ 28a-28 om vertskommunesamarbeid. Føreregningene tok til å gjelde 1. januar 2007, sjå Rundskriv H-02/07. Endringane i lova byggjer på Ot.prp. nr. 95 (2005–2006) *Om lov om endringer i lov 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner* (interkommunalt samarbeid). På nettsidene til Kommunal- og regionaldepartementet og KS kan ein finne meir informasjon.

Vertskommunemodellen gjev kommunane høve til å utvikle eit forpliktande interkommunalt samarbeid om lovpålagde tenester til innbyggjarane. Føremålet er å finne løysingar som kan gje små kommunar betre kompetanse, og betre tenester til innbyggjarane i ein struktur der mange små kommunar skal vareta dei same tenestene og funksjonane som dei store kommunane. Etter at lova vart vedteken, gjennomførte Kommunal- og regionaldepartementet i samarbeid med KS konferansar over heile landet for å informere om lova.

Målet med vertskommunemodellen er å sikre både demokratiske aspekta og rettstrygg ved interkommunalt samarbeid om kommunale kjerneoppgåver og utøving av offentleg styring. Modellen skal også gje rammer for samarbeid om fagmiljø og fagkompetanse i område av landet der den enkelte kommunen kvar for seg har vanskar med å etablere den type kompetanse det er krav om for å utføre heile registeret av kommunale oppgåver.

Vertskommunemodellen har to hovudvarianter: ein modell utan eit felles folkevalt organ (administrativt vertskommunesamarbeid), eller ein modell med eit felles folkevalt organ. Ein av deltakarkommunane er vertskommune, dei andre deltakarkommunar.

I modellen utan folkevalt organ vil dei respektive kommunestyra inngå ein avtale om samarbeid innanfor eit kommunalt ansvarsområde, ved å overføre administrativ kompetanse til ein vertskommuneadministrasjon.

Vertskommunen kan utføre oppgåver og ta avgjerder etter delegasjon frå samarbeidskommunen i enkeltsaker, eller i saker som ikkje er av prinsipiell karakter. Det er lagt til grunn at den enkelte kommunen framleis skal ha det formelle ansvaret for lovpålagde oppgåver, også der avgjerdsmakta er overført til ein vertskommune. Kommunen står framleis i eit politisk ansvarsforhold overfor innbyggjarane sine. Det gjeld også for den delen av verksemda som vert utøvd i eit interkommunalt samarbeid.

Kommunelova § 28c omhandlar vertskommunesamarbeid med ei felles folkevalt nemnd for saker av prinsipiell karakter. Kommunar som deltek i eit slikt vertskommunesamarbeid, kan avtale å opprette ei felles folkevalt nemnd i vertskommunen. Kommunestyra i deltakarkommunane kan delegere til nemnda å gjere vedtak også i saker av prinsipiell karakter. Nemnda kan vidare delegere til administrasjonen til vertskommunen å ta avgjerd i enkeltsaker eller i saker som ikkje er av prinsipiell karakter.

I forarbeidet til lovendringa vart det streka under at vertskommunesamarbeid kan gje betre tilgjenge til særskild kompetanse, betre kvalitet på tenestene og ein viss rasjonaliseringsgevinst. I eit samarbeid mellom bibliotek vil alle tre aspekta vere viktige.

#### *Prosjektmidlar til utprøving*

Vertskommunemodellen er ganske ny. For å få meir kunnskap om kva som må til for å ta i bruk modellen i biblioteka, har ABM-utvikling i 2008 lyst ut prosjektmidlar for å få modellen nærare utgreidd sett frå biblioteka og kommunane si side. Lov om folkebibliotek inneheld ikkje noko som er til hinder for samarbeid etter vertskommunemodellen.

ABM-utvikling har i kriteria for å få midlar lagt vekt på korleis innbyggjarane i dei aktuelle kommunane kan få eit betre bibliotektilbod, både gjennom betre innhald, utvida opningstider og kompetanseutvikling. Rasjonaliseringsgevinsten vil særleg vere knytt til samarbeid om ulike oppgåver, og ein kan utvikle eit betre tenestetilbod til innbyggjarane med utgangspunkt i dei samla ressursane.

Deltakarkommunane må vise vilje til å satse på biblioteket, og eit viktig aspekt er også å sjå bibliotekutvikling i samanheng med stadutviklinga i kommunane og biblioteket som offentleg møteplass. Det er streka under at prosjektet skal vere forankra politisk og administrativt i ein vertskommune og i fleire deltakande kommunar. Kommunane skal framleis oppfylle kravet i biblioteklova

om at alle kommunar skal ha eit folkebibliotek (§ 4). Tre prosjekt fekk i 2008 midlar til å greie ut vertskommunemodellen. Utgreiingane skal vere ferdige innan 1. mai 2009.

- 7 kommunar som inngår i Ofotbiblioteka–Narvik, Tysfjord, Ballangen, Evenes og Tjeldsund, Steigen og Hamarøy. Narvik er vertskommune og utgreiar.
- 7 kommunar i Sunnhordland som omfattar Kvinnherad, Bømlo, Stord, Sveio, Fitjar, Etne og Tysnes. Bømlo er vertskommune. Kvinnherad er utgreiar.
- 4 kommunar på Senja – Lenvik, Berg, Torsken og Tranøy. Lenvik er vertskommune og utgreiar.

### 9.3.3 Interkommunale selskap

Det er også mogeleg å organisere interkommunalt samarbeid i selskapsformer utanfor kommunelova, til dømes etter aksjelova eller etter lov av 29. januar 1999 nr. 6 om interkommunale selskap. Lov om interkommunale selskap er særleg laga med tanke på verksemder som har egne inntekter, og som har større eller mindre preg av næringsverksemd. Interkommunalt samarbeid om sentrale samfunnsoppgåver og velferdsmessige oppgåver er ikkje i fokus. Formelt er det likevel ikkje noko i vegen for at modellen med interkommunale selskap også vert nytta for å løyse meir tradisjonelle forvaltningsoppgåver, dersom den lova som legg oppgåva til kommunen eller fylkeskommunen ikkje er til hinder for det. Dei interkommunale selskapa er egne rettssubjekt.

## 9.4 Nokre samarbeidsmodellar

### Sentralbibliotekmodellen

Den danske bibliotekstrukturen kan tene som døme på det som kan kallast *sentralbibliotekmodellen*. I Danmark har det skjedd ei rekkje tilpassingar av folkebibliotekstrukturen som eit resultat av den danske kommunalreforma, som vart gjennomført 1. januar 2007, jf. også omtale i kap. 6. I Danmark er dei 16 amta erstatta av fem regionar og talet på kommunar er redusert frå 270 til 98. Føremålet har vore å skape større og meir berekraftige kommunar med vekt på betre tenester til innbyggjarane.

Strukturendringane har ført til færre, men større folkebibliotek. Det er også ein nær samanheng mellom strukturendringa, etableringa av den felles søkje- og tingingstenesta bibliotek.dk, ei nasjonal transportordning og ei avtale mellom

nasjonalt nivå og seks sentralbibliotek om ansvar for den regionale medieforsyninga.

I november 2008 la Styrelsen for Bibliotek og Medier fram ein rapport om folkebiblioteka etter kommunalreforma.<sup>1</sup> Hovudkonklusjonen er biblioteka har tenkt nytt og utvikla nye bibliotektenester. Biblioteka har utvida opningstidene og talet på nye bibliotekbygg har auka. Fleire kommunar har satsa på nye ordningar som fleksible bokbussar, skulebibliotek som er opne for alle og filialar med sjølvforsyning. Mange kommunar etablerer alternative hente plassar for tinga materiale, slik som Bok i butikk. Det vert også jobba med å integrere bibliotektenestene med andre tenestetilbod i kommunen.

### Regional nettverksmodell

Eit døme på det som kan kallast *regional nettverksmodell*, er modellen for biblioteksamarbeid i Østfold. I Østfold er samlingar og kompetanse i alle folkebiblioteka, Høgskolen i Østfold og alle dei vidaregåande skulane i fylket gjorde tilgjengelege for innbyggjarane på tvers av kommunegrensar og forvaltningsnivå. Samarbeidet er i praksis organisert rundt ei transportordning og biblioteka sitt papirbaserte materiale. Biblioteka har ei felles sørviserklæring og eit felles utlansreglement. Dagleg vert det køyrt transport mellom høgskulebiblioteka og folkebiblioteka i fylket. Dette gjer at brukarane både kan tinge, låne og levere inn bøker frå den samla bokstammen i dei samarbeidande biblioteka ved alle filialar. Fjernlån er gratis for alle. I Bibliofil er det laga eit samsøk for Østfoldbiblioteka.

### Regionalbibliotekmodellen

Sjølv om det ikkje er prøvt ut, kan ein også tenkje seg ei ordning med *regionbibliotek* der fylkeskommunen overtek forvaltningsansvaret for folkebiblioteka i fylket. I ein slik modell vil det framleis vere minst eitt fysisk biblioteklokale i kvar kommune, men det vert éin hovudadministrasjon for folkebibliotektenestene i fylket. Dette vil føre til at dei fysiske samlingane i kvart fylke vert behandla som ein felles ressurs. Ei slik organisering kan gje større fleksibilitet når det gjeld tenesteutviklinga. Ei fylkesvis organisering gjer det òg mogeleg å skape sterke nok miljø til å kombinere utviklingsoppgåver med dei mange daglege gjeremåla i ein og same organisasjon.

<sup>1</sup> Folkebibliotekene etter kommunalreformen, Styrelsen for Bibliotek og Medier 2008



### *Samspelmodellen*

Ein siste modell kan kallast *samspelmodellen* og han er ei vidareutvikling av dagens ansvarsfordeling for bibliotek, men med ein klarare bibliotekpolitikk med nasjonale mål, statlege satsingsprogram og friviljuge samarbeidsavtaler mellom stat og fylkeskommune om bibliotekutvikling. Slike avtaler kan danne grunnlaget for fylkeskommunale og kommunale bibliotekplanar eller eventuelle samarbeidsavtaler ombibliotekutvikling mellom fylkeskommunane, kommunane og/eller interkommunale samarbeidstiltak.

I ein slik samspelmodell vil dei tre forvaltningsnivåa samarbeide om å nå felles mål, og på kvar sine måtar medverke til å oppfylle nasjonale målsetjingar på bibliotekfeltet. Statens verkemiddel for å nå overordna målsetjingar vil vere lovverk, krav og standardar, statlege satsingsprogram for bibliotekutvikling, innkjøpsordningar og andre støtteordningar og forpliktande avtaler med fylkeskommunane. Ein slik modell utelukkar ikkje interkommunale samarbeid, prøveordningar med regionalbibliotek eller ei vidareutvikling av regionale nettverksmodellar.

## **9.5 Kompetansekravet og dispensasjonsordninga**

Dagens biblioteklov stiller krav til kommunane om å tilsetje fagutdanna biblioteksjef (§ 5), og tilsvarende krav til fylkeskommunen om fagutdanna fylkesbiblioteksjef (§ 8).

I forarbeidet til lov om folkebibliotek, jf. Ot.prp. nr. 14 (1985–1986), var kravet til fagutdanna biblioteksjef i kommunane grunngeve med at dette var eit viktig verkemiddel for å sikre grunnlaget for eit nasjonalt bibliotektilbod. Vidare var det eit generelt ønske om å styrkje den bibliotekfaglege leiinga i kommunane. Kommunen skulle ha fagutdanna biblioteksjef, men skulle stå fritt med omsyn til storleiken på stillinga. Det vart òg lagt til grunn at det skulle innførast overgangsordningar, og at tilsetjing av fagutdanna biblioteksjef skulle skje over tid, i første rekkje ved naturleg avgang. Det vart gjort framlegg om at departementet skulle gje forskrifter med kvalifikasjonskrav for biblioteksjefer, og trekkje opp overgangsordningar som kunne gje rimelege føresetnader for å gje dispensasjon. Det vart lagt til grunn at ordninga med obligatoriske kurs og praksisperiodar for biblioteksjefer utan fagutdanning skulle halde fram.

I 2002 gjorde Kultur- og kyrkjedepartementet framlegg om å fjerne kravet om fagutdanna biblio-

teksjef i kommunar og fylkeskommunar (§§ 5 og 8) som ei oppfølging av prinsippa i oppgåvefordelingsmeldinga, jf. høyringsutkastet til endringslov. Bakgrunnen for framlegget byggjer på ei forståing av at når kommunesektoren er gjeve ansvaret for å løyse ei oppgåve, vil kommunane og fylkeskommunane vere ansvarlege for å tilsetje nødvendig og tilstrekkeleg personell med relevant kompetanse.

Framlegget i høyringsutkastet til endringslov møtte motstand, og departementet valde difor å halde på kompetansekravet til konsekvensane av å fjerne det var nærare utgreidd. Kravet om fagutdanna biblioteksjef vart difor ståande også etter den siste lovrevisjonen i 2003, jf. Ot.prp. nr. 82 (2002–2003) og Inst. O. nr. 125 (2002–2003).

Forskrift om personale i kommunale folkebibliotek vart fastsette av Kulturdepartementet i 1987 og endra i 1993, 1996, 1999 og i 2003. Forskriftene gjev nærare føresegner om kravet til kompetanse og ordninga med dispensasjon dersom kommunen ikkje får fagutdanna søkjar til biblioteksjefstillinga.

Etter forskriftene skal ein fagutdanna biblioteksjef ha ein av to utdanningar:

- Bibliotekareksamen frå Høgskolen i Oslo eller tilsvarende nordisk utdanning
- Bachelorgrad eller høgare grad, med minst 120 studiepoeng bibliotekspesifikke fag i fagkretsen, eller tilsvarende utdanning innanfor eldre gradstruktur, der 120 studiepoeng tilsvarer 40 vektal, eller tilsvarende nordisk utdanning.

ABM-utvikling har også utarbeidd retningsliner for annan fagleg kompetanse som oppfyller kvalifikasjonskravet til fagutdanna biblioteksjef.

Etter forskriftene kan kommunen søkje om mellombels dispensasjon frå kvalifikasjonskravet for normalt to år dersom dei ikkje får tilsett fagutdanna søkjar. Dispensasjonen fell bort når biblioteksjefstillinga vert ledig. Dispensasjonen fell også bort dersom endringar i stillingsstrukturen i kommunens folkebiblioteksystem fører til at det vert oppretta nye stillingar for bibliotekfagleg personale. Ein føresetnad for mellombels dispensasjon er at den som vert tilsett, gjennomgår eit kort innføringskurs i bibliotekkunnskap.

Dersom ei stilling vert utlyst etter at dispensasjonsperioden er over, og utan at det melder seg ein fagutdanna søkjar, kan ABM-utvikling godkjenne at den som har vore tilsett i stillinga vert tilsett fast, på vilkår av at denne personen gjennomfører det utdanningsopplegget som Kultur- og kyrkjedepartementet fastset for stillinga.

ABM-utvikling forvaltar dispensasjonsordninga, og har ein avtale med Høgskolen i Oslo om

det nettbaserte innføringskurset for biblioteksjefer tilsette på mellombels dispensasjon, og eit meir omfattande kurs som gjev 30 studiepoeng, for biblioteksjefer tilsette på fast dispensasjon. Desse fleksible, nettbaserte kursa vart starta i 2004. Av dei 18 som starta på dette kurset i 2004, har 8 fullført innan fristen på 2 år.

Grensedragingar om korleis ein skal definere kompetansekravet i § 5, er ei utfordring. Sjølv om det heiter i forskrifta at biblioteksjefen er den faglege og administrative leiar for kommunens samla folkebibliotekverksemd, vil biblioteksjefens administrative fullmakter vere avhengig av delegasjon frå administrasjonssjefen i kommunen, jf. kommunelova.

Berre 58 prosent av norske kommunar har fagutdanna biblioteksjef i heil stilling. Berre to av ti (om lag 40 biblioteksjefer) har ein organisasjon der det kanskje er behov for å teikne opp eit organisasjonskart. Ei handfull biblioteksjefer har ansvaret for relativt store og komplekse bibliotekorganisasjonar.

Fleire kommunar har vanskar med å få biblioteksjef med dispensasjon til å fullføre kursopplegga innan normert tid. ABM-utvikling trekkjer difor no tilbake dispensasjonen for fleire av desse kommunane. I andre kommunar har biblioteksjefen godt utbyte av kursopplegga. Kompetansegapet mellom kommunane ser difor ut til å auke.

Som omtala har tre samarbeidsprosjekt fått støtte i 2008 for å greie ut samarbeid om drift av folkebibliotek etter vertskommunemodellen. Nokre av kommunane har uklare forhold til § 5. Det vil difor vere av interesse å sjå korleis kompetansekravet kan løysast innafor eit slikt forpliktande interkommunalt samarbeid.

## 9.6 Rammeprogram for kompetanseutvikling

Alt i abm-meldinga, St.meld. nr. 22 (1999–2000) *Kjelder til kunnskap og oppleving*, vart behovet for eit nasjonalt kompetanseutviklingsprogram understreka:

For å stimulera til dette vil departementet setja i gang eit utviklingsprogram for folkebiblioteka. Som del av dette vil ein etablera etter- og vidareutdanningstiltak, der det vert sikta mot ei samordning av tiltak for heile biblioteksektoren.

Gjennom ei rekkje fokusgruppesamtaler i 2008 med bibliotekleiarar og bibliotekeigarar frå både fag- og folkebiblioteksektoren, har ABM-utvikling

identifisert fleire område der biblioteka har særleg behov for å fornye og styrkje kompetansen sin i tida framover. Dette gjeld særleg utvikling av leiarar, marknadsføring av bibliotektilbodet, formidling, digital kompetanse, biblioteket som læringsarena og kulturelt mangfald.

På bakgrunn av bibliotekutgreiinga, høyringane og fokusgruppesamtalene, har ABM-utvikling utarbeidd eit rammedokument for kompetanseutvikling i biblioteka. Føremålet med dokumentet er i første rekkje å gje bibliotekeigarar, kurstillbydarar og fagmiljø eit felles grunnlag for planlegging, tilrettelegging og samarbeid om tiltak for kompetanseutvikling. Denne satsinga inneber at det bør gjennomførast ein del nye tiltak, men det er ikkje minst viktig å skape ei ramme rundt aktivitetar som alt er etablerte eller er under utvikling. Rammedokumentet har no vore ute på høyring.

## 9.7 Departementets vurdering

### *Folkebibliotek*

Folkebiblioteklandskapet i Noreg er fragmentert og samansett av mange mindre einingar. Mange av folkebiblioteka har små personalressursar og avgrensa opningstid, og mange kommunar har ikkje fagutdanna biblioteksjef. Alle folkebibliotek er likevel ikkje små. Det er særleg dei biblioteka som har 10 årsverk og meir som kan ha ein variert kompetanse som legg til rette for innovasjon og nye tenester. Departementet meiner at i dag er for få slike sterke kompetansemiljø i Noreg. Ved eit forpliktande samarbeid mellom større og mindre kommunar, der dette er mogeleg ut frå geografi, vil ein større del av innbyggjarane kunne få eit betre bibliotektilbod.

Ei viktig utfordring på bibliotekfeltet er å finne gode og tenlege løysingar for å utnytte dei samla bibliotekressursane slik at folk får eit godt bibliotektilbod. Dette kan handle om bruk av fagkompetanse, samarbeid om innhald, tenester og tekniske løysingar. Organiseringa av bibliotektilbodet i ein kommune og i eit fylke må gjerast slik at både barn og vaksne får eit best mogeleg tilbod.

På grunn av dei overordna utviklingstrekka og utviklinga av digitale tenester vil folkebiblioteka stå overfor store utfordringar dei neste åra. Med felles søk i katalogane i alle biblioteka, høve til sjølve å tinge lån og betre transportordningar, vil presset, særleg på biblioteka i dei mindre kommunane, auke monaleg. Det vil vere viktig at kommunane planlegg korleis ein skal møte desse utfordringane.

Departementet meiner at folkebiblioteka no må leggje til rette for at dei kan tilpasse seg ein teknologisk infrastruktur for digitale bibliotektenester, og for at dei kan delta i utviklingsarbeid og framstå som ein attraktiv møtestad i lokalsamfunnet. Folkebiblioteka kan ikkje møte auka etterspurnad berre gjennom å låne inn frå andre bibliotek – det vil vere nødvendig å styrkje det lokale tilbodet.

I dag er det eit kompetansegap i folkebibliotekstrukturen som må fyllast. Mange kommunar har ikkje fagutdanna biblioteksjef, og det faglege miljøet i mange folkebibliotek omfattar i dag berre ein eller nokre få personar. Personalressursane og den samla kompetansen i desse folkebiblioteka kan vanskeleg kvar for seg møte alle krav og forventningar til tenester og utvikling av biblioteka i kunnskapssamfunnet.

Departementet meiner difor at det er nødvendig å utvikle og å styrkje samarbeidet mellom folkebiblioteka. Auka samarbeid om bibliotektenestene mellom kommunane kan styrkje tilbodet til brukarane. Det skal framleis vere eit fast bibliotektilbod med minst eitt fysisk bibliotek i kvar kommune, men det faglege ansvaret for å utvikle og fornye biblioteka krev ei sterkare organisering som omfattar tilbodet i fleire kommunar. Etter departementets meining er det behov for samarbeidsordningar som kan sikre god kompetanse, fornying og utvikling av nye tenestetilbod. Slike samarbeidsordningar kan medverke til å vidareutvikle dei gode fellesskapsløysingane som biblioteka er tufta på. Samarbeid kan også skape store nok kompetansemiljø som kan medverke i til dømes Biblioteksvsar, Ønskebok og andre nasjonale digitale bibliotektenester.

Departementet vil stimulere til forpliktande interkommunalt samarbeid og samordningsløysingar i biblioteknettverket lokalt og regionalt. Målet er å utvikle variert kompetanse, prøve ut ulike organisasjonsmodellar og gje rom for kreativ og fleksibel utprøving med basis til dømes i vertskommunemodellen. Det må leggjast til rette for god og fleksibel organisering, og det er viktig å ha ei forpliktande politisk styring med bibliotekutviklinga i kommunane. Det må vere opp til kommunane og fylkeskommunane å forme slike samarbeidsløysingar ut frå lokale forhold. Departementet viser til at det no er sett i gang eit utgreiingsarbeid i regi av ABM-utvikling for å få nærare kunnskap om vertskommunemodellen er eigna som ramme for interkommunalt forpliktande samarbeid om bibliotek.

### *Fylkesbiblioteka*

Departementet viser til at fylkesbiblioteka som institusjonar er heimla i folkebiblioteklova. I 1993 vart lova endra når det gjeld særskilde bibliotekoppgåver på regionalt nivå, slik at dei vart knytte til fylkeskommunen og ikkje fylkesbiblioteket. Departementet meiner at det no vil vere tenleg å gå vidare med denne utviklinga, slik at det i lovverket vert lagt vekt på å definere dei oppgåvene som skal løysast på fylkeskommunalt nivå, og ikkje kva institusjon som skal løyse dei. Ei slik lovendring og ei parallell utvikling med fleire interkommunale samarbeidsløysingar, vil medføre at fylkesbiblioteket ikkje lenger står fram som ein eigen institusjon, men etter kvart vert ein integrert del av den fylkeskommunale verksemda.

Departementet meiner difor at det no er grunnlag for å avvike fylkesbiblioteket i si noverande form, og i staden utvikle fylkeskommunens oppgåver som regional utviklingsaktør på bibliotekområdet. Dersom lovkravet om fylkesbibliotek vert fjerna, vil også kravet om at kvar fylkeskommune skal ha fagutdanna biblioteksjef, verte tilrådd oppheva.

I 2007 hadde fylkesbiblioteka samla om lag 122 mill. kroner i driftsutgifter. Departementet meiner at desse midlane i større grad bør nyttast til å styrkje folkebiblioteka, og stimulere til samarbeid og samdrift av folkebibliotek mellom kommunane. Departementet ser to moglege alternativ for ei slik utvikling:

- Midlane til fylkesbibliotek vert delvis trekte ut av rammeoverføringa til fylkeskommunane og i staden nytta til å finansiere avtaler om nærare definerte oppgåver mellom staten og enkelte større folkebibliotekkommunar. Dette vert ei utvikling i retning av den danske sentralbibliotekmodellen. Døme på slike oppgåver kan vere drift av nasjonale tenester, infrastrukturtiltak, transportordningar og kompetanseutviklingsiltak.
- Midlane til fylkesbibliotek vert verande i fylkeskommunen og nytta som regionale stimuleringsmidlar for å utvikle ein ny folkebibliotekstruktur. Fylkeskommunane kan omfordele midlane til fornyingsprogram for bibliotekbygg, infrastrukturtiltak, transportordning og medieforsyning og supplere eit statleg kompetanseutviklingsprogram.

I valet mellom desse to alternativa vil det første truleg vere det mest effektive for å styrkje folkebiblioteka. Departementet innser likevel at å flytte delar av kommunalsektorens rammetilskot til staten, vil

gjere det vanskelegare for fylkeskommunane å fungere som ein regional utviklingsaktør på bibliotekfeltet og å gjere noko sjølvstendig. Departementet trur heller ikkje det vil vere tenleg å endre rammeoverføringa mellom fylkeskommunane og kommunane. Dette vil ikkje gje nokon garanti for at midlane vert nytta til folkebibliotek, og det vil ikkje vere eit effektivt grep for å endre folkebibliotekstrukturen.

Departementet meiner difor at midlane skal vere i fylkeskommunen og nyttast til å utvikle folkebiblioteka. Fylkeskommunen må ha midlar nok til å drifte nokre bibliotekrådgjevarar, men resten av midlane bør omfordelast til konkrete satsingar som styrkjer biblioteksektoren direkte, og som stør opp under overordna nasjonale målsetjingar. Det er likevel ei kjensgjerning at fylkeskommunane er svært ulike, og per i dag har dei ulike føresetnader for å fungere som utviklingsaktørar.

Det bør opnast for kreativitet og fleksible, organisatoriske løysingar i biblioteknettverket. Det finst fleire biblioteksamarbeid i Noreg som ein kan byggje vidare på. I andre delar av landet er det lenger veg å gå for å få etablert robuste bibliotek. Det er viktig at ein på fylkeskommunalt og kommunalt nivå no tek grep for å medverke til å utvikle eit framtidsretta biblioteknettverk. Framtidige tenester som felles søk i bibliotekatalogane, tingingstenester og transportordningar vil tvinge fram slike endringar.

For å styrkje arbeidet med bibliotekutvikling, gjer departementet framlegg om ei ordning med friviljuge samarbeidsavtaler mellom staten og fylkeskommunane. Føremålet er å forankre nasjonale målsetjingar regionalt og lokalt, kanalisere statlege satsingsmidlar meir effektivt og målretta og stimulere til fylkeskommunale og kommunale bibliotekplanar. Lovspørsmålet vert vidare behandla i den komande revisjonen av biblioteklova.

#### *Kompetansekravet i biblioteklova*

Departementet meiner at det er god grunn til å drøfte om kompetansekravet i folkebiblioteklova har hatt den verknaden som var tenkt. Å halde oppe kompetansekravet i den forma det har hatt i desse åra, vil etter departementets mening hindre ei nødvendig omstilling og utvikling i folkebiblioteksektoren. Departementet meiner at dispensasjonsordninga er statisk og at ho ikkje er tilpassa notida eller framtida.

Opphavleg var intensjonen at ein på sikt skulle få fagutdanna biblioteksjef i alle landets kommunar, og at dispensasjon frå kompetansekravet skulle vere ei overgangsordning. Denne over-

gangsordninga har no vart i 20 år utan målet om fagutdanna biblioteksjef er nådd i alle kommunar. Forvaltninga av § 5, tilhøyrande forskrift og gjeldande dispensasjonsordning har ikkje ført til merkbar kompetanseheving eller fornying av sektoren.

Ressursane som vert brukte til å forvalte § 5 kjem nokre få kommunar til gode, og gjev få synlege resultat. Det er framleis dei små kommunane med eitt årsverk eller mindre som kjem i kontakt med dispensasjonsordninga. Ein tredel av dei små kommunane har i dag ikkje fagutdanna biblioteksjef, og det er ofte dei same kommunane som slit med å halde på personale, og som må inn i nye omgangar med dispensasjonar.

Departementet understrekar at kompetansen blant personalet er den viktigaste faktoren for å tilby ei kvalitetsmessig, forsvarleg bibliotekteneste. Det er primært bibliotekseigarane som har ansvaret for å syte for opplæring og kontinuerleg kompetanseutvikling for dei bibliotektilsette.

Departementet ser fire moglege løysingar når det gjeld kompetansekravet i biblioteklova:

1. Fjerne § 5 med tilhøyrande forskrifter og dispensasjonsordning, og erstatte dette med eit krav om at kommunen må syte for personell med relevant kompetanse for å fylle kravet om gode bibliotektenester til brukarane.

*Merknad: Ei slik ordning vil ikkje i seg sjølv føre til at det blir betre kompetanse i folkebiblioteka, men vil åpne for større fridom for kommunane. Ordninga kan skape eit behov for større grad av rettleiing av kommunane.*

2. Halde på § 5, men fjerne mellombels dispensasjonsordning og gje fast dispensasjon ved tilsetjing. Kommunane får sjølve ansvaret for å følgje opp dei tilsette biblioteksjefane med dispensasjon frå kravet om fagutdanning gjennom utdanninga. Kommunens ansvar skal omfatte både det å leggje til rette for studium, og ansvar for å dekkje kostnadene ved utdanninga.

*Merknad: Ei slik ordning vil heller ikkje i seg sjølv føre til at det blir betre kompetanse i folkebiblioteka, men vil truleg føre til betre rekruttering av biblioteksjefar med annan kompetanse som kan vidareutviklast. Ordninga vil også kunne føre til betre motivasjon for å starte på eit meir omfattande kursopplegg alt ved tilsetjing.*

3. Halde på § 5, men fjerne dispensasjonsordninga.

*Merknad: Dette vil føre til at krava til fagutdanna biblioteksjef vert innskjerpa og at kommunane må tenkje alternative løysingar. Dette kan vere forplikande interkommunale samarbeidsløysingar, vertskommunemodell og liknande, jf. biblioteklova § 4: «Folkebiblioteket kan drives av kommunen alene, eller i helt eller delvis driftsfellesskap med annan kommune, fylkeskommune eller statlig institusjon.»*

4. Omdefinere kompetansekravet i § 5 og fjerne dispensasjonsordninga. Stille krav til bibliotekfagleg kompetanse i organisasjonen, men ikkje knyte kravet til biblioteksjefen. For å sikre kompetanse og tilstrekkeleg breidde i tilbodet bør det ikkje vere færre enn 5 tilsette i eit bibliotek.

*Merknad: Dette vil i mange tilfelle måtte føre til at kommunane må tenkje alternative løysingar, jf. førre punktet.*

Departementet meiner at skilnadane mellom dei biblioteka som maktar å ta del i utviklinga, og dei som ikkje gjer det, vil halde fram med å auke dersom det ikkje vert teke strategiske grep i kommunane. Behovet for fornying av kompetansen er stor i heile folkebiblioteksektoren. Det bør finnast brei og allsidig bibliotekfagleg kompetanse i alle bibliotek, og det er behov for variert og spesialisert kompetanse.

Dersom biblioteknettverket skal klare å halde følge med kravstore og kunnskapsrike innbyggjarar, må det gjerast endringar som styrkjer kompetansen og rekrutteringa i biblioteknettverket. Meir bruk av samarbeidsløysingar mellom kommunar kan leggje til rette for ei styrking av biblioteka og kompetansen. Eit nærare samarbeid kan gjere det mogeleg å opprette meir attraktive stillingar som kan trekkje fleire kvalifiserte søkjarar. Det vil også kunne føre til spissing av kompetanse, betre arbeidsdeling i ulike regionar og ei betre tilnærming til utviklinga av den samla kompetansen.

I ei slik ordning er det sjølvsagt at det skal finst bibliotekfagleg kompetanse i organisasjonen, men eininga bør også ha spisskompetanse på andre område, som til dømes formidling til barn og unge, bruk og utvikling av nettbasert innhald og tenester, marknadsføring av bibliotektilbodet og ikkje minst rettleiing av brukarane. Leiaren av ei slik eining vil truleg kunne ha meir behov for administrativ kompetanse enn reint bibliotekfagleg kompetanse.

Løysingar som vert skisserte i alt. 3 og 4 vil innebere at kompetansekravet vert innskjerpa, og

at mange kommunar som ikkje klarer å tilsette leiar eller personale med bibliotekfagleg utdanning, vil måtte gå saman for å oppfylle kravet i lova. Dette vil vere eit sterkt incitament til interkommunale samarbeidsløysingar, men vil truleg også vere i strid med statens retningslinjer for statleg styring av kommunal sektor. I desse retningslinjene heiter det at

Det bør i utgangspunktet ikke innføres pålegg om bestemte måter å løse en oppgave. Av hensyn til det lokale selvstyre og kommunens muligheter til selv å se forskjellige tjenester i sammenheng, bør det være opp til kommunen selv å velge virkemidler og utforming av tjenestetilbudet til beste for brukerne og borgerne

og

Regler om at kommunesektoren må ansette særskilt definert personell og sørge for nødvendig opplæring og etterutdanning bør i utgangspunktet ikke innføres. Når kommunesektoren er tillagt ansvaret for å løse en oppgave, vil kommunene og fylkeskommunene være ansvarlig for å ansette nødvendig og tilstrekkelig personell med relevant kompetanse.

Departementet vil kome attende til drøftingane av § 5 i revisjonen av biblioteklova. Det same gjeld § 8 og krav om fagutdanna fylkesbiblioteksjef, jf. framlegg om å leggje ned fylkesbiblioteket som eigen lovfesta institusjon.

Grunnutdanninga for bibliotekfaget vart sist evaluert i 1997. Den teknologiske utviklinga gjer at ein no bør vurdere å evaluere grunnutdanninga på ny. Kultur- og kyrkjedepartementet og Kunnskapsdepartementet vil i fellesskap vurdere ei slik evaluering.

#### *Kompetanseutviklingsprogram*

Alt i abm-meldinga frå 2000 vart behovet for å setje i verk kompetanseutviklingstiltak på bibliotekfeltet understreka.

Eit kompetanseutviklingsprogram bør ta høgde for å utvikle den samla kompetansen i biblioteka. Viktige aspekt i eit slikt program vil vere biblioteka som læringsarena, opplæring i informasjonskompetanse gjennom heile grunnutdanninga og i høgare utdanning, biblioteka som arena og møtestad i eit fleirkulturelt samfunn og kunnskap om og kompetanse på dei digitale utfordringane.

Både Kultur- og kyrkjedepartementet og Kunnskapsdepartementet er positive til å styrkje kompetansen i biblioteka, og viser til at det no ligg føre eit utkast til rammeprogram for kompetanseutvikling.

Departementa vil i fellesskap vurdere kva tiltak som er nødvendige for å styrkje og utvikle den samla kompetansen i biblioteksektoren. Utkast til rammeprogram og høyringsfråsegnene vil vere eit godt grunnlag for å vurdere vidare politikktutforming.

### **9.8 Tiltak og strategiar**

---

- Kultur- og kyrkjedepartementet vil stimulere til samarbeids- og samordningsløysingar i biblioteknettverket lokalt og regionalt. Målet er å prøve ut ulike organisasjonsmodellar, og gje rom for kreativ og fleksibel utprøving med basis til dømes i vertskommunemodellen.
- Det vil bli etablert ei ordning med friviljuge samarbeidsavtaler om bibliotekutvikling mellom staten og fylkeskommunane som verktøy for å gjennomføre nasjonal politikk og stimulere til fylkeskommunale og kommunale bibliotekplanar.
- Kultur- og kyrkjedepartementet og Kunnskapsdepartementet vil i fellesskap vurdere kva for tiltak som er nødvendige for å styrkje og utvikle den samla kompetansen i biblioteksektoren. Eit samla kompetanseutviklingsprogram for heile biblioteksektoren vil verte vurdert.
- Kultur- og kyrkjedepartementet og Kunnskapsdepartementet vil i fellesskap vurdere behovet for å evaluere grunnutdanninga i bibliotekfag på ny.





Figur 10.1 Frå BI-biblioteket i Oslo  
Foto: Bjørn Djuvpik



## 10 Nasjonal samordning av arkiv-, bibliotek- og museumsfeltet

### 10.1 Innleiing

Arkiva, biblioteka og musea er nære slektningar som i mange tilfelle har likearta og kompletterande oppgåver. Potensialet for samarbeid og samordning på tvers av feltet er til dels store, ikkje minst sett i forhold til arbeidet med digitalisering og digital tilgjengeleggjering.

I St.meld. nr. 22 (1999–2000) *Kjelder til kunnskap og oppleving* (abm-meldinga) jf. Innst. S. nr. 46 (1999–2000), vart det drøfta kva som skil og kva som sameinar arkiv, bibliotek og museum. Det vart streka under at det er ei rekkje fellestrekk mellom institusjonstypane, jf. oversyn i boks 10.1. Meldinga konstaterer at den viktigaste utviklingsdri-

vande faktoren i alle dei tre sektorane, er ein aukande bruk av digital teknologi. Enno står ein berre ved starten når det gjeld å utnytte det digitale potensialet, og vegen er lang før brukarane av tenester i abm-institusjonane kan dra nytte av at institusjonane samordnar dei digitale tenestene sine.

Eitt av dei viktigaste grepa i abm-meldinga var framlegget om å etablere eit statleg samordningsorgan for arkiv, bibliotek og museum, med overordna oppgåve å sjå til at store og små einingar i abm-feltet spelar saman i eit nasjonalt nettverk. Under Stortingets behandling av St.meld. nr. 27 (2000–2001) *Gjør din plikt – kjenn din rett* om kvalitetsreforma, jf. Innst. S. nr. 337 (2000–2001), vart

#### Boks 10.1 Fellestrekk ved arkiv-, bibliotek- og museumsfeltet

- Alle sektorane forvaltar materiale som fungerer som informasjons- og kjeldegrunnlag for historisk kunnskap og for dagsaktuelle tilhøve. Til dels er det òg overlappende material- og samlingstypar mellom institusjonar på tvers av sektorane.
- Innanfor alle sektorane vert det arbeidd systematisk med dokumentasjon. Det inneber medvetne haldningar til det å velje ut det materialet som skal samlast eller takast inn. Sikring av kjelde- og informasjonsmaterialet står òg sentralt.
- Informasjonsbehandling er viktig for alle sektorane. Fleire problemstillingar som har med informasjons- og kommunikasjonsteknologi å gjere, er anten felles eller meir eller mindre likearta, jamvel om det også her vil vere klare skilnader. Datastandard og informasjonsarkitektur er likevel viktige stikkord for alle sektorane, og det er fellesinteresser som strekkjer seg frå konvensjonell mikrofilming, via ordinære databasar og informasjonsnettverk til digitalisering av tekst, foto, lyd og levande bilete.
- Bindingane til utdannings- og forskingssektoren er sterke for alle tre sektorane. Universitet og høgskular er ei av dei sentrale brukargruppene av materiale i Arkivverket, nasjonale bibliotekinstitusjonar og andre fag- og forskingsbibliotek. Formidlingsaktivitet ved store og små museum over heile landet er retta mot skuleverket.
- Formidlingsarbeidet byggjer i stor grad på ein tradisjonell folkeopplysningsideologi. Særleg gjeld dette musea og folkebiblioteka, men òg i aukande grad arkiva. Sidan alle tre sektorane har kunnskaps- og informasjonsformidling som arbeidsfelt, har dei òg eit kontinuerleg behov for å evaluere kva formidlingsformer og –metodar dei er best tente med.
- Sett frå eit brukarsynspunkt har det mindre å seie kva institusjonstype som kan formidle informasjon om eit definert tema, og i praksis vil ofte tilfang frå både arkiv, bibliotek og museum vere nødvendig for å kunne skape ei integrert forståing av eit sakstilhøve.

Kjelde: St.meld. nr. 22 (1999–2000) *Kjelder til kunnskap og oppleving*

behovet for eit sektor- og departementsovergripande nasjonalt koordineringsansvar for heile bibliotekområdet, både folkebiblioteka og fag- og forskingsbiblioteka lagt til. I samsvar med dette vart ABM-utvikling – Statens senter for arkiv, bibliotek og museum, oppretta 1. januar 2003 ved ei samanslåing av Statens bibliotektilsyn, Norsk museumsutvikling og Riksbibliotektenesta.

I 2006 fekk ABM-utvikling Statskonsult til å gjennomføre ei evaluering som primært var retta mot organiseringa av institusjonen. Som ei følge av evalueringa er institusjonen omorganisert. Våren 2008 engasjerte Kultur- og kyrkjedepartementet DIFI (tidlegare Statskonsult) til å gjennomføre ei meir omfattande evaluering av institusjonen.

Dette kapitlet omhandlar den nasjonale samordninga av arkiv-, bibliotek-, og museumsfeltet. Rollene og oppgåvene for ABM-utvikling vert presenterte og drøfta i lys av den nye evalueringa av institusjonen og høyringa av denne. Sidan evalueringa vurderer heile oppgaveporteføljen til ABM-utvikling, vil dette kapitlet i første rekkje ha eit abm-perspektiv.

I ei bibliotekmelding vil det likevel vere naturleg med eit særleg blikk på den nasjonale samordninga av og samarbeidet på bibliotekfeltet. Samarbeidet og arbeidsdelinga mellom ABM-utvikling og Nasjonalbiblioteket vert difor også drøfta.

## 10.2 ABM-utviklings roller og oppgaver

Vedtektene for ABM-utvikling seier at hovudoppgåva er å drive aktivt, strategisk utviklingsarbeid for å samordne, effektivisere og styrkje arkiv-, bibliotek- og museumsfeltet. ABM-utvikling skal setje institusjonane og sektorane betre i stand til å løyse faglege oppgaver og til å møte nye utfordringar i samfunnet. ABM-utvikling skal arbeide med heile spekteret av funksjonar innanfor arkiv-, bibliotek- og museum.

ABM-utvikling skal også fremje samarbeid mellom dei tre sektorane der dette er tenleg, men skal leggje vekt på den faglege eigenarten og dei funksjonane som kvar av sektorane og dei spesifikke samlingane deira representerer. ABM-utvikling skal samarbeide faglege med Arkivverket og Nasjonalbiblioteket og tilpasse eiga verksemd i høve til dei funksjonane som desse etatane er tillagde.

Institusjonen har eit styre med åtte representantar oppnemnde av Kultur- og kyrkjedepartementet. To av medlemene er oppnemnde etter

framlegg frå Kunnskapsdepartementet og ein etter framlegg frå Miljøverndepartementet.

ABM-utvikling vart i utgangspunktet organisert i ei utviklingsavdeling med tre faggrupper, fordelt på ei faggruppe for arkiv, ei faggruppe for bibliotek og ei faggruppe for museum. I tillegg hadde institusjonen ei informasjonsavdeling og ei administrasjonsavdeling.

Etter evalueringa i 2006 vart institusjonen omorganisert. I dag er ABM-utvikling samansett av ei administrasjonsavdeling med 10 tilsette, ei informasjonsavdeling med 5 tilsette, ei avdeling for arkivutvikling med 7 tilsette, ei avdeling for bibliotekutvikling med 17 tilsette, ei avdeling for museumsutvikling med 11 tilsette og ei avdeling for digitalt ABM med 12 tilsette. Dei tilsette i dei ulike avdelingane arbeider også med tverrsektorielle problemstillingar i arbeidsgrupper og i tidsavgrensa prosjekt.

ABM-utvikling publiserer ein del informasjon om dei tre sektorane mellom anna gjennom serien ABM-skrift, ulike rapportar og brosjyrar. Institusjonen medverkar ofte med faglege råd og utgreiingar til Kultur- og kyrkjedepartementets saksbehandling på abm-feltet. Ei viktig oppgave er også å samle inn, omarbeide og publisere statistikk frå folke- og skulebibliotek, fag- og forskingsbibliotek og museum. Dette skjer delvis i samarbeid med SSB og KOSTRA (Kommune-Stat-Rapportering).

I den strategiske planen for 2007–2010 er dei prioriterte arbeidsområda samla under følgjande overskrifter:

- læring, kunnskaps- og kulturformidling
- utvikling av digitalt innhald og digitale tenester
- utvikling og sikring av samlingar
- nytenking og samhandling innanfor organisasjons- og nettverksbygging

I samband med at ABM-utvikling, Nasjonalbiblioteket og Arkivverket frå og med budsjettåret 2007 vart tilført midlar til digitalisering, presiserte departementet at ABM-utviklings innsats på dette området først og fremst skulle rette seg mot museumsområdet.

### 10.2.1 Oppgaver på museumsfeltet

På *museumsfeltet* har ABM-utvikling dei siste åra arbeidd med museumsreforma som er ei strukturreform for musea i Noreg, med unnatak av universitetsmusea. Som operativ aktør i dette reformarbeidet har ABM-utvikling etablert kontakt med forvaltningsnivåa og museumsmiljøa. Utviklinga av eit nasjonalt museumsnettverk er eit kjernepunkt i museumsreforma. Dette har erstatta det tidlegare

tilskotssystemet der musea vart inndelte i ulike divisjonar og der berre nokre få hadde status som nasjonale museum.

Dei aktuelle musea har no nasjonale funksjonar i det nasjonale museumsnettverket. Denne tenkinga har samanheng med ei erkjenning av at det nasjonale ansvaret på museumsområdet består av å leggje til rette for nasjonal arbeidsdeling og samordning, slik at ein er sikra mest mogeleg komplett dokumentasjon av kulturarven, samstundes som ein unngår urasjonell overlapping.

Etter kvart som det nasjonale nettverket finn si form, vil eit sentralt organ kunne initiere prosessar og koordinere ressursar som medverkar til kvalitetsutvikling i dei enkelte musea og den samla forvaltninga av kulturarven som musea forvaltar.

Etableringa av tematiske museumsnettverk er ein viktig del av museumsreforma og skal sikre betre fagleg samordning og samarbeid. Nettverka tek utgangspunkt i tema, funksjonar og/eller metodar. ABM-utvikling koordinerer nettverka og peikar ut ansvarleg museum. Per 2009 er det etablert 22 tematiske museumsnettverk.<sup>1</sup>

ABM-utvikling har i perioden 2007–2010 to hovudføremål med museumsarbeidet:

- integrere samlingsarbeid og formidling
- generell profesjonalisering og kvalitetsheving av musea

Verkemiddel i arbeidet er prosjektmidlar, tilrådingar, rettleiingar, standardar, rapportering og statistikk.

### 10.2.2 Oppgåver på bibliotekfeltet

På bibliotekfeltet har ABM-utvikling oppgåver som utviklingsorgan, og skal medverke til å utforme og utføre ein nasjonal bibliotekpolitikk både for folke- og fagbibliotek. Institusjonen hadde ansvaret for bibliotekutgreiinga *Bibliotekreform 2014*.

ABM-utvikling skal utarbeide retningslinjer for folke- og fylkesbibliotek og har elles rettleiingsoppgåver om lov av 20. desember 1985 nr. 108 om folkebibliotek. Etter folkebiblioteklova § 13 skal ABM-utvikling vareta statens oppgåver på folkebibliotekområdet som bibliotek i helseinstitusjonar, fengselsbibliotek, lånesamarbeid og å følgje opp biblioteklova.

<sup>1</sup> Dei tematiske museumsnettverka omfattar følgjande: arbeidarkultur, bergkunst, bergverk, bygg, drakt og tekstil, handverk, herregardar, kulturlandskap, kvinnehistorie, kystkultur, landbruk, litteratur, luftfart, magasin og bevaring, medisinsk historie, minoritetar og kulturelt mangfald, musikk og musikkinstrument, samisk kultur, samtid, sjøfart, skog, teknologi- og industrihistorie.

Vidare har ABM-utvikling ansvar for å forvalte driftstilskot til nokre tiltak på Kultur- og kyrkjedepartementets budsjett, som Det flerspråklige bibliotek, fengselsbibliotek, bibliotek i statlege helseinstitusjonar, Finsk bibliotekteneste og bibliotekteneste på Svalbard og Nord-sør-biblioteket. Ei omfattande oppgåve er å forhandle og inngå konsortieavtaler om elektronisk litteratur til bruk i bibliotek, arkiv og museum.

ABM-utviklings viktigaste verkemiddel for å stimulere til utvikling i det enkelte biblioteket og til samarbeid på tvers av folke- og fagbibliotek er først og fremst utviklings- og prosjektmidlane. Desse midlane skal gå til samordnings- og utviklingsprosjekt som er nyskapande og har overføringsverdi til større grupper av institusjonar.

ABM-utvikling har overteke dei oppgåvene Riksbibliotektenesta tidlegare hadde som fagleg og koordinerande organ for universitets- og høgs-kulebiblioteka og spesialbiblioteka. ABM-utvikling samarbeider med Universitets- og høgskolerådets bibliotekutval, som er eit rådgjevande og koordinerande utval i saker som gjeld bibliotek- og informasjonstenester. Institusjonen samarbeider også med Utdanningsdirektoratet i ulike program og prosjekt der både folke- og skulebibliotek inngår.

Som nemnt er det nedfelt i vedtektene at ABM-utvikling skal samarbeide fagleg med Nasjonalbiblioteket, og tilpasse eiga verksemd til den kompetansen og dei funksjonane som Nasjonalbiblioteket har. ABM-utvikling og Nasjonalbiblioteket samarbeider om fleire satsingar. Eitt døme er Bibliotek-søk, jf. omtale i kap. 7.

### 10.2.3 Oppgåver på arkivfeltet

Ingen eksisterande arkivorgan vart inkorporerte ved opprettinga av ABM-utvikling. Det var likevel ein føresetnad at det nye utviklingsorganet også fekk eit visst arkivfagleg ansvar, ikkje minst fordi arkiv inngår som del av verksemda ved mange museum og bibliotek. På arkivfeltet forvaltar ABM-utvikling berre tilskotet til Landsforeininga for lokal- og privatarkiv, som er ein av fire institusjonar med tilskot over kap. 329 Arkivformål post 78 Ymse faste tiltak.

I perioden 2004 til 2007 har ABM-utvikling gjennomført ei arkivkartlegging forankra i eit mandat frå Kultur- og kyrkjedepartementet. Vidare har ABM-utvikling kartlagt rutinar, ressursbruk, status for arbeid med arkiv/samlingar, formidling og bevaringstilhøve i institusjonane. Kartlegginga skal danne grunnlaget for ein strategi for utvikling av privat- og lokalarkivsektoren.

Tabell 10.1 Fordeling av prosjektmidlar over kap. 0325, post 73, 2005–2008 (mill. kroner)

	ABM	A+M	A+B	Arkiv	Bibliotek	Museum	Kulturnett.no	Totalt
2005	7,8	–	–	2,0	2,1	1,6	3,1	16,6
2006	2,7	–	–	3,9	7,0	4,3	4,1	22,0
2007	5,5	0,5	–	2,6	4,6	9,7	2,9	25,8
2008	4,2	1,7	0,1	2,3	8,8	9,8	–	26,9

Kjelde: ABM-utvikling

I perioden 2007–2010 skal ABM-utvikling rette merksemda mot samfunnsroller og utfordringar for arkiva, og gjennom dette leggje grunnlaget for ein nasjonal arkivpolitikk som også omfattar privat-arkiv.

### 10.3 Økonomiske ressursar

ABM-utvikling forvaltar i 2009 ei samla budsjett-ramme på 204,8 mill. kroner. Til drift, prosjekt og utviklingstiltak er det ei budsjetttramme på 92,2 mill. kroner. I tillegg forvaltar ABM-utvikling faste tilskotsordningar på til saman 77,6 mill. kroner, spelemidlar til seglskuter for 1,26 mill. kroner og 35 mill. kroner til oppdragsverksemd. Oppdragsverksemda gjeld framfor alt arbeidet med konsortieavtaler. Ved etableringa var det signal om at forvaltningsdelen skulle tonast ned. Institusjonen har likevel fått fleire forvaltningsoppgåver dei siste åra.

I 2008 fordelte ABM-utvikling til saman 38,3 mill. kroner i prosjektmidlar. Prosjektmidlane vert nytta både til delfinansiering av arkiv-, bibliotek- og museumsprosjekt, og til å initiere prosjekt på område der ABM-utvikling ønskjer å få prøvd ut ulike tiltak. Ein føresetnad for støtte er at prosjekta er nyskapande og har overføringsverdi til større grupper av institusjonar.

Område som særleg vart prioritert i 2008 var:

- tiltak som kan fremje læring, kunnskaps- og kulturformidling
- tiltak som kan fremje utvikling av digitalt innhald og tenester

Tabell 10.2 Prosjektmidlar over kap. 0325, post 01 (mill. kroner)

2005	12,9
2006	9,8
2007	13,7
2008	11,4

Kjelde: ABM-utvikling

- tiltak som kan fremje utvikling og sikring av samlingar
- tiltak som kan fremje samhandling og nytting innanfor organisasjons- og nettverksbygging

Tabell 10.1 viser fordelinga av midlar til eksterne prosjekt over post 73 fordelt på dei ulike områda i perioden 2005–2008. Tabell 10.2 viser kostnader til ulike interne prosjekt- og utviklingstiltak kostnadsført over driftsmidlane (post 01).

### 10.4 Evaluering av ABM-utvikling

Føremålet med evalueringa i 2008 var å kartleggje institusjonens arbeid, og med grunnlag i denne kartlegginga analysere korleis ABM-utvikling har implementert og gjennomført dei kulturpolitiske og sektorfaglege intensjonane som vart lagde til grunn for etableringa. Evalueringa skulle mellom anna vurdere grenseflatene mot andre relevante institusjonar, særleg med omsyn til adekvat oppgåvefordeling og eventuell oppgåveoverføring. Evalueringa vart overlevert Kultur- og kyrkjedepartementet i juni 2008.

DIFIs hovudkonklusjonar i evalueringa er at brukarane og samarbeidspartane meiner at det er føremålstenleg med eit felles utviklingsorgan for abm-sektoren. Det vert lagt vekt på at informantane samarbeider godt med ABM-utvikling og at

#### Boks 10.2 Midlar til regionalt IKT-samarbeid og infrastruktur

Tre prosjekt frå Vestfold, Møre og Romsdal og Nordland fekk midlar frå ABM-utvikling i 2008 for å utvikle regionalt IKT-samarbeid og infrastruktur. I utlandet finst det døme på konkrete prosjekt, og det viser at det både er mogeleg og fornuftig å tenkje samarbeid og samordning når det gjeld å utvikle digitale tenester i abm-institusjonar.

oppgåvefordelinga er grei, men det varierer kor nøgde dei er med tenestene. Det kan sjå ut som om ABM-utvikling vert målt vel så mykje på kor mykje prosjektmidlar dei har til rådvelde, som på eigen innsats. Det innsatsområdet som informantane gjev best tilbakemelding på, er arbeidet med formidling, og det er meir kritikk av korleis verksemda tek hand om rolla som utviklingsaktør enn av korleis forvaltningsoppgåvene vert utførte.

DIFI, på si side, meiner at ABM-utvikling balanserer godt mellom forvaltningsoppgåver og utviklingsarbeid, men peikar på at forvaltningsarbeidet bør synleggjerast betre. For å kome vidare med digitaliseringsarbeidet er det vitalt å få aktørane til å samhandle. DIFI meiner også at kartlegginga syner at verksemda har gjort eit godt arbeid med å gjennomføre dei kulturpolitiske og sektorfaglege intensjonane, som vart lagde til grunn for etableringa.

Etter DIFIs meining er kanskje den viktigaste funksjonen for ABM-utvikling å vere ein nasjonal og nøytral aktør som, i kraft av dette, kan medverke til å samle aktørane innanfor kvar enkelt sektor. Dette vert ein føresetnad for å lukkast med ei samordning på tvers. Utfordringa her er størst for aktørane på bibliotekfeltet.

DIFI rår til at ABM-utvikling som ein nasjonal og nøytral aktør bør halde fram med å sameine aktørane innanfor kvar sektor, og sikre ein føremålstenleg balanse mellom forvaltningsoppgåver og utviklingsarbeid. Det vil vidare vere viktig å setje inn dei nødvendige ressursane for å sameine ulike haldningar til kva eit digitalt abm og abm-søk bør vere. Det vil vere viktig å arbeide for å betre relasjonen til Nasjonalbiblioteket. DIFI legg dessutan til grunn at ABM-utvikling bør styrkjast på arkivfeltet.

Vidare bør ABM-utvikling synleggjere arbeidet med forvaltningsoppgåver betre, mellom anna for å sikre nok ressursar til dette arbeidet gjennom innspel til departementet i samband med budsjettarbeidet – og utan å måtte ta desse frå utviklingsarbeidet.

Det vert også rådd til at institusjonen tek i bruk tenlege rapporteringsverktøy, som til dømes eit tidsregistreringsverktøy, og at det vert utarbeidd strategiske kompetanseutviklingsplanar for å sikre verksemda riktig og nødvendig kompetanse.

DIFI meiner at det vidare vil vere nødvendig å utvikle eit nærare samarbeid med universitets- og høgskulesektoren og deira bibliotek og museum, og å utvikle arbeidsprosessar som betre involverer Kunnskapsdepartementet og Miljøverndepartementet i arbeidet med å gje innspel til budsjettproposisjon og tildelingsbrev. ABM-utvikling bør også

styrkje rolla si som rådgjevar overfor departementet.

Styret i ABM-utvikling bør halde fram med å konsentrere arbeidet sitt om dei overordna problemstillingane, men også nytte posisjonen sin til å marknadsføre ABM-utvikling så langt det er mogeleg. Miljøverndepartementet og særleg Kunnskapsdepartementet bør engasjere seg meir i etatsstyringa av ABM-utvikling.

Kultur- og kyrkjedepartementet bør søkje ein betre balanse mellom oppgåver og løyvingar og gjennomgå vedtektene for eventuelle vedtektsendringar. Det vil vere nødvendig å koordinere etatsstyringa med Kunnskapsdepartementet og Miljøverndepartementet. Etatsstyringsdialogen bør styrkjast, og ein bør arbeide for å identifisere meir spesifikke målkrav i tildelingsbrevet.

## 10.5 Høyringsfråsegner

Eit fleirtal av høyringsfråsegene sluttar seg til dei tilrådingane som DIFI kjem med i rapporten sin. Mange poengterer at dei har eit godt samarbeid med ABM-utvikling, og fleire nemner døme på det dei meiner er gode samarbeidsprosjekt og -område. Svært mange etterlyser likevel vidare økonomiske rammer for utviklingsoppgåver, og dei meiner utviklingsprofilen i ABM-utvikling er for svak. Både i DIFI-rapporten og i høyringsfråsegnene kjem det til uttrykk synspunkt som karakteriserer profilen i ABM-utvikling med ein liten a, utydeleg b og stor M.

I høyringa går følgjande moment att:

- ønskje om å auke prosjektmidlane
- meir innsats på digitalisering
- meir samarbeid med Kunnskapsdepartementet og UH-sektoren
- desentralisering; meir og betre samarbeid med lokalt/regionalt nivå
- betre samarbeid innanfor og på tvers av sektorane
- uklar rollefordeling, m.a. uklar ansvars- og oppgåvefordeling mellom departementa og mellom ABM-utvikling og Nasjonalbiblioteket
- styrking av rådgjevarrolla
- styrking av arkivsektoren
- ønskje om meir støtte til organisasjonsutvikling og leiging i musea i samband med konsolideringsprosessen
- betre oppfølging av museumsnettverka

Høyringsfråsegnene frå universitets- og høgskulesektoren er gjennomgåande kritiske i den forstand

at dei etterlyser betre og meir målretta innsats av ABM-utvikling overfor fag- og forskingsbibliotek og universitetsmusea. Det vert vidare etterlyst betre samarbeid mellom Kunnskapsdepartementet og Kultur- og kyrkjedepartementet i etatsstyringa av ABM-utvikling.

Mange høyringsinstansar er også opptekne av balansen mellom forvaltningsoppgåver og utviklingsoppgåver i ABM-utvikling. Hovudintrykket er at brukarane gjerne ser at det vert lagt større vekt på utviklingsoppgåver.

Enkelte høyringsvar står fram som spesielt negative. Det gjeld særleg Nasjonalbiblioteket som saman med Bibliotekarforbundet meiner at etableringa av ABM-utvikling er uheldig for bibliotekområdet. Nasjonalbiblioteket reiser spørsmål om oppgåvene til ABM-utvikling heller burde fordelast mellom Norsk kulturråd, fylkesmannsembeta og Noregs forskingsråd. Troms fylkeskommune foreslår at anten bør ABM-utvikling avviklast og oppgåvene overførast til fylkeskommunane, eller institusjonen får status som eit direktorat.

## 10.6 Departementets vurdering

Departementet merkjer seg at både DIFI og eit stort fleirtal av høyringsinstansane er positive til å ha eit fellesorgan som tilretteleggjar for og initiativtakar til fagleg og organisatorisk utvikling innanfor abm-feltet. Eit sentralt punkt i grunnlaget for å etablere ABM-utvikling var at institusjonen skulle stimulere til samarbeid og samordning både innanfor dei enkelte delsektorane og mellom dei tre felt. Dette er – og har vore – ei ambisiøs oppgåve. Det er ei oppgåve som inneber å rokke ved faste strukturar og haldningar, og det finst ikkje kortsiktige svar og lettvinde løysingar.

Departementet meiner at det også i framtida vil vere nødvendig å tenkje fellesløysingar og samarbeid på tvers av sektorane og på tvers av ansvarsområda til Kultur- og kyrkjedepartementet og Kunnskapsdepartementet. Potensialet for samarbeid og samordning på tvers av arkiv-, bibliotek og museumssektorane er stort, og den digitale utviklinga er ei kraft som meir enn noko anna dreg sektorane saman, og som gjer det nødvendig og naturleg med eit nærare samarbeid.

Departementet ser likevel at føringane for verksemda i ABM-utvikling har vore for uklare og runde i den forstand at spennet i aktivitetar har vorte for stort, og at meirverdien for abm-feltet er for utydeleg.

Hovudutfordringa framover er å utstyre seg med dei tiltakstypene som i størst monn gjev ei

utvikling som både er sektorspesifikt fagleg utviklande, og som fremjar samhandling og samordning der dette er ønskeleg. Det er klare indikasjonar på at ABM-utvikling ikkje har lukkast heilt på dette feltet. DIFIs evalueringsrapport peikar mellom anna på at det bør rettast større merksemd mot å samordne innanfor delfelta, likevel utan å misse av synet behovet for at abm-feltet dreg lasset saman, ikkje minst når det digitale potensialet skal kvitterast ut.

Departementet merkjer seg at prosjektmidlar frå ABM-utvikling til institusjonar i universitets- og høgskulesektoren på langt nær er nok for å etablere tilstrekkeleg kontakt og samhandling.

Nokre høyringsinstansar, m.a. fylkeskommunar, reiser spørsmålet om å overføre ansvar og oppgåver frå ABM-utvikling til fylkeskommunane. Det vert hevda at ABM-utvikling har teke for lite omsyn til regionale og lokale behov. Dei vil difor heller at midlane blir overførde til fylkeskommunane som kan stå for lokale og regionale utviklingsprosjekt innanfor abm-feltet.

Departementet har sans for at det vert utvikla lokale og regionale prosjekt i abm-feltet, og fylkeskommunar og kommunar står fritt til å styrkje denne aktiviteten. Derimot ser ikkje departementet at å avvikle tiltak med nasjonale perspektiv, er ein føresetnad for å få til regionale og lokale prosjekt. Det bør heller vere slik at aktørane i abm-feltet i endå større monn enn i dag, kan spele saman både i regionale og nasjonale nettverk, ikkje minst på digitaliseringsfeltet. Skal dette lukkast, må det etablerast tydelege og robuste nasjonale rammer. Med slike på plass vert det lettare og meir meningsfullt å utvikle lokalt og regionalt tilpassa tenesteløysingar, som samstundes er ein del av den nasjonale fellesskapen.

Som nærare omtala i kap. 8 er det, særleg på bibliotekfeltet, behov for å styrkje dialogen og samarbeidet mellom forvaltningsnivåa når det gjeld bibliotekutvikling. Departementet gjer difor framlegg om at denne dialogen vert styrkt gjennom å opprette ei ordning med samarbeidsavtaler mellom stat og fylkeskommune. Dette vil vere eit verktoy for å kanalisere statlege satsingsmidlar på bibliotekfeltet meir effektivt og målretta, og skape betre samhandling mellom forvaltningsnivåa.

Spørsmålet om tilsyns- og forvaltningsoppgåver overfor kommunar og fylkeskommunar vert nærare vurdert i samband med den komande revisjonen av biblioteklova. Departementet meiner likevel at så lenge den bibliotekfaglege og kulturpolitiske dimensjonen i tilsynsoppgåvene er så sterk som i dag, vil det vere ein føremon å ha slike oppgåver på nasjonalt plan.

I si høyringsfråsegn reiser Nasjonalbiblioteket spørsmålet om det er nødvendig med eit eige organ som ABM-utvikling. Nasjonalbiblioteket spør om ikkje tilsyns- og forvaltningsoppgåvene overfor folkebiblioteka kan utførast av fylkesmannsembetet, og om ikkje utviklingsoppgåver kan leggjast til Norsk kulturråd. Vidare spør Nasjonalbiblioteket om ikkje eit FoU-program om abm-feltet, lagt til Noregs forskingsråd, vil vere viktigare enn utviklingsmidlar kanaliserte til institusjonane.

ABM-utvikling er ein statsinstitusjon, delvis med forvaltningsansvar delegert frå departementet, og delvis med ansvar for å medverke til å utvikle ein nasjonal politikk på arkiv, bibliotek og museumsfeltet. ABM-utvikling har i sitt mandat fått i oppdrag å tenkje heilskapleg om arkiv, bibliotek og museum. Departementet vil i samråd med relevante departement og styret for institusjonen vurdere om det kan vere tenleg med ei nærare samordning eller samanslåing av bibliotekoppgåver i Nasjonalbiblioteket og ABM-utvikling – eventuelt om det kan vere ei løysing å overføre bibliotekoppgåver frå ABM-utvikling til Nasjonsbiblioteket. Eit viktig siktemål vil vere å klargjere grensdraginga mellom ABM-utvikling og dei samlingsforvaltande institusjonane på abm-feltet.

#### *Meirverdi for abm-feltet*

Eit viktig aspekt ved ABM-utvikling er at institusjonen skal utføre oppgåver og stimulere til handlingar og prosjekt, som det ikkje er naturleg for enkeltinstitusjonar i feltet å ta ansvaret for. Dette meirverdi-perspektivet må liggje til grunn for den framtidige organiseringa. Konkret inneber dette at ein i endå større monn skal prioritere tiltak og aktivitetar som får dei operative institusjonane til å utvikle betre tenester for brukarane.

#### *Statistikk og analyse*

Institusjonen innhentar i dag store mengder statistiske data frå abm-institusjonar, delvis i samarbeid med Statistisk sentralbyrå. Med unnatak av ein samlepublikasjon kvart år vert dette omfattande materialet for lite analysert med tanke på å kartlegge kva som skjer på ulike område. Departementet vil sjå til at ein utviklar eit samla grep når det gjeld kartleggingar og analysar av abm-feltet. Dette inkluderer også i større monn å følgje med på og formidle kva som skjer internasjonalt når det gjeld kunnskapsutvikling innanfor abm-feltet.

I tillegg til slike tiltak må ein utvikle ulike former for indikatorar for kva som konstituerer god

tenesteutøving både i arkiv, bibliotek og museum. Dette kan nyttast både i statistikksamheng og når det gjeld andre former for analysar. I dag er det lite og ingenting på dette feltet. Det er ei utfordrande oppgåve, ikkje minst fordi abm-sektoren som eit kunnskapsorientert område ikkje berre let seg fange med kvantitative indikatorar. Dei kvalitative aspekta må òg integrerast for å kunne seie noko om heilskapen. Med utgangspunkt mellom anna i ulike former for indikatorsett og spesielle kartleggingsprosjekt skal det lagast samla tilstandsrapportar om det som rører seg i feltet. Det kan i sin tur tene som grunnlag for å vurdere korleis den konkrete politikken på feltet bør utformast. På bibliotekfeltet vil indikatorarbeidet først og fremst vere retta mot folkebibliotekfeltet.

#### *Digitalisering*

Alt i abm-meldinga vart digitalisering identifisert som ein endringsdrivande faktor i abm-feltet. Ei viktig erkjenning er at ingen av dei operative sektoraktørane har oppgåveansvar eller kunnskapsgrunnlag til å kunne opptre på vegner av eit samla abm-felt, når det gjeld å kvittere ut det store tenestepotensialet som ligg i kjølvatnet av digitaliseringa.

Når dette er sagt, må det straks leggjast til at sentrale samlingsforvaltande institusjonar, særleg Arkivverket og Nasjonalbiblioteket, i lang tid har digitalisert analoge informasjonsberarar, teke vare på digitalt skapt informasjon og formidla digitale tenester. Dette har gjeve desse etatane røynsler og kompetanse innanfor sine respektive ansvarsområde som vil tene som ressursgrunnlag for heile abm-feltet.

Samordning og samarbeid mellom hovudaktørane vil vere den beste vegen fram til mest mogeleg samfunnsgagnleg bruk av digital teknologi innanfor abm-feltet. Dette gjeld både innanfor delfelta og ikkje minst i samhandlinga mellom arkiv, bibliotek og museum. Dette er viktige spørsmål i digitaliseringsmeldinga.

For å etablere eit godt grunnlag for nødvendig samordning av digitaliseringsarbeidet, vil departementet etablere eit råd samansett av sentrale aktørar på abm-feltet. Rådet skal løpande vurdere dei overordna strategiane for digitalisering med sikte på å kome med framlegg som medverkar til ei heilskapleg digital samlingsforvaltning. Rådet skal gje innspela sine til Kultur- og kyrkjedepartementet, og må samordne arbeidet med Standardiseringsrådet oppnemnt av Fornyings- og administrasjonsdepartementet. Kultur- og kyrkjedepartementet vil utarbeide mandat for rådet.

### *Internasjonalt arbeid*

Internasjonalt samkvem på abm-feltet femner om mange aktørar, og slik skal og bør det vere. Nasjonalbiblioteket deltek i ei rad nettverk med andre nasjonalbibliotek og internasjonale organisasjonar. Det same gjer Arkivverket innanfor sitt fagfelt. Fagpersonar frå mange museum er til dømes med i internasjonale museumskomitear. ABM-utvikling har ei rolle som brubyggjar og kontaktskapar i situasjonar der dei meir sektorspesifikke internasjonale nettverka ikkje utan vidare fangar opp nye, tverrgåande samhandlingsrom og utviklingstendensar. Ei eventuell omorganisering må ta vare på alle dei viktige internasjonale oppgåvene.

### *Midlar til utviklingsprosjekt*

Både i evalueringsrapporten og i høyringsfråsegene kjem det fram at mange institusjonar og miljø vurderer ABM-utvikling etter storleiken på dei utviklingsmidlane som vert lyste ut, og som institusjonane kan søkje på. Det vert tydeleg oppfatta som positivt at miljøa har ABM-utvikling å spele saman med når dei vil prøve noko som vert oppfatta som nytt og ukjent, eller som involverer fleire enn ein institusjon, for at eit prosjekt skal kunne la seg realisere. Det er difor eit nesten unisont ønskje om at tilskotsmidlane skal aukast i tida som kjem.

Departementet forstår at det trengst prosjektmidlar når det skal utviklast eller prøvast ut fellesløysingar og nye samarbeidstiltak, der prosjekta i stort monn vert utførte på vegner av eit større fellesskap. Derimot stiller departementet seg spørjande til at ABM-utvikling i så stor utstrekning har gjeve utviklingsmidlar til enkeltinstitusjonar, der resultatet berre kan seiast å ha verdi for denne eine institusjonen. Dette gjeld spesielt museumsprosjekta. Rett nok seier ABM-utvikling i utlysinga av midlane at fellesprosjekt skal prioriterast, men i praksis har ein monaleg del av prosjektmidlane gått til enkeltinstitusjonar.

Sjølv om institusjonar og andre interessentar gjerne vil utvide prosjektmidlane, har ei slik ordning ein paradoksal effekt som departementet meiner er uønskt i eit utviklingsperspektiv. Når enkeltinstitusjonar legg seg til ei førestelling om at fornying og vidareutvikling av t.d. utstillingstema berre kan gjerast dersom ein kan få nye, friske midlar, rettferdiggjir systemet eit tankemønster der utvikling og nytenking er noko ein gjer i tillegg til og ikkje i staden for det ein alltid har gjort. Dermed får utvikling og nytenking preg av å vere ein tilleggsaktivitet, ikkje ein integrert del av normal planlegging og programarbeid.

Departementet vil sjå til at midlane vert nytta i prosjekt som har verdi for fellesskapen.

### *Forvaltningsoppgåver*

ABM-utvikling har i aukande monn fått tildelt ulike former for forvaltningsoppgåver. På bibliotekfeltet gjeld det m.a. forvaltning av spørsmål i tilknytning til biblioteklova. Institusjonen har dei seinaste åra også utvikla ein elektronisk budsjettsøknadsportal for alle musea og for andre sentrale kulturinstitusjonar på departementets budsjett. ABM-utvikling produserer også rapportar for departementet på grunnlag av det innkomne materialet. Den konkrete løysinga er tufta på opne standardar og kjeldekodar i samsvar med den statlege politikken for IKT-løysingar, jf. St.meld. nr. 17 (2006–2007).

Vidare har ABM-utvikling det operative ansvaret for informasjonsportalen Kulturnett Noreg, som inneheld opplysningar om institusjonar, kulturarrangement, kunstnarar m.m. Departementet vil vurdere korleis ei slik oppgåve skal løysast ved ei eventuell omorganisering.

Ei viktig og omfattande oppgåve i dei fem åra ABM-utvikling har eksistert, har vore arbeidet med Museumsreforma, der ei mengd museum har slått seg saman til større institusjonar. ABM-utvikling har delvis initiert og medverka i gjennomføringsprosessane i ulike delar av landet og har på den måten opparbeidd eit omfattande kunnskapsgrunnlag for korleis slike prosessar kan og bør utviklast. I kap. 9 presenterer departementet eit opplegg for å stimulere folkebiblioteka til å utvikle bibliotekenestene, m.a. ved å etablere ulike former for samordning og samarbeid.

### *Nasjonalt kompetansemiljø for opphavsrett og personvern*

Behovet for kompetanse på opphavsrett og personvern på abm-feltet er i dag stort og vil truleg verte større i åra som kjem. I utgangspunktet vil det kunne vere kostnadskrevjande dersom kvar enkelt institusjon skal innhente eller byggje opp slik kompetanse sjølv. Ein logisk tanke er såleis at det bør organiserast eit velfungerande kompetansemiljø som kan sikre heile abm-feltet slike tenester.

I bibliotekutgreiinga vart det gjort framlegg om at kompetansemiljø for opphavsrett og personvern ved Nasjonalbiblioteket bør styrkjast, slik at det kan gje råd til eit utvida abm-felt. I høyringsfråsegene vert dette framlegget lite kommentert, men enkelte er opptekne av at behova til universitets- og høgskulesektoren må takast godt hand om. Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek ser at eit styrkt kompe-



tansmiljø kan medverke til å auke tilbodet av tilrettelagt materiale til sine lånarar. Nasjonalbiblioteket sjølv støttar framlegget, og meiner at det vil krevje ei ekstra stilling i tillegg til dei to eksisterande for å ta hand om heile feltet. Riksarkivaren ser det derimot som lite naturleg at eit kompetansmiljø ved Nasjonalbiblioteket kan ha ein funksjon overfor arkivinstitusjonane når det gjeld personvern.

Departementet meiner at det vil vere nødvendig og naturleg at Nasjonalbiblioteket og Arkivverket har tilstrekkeleg kompetanse på opphavsrett og personvern som dekkjer dei behova dei kvar for seg har for å kunne gjennomføre oppgåvene sine. Med tanke på den komande satsinga på digitalisering av kulturarvmateriale vil desse institusjonane ha omfattande oppgåver knytte til eiga verksemd.

Mange aktørar i abm-feltet har behov for informasjon og rettleiing i opphavsrett, personvern og ei rad andre tilgrensande juridiske spørsmål. Likevel vil det neppe vere tenleg å skipe mange kompetanseiningar for slike juridiske saker. For å sikre fagleg kontinuitet og innsikt bør kompetansen på dette feltet samlast i Nasjonalbiblioteket og Arkivverket. Desse kompetanseiningane skal yte tenester til andre abm-institusjonar ved behov.

#### *FoU på abm-feltet*

I bibliotekutgreiinga er det gjort framlegg om å etablere eit eige bibliotekforskningsprogram i regi av Noregs forskingsråd. I utgreiinga vert det vist til at dei fleste problemstillingane knytte til biblioteket som samfunnsinstitusjon, kan gå inn i eit abmperspektiv, der ein ser på korleis arkiv, bibliotek og museum fungerer i samfunnet. Dette gjeld t.d. abm-institusjonane som læringsarenaer og som formidlarar av kulturkunnskap. Vidare gjeld dette også utfordringar knytte til utvikling av digitale tenester, formidlingsformer og -metodar. Departementet viser også til at Kunnskapsdepartementet, som ei oppfølging av St.meld. nr. 15 (2007–2008)

*Tingenes tale*, i 2009 har løyvd 5 mill. kroner som eit eingongstilskot via Noregs forskingsråd til strategisk forskingssatsing ved universitetsmusea.

Departementet ser positivt på framlegget om å etablere eit eige FoU-program om bibliotekfeltet, men meiner at det er behov for å sjå forsking- og utviklingsaktivitetar på heile abm-feltet i samheng. Kultur- og kyrkjedepartementet vil difor i samarbeid med Kunnskapsdepartementet vurdere eit samarbeid om forskings- og utviklingsaktivitetar på tvers av sektorane.

### **10.7 Tiltak og strategiar**

- Kultur- og kyrkjedepartementet vil i samråd med relevante departement og styret for ABM-utvikling vurdere om det kan vere tenleg med ei nærare samordning eller samanslåing av bibliotekoppgåver i Nasjonalbiblioteket og ABM-utvikling – eventuelt om det kan vere ei løysing å overføre bibliotekoppgåver frå ABM-utvikling til Nasjonalbiblioteket.
- Det skal utviklast eit samla grep når det gjeld kartleggingar og analysar av abm-feltet. Dette skal kunne gje samla tilstandsrapportar om abm-feltet som kan tene som grunnlag for å vurdere vidare politikkkutforming.
- For å etablere eit godt grunnlag for nødvendig samordning av digitaliseringsarbeidet, vil Kultur- og kyrkjedepartementet etablere eit råd samansett av sentrale aktørar på abm-feltet. Departementet vil utarbeide mandat for rådet.
- Kompetanse på opphavsrett og personvern skal samlast i Nasjonalbiblioteket og i Arkivverket. Desse kompetanseiningane skal yte tenester til andre abm-institusjonar ved behov.
- Kultur- og kyrkjedepartementet vil i samarbeid med Kunnskapsdepartementet vurdere eit samarbeid om forskning og utvikling på arkiv-, bibliotek- og museumsfeltet.



Figur 11.1 Møtestaden Drammensbiblioteket

Foto: Anders Ericson

## 11 Biblioteket som møtestad, lærings-, og kulturarena

### 11.1 Innleiing

---

Folkebiblioteka skal formidle opplysning, kultur og kunnskap, vere ein garantist for ytringsfridomen, vere ein møtestad og gje rom for opplevingar. Fagbiblioteka skal i første rekkje støtte opp under eigarinstitusjonens mål, men moderne fagbibliotek imøtekjem også langt på veg dei behova studentane har for sosial interaksjon og rekreasjon i studiesituasjonen.

Både folkebiblioteka, fag- og forskingsbiblioteka og skulebiblioteka er viktige læringsarenaer. Nasjonalbiblioteket er ein viktig del av den nasjonale infrastrukturen for forskning. Medan fag- og forskingsbiblioteka og skulebiblioteka medverkar til den formelle læringa, er folkebiblioteka viktige for den uformelle læringa gjennom å gje fritt tilgjenge til kunnskap og informasjon. Skulebiblioteket er læringsarena for barn og unge i grunn- og vidaregåande skule. Både skulebiblioteket og folkebiblioteket er lokale arenaer for kultur- og litteraturformidling, leseglede og leselyst.

Bibliotekutgreiinga la vekt på at biblioteka bør vere kunnskapsbasar for formell og uformell læring, og at dei bør utvikle informasjonskompetansen til brukarane. For å synleggjere dei oppgåvene folkebiblioteka har på litteraturfeltet, vart det gjort framlegg om å etablere eit program for litteraturformidling. Utgreiinga peika òg på at det er behov for ei sterkare nasjonal satsing på litteraturformidling til barn og unge i Den kulturelle skulesekken, der både forfattarar, bibliotekarar og andre formidlarar kan medverke. Framlegga fekk støtte av mange i høyringsrunden.

### 11.2 Bibliotekrom og bibliotekfunksjonar

---

Bibliotek som bygning eller fysisk rom er vesentleg for oppfatninga av kva eit bibliotek er. Samspelet mellom rommets estetikk, innhald og funksjon er med på å gje biblioteket identitet. Det fysiske rommet legg rammene for korleis ein kan leggje til rette og utforme dei ulike aktivitetane. Gode lokale og god organisering av lokala har verknad for bruken av biblioteka. Det er viktig å ta omsyn til nye

brukarbehov og teknologiske endringar når ein skal utforme nye biblioteklokale.

Det konvensjonelle biblioteket er det fysiske rommet med møteplassfunksjonen, kulturarenaen og læringscenteret som karakteristiske trekk. Jamvel om mange går direkte til dei digitale tenestene, vil det konvensjonelle biblioteket som fysisk møtestad framleis vere viktig. Biblioteka skal tilby eit inspirerende læringsmiljø i form av arbeidsplassar, utstyr og rettleiingskompetanse. Denne kompetansen vil også femne om rettleiing i bruk av nasjonale digitale tenester.

Måla for det fysiske biblioteket er at det skal framstå som attraktive møteplassar i lokalsamfunn og utdanningsmiljø, og vere tilpassa moderne formidlingsformer og bibliotekfunksjonar. Det vert no arbeid med ein ISO-standard for utforming av biblioteklokale. Denne vil vere eit nyttig verkemiddel for å sikre god kvalitet.

Punkta nedanfor summerer opp dei viktigaste aspekta ved og krava til bibliotekets funksjon som møtestad:

- sentral plassering
- lett tilkomst, godt tilgjenge og låg terskel for bruk
- universelt utforma slik at det blir ein møteplass for alle grupper
- samling av fleire funksjonar
- fleksible planløsningar slik at lokala lett kan endrast etter behov

For moderne fagbibliotek er ikkje lokala lenger først og fremst eit utstillingsrom for boksamlinga, men ein stad for ulike typar læringsaktivitetar. Røynsler viser at studentane ønskjer biblioteklokale som er opne, lyse og som har ein stor grad av fleksibilitet. All praktisk røynsle viser at gode lokale betyr mykje for trivsel og læringslyst hos studentane.

Samlingane og utlånsaktivitetane har lenge vore avgjerande for utforminga og innreiinga av lokala. I dag er aktivitetane i biblioteket meir varierte, og mange nyttar biblioteket til aktivitetar som tek lang tid. Mange av aktivitetane skjer i samspel med andre. Særleg folkebiblioteket fungerer ofte som ein møtestad i lokalsamfunnet med læringsaktivitetar og kulturformidling. Dette er ei utvikling

som ikkje er spesiell for Noreg. Over heile den vestlege verda vert det i dag drøfta korleis ein skal utforme biblioteket slik at ein kan ta i bruk nye tenester og gje biblioteket eit nytt uttrykk.

I *Undersøkelse om bibliotekbruk*, som vart gjennomført i 2006 av Statistisk sentralbyrå på oppdrag av ABM-utvikling, meiner heile 92 prosent av brukarane at biblioteka har trivelege lokale. Likevel viser statistikken at det er ein nedgang i besøkstala sett under eitt i norske bibliotek. Det er likevel eit utviklingstrekk som bryt med dette. Dei nye biblioteka både i folkebiblioteksektoren og i universitets- og høgskulesektoren oppnår gode besøkstal. Statistikken viser til dømes at besøkstala ved det nye folkebiblioteket i Tromsø auka frå 3,1 per innbyggjar i 2004 til 8,1 i 2007. Også ved det nye kombinasjonsbiblioteket i Drammen ser ein at besøka aukar, og at bruken blir meir mangfaldig. Tilsvarende oppgang ser ein også ved Universitetsbiblioteket i Oslo og hovudbiblioteket ved Handelshøgskolen BI i Oslo.

### 11.2.1 Universell utforming

Kulturpolitikkenes viktigaste oppgåve er å leggje til rette for at alle kan oppleve eit mangfald av ulike kulturtilbod og kunstnarlege uttrykk og delta i eit aktivt kulturliv. Biblioteka skal difor vere universelt utforma. Dette inneber at hovudløysingane i biblioteklokala og tilkomsten til lokala skal kunne nyttast av flest mogeleg.

Planlegging av nye lokale og ombygging av eksisterande bygningar krev dialog med brukargrupper, mellom anna representantar frå organisasjonar for funksjonshemma personar.

I rettleiaren *Universell utforming av kulturbygningar*, utgjeve av Kultur- og kyrkjedepartementet i 2007, er det vist fleire døme på universell utforming av kulturlokale. Mellom anna er det vist planløysingar og bruk av fargar og kontrastar, utforming av uteareal med parkeringsplassar og tilkomst til bygning, hovudinngang, resepsjonskranke, utforming av dører, trapper, rampar og heisar, skilting og akustikk og utforming av toalett og garderobe.

### 11.2.2 Kombinasjonsbibliotek og samlokaliseringar

Som tidlegare omtala er kombinasjonar mellom eit folkebibliotek og eit skulebibliotek i grunnskulen den vanlegaste forma for kombinasjonsbibliotek. Eitt bibliotek (Meråker) er kombinasjon av høgskulebibliotek og bibliotek i vidaregåande skule. I 2007 fekk ein også ein kombinasjon av fylkes-

#### Boks 11.1 Drammensbiblioteket

I den nye Papirbredden Drammen kunnskapspark har Drammen folkebibliotek, Buskerud fylkesbibliotek og biblioteket ved Høgskolen i Buskerud avdeling Drammen (eit av tre avdelingsbibliotek i høgskulens bibliotek) gått saman om å etablere eit felles bibliotektilbod. Dette er det første av sitt slag i Noreg.

Sjølv om dei tre biblioteka er samlokaliserte held dei fram som eigne einingar, og med kvar sine mål, budsjett og personale. Utgiftene vert fordelte etter fordelingsnøklar som er utarbeidde for dei ulike områda/funksjonane. Den enkelte institusjonen kjøper inn materiale til sine brukarar ut frå eigne budsjett og prioriteringar.

Den primære målgruppa for Drammensbiblioteket er innbyggjarane i Drammen. Fylkesbiblioteket har folkebibliotek i Buskerud som si primære målgruppe og høgskulebiblioteket har sine studentar og tilsette som primær målgruppe. Gjennom brukarundersøkingar vil Drammensbiblioteket leggje til rette for å utvikle eit likeverdig, tilpassa tilbod til alle brukargrupper.

folke- og høgskulebibliotek i Drammen, samorganisert i lokale med eit areal på om lag 5 000 kvadratmeter, jf. omtale i boks 11.1.

Eit samarbeid mellom folkebiblioteket og ulike andre tenestetilbod og kulturaktørar til dømes gjennom samlokaliseringar har vorte vanlegare i kommunar rundt om i landet. Den vanlegaste modellen er folkebibliotek som del av eit lokalt eller regionalt kulturhus, som til dømes Sølvberget bibliotek- og kulturhus i Stavanger. Det finst også fleire andre døme på slike alt-i-eitt-bygg. I Eid kommune skal ein våren 2009 opne eit nytt folkebibliotek og skulebibliotek for den vidaregåande skulen samlokalisert med den vidaregåande skulen, kinoen og Operahuset Nordfjord. I Vadsø er det planar om å samlokalisere Ruija kvenmuseum og folkebiblioteket.

### 11.2.3 Finansiering av nye biblioteklokale

Fylkeskommunane forvaltar i dag om lag 50 mill. kroner per år av den delen av overskotet frå statlege spel som går til kulturbygg. Etter eigne prioriteringar kan fylkeskommunane også nytte dei overførte summene til investeringar i biblioteklo-

kale og til mobil bibliotekteneste. Frå 2010 vert den delen av spelemidlane til kulturbygg som i dag blir forvalta av departementet, etter kvart fasa inn i den desentraliserte ordninga for kulturhus. Desse midlane utgjer no 75 mill. kroner per år. Med desse utvida rammene vil dei regionale forvaltningseiningane få større rom for å finansiere kulturbygg etter eigne prioriteringar.

Det er opp til kvar enkelt region å ta stilling til i kva grad bibliotekbygg skal prioriterast i tildeling av investeringstilskot. Spørsmål om investeringstilskot til nye bibliotekbygg eller ombygging av eksisterande bygningar innanfor det kommunale ansvarsområdet må vurderast med utgangspunkt i ei behovskartlegging. Det vil vere opp til fylkeskommunane å kvalitetssikre dei enkelte byggeplanane. Fylkeskommunane hente inn faglege råd dersom dei ikkje har slik kompetanse.

### 11.3 Folkebiblioteket som møtestad og sosial arena

I 2008 vart det gjennomført ei undersøking om brukarane ved folkebiblioteka i Bergen, Trondheim, Oslo og Kristiansand.<sup>1</sup> I undersøkinga vart det sett på kva bibliotekbrukarane gjer i biblioteket utover det å låne bøker og anna materiell. Ein var særleg interessert i folkebiblioteket som uformell møtestad og funksjonen som læringsarena. I løpet av ei veke vart 3 337 brukarar ved biblioteka observert. Biblioteka fekk på denne måten ny kunnskap om kven brukarane er, og kva dei nyttar biblioteket til.

Undersøkinga viste at folkebiblioteket er ein kompleks institusjon og mykje meir enn ein stad berre for utlån av bøker og anna materiell. På folkebiblioteket brukar vi Internett, les aviser og tidskrifter, studerer og møter andre menneske. Folkebiblioteka er ein av dei få institusjonane som har tilbod som er relevante for alle samfunnsgrupper, og har difor potensial som ein uformell møtestad.

Noko av det viktigaste er at folkebiblioteket i stadig større grad blir brukt som ein sosial arena. Folkebiblioteka er institusjonar der det oppstår sosiale prosessar mellom menneske knytte til kulturformidling, kunnskap og læring. Dette er viktige faktorar for å styrke demokrati, yringsfridom, integrering og livskvalitet på eit overordna nivå i samfunnet.

Møteplassomgrepet har ulike aspekt og er komplekst, men det ligg implisitt i formålsparagrafen (§ 1) i biblioteklova at biblioteket skal vere «ein

#### Boks 11.2 Forskningsprosjektet PLACE

*PLACE– Public Libraries – Arenas for Citizenship*, er eit forskningsprosjekt ved Høgskolen i Oslo. Prosjektet tek sikte på å utforske bibliotekets potensial som ein arena som kan stimulere til lokalsamfunnsengasjement og medverke til å utvikle sosial kapital. Folkebiblioteka som arena for borgarskap i eit fleirkulturelt samfunn og i ei digital tid er viktige aspekt ved prosjektet.

stad for alle som bur i landet». Bibliotek som institusjon er kjenneteikna ved å vere ein slik arena for lågintensive møte. Biblioteka er også arena for høgintensive møte der biblioteka inviterer til arrangement for ulike målgrupper.<sup>2</sup>

Forskning viser at folkebiblioteket er ein viktig demokratibyggjande og identitetsskapande faktor i samfunnet, særleg for fleirkulturelle grupper. Biblioteket er ein smeltedigel for mange ulike grupper, gjeremål og aktivitetar og fungerer som ein møteplass på tvers av samfunnsgrupper og samfunnslag.<sup>3</sup>

Folkebiblioteka som offentlege møteplassar inneber at innbyggjarane oppsøker, brukar og investerer i dei som «sine eigne stader». Nettopp denne forankringa, og eigedomstilhøvet til biblioteka, står sterkt i Noreg. Forskning viser at heile 94 prosent av innbyggjarane i Noreg meiner at det er ein demokratisk rett å ha bibliotek i kommunen sin.<sup>4</sup>

### 11.4 Biblioteket som læringsarena

Biblioteket som læringsarena kan definerast ut frå at mange brukar biblioteket som arbeids- og studiestad, men også ved at dei brukar tid på å lese og bla i samlingane.<sup>5</sup> Biblioteka i utdanningssektoren driv kunnskapsforvaltning ved å utvikle kunnskapsressursane og gjere dei tilgjengelege for dei som er i utdanning. Biblioteket skal framstå som eit ressurscenter for læring og forskning, og skal gje eit studiestøttetilbod for studentane. Fag- og forskningsbiblioteka utformar læringsarenaen på grunnlag av behova til brukarane, i lys av andre

<sup>1</sup> ABM-skrift nr. 46, 2008

<sup>2</sup> Audunsson, Ragnar, 2005

<sup>3</sup> Jf. PLACE-prosjektet ved Høgskolen i Oslo

<sup>4</sup> Aabø, Svanhild, 2005

<sup>5</sup> ABM-skrift nr. 46, 2008

bibliotekfunksjonar og med utgangspunkt i tilgjengelege ressursar.

Dei seinare åra har læringscentermodellen vorte ein modell for å utvikle biblioteka innanfor høgare utdanning. Læringscenteret er ein kombinasjon av arbeidsplassar, informasjonsressursar og informasjonskompetanse og IKT-retta og pedagogiske funksjonar. Kvalitetsreforma legg opp til mappeevaluering, basert på at studentane leverer inn ulike oppgåver og prosjekt gjennom semesteret. Dette krev biblioteklokale som er tilpassa desse aktivitetane, og som omfattar rom for møter, gruppearbeid, lese- og arbeidsplassar og kvilestader. Biblioteket skal tilby eit komplett læringsmiljø som stimulerer til og støttar opp om auka læringsaktivitet.

Nasjonalbiblioteket skal leggje samlingane til rette for noverande og framtidige forskingsformål, og medverke til å heve omfanget og nivået på den forskinga som vert gjord med utgangspunkt i samlingane. Det er eit viktig element i Nasjonalbibliotekets samlingspolitikk at oppbygginga skal ta omsyn til noverande og framtidige forskingsbehov. Både ordninga og registreringa, digitaliseringa og formidlinga av samlingane skal gjerast på ein måte som legg til rette for forskning. Nasjonalbiblioteket skal også leggje til rette for at dei tilsette har stor fag- og samlingskunnskap, og kan frigjere tid til eigne forskingsprosjekt. Vidare er det også viktig å vere i dialog med forskingsinstitusjonar, enkeltforskarar og studentar som nyttar biblioteket som studie- og arbeidsstad. Det er etablert eigne forskarplassar for brukarar som i lengre periodar skal arbeide vitskapleg og profesjonelt med bibliotekets materiale.

Biblioteka i utdanningsinstitusjonane har ofte ansvar for å utvikle informasjonskompetanse. For å utvikle informasjonskompetente studentar er det viktig å utvikle informasjonskompetanse gjennom heile utdanninga, og utvikle eit godt og systematisk samarbeid mellom biblioteka og dei ulike fagmiljøa ved institusjonane. Informasjonskompetanse må vere ein integrert del av studieløpet i alle fag. Mange bibliotek er godt i gang med dette samarbeidet med moderinstitusjonane.

Biblioteket som læringsarena er også eit sjølv sagt perspektiv for folkebiblioteksektoren. Folkebiblioteka vert også i stor grad nytta av skuleelevar og studentar på fritida som ledd i skulearbeid og studiar. Mange folkebibliotek tilbyr leksehjelp til elevar i grunnskule og vidaregåande skule i samarbeid med ulike organisasjonar som til dømes Raudekrossen. Dette skaper også ein meir uformell læringsarena og medverkar til både læring og

### Boks 11.3 Digital kompetanse i biblioteket

I det digitale informasjonssamfunnet er det forventat at alle er på nett. Rapporten *Borger og brukar* (2008) frå VOX viser likevel at over ein fjerdedel av innbyggjarane i Noreg ikkje meistrar dagens digitale teknologi.

Med støtte frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet har ABM-utvikling no sett i verk prosjektet DIGIKOMBI – *Digital kompetanseheving i biblioteket*. Biblioteka i Arendal, Drammen, Lillehammer og Trondheim har fått 450 000 kroner for å utvikle ein modell som alle landets folkebibliotek skal kunne ta i bruk. Prosjektet byggjer på røynsler frå tidlegare prosjekt som *Lær data i biblioteket* frå Oppland og VOLARE i Buskerud, som begge er støtta av VOX.

møte på tvers av ungdomsgrupper. Nokre folkebibliotek fungerer også som arena for ulike former for læringstiltak for innvandrarar og flyktingar, i samarbeid med vaksenopplæring eller organisasjonar. Folkebiblioteket kan vere ein stor ressurs og samarbeidspartnar i lokale strategiar for utdanning, læring, kompetanse- og næringsutvikling.

Internasjonalt er det stor merksemd om abminstitusjonane som læringsarena, ikkje minst på vaksenopplæringsfeltet. Innanfor Grundtvig-programmet finn vi fleire prosjekt som involverer arkiv, bibliotek og museum. Ein del norske bibliotek har også utvikla tilbod som seniorsurf dag og permanente eller prosjektbaserte digitale opplæringsstilbod.

St.meld. nr. 17 (2006–2007) *Eit informasjonsamfunn for alle og e-Norge 2009* peika på folkebiblioteka som arenaer der innbyggjarane bør kunne utvikle sin digitale kompetanse. Gjennom mange gode prosjekt er det over nokre år utvikla kunnskap om korleis biblioteka kan medverke til å styrkje den digitale kompetansen blant folk. Hovudmålet er no å samle trådane og utvikle ein modell som kan løftast opp til ei nasjonal satsing for digital kompetanse og opplæring i biblioteket. Ein slik modell må plassere biblioteka i konstruktivt og berekraftig samspel med andre aktørar. Fornyings- og administrasjonsdepartementet har i 2008 løyvt midlar til eit prosjekt for å styrkje den digitale kompetansen i samarbeid med ABM-utvikling, jf. omtale i boks 11.3.

### 11.4.1 Særleg om skulebibliotek og skulebibliotekutvikling

Alle barn og unge er sikra tilgjenge til bibliotek gjennom skulebiblioteka. Her får dei fritt tilgjenge til aktuell skjønn- og faglitteratur, til aviser, tidskrifter, lydbøker og ulike læringskjelder i andre medieformer. I grunnskulen og i vidaregåande skule har skulebiblioteka også ei viktig oppgåve som læringsarena, sjølv om måten oppgåva vert løyst på kan variere mykje frå stad til stad.

Møreforskinga kartlegging av skulebibliotek peikar på at den største utfordringa for dei enkelte skulebiblioteka, er å medverke som del av skulens læringsmiljø. Skulebiblioteket er til dømes særleg viktig i samband med å utvikle lesegleiken til elevane. Kartlegginga viser at det er eit skarpt skilje mellom grunnskular og vidaregåande skular når det gjeld personalressursar, personalets fagkompetanse og opningstid i biblioteket. Det er ei utfordring å jamne ut denne ulikskapen.

Elevane i grunnskulen nyttar skulebiblioteket til å finne godt lesestoff, lese bøker, til skularbeid og for å treffe venner. I vidaregåande skule er skularbeid, bruk av Internett, leksearbeid og bruk av praktisk utstyr den vanlegaste grunngevinga for bruk av skulebiblioteket. Skulebiblioteket skal også vere eit fagbibliotek for lærarar og andre tilsette i skulen. Lærarane brukar biblioteket i hovudsak for å finne bakgrunnsstoff, og samarbeider lite med dei bibliotekansvarlege om pedagogiske opplegg. I grunnskulen er bruken knytt til tema- og prosjektarbeid, lesing av skjønnlitteratur og leseøving. I vidaregåande skule er bruken mest knytt til tema- og prosjektarbeid.

Læreplanen i norsk har kompetansemål for bruk av skulebibliotek gjennom heile opplæringa, medan læreplanane i fleire andre fag føreset gode bibliotek utan at bibliotek er særskilt nemnde. Det gjeld bruk av skjønn- og faglitteratur, andre tekstar, faglege kjelder og massemedia gjerne kopla saman med eigen skriveproduksjon, bruk av digitale informasjonskanalar og kritisk bruk av kjelder. Med den rette kombinasjonen av bibliotekfagleg og pedagogisk kompetanse har skulebiblioteket ein særleg føresetnad for å medverke i skulen

Ikkje minst vil dei digitale læringsressursane og bruk av Internett bli stadig meir aktuelt. Det er ein føresetnad at elevane får rettleiing og hjelp. Skal tilgjenget vere reelt, må biblioteka vere opne og lokala funksjonelle og lett tilgjengelege. Opne skulebibliotek, gjerne også utanom skuletida, vil vere eit bidrag i arbeidet for å jamne ut sosiale og digitale skilje.

### Boks 11.4 Idésamling om skulebibliotek

Utdanningsdirektoratet har i 2008 gjeve midlar til Universitetet i Agder som har eit kompetansemiljø for skulebibliotek. Dei skal lage ei nettbasert idésamling for bruk av skulebibliotek i fleire fag for alle trinn. Dei utviklar eit etterutdanningstilbod og gjennomfører etterutdanninga i løpet av 2009 med skular som representerer alle årstrinn.

St.meld. nr. 31 *Kvalitet i skolen (2007–2008)* og St.meld. nr. 23 *Språk bygger broer (2007–2008)* legg opp til ei omfattande satsing på å betre lesinga til elevane. Det er auka fokus på leseopplæringa dei første skuleåra, på grunnleggjande kunnskap i lesing, fleire timar for elevane i norskfaget, vidare- og etterutdanning for lærarar og rettleiingsmaterieill. I meldinga vart det streka under at det er nødvendig å styrkje skulebiblioteket som arena for lesestimulering og informasjonskompetanse.

Utdanningsdirektoratet har på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet utvikla framlegg til eit nasjonalt program for skulebibliotek. Programmet er starta i 2009 og vil vare i fire år. Universitetet i Agder har fått i oppgåve å forvalte programmet.

Programmet har fire prioriterte område:

- *Tiltak for å styrkje lesing:* Programmet skal medverke til å styrkje lesegleik og leseglede hos elevane. Det vil bli gjeve støtte til utviklingsprosjekt som styrkjer skulebiblioteket som arena for leseopplæring, språkutvikling og litteraturformidling.
- *Kompetanseutvikling og kunnskapsdanning:* Tiltaket skal auke kompetansen hos skuleleiarar, skulebibliotekarar og lærarar om den pedagogiske rolla som skulebiblioteket spelar, og korleis skulebiblioteket kan nyttast i læringsprosessar.
- *Styrkje informasjonskompetanse:* Tiltaket er retta mot ei meir systematisk opplæring i informasjonskompetanse. Tanken er å utvikle nettbaserte ressursar og idésamlingar, der røynsler med arbeid med informasjonskompetanse frå andre sektorar (til dømes høgare utdanning) og andre land vert systematiserte og spreidde.
- *Statistikk, regelverk og samarbeid:* Tiltaket skal leggje til rette for betre statistikk og betre rapporteringsrutinar om samlingar ved og bruk av skulebiblioteka. Offentlege reglar som har med skulebibliotek å gjere, vil bli gjennomgått.

## 11.5 Folkebiblioteka som kultur- og litteraturformidlarar

Folkebiblioteket er ein viktig, kollektiv kultur- og litteraturformidlingsaktør og -arena for alle. Folkebiblioteket representerer eit lågterskeltilbod på kulturmarknaden, og profilerer det allmennkulturelle, danninga, det demokratiske og det kunnskapsbyggjande i si verksemd.

Ei av hovudoppgåvene til folkebiblioteka er å vere ein attraktiv arena for litteratur- og kulturformidling og eit viktig oppdrag er å gje tilgjenge til eit mangfald av skjønn- og faglitteratur. Biblioteka tilbyr både eldre litteratur og samtidslitteratur, og har eit særleg kulturpolitisk ansvar for å arbeide målretta for å auke leseinteresse og lesedugleik blant barn og unge.

Folkebiblioteket som kulturarena er både møteplassen, samlingane og eit fysisk rom med skiftande utstillingar, verkstader og arrangement. Det er ein stad der litteratur og andre kultur- og kunstuttrykk vert presenterte i bøker, i tidsskrifter, i filmar, musikkinnspelningar, i ulike digitale dokument og via Internett.

Kulturformidlinga i biblioteka omfattar i hovudsak utstillingar og arrangement, anten i regi av biblioteket eller i samarbeid med andre institusjonar, grupper og enkeltmenneske. Aktuelle tilstellingar og aktivitetar er forfattarmøte, barneteater, høgtlesing, eventyrstunder, presentasjon av bøker, kinotek, debattkveldar, senioruniversitet, kunstutstillingar osv. Aktivitetane og arrangementa går oftast føre seg i biblioteklokala, men også på nettstaden til biblioteket, i skular og barnehagar, på kafé, på tur i marka eller på festivalar.

Barn og unge får tilgjenge til bibliotektenester gjennom folkebiblioteket og skulebiblioteket. Bibliotek for barn omfattar både tilgjenge til bøker, digitale dokument og tenester, bokkunnskapen til barnebibliotekarane og aktivitetar knytte til kunnskaps- og kulturopplevingar. Mange folkebibliotek inviterer planmessig barn på besøk i grupper frå babytreff til elevar i vidaregåande skular. Barn kjem til biblioteket saman med barnehage og skule, og gjennom foreldre eller andre vaksne som tek dei med. Biblioteket som kulturarena for barn og unge skal invitere til oppdaging, nyfiken, leik og læring og vere ein fristad der dei kan nytte tilboda som dei vil sjølv. Dette gjeld for alle barn, uavhengig av etnisk bakgrunn.

Barn og unge har behov for eit breitt spekter av medium i biblioteket og kompetent og inspirerende rettleiing i og formidling av media. Både folkebiblioteket og skulebiblioteket er særleg relevant i samband med arbeid for å styrkje lesing og

leselyst. Biblioteket gjev tilgjenge til eit breitt litteraturtilfang og har også tilrettelagt litteratur for dei som treng det. Å skape eit slik tilbod krev bibliotekarar med god kunnskap om barne- og ungdomsbibliotekararbeid, litteratur og formidling.

Folkebiblioteket skal også vere ein stad for sosialt samvær. Mellom anna arrangerer Drammensbiblioteket dataspelnatt for unge mellom 10 og 18 år. Bibliotek som har sundagsope, tilbyr ofte kulturarrangement for småbarn og familiar. Desse tilboda er svært populære. Slike tiltak medverkar til meir merksemd rundt biblioteket som sosial arena og gjer det til ein attraktiv stad for mange.

I 2008 har ABM-utvikling starta arbeidet med eit program for formidling av litteratur i folkebiblioteka. Programmet skal dekkje satsingar retta mot både barn, ungdom og vaksne og medverke til ei ytterlegare satsing på litteraturformidling i biblioteka, der også ei breiare formidling av bøker innkjøpte gjennom innkjøpsordninga, inngår. I programmet vil dei digitale tenestene Ønskebok.no og Litteratursiden.no inngå som sentrale tiltak.

### 11.5.1 Bibliotek i barnehagar

Kommunen har eit overordna ansvar for å drive førebyggjande verksemd og tilbyr nødvendige tenester for barn og familiar. Tilbod om tidleg og god språkstimulering er eit førebyggjande og støttande tiltak som først og fremst er viktig for det enkelte barnet, og som også kan medverke til sosial utjamning.

Barn som går i barnehage, er i utgangspunktet sikra eit språkstimuleringsstilbod ved at dei tilsette i barnehagane gjennom føringar i lov og rammeplan har plikt til å gjere sitt til at alle barn får god språkstimulering og tidleg hjelp, dersom språket av ein eller annen grunn er forseinka. Ei rekkje kommunar har også språkstimuleringsstilbod til barn som ikkje går i barnehage. Slike tilbod kan vere språkgrupper i barnehagar, familiehus, pedagogiske sentra, oppvekstsentra eller bibliotek, ambulerande pedagogar eller opne barnehagar.

I ei nyss avslutta undersøking frå Rambøll Management AS på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet svarar 18 prosent av kommunane at dei har språkstimuleringsstilbod til barn som ikkje går i barnehage. Kommunar med mange minoritetspråklege barn har i høgare grad slike tilbod. Til dømes svarar 40 prosent av bydelane i Oslo og kommunane i Østfold at dei har tilbod til barn som ikkje går i barnehage.<sup>6</sup>

ABM-utvikling og Lesesenteret, Nasjonalt senter for leseopplæring og leseforskning ved Universitetet i Stavanger har gjennomført eit 3-årig prosjekt



retta mot barnehagane. Prosjektet BOKTRAS fokuserer på samanhengar mellom språkstimulering og leseaktivitetar i barnehagen.<sup>7</sup> Barnehagane som har delteke i prosjektet, har satsa på eit variert tilbod av tekstar og leseaktivitetar. Dei har nytta høgtlesing og samtale som reiskap for aktiv språkstimulering og styrking av barnas ordforråd, og metodane er enkle å bruke i barnehagekvardagen. Folkebiblioteka i dei deltakande kommunane har etablert filialar i barnehagane slik at dei får godt tilgjenge til aktuelle tekstar. Barn og foreldre har gjennom prosjektet fått låne bøker med seg heim, og dei tilsette i barnehagane og i biblioteka har lært meir om samanhengen mellom språkstimulering og leseaktivitetar.<sup>8</sup>

I arbeidet med dette prosjektet vart det også gjennomført ei undersøking blant folkebiblioteka om biblioteksamarbeid med barnehagane. Undersøkinga viser at å etablere barnehagebibliotek har svært positive resultat. Sjølv om mange av folkebiblioteka opplever ordningar med bokdepot som tilfredstillande for både barnehagane og biblioteket, er ordninga med barnehagebibliotek ei meir direkte samarbeidsform med positiv verdi for alle involverte partar.

Undersøkinga viser at kommunar med barnehagebibliotek driv ei meir målretta og aktiv kulturformidling, og veit i større grad kva bøkene vert nytta til, enn kommunar med bokdepotordning. Barnehagebibliotek involverer også familiane til barna meir direkte, sidan barna kan låne bøkene med seg heim. Barnehagebibliotek verkar også positivt inn på biblioteket som institusjon når det gjeld kompetanseheving og større nettverk, auka kontakt med pedagogar og nye utfordringar for dei tilsette.

Biblioteka merkar at barnefamiliane brukar biblioteket på ein annan måte etter at det er oppretta barnehagebibliotek. Dette fører til fleire besøk både generelt og på arrangement i biblioteket, noko som også fører til fleire utlån. Biblioteka opplever ein styrkt dialog med barnefamiliane, og biblioteka i undersøkinga merkar også at dei er meir synlege i nærmiljøet. Den viktigaste effekten av ordninga med bibliotekfilialar i barnehagane er likevel at barna vert meir opptekne av og glade i bøker. Dei får auka språkmeistring og ei interesse

<sup>6</sup> Kunnskapsdepartementet, Kartlegging av språkstimulering og språkkartlegging i kommunene, sluttrapport, mars 2008, Rambøll management

<sup>7</sup> Eit språkteoretisk utgangspunkt for BOKTRAS er TRAS, eit materiale for tidleg registrering av språkutvikling.

<sup>8</sup> Bok i bruk i barnehagen. Språkstimulering gjennom leseaktiviteter, Lesesenteret 2007.

### Boks 11.5 Lesevenner

Lesevenner er eit samarbeid mellom fjerdeklassingar på ein barneskule og fire barnehagar i Lørenskog kommune. Fire gonger i året kjem skulebarn på besøk til barnehagane og les for barna på ulike språk. Bøkene vert lånte ved folkebiblioteket som har kjøpt inn bøker på mange ulike språk. I tillegg har biblioteket fått låne bøker frå Det flerspråklige bibliotek. Skuleelevane nyttar 1–2 veker på å øve seg på det dei skal lese og korleis dei skal lese. Mange får hjelp av foreldre som er stolte over å kunne medverke på sitt eige morsmål. Når lesestunda i barnehagen er over, vert bøkene leverte til barnehagen slik at barna kan låne dei med seg heim. Barnehagen har ansvaret for å levere bøkene attende til biblioteket. Ordninga med lesevenner har vore vellukka. Barna i barnehagen gler seg til å få besøk, skuleelevane er stolte over å kunne lese på morsmålet sitt, og elevane synest det er moro å sjå at barna i barnehagen blir glade for lesestunda. Ein viktig faktor er at dei ulike språka er løfta fram i klassen og sett på som ein viktig ressurs.

for lesing som er med på å gje gode og varige lesevanar.

I 2008 har ABM-utvikling utvida prosjektet BOKTRAS til bibliotek i kommunar med mange minoritetspråklege barn. I det nye prosjektet Lesefrø samarbeider Deichmanske bibliotek, Holmlia filial og Kristiansand folkebibliotek med lokale barnehagar. Også andre bibliotek arbeider aktivt med liknande prosjekt. Lørenskog bibliotek i Akershus har etablert ein lesevennesirkel, Lesevenner, i 4. klasse. Målet er å utvikle vennskap, tryggleik, betre språkforståing og leselyst, jf. nærare omtale i boks 11.5.

#### 11.5.2 Litteratur i Den kulturelle skulesekken

Den kulturelle skulesekken er eit nasjonalt tiltak for å styrkje kulturformidlinga til barn og unge i grunnskulen og i vidaregåande opplæring. Den kulturelle skulesekken vert gjennomført lokalt og regionalt og årleg vert det tilført kommunane og fylkeskommunane om lag 167 mill. kroner til ordninga.

St.meld. nr. 38 (2002–2003) *Den kulturelle skulesekken* frå Kultur- og kyrkjedepartementet og St.meld. nr. 39 (2002–2003) *Ei blot til lyst* dannar grunnlaget for utviklinga av Den kulturelle skulesekken. I 2006 vart ordninga evaluert av NIFU STEP.<sup>9</sup> Evalueringa og høyringsfråsegnene til denne vart gjennomgått i St.meld. nr. 8 *Kulturell skulesekk for framtida* (2007–2008). I meldinga vart det vist til korleis Den kulturelle skulesekken skal utviklast vidare, og det stod mellom anna at departementet vil vurdere nærare i bibliotekmeldinga kva for aktør som bør få eit samordningsansvar for formidling av litteratur i Den kulturelle skulesekken.

Dei aller fleste folkebiblioteka er aktive i Den kulturelle skulesekken. Dei fleste inviterer årleg to eller fleire klassetrinn til orientering om bibliotektilbodet slik at alle skal ha besøkt sitt lokale folkebibliotek. Ved desse elevbesøka vert det også lagt inn bokprat der ulike bøker vert presenterte for klassen.

Mange bibliotek har også ulike kulturelle arrangement for barnehagar og skuleklassar som til dømes forfattarbesøk og barneteater. Gjennom programmet *Gi rom for lesing* er det i mange kommunar etablert god kontakt mellom folkebiblioteka, skulane og skulebiblioteka. Ifølgje evalueringa av *Gi rom for lesing* har folkebiblioteka medverka vesentleg både til boktilbod og litteraturformidling til elevane, og til å styrkje barnlitteraturkunnskapen hos lærarane.

Fleire av fylkesbiblioteka har medverka aktivt med program i Den kulturelle skulesekken og har involvert folkebiblioteka i dette. Aust-Agder bibliotek og kulturformidling kan vere eit døme. Dette tilbyr turnear der litteratur er involvert i ulike produksjonar. Dette omfattar bokprat for dei ulike alderstrinna, forfattarbesøk og kunstartar i samspel.

Også fleire andre aktørar på kulturfeltet arbeider med å stimulere til leselyst og leseglede. Dette omfattar mellom anna Norsk Forfattersentrum, Norsk barnebokinstitutt, Foreningen les, Leser søker bok og Nynorsk Litteratursentrum, jf. nærare omtale i St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og mening*. Desse, og fleire til, er viktige aktørar og samarbeidspartnarar for biblioteka.

Både ABM-utvikling og Norsk kulturråd gjev støtte til utviklings- og pilotprosjekt som har overføringsverdi til andre stader i landet. I Mangfaldsåret 2008 er det gjeve støtte til fleire prosjekt som

### Boks 11.6 Inspirasjon frå Danmark

I 2008 gav Bibliotekstyrelsen i Danmark ut heftet «Fremtidens biblioteksbetjening af børn». Bakgrunnen var den danske Kulturva-neundersøkinga frå 2004 som tydeleg viste at barns medievanar og kvardag har endra seg mykje. Målingar viser at tala på barn som besøker biblioteket ein dag i månaden, fall frå 51 prosent i 1998 til 39 prosent i 2004. Føremålet med heftet har vore å skissere ei ny plattform for bibliotektilbodet til barn og vitalisere og optimalisere det eksisterande tilbodet. Det har også vore eit mål å få biblioteka til å møte barna og deira kultur på ein annan måte, slik at det vert meningsfylt for fleire barn å oppsøkje og bruke biblioteka.

skal medverke til å formidle det kulturelle mangfaldet i Noreg.

### 11.5.3 Formidling og opphavsrett

Kulturformidling ved folkebiblioteka omfattar formidling av skjønn- og faglitteratur, musikk, film og annan kulturell aktivitet. I tillegg til rettleiing av den enkelte brukaren er det også ulike typar kulturarrangement som utstillingar, lesestunder og forfattarbesøk, gjerne med musikalske innslag. Slike arrangement har ei side mot opphavsretten, og det er viktig at arrangementa blir gjennomførte i samsvar med reglane. Som omtala i pkt. 5.2.1 har opphavsmannen einerett til å framstille eksemplar og å gjere det tilgjengeleg for ålmenta.

I fleire tilfelle er det nødvendig med opphavsrettslege avklaringar og eventuelle vederlag. I slike tilfelle kan biblioteket ta direkte kontakt med opphavsmannen for å klarere den planlagde bruken. Det kan verke tungvint at kvart enkelt folkebibliotek, som ikkje alltid har tilstrekkeleg personale eller kunnskap om opphavsrett, skal måtte gjennomføre slike avklaringar for kvart formidlingstiltak. Som nemnt legg åndsverklova til rette for at ein kan avtale bruk av verk i samlingane med organisasjonar som representerer opphavsmennene. Dette høvet til å avtale vidare bruk er i dag ikkje nytta.

For å få til ei godt fungerande ordning kan ein sjå for seg at til dømes ABM-utvikling inngår avtale med ein opphavsrettsorganisasjon om bruk av ein type litteratur, slik at folkebibliotek fritt kan lage

<sup>9</sup> Borgen, Jorun Spord og Brandt, Synnøve Skjersli Brandt, 2006

produksjonar rundt dette materialet. Sidan kulturformidling og arrangement er viktige delar av tilbodet som biblioteka skal gje, kan det vere grunn til å sjå nærare på behovet for ein slik avtale.

#### *Vederlag i Den kulturelle skulesekken*

Det er stilt spørsmål om betaling av vederlag til forfattarar av litterære tekstar som vert nytta i regi av Den kulturelle skulesekken, på same måte som TONO krev inn og får vederlag for musikkverk som vert framførte på skulekonsertar.

Utgangspunktet er åndsverklova og grensene for den eneretten til eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering for ålmenta. Det er mellom anna lov å framføre eit verk for ein privat krins, og det er lov å framføre eit verk i undervisning, jf. åndsverklova §§ 2 og 21. Fri bruk i undervisning gjeld ikkje for film eller scenisk framføring av sceneverk.

Når det gjeld litteraturproduksjonar i Den kulturelle skulesekken, vil vurderinga vere om det skal reknast som fri framføring i undervisning eller ikkje, jf. åndsverklova § 21, eller om det skjer i ein privat krins, jf. åndsverklova § 2. I St.meld. nr. 8 (2007–2008) *Kulturell skulesekk for framtida* er det på den eine sida understreka at Den kulturelle skulesekken skal vere ei nasjonal satsing for alle elevar i grunnskulen og i den vidaregåande skulen. Det er også presisert at satsinga skal realisere mål i læreplanverket. På den andre sida er det i meldinga også streka under at ordninga ikkje skal vere ei erstatning for estetiske fag eller andre fag i skulen, men kome i tillegg. Den kulturelle skulesekken skal syte for dei ekstraordinære kunst- og kulturopplevingane i skulekvardagen.

Når det gjeld scenisk framføring av sceneverk eller framsyning av filmverk i skulen, vil vurderinga vere om det skjer i ein privat krins eller offentleg. Ei skuleklasse vert rekna som ein privat krins på grunn av den nære relasjonen mellom læraren og elevane. Større framsyningar, til dømes for heile skulen eller eit heilt klassetrinn, vil som regel vere offentleg og krevje klarering.

#### **11.5.4 Artotek – utlån av kunst gjennom bibliotek**

Den første varianten av artotek, utlån av kunst gjennom bibliotek, kunstforeningar, galleri eller frittstående sentralar i Noreg, var *Kunst på Arbeidsplassen* (KpA), som vart etablert i 1950. Dette selskapet får også i dag statleg støtte for å leige ut originalkunst til offentlege og private bedrifter. KpA har ei variert samling på 5000 verk, men har ikkje hatt stor tilstrøyming av nye medlemmer dei siste åra.

I perioden før 1980-åra vart det gjort fleire forsøk på å etablere artotekrelatert verksemd ved bibliotek i Noreg. *Artoteksentralen* vart etablert som ei forsøksordning med støtte frå Norsk kulturråd og Norske grafikere i 1984, og formalisert som stiftinga Artoteksentralen i 1985.

Frå 1985 vart det opphavleg gratis utlånet av kunstverk til biblioteka erstatta med utleige. Sluttbrukaren fekk låne kunstverka gratis. Intensjonane var at utleigeverksemda skulle vere sjølvfinansierande, noko ein ikkje lukkast med. Artoteksentralen vart lagd ned i 1996 og ein del kunstverk vart overførte til Rikshospitalet der dei framleis er i bruk som artotek i organisert form. *Ullevål sykehus* driv også artotek. Det finst enkelte bibliotek med artotekverksemd i Noreg i dag der målgruppane for utlån er privatpersonar og/eller offentlege kontor.

I 2006 fekk ABM-utvikling i oppdrag frå Kultur- og kyrkjedepartementet å vurdere ei mogeleg artotekordning i Noreg. I utgreiinga som vart levert departementet 12. juli 2007, vart det rådd til at det skulle etablerast ei forsøksordning med ny kunstformidling gjennom artotek i eit samarbeid mellom Nasjonalmuseet og ABM-utvikling.

Utgreiinga vart send på høyring til om lag 400 høyringsinstansar. I alt vart det motteke 23 høyringsfråsegner frå 5 fylkeskommunar, 5 kommunar, 10 museums- og kulturinstitusjonar og 3 kunstnarorganisasjonar. Etter den svake responsen i høyringsrunden konkluderte ABM-utvikling med at det er lite interesse og lite grunnlag for å innføre ei fysisk artotekordning med kunstutlån. Fleire høyringsinstansar, ikkje minst kunstinstusjonane, var med på å underbygge denne konklusjonen.

Som konklusjon på høyringsrunden rådde ABM-utvikling til at Kultur- og kyrkjedepartementet vurderer å opprette ein nettportal for formidling av kunst som også bør innehalde informasjon om kunst og kunstnarar.

## **11.6 Departementets vurdering**

### *Møtestaden og bibliotekrommet*

Ansvar for bygging, forvaltning, drift og vedlikehald av biblioteklokale følgjer ansvarsdelinga for biblioteka slik det er gjort greie for i kap. 4. Ei framleis klar ansvarsdeling kan likevel kombinerast med samlokalisering og samarbeid mellom fleire bibliotektypar, slik som det er gjort til dømes i Drammen.

Departementet meiner at folkebiblioteket bør kunne gå inn i ei sentral rolle for heile det lokale

kulturfeltet i større monn enn i dag. Utviklinga av folkebiblioteket både som digital tenesteformidlar og som ein fysisk møtestad understrekar at kommunane bør tenkje både samhandling og samlokalisering for dei aktivitetane og oppgåvene som dei utfører på kulturfeltet.

Dette perspektivet bør vere sjølvsagt for alle kommunar som går med tankar om å byggje nye eller utvide eksisterande kulturlokale, det vere seg til bibliotekfunksjonar eller andre kulturaktivitetar. Folkebiblioteket vil difor i framtida måtte utvikle seg i nært samspel med andre kulturarenaer og kunne tilby utstillingar, konsertar og andre former for kulturarrangement med meir eller mindre direkte tilknytning til dei klassiske bibliotektenestene. Sølvberget bibliotek og kulturhus i Stavanger, med biblioteket som den største verksemda, viser korleis det kan tenkjast i eit perspektiv som fremjar ei utvikling av folkebiblioteket som del av ein allkulturarena.

I særleg grad må folkebiblioteka vere lett tilgjengelege der folk ferdast, og dei kan også gjerne vere integrerte eller samlokaliserte med kjøpesenter, kino, togstasjon, kulturskular, museum eller andre arenaer. Biblioteka skal tilby opne, innbydande og fleksible rom og det bør vere plass til utstillingar, lærings- og prosjektfasilitetar. Biblioteket må stå fram som ein open, attraktiv og tilgjengeleg møtestad med personale i dialog med og i dynamisk relasjon til brukarane. Det digitale tilbodet skal vere synleg og lett tilgjengeleg i framtidsbiblioteket.

Departementet vil understreke at det også kan vere relevant å vurdere samlokalisering og samarbeid mellom folkebiblioteket og andre aktørar i lokalsamfunnet, som til dømes skular, kulturhus, turistinformasjon, kunnskapsbedrifter, vaksenopplæring, etterutdanningstiltak, karrieresentra og liknande. Slike samarbeid kan vere svært tenleg på dei stadene der det ligg til rette for det. Dette kan vere ein god strategi for å utvikle og styrkje bibliotekets funksjonar som ein attraktiv møtestad, kultur- og læringsarena. Slikt samarbeid og organisering kan også leggje til rette for kompetanseutvikling, og skape eit fruktbart miljø for utvikling og innovasjon i lokalsamfunnet.

Mange folkebibliotek fungerer i dag som gode og aktive møtestader i kommunar, regionar og utdanningsmiljø. Folkebiblioteka skal også i framtida representere og styrkje grunnleggjande samfunnsverdiar, som tilgjenge for alle til informasjons- og kunnskapskjelder, ytringsfridom, kulturelt mangfald og kulturens eigenverdi. Utdrøninga vert å styrkje og bevisstgjere bibliotekleiarar og bibliotekleigarar på lokalt og regionalt nivå om

møtestadfunksjonen til biblioteka, og utvikle bibliotektilboda vidare slik at dei vert mest mogeleg relevante for så mange samfunnsgrupper som råd. Folkebiblioteka som møtestader for minoritetsspråklege grupper og som arena for integrering og inkludering må understrekast. For at folkebiblioteka skal fungere som ein arena for ungdomskultur og fritidsaktivitetar, bør opningstidene og tilboda vere attraktive. Biblioteka bør òg kunne vere opne for arrangement på unges egne initiativ.

Kultur- og kyrkjedepartementet vil vidareutvikle biblioteka som offentleg møtestad, og arbeide for å synleggjere og framheve folkebibliotek med god funksjonalitet, møtestadfunksjon og gode partnerskap. Ei ordning med modellbibliotek vil verte etablert.

Kultur- og kyrkjedepartementet vil også etablere eit prosjekt for å styrkje folkebiblioteka som samfunnsmessig brubyggjar og møtestad for grupper som i dag i liten grad deltek i kultur- og organisasjonsliv. Prosjektet skal stimulere til eit breiare samarbeid og samhandling mellom biblioteka og det frivilljuge organisasjonslivet.

Departementet viser elles til at forvaltninga av spelemidlane til kulturbygg skal endrast. Frå 2010 vil fylkeskommunane ha hand om alle spelemidlane som skal gå til regionale møteplassar og formidlingsarenaer for kultur. Fylkeskommunane kan velje å bruke av desse midlane til investeringar både i bibliotekbygg og bokbuss. Departementet vil utarbeide nye retningslinjer for bruken av midlane.

Ordningar med kombinasjonar av folkebibliotek og skulebibliotek kan føre til at bibliotektilbodet og bibliotektenestene blir lettare tilgjengelege i ulike delar av kommunen. Mange kommunar vil likevel kunne vere best tente med skulebibliotek og folkebibliotek som separate einingar, men med eit systematisk samarbeid. I desse kommunane vil bruken av kombinasjonsbibliotek først og fremst vere aktuelt i samband med folkebibliotekfilialar, og må vurderast som ein del av ein overordna strategi for det samla bibliotektilbodet. I kommunar med mange skular kan ei ordning med koordinator for dei kommunale skulebibliotektenestene, med ansvar også for samarbeid mellom folkebibliotek og skulebibliotek, gje betre skulebibliotektilbod.

#### *Folkebiblioteka som arena og aktør for kultur- og litteraturformidling*

Folkebiblioteka har vidare ein sjølvsagt plass som arena for kulturformidling og som kultur- og litteraturformidlar i kommunane. Dette formidlingsansvaret er likevel ikkje klart formulert i lov om fol-

kebibliotek. Departementet ønskjer å understreke formidlingsansvaret i revisjonen av lova.

Satsinga på å etablere bibliotekfilialar eller andre lesestimulerings tiltak i barnehagen er gode døme på at det ligg eit potensial i å betre kommunikasjonen og samarbeidet mellom kommunale institusjonar. Mange kommunar arbeider målretta med å utvikle samarbeidet mellom barnehage og skule. Biblioteka kan i fleire tilfelle medverke i dette arbeidet og gjere sitt til at fleire barn får ein lettare overgang frå barnehagen til skulen. Auka fokus på lesing og språk i barnehagealder har dokumentert effekt.

Leseprosjekt i barnehagar er viktige tiltak for å utvikle leseglede og lese lyst hos barn og unge. Idear frå prosjekt som BOKTRAS og LeseFrø kan difor med fordel danne grunnlaget for likande samarbeid mellom bibliotek og barnehagar i ei rekkje norske kommunar. Det er grunn til å trekkje fram prosjektet Lesevenner i Akershus, som eit døme på korleis ein på lokalt nivå kan skape gode samarbeid på tvers av skule og barnehage. Det ligg også eit potensial for auka samarbeid mellom barnehagar, bibliotek, abm-institusjonar og vitensenter. Musea og vitensentra arbeider målretta med pedagogiske verkemiddel for å nå barn og unge.

Kultur- og litteraturformidling er viktige aktivitetar i alle folkebibliotek. I mange tilfelle vil slike aktivitetar krevje opphavsrettsleg klarering. Departementet vil vurdere ordningar som kan medverke til klarare og betre rammer for kultur- og litteraturformidling i biblioteka.

#### *Litteratur i Den kulturelle skulesekken*

Departementet meiner at samarbeidet mellom skulen, folkebiblioteka og dei litterære aktivitetane i Den kulturelle skulesekken tilfører læringssituasjonen nye aspekt, innfallsvinklar og metodar. Tiltak som forfattarmøte, skriveverkstader, dramatiseringar og forteljaropplevingar kan fungere som ekstra stimulans i skulekvardagen og gje auka lyst til å lese og skrive.

Departementet viser til at det er kommunane og fylkeskommunane som disponerer brorparten av spelemidlane til Den kulturelle skulesekken. Mange er flinke til å inkludere biblioteka som arena og som aktør for dei ulike tilboda. Det må likevel seiast at mange stader er det er eit potensial for å utvikle og profesjonalisere litteraturformidlinga gjennom det lokale folkebiblioteket. Dette er ei viktig utfordring i tida framover.

Som forvaltarar av spelemidlar bør kommunane syte for at folkebiblioteket vert ein naturleg samarbeidspartnar i den lokale kulturelle skule-

sekken. Fylkeskommunen bør syte for at litteraturformidling vert ein naturleg og sjølvstøtt del av tilbodet til alle elevar. Folkebiblioteka må prioritere å delta i Den kulturelle skulesekken, både som ein aktiv tilretteleggjar og samarbeidspartnar for ulike aktørar, og som ein kreativ vidareutviklar av formidlings- og aktivitetstilbod. Alle folkebibliotek bør invitere skuleklassar til bibliotekoriering og bokprat, og alle elevar bør få lånekort. Dette bør kunne inngå som faste aktivitetar i samband med Den kulturelle skulesekken. Samstundes er det grunn til å understreke at formidling til barn og unge er ein viktig del av samfunnsansvaret som folkebiblioteka har, også uavhengig av Den kulturelle skulesekken.

Det er viktig at elevane vert kjende med biblioteket som ein arena for litteratur- og kunnskapsformidling med gratis tilgjenge for alle. Elevane bør få grundig rettleiing i korleis biblioteket er organisert, korleis det fungerer og kva dei tilsette kan hjelpe til med. Elevane bør også få kjennskap til dei ulike digitale tenestene som vert drivne i regi av biblioteka. Når Den kulturelle skulesekken no vert utvida til elevar i vidaregåande skule, må biblioteka følgje opp denne satsinga med aktiv formidling også til desse gruppene.

Det er behov for å utvikle den kompetansen i litteraturformidling til barn og unge som dei bibliotektilsette har, og utvikle spesialkompetanse som kan dekkje fleire kommunar. Ulike typar formidlingskurs er viktige for å profesjonalisere litteraturformidlinga i biblioteka. Dette arbeidet må halde fram og knytast tettare til ulike former for biblioteksamarbeid.

Departementet er einig i at det er behov for ein nasjonal aktør på litteraturfeltet som kan medverke til å styrkje og utvikle litteraturformidlinga i Den kulturelle skulesekken. Etter departementet si vurdering kviler arbeidet med litteraturformidling i Den kulturelle skulesekken på to hovudpilarar:

*Den eine pilaren* er det direkte møtet mellom elev og forfattar, eller elevens møte med litteraturuttrykk i nært samspel med andre kunststartar som musikk og/eller teater. Norsk Forfattersentrum har i mange år gjeve tilbod om forfattarturnear både i grunnskulen og i vidaregåande opplæring, også før innføringa av Den kulturelle skulesekken. Departementet meiner difor at det vil vere naturleg at Norsk Forfattersentrum som ein etablert institusjon for litteraturformidling og møte mellom forfattar og elev over heile landet, får status som nasjonal aktør for litteratur i Den kulturelle skulesekken. Dette ansvaret vil innebere å styrkje nettverk, og medverke til samarbeid, kom-

petanseutvikling og kvalitetsutvikling på litteraturfeltet i Den kulturelle skulesekken.

Etableringa av Den kulturelle skulesekken har ført til auka forfattarformidling gjennom Norsk Forfattersentrum. Forfattersentrum, som tradisjonelt har subsidiert forfattarturneane gjennom sitt driftstilskot over statsbudsjettet, har som resultat av denne auken i etterspurnad fått større utgifter til slik subsidiering. Departementet ser at det ikkje vil vere mogeleg å oppretthalde like stor grad av subsidiering som tidlegare. Departementet vil difor tilrå at Norsk Forfattersentrum saman med andre aktørar i Den kulturelle skulesekken søker å nå så mange elevar som mogeleg med profesjonell litteraturformidling, at honorarsatsane vert søkt harmoniserte med honorar i andre kulturuttrykk, og at Norsk Forfattersentrum finn fram til ein høveleg finansieringsmodell for turnear i Den kulturelle skulesekken.

*Den andre pilaren*, og eit viktig supplement til det direkte møtet mellom elev og forfattar, er folkebiblioteket som ein sentral kultur-, litteratur- og læringsarena og -aktør i alle kommunar. Folkebiblioteket må stå sentralt i utviklinga av litteraturformidling i den kulturelle skulesekken i framtida. Departementet legg til grunn at det frå statleg hald vert arbeidd vidare med å utvikle folkebiblioteka som litteratur- og kulturformidlar, og samarbeider med alle aktørar som kan medverke til å styrkje og utvikle folkebiblioteka på dette feltet. Fylkeskommunane vil også kunne styrkje folkebiblioteka på dette området.

I St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og mening* står det at Kultur- og kyrkjedepartementet vil utforme ein meir kraftfull og systematisk strategi for korleis aktørar innanfor kultursektoren kan vere med på å fremje lesing blant barn og unge. I denne samanhengen viser departementet til ABM-utviklings pågåande arbeid med eit litteraturformidlingsprogram retta både mot barn, unge og vaksne, og Norsk bibliotekforenings framlegg om at 2010 skal vere eit nasjonalt leseår.

Kultur- og kyrkjedepartementet og Kunnskapsdepartementet vil i fellesskap leggje til rette for at 2010 vert eit nasjonalt leseår som ein start på ei brei og omfattande satsing for eit nasjonalt leseløft fram mot 2014. Ei slik satsing vil i stor grad handle om å etablere nasjonale rammer rundt ei rekkje initiativ og satsingar for lesing og lesedugleik. Leseåret må difor knytast til litteraturformidlingsprogrammet for folkebibliotek, litteraturformidlinga i Den kulturelle skulesekken, program for skulebibliotekutvikling og ei rekkje andre initiativ. Satsinga vil verte nærare konkretisert.

### Artotek

Departementet meiner at det fysiske artoteket verkar gamaldags og lite tenleg som kunstformidlingsinstitusjon i dag. Den låge responsen i høyringsrunden og innvendingane frå fleire sentrale institusjonar gjev ikkje grunnlag for å etablere eit system med fysiske artotek. Høyringsfråsegnene frå Nasjonalmuseet og kunstnarorganisasjonane må etter departementets vurdering vege tungt. Eit artotek vil krevje både administrasjon og store driftstilskot over departementets budsjett.

Det er også fleire utfordringar knytte til ein eventuell nettportal. Viktige spørsmål er kva kunstportalen skal innehalde, kven som skal utvikle portalen og kven som skal drive han. Det er også eit spørsmål om det er behov for ein nasjonal emneportal for kunst. Det finst alt fleire nettarkiv og kunstdatabasar som publikum kan nå ved generelle nettsøk.

Eit alternativ til ein ny portal kan vere å styrkje eksisterande nettprosjekt og eventuelt Nasjonalmuseets kunstformidling på nett. Ein eventuell ny portal bør også vurderast i samheng med planar for digitalisering og tilgjengeleggjering av kulturarven, noko som vil omfatte heile abm-feltet.

Etter ei samla vurdering er konklusjonen at det ikkje er grunnlag for å etablere fysiske artotek eller nettportal. Departementet vil i staden nytte tilgjengelege ressursar til å styrkje digitaliseringsprosjekt ved arkiv-, bibliotek- og museumsinstitusjonar, jf. nærare omtale i digitaliseringsmeldinga. Det vil også vere viktig å styrkje det eksisterande kunstformidlingsapparatet på landsbasis for å oppnå målet om breiare kunstformidling.

## 11.7 Tiltak og strategiar

- For å vidareutvikle biblioteka som offentlege møtestader og synleggjere folkebibliotek med god funksjonalitet, møtestadfunksjon og gode partnerskap, vil Kultur- og kyrkjedepartementet opprette ei ordning med modellbibliotek.
- For å stimulere til breiare samarbeid og samhandling mellom biblioteka og det frivillige organisasjonslivet, vil Kultur- og kyrkjedepartementet etablere eit prosjekt som kan styrkje folkebiblioteka som samfunnsmessig brubyggjar og møtestad for grupper som i dag i liten grad deltek i kultur- og organisasjonsliv.
- ABM-utvikling har fått støtte frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet for å utvikle biblioteka som arena for digital kompetanse.

Prosjektet skal leggje grunnlaget for slike satsingar i alle større folkebibliotek.

- Frå 2010 vil fylkeskommunane forvalte meir av spelemidlane som skal gå til regionale møteplassar og formidlingsarenaer for kultur. Departementet vil utarbeide nye retningsliner for bruken av midlane.
- Kunnskapsdepartementet har sett i verk eit nasjonalt program for skulebibliotekutvikling i perioden 2009–2012. Programmet inneheld tiltak for å styrkje lesing, kompetanseutvikling og kunnskapsdanning, informasjonskompetanse og statistikk, og regelverk og samarbeid.
- Kultur- og kyrkjedepartementet vil styrkje leselyst og lesedugleik ved å utnemne Norsk

Forfattersentrum som nasjonal aktør for litteratur i Den kulturelle skulesekken, og ved å utvikle folkebiblioteka som arena for lesing og litteraturformidling.

- Kultur- og kyrkjedepartementet og Kunnskapsdepartementet vil saman leggje til rette for at 2010 vert eit nasjonalt leseår, som start på eit leseløft i perioden 2010–2014 retta mot både barn, unge og vaksne.
- Kultur- og kyrkjedepartementet vil vurdere ordningar som kan medverke til klarare og betre rammer for kultur- og litteraturformidling i biblioteka.



Figur 12.1 Samisk bibliotekmateriale

Foto: Edel Olsen



## 12 Bibliotektenester til samar, nasjonale minoritetar og andre minoritetsspråklege

### 12.1 Innleiing

Noreg er eit kulturelt mangfaldig og fleirspråkleg land. I Noreg bur i dag samar som har status som urfolk, dei nasjonale minoritetane jødar, kvener, rom (sigøynarar), romanifolket (taterane) og skogfinnar, og dei mange nye innvandrargruppene som har kome til landet anten som arbeidssøkjjarar, kvoteflyktningar eller asylsøkjjarar frå 1970-talet og fram til i dag. Den nyare innvandringa har medverka til at Noreg no har eit relativt stort innslag av minoritetsspråklege og fleirspråklege innbyggjarar over heile landet.

I folkebiblioteklova § 1 er det streka under at folkebiblioteka skal stille bøker og anna eigna materiale gratis til disposisjon for alle som bur i landet. Tilbodet til samane, dei nasjonale minoritetane og andre minoritetsspråklege er ikkje omtala spesielt i lova eller i lovgrunnlaget. I retningslinene for folkebibliotek som tidlegare Statens bibliotektilsyn gav ut i 1993, står det derimot at «folkebiblioteket skal sørge for at språklige minoriteter, innvandrere, flyktningar og asylsøkere får litteraturtilbud på eget språk. Det samiske folket skal særleg tilgodeses.»

Noreg har ratifisert Europarådets rammekonvensjon om vern av nasjonale minoritetar. I samsvar med konvensjonen er Noreg forplikta til å «fremme de forutsetninger som er nødvendige for at personer som tilhører nasjonale minoriteter, kan bevare og utvikle sin kultur, samt bevare de grunnleggende bestanddelene av sin identitet, det vil si deres religion, språk, tradisjoner og kulturarv».

Vidare er kvensk, romani og romanes omfatta av del II i Europeisk pakt om region- og minoritetsspråk (minoritetsspråkpakta). I samsvar med del II i minoritetsspråkpakta er Noreg forplikta til mellom anna å:

In respect of regional or minority languages, within the territories in which such languages are used and according to the situation of each language, the Parties shall base their policies, legislation and practice on the following objectives and principles [...] the need for resolute

action to promote regional or minority languages in order to safeguard them (art. 7 d).

I tillegg er nordsamisk omfatta av del III i minoritetsspråkpakta, som inneheld meir omfattande og detaljerte reglar om det ansvaret styringsmaktene har på ulike felt.

På bakgrunn av dette har arkiv, bibliotek og museum ansvar for å følge opp både minoritetsspråkpakta og rammekonvensjonen.

*The International Federation of Library Associations and Institutions* (IFLA), vedtok IFLAs fleirkulturelle bibliotekmanifest i 2006 om *Det flerkulturelle biblioteket – en innfallsport til et kulturelt mangfoldig samfunn i dialog*. I april 2008 fekk manifestet støtte av *Intergovernmental Council for UNESCO's Information for All Programme*, og det er sendt til vurdering i den 35. sesjonen av generalkonferansen i UNESCO hausten 2009. Dersom UNESCOs generalkonferanse godkjenner manifestet, vil IFLAs fleirkulturelle bibliotekmanifest verte eit IFLA/UNESCO-manifest på lik line med folkebibliotekmanifestet og skulebibliotekmanifestet.

I *bibliotekutgreiinga* er det gjort framlegg om at biblioteka skal fremje integrering og inkludering gjennom ei rekkje aktivitetar og tilbod. Biblioteka skal nyttast systematisk i språkopplæringa og i andre opplæringstiltak. Det vert slått fast at det er behov for meir systematisk utviklingsarbeid og kunnskapsdeling.

### 12.2 Samiske bibliotektenester

Samane er busette i Noreg, Sverige, Finland og Russland, med eit folketal på om lag 70 000. Etter samemeldinga bur om lag 40 000 i Noreg, og om lag 20–25 000 av desse snakkar ein av fleire samiske dialektar/språk. Rettane til samane er i dag nedfelte i internasjonale konvensjonar og gjennom norsk lovgjeving. Samane er anerkjende som urfolk i Noreg, og står i ei anna stilling enn andre etniske minoritetsgrupper i landet.

Tabell 12.1 Sametingets fordeling av midlar til kulturtiltak 2006–2008 (i 1000 kr)

Føremål	2006	2007	2008	2009
Kulturutvikling (tidl. Samisk kulturfond)	9 428	10 467	11 616	9 639
Forlag	2 273	2 473	2 579	2 682
Kulturhus	6 235	6 434	7 206	8 642
Kulturorganisasjonar	296	306	350	350
Festivalar (grunntilskot)	1 680	1 730	1 806	2 882
Idrett	1 025	1 375	2 078	1 479
Teater	13 900	14 318	15 883	16 519
Kunst (kunstnaravtala m.m.)	4 325	4 350	4 350	5 150
Publikasjonar	1 950	1 503	1 568	2 571
Bokbussar	8 093	8 607	9 107	6 145
Museum	12 483	12 887	15 719	20 598
Språktiltak	45 129	50 379	57 060	56 960
Sum	106 817	115 164	129 322	133 587

Kjelde: Sametinget

Frå midten av 1800-talet vart det ført ein aktiv fornorskings- og assimileringsspolitikk overfor samane. Dette hadde lenge negativ innverknad på utviklinga av det samiske skriftspråket. I dag er politikken endra frå fornorsking til revitalisering og utvikling av samisk språk og kultur. Både samemeldinga og språkmeldinga peikar på at språket er eitt av dei mest grunnleggjande elementa i samisk kultur.

Regjeringa arbeider etter to hovudliner for å ta hand om det statlege ansvaret for samisk kultur. Samisk kulturpolitikk inneber på den eine sida at styresmaktene søkjer å styrkje samisk identitet og samisk kulturelt mangfald gjennom Sametinget. Med årlege rammeløyvingar frå Kultur- og kyrkje-departementet har Sametinget ansvar for å utvikle samisk kulturpolitikk og løyve midlar til samiske kulturtiltak. På bibliotekfeltet gjeld dette mellom anna midlar til Sametingets bibliotek og samiske bokbussar. På den andre sida må styresmaktene i den overordna kulturpolitikken ha ei medviten haldning til korleis samisk kultur og samisk kulturelt mangfald kan takast hand om i den nasjonale kulturpolitikken.

Det er viktig å sjå samisk kultur i samanheng med aktuelle politiske utfordringar i Noreg, ikkje minst knytte til kulturelt mangfald og globalisering. I St. meld. nr. 17 (2005–2006) *2008 som markeringssår for kulturelt mangfald* vert det slått fast at samisk språk og kultur har ein spesiell plass i arbeidet med å styrkje kulturelt mangfald. Dette perspektivet er vesentleg for å forstå den plassen

samisk kultur har, og verknaden for kulturlivet i Noreg, både historisk og i framtida. Styresmaktene har òg eit ansvar for at alle innbyggjarane har høve til å bli kjende med og bruke samiske kulturtilbod, og slik få ei forståing av samisk kulturs stilling i Noreg.

### 12.2.1 Sametingets løyvingar til bibliotek

I sitt budsjettvedtak for 2008 fordelte Sametinget om lag 127 mill. kroner til språk- og kulturtiltak, jf. tabell 12.1. Dette omfattar både føremål som vert dekte innanfor rammeoverføringa frå Kultur- og kyrkjedepartementet, og tiltak innanfor språk og språkutvikling som vert dekte av overføringane frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

*Samisk spesialbibliotek* vart etablert i 1950-åra ved Karasjok folkeboksamling. I 1983 vart biblioteket eit eige statsfinansiert bibliotek, og i 2000 vart biblioteket ein del av Sametingets administrasjon i Karasjok. I 2008 endra biblioteket namn til *Sametingets bibliotek*.

Samlinga til Sametingets bibliotek inneheld om lag 30 000 bind i tillegg til tidsskrifter, aviser, lyd- og biletmedium. Tilveksten i 2007 var på 1500 band. Bibliotekets budsjett inngår i budsjettet til Sametingets administrasjon.

Sametingets bibliotek er eit tilbod til samar i og utanfor dei tradisjonelle samiske busetnadsområda, andre innbyggjarar og til lånarar i utlandet. Tenestene er primært retta mot andre bibliotek. Biblioteket er eit kompetansesenter for samisk lit-

teratur og samisk bibliotekteneste, og verksemda omfattar alle samiske språk og dialektar. Biblioteket skal også vere ein aktiv formidlar av samisk litteratur og kultur ved å tilby foredrag og utstillingar. Biblioteket mottok pliktavlevert materiale når ein monaleg del av innhaldet er på samisk språk. Etter statistikkrapporteringa frå Sametingets bibliotek var det i alt 4 100 utlån i 2007, og av dette var 3 200 lokale utlån. Etter bibliotekstatistikken for 2007 hadde biblioteket 4 årsverk.

I 2004 behandla Sametinget *Sametingrådets redegjørelse om samiske bibliotektenester* (2003). Konklusjonen var at Sametingets bibliotek har for få ressursar til å kunne møte utfordringane og oppgåvene som det er pålagt. Etter at biblioteket vart ein del av Sametinget, fekk det også nye oppgåver som fagbibliotek for Sametinget. For at biblioteket skal ta hand om oppgåvene sine på ein god måte, er samarbeid med andre bibliotek viktig.

I dag er samlingane til Sametingets bibliotek registrerte i Bibsys Ask. Når felles søk i alle bibliotekskatalogane etter kvart vert realisert med Biblioteksøk, vil det verte lettare å lokalisere dei samiske samlingane både her og i andre bibliotek. Bøker frå samlingane kan tingast via dei lokale folkebiblioteka i dag. For å gje tilgjenge til dei samiske samlingane er det viktig med standardisert teiknsett og samisk brukargrensesnitt i bibliotekskatalogane. Sametingets bibliotek er med i ordninga med felles nasjonalt lånekort.

Seks *samiske bokbussar* mottok i dag driftstilskot frå Sametinget. Bussane er anten kommunale, interkommunale eller samnordisk som bussen i Kautokeino. Nokre av bussane leverer tenester til fleire kommunar. Bokbussane kompletterer bibliotektenestene i område med spreidd samisk busetnad, og er eit viktig ledd i arbeidet med å gjere bibliotektenesta tilgjengeleg for alle.

Bussane vert drivne av kommunane Kåfjord, Kautokeino, Porsanger/Karasjok, Nesseby/Tana, Tysfjord (lulesamisk) og Nordland fylkeskommune (sørsamisk) I perioden 2003–2007 var det ein auke i utlånet frå bussane frå 48 000 til 54 000. Det er ein nedgang i utlånet frå 2006–2007, men her er situasjonen den at ein av bussane ikkje leverte statistikk dette året.

Sametinget forvaltar både driftsstøtte og investeringsstøtte til bokbussane. Driftstilskotet var på til saman 5,9 mill. kroner over Sametingets budsjett i 2008. Løyvinga i 2009 er på 6,15 mill. kroner. Investeringsstøtte til kjøp av nye bokbussar var på 3 mill. kroner i 2008. Dette er ikkje prioritert i budsjettet for 2009. Det er planlagt ei evaluering av det samiske bokbusstilbodet i samarbeid med fylkeskommunane og andre aktuelle partar. I denne eva-

lueringa vil ein sjå nærare på forvaltninga av tilskotsordninga.

I Sametingets budsjett for 2009, under Kulturutvikling – andre kulturtiltak, er det mogeleg å søkje om tilskot til tiltak eller prosjekt for å fremje samisk litteratur i skule- og folkebibliotek. I 2009 er Nordland fylke prioritert.

Sametinget løyver også midlar til å gje ut *samisk litteratur*. Løyvinga i 2008 var på 3,59 mill. kroner og Sametinget prioriterte skjønnlitteratur og ungdomslitteratur med originalmanus på sør-, lule- eller nordsamisk, omsetjingar, lydbøker og dokumentarlitteratur. I 2009 er løyvinga 2,59 mill. kroner og Sametinget vil prioritere faglitteratur med originalmanus på samisk og faglitteratur omsett til samisk. I 2008 vart det sett av 460 000 kroner til utgjeving av samiskspråklege teikneseriar og parallellutgjevingar på sør-, lule- og nordsamisk. I 2009 er det også løyvt 460 000 kroner til dette tiltaket.

Sametinget har også ei eiga driftsstøtteordning for samiske forlag. Føremålet med denne ordninga er å halde ved lag og utvikle samisk forlagsdrift. Målgruppa er forlag som i all hovudsak gjev ut bøker på samisk. Talet på forlag som oppfyller kriterier til samisk forlagsstøtte, auka frå tre i 2001 til sju forlag i 2009. Løyvinga til støtteordninga var i 2008 på 2,6 mill. kroner. For 2009 er det sett av 2,68 mill. kroner til føremålet. I følgje Sametingets budsjett skal tilskotsordninga evaluerast i løpet av 2009.

## 12.2.2 Samisk litteratur og kultur i andre bibliotek

Samisk litteratur vert elles kjøpt inn av fylkesbiblioteka i Nordland, Troms og Finnmark, i Oslo ved Deichmanske bibliotek og i andre kommunar med samiske innbyggjarar. Den samiske boksamlinga ved Deichmanske inneheld både barne- og ungdomsbøker og vaksnebøker. Totalt er det om lag 1500 samiske bind i samlinga. Dei samiske barne- og ungdomsbøkene er relativt lite nytta, med eit utlån på berre 1700 sidan 1996. Totalt utlån til barn og vaksne sidan 1996 er 10 438. Det finst også samlingar av samisk litteratur i universitetsbiblioteka i Oslo, Trondheim og Tromsø, og ved nokre museum som Norsk folkemuseum og Tromsø museum. Kommunar som har samisk bokbusstilbod, kjøper også inn litteratur på samisk.

Sametinget og ABM-utvikling har etablert ei årleg konsultasjonsordning med møte to gonger i året. På møta vert spørsmål knytte til arkiv, bibliotek og museum av felles interesse drøfta. Sametinget har også inngått samarbeidsavtaler med

Troms, Finnmark, Nordland, Nord-Trøndelag, Sør-Trøndelag og Hedmark fylkeskommunar. Målet med avtalene er å styrkje og synleggjere samisk kultur, språk og samfunnsliv. Samiske bibliotektenester er inkluderte i avtalene.

Fylkesbiblioteka i Finnmark, Troms, Nordland, Nord-Trøndelag og Sør-Trøndelag arbeider aktivt med å formidle samisk kultur. Finnmark fylkesbibliotek har ein generell samarbeidsavtale med Sametingets bibliotek. Troms fylkesbibliotek har tilsett ein prosjektleiar for samiske bibliotektenester ved Ája samisk senter i Kåfjord kommune. Prosjektleiareren skal arbeide mot dei andre biblioteka i Troms for å gjere samisk litteratur og kultur meir synleg, og byggje opp kompetanse om samiske bibliotektenester. Troms fylkesbibliotek har laga ein kjelderettleiar i samisk bibliotekteneste, jf. informasjon på [www.troms.kulturnett.no](http://www.troms.kulturnett.no).

Nordland fylkesbibliotek har drive samisk bokbussverksemd sidan 1995. Den sørsamiske bok- og kulturbussen Gærjah formidlar sørsamisk kultur og litteratur i ti kommunar i Nordland og i Nord-Trøndelag. Fylkesbiblioteket samarbeider også med enkelte svenske län og kommunar om kulturprosjekt i bokbuss. Fylkesbiblioteket har fått midlar frå ABM-utvikling til å utvikle samiske versjonar av nettstaden Skrivebua på nordsamisk, lulesamisk og sørsamisk. På denne nettstaden kan barn og unge mellom 10 og 20 år få publisert og få tilbakemelding på eigne tekstar. Det er også eit tett samarbeid med Den kulturelle skulesekken.

Også Nord-Trøndelag fylkesbibliotek samarbeider aktivt med ulike aktørar for å styrkje informasjonen om sørsamisk kultur og samfunnsliv. Fylkesbiblioteket har produsert fleire tilbod til Den kulturelle skulesekken om samisk kultur, forteljingar, busetjing og buform i samarbeid med Saemien Sijte, Áarjelhsaemien Teatere og enkelte andre formidlarar.

Sør-Trøndelag fylkesbibliotek har spesifisert målsetjinga for bibliotektenestene til det sørsamiske språkområdet. Fylkesbiblioteket skal følgje opp arbeidet med mobilt bibliotektilbod til eit samisk delprogram under EU-programmet Interreg 2007–2013. Biblioteket planlegg også ein sørsamisk portal på Kulturnett Trøndelag.

Fleire folkebibliotek arbeider aktivt med samisk kultur, til dømes gjennom utstillingar, arrangement og markeringar, særleg i samband med Samefolkets dag 6. februar.

### 12.2.3 Skulebibliotek i samiske område

Skulebibliotektilbodet til elevar i dei samiske områda skil seg ikkje vesentleg frå tilbodet i resten

av landet. Nokre kommunar har samarbeid med folkebibliotek og enkelte skular får jamt besøk av bokbussar. Dei vidaregåande skulane i Karasjok og i Kautokeino satsar på å ha ein god bok- og mediestamme av alt som kjem ut på samisk, og om samiske tilhøve som er relevant for elevane i vidaregåande opplæring. I tillegg låner Sametingets bibliotek i Karasjok ut depot av samisk litteratur. Sametingets opplæringsavdeling har ei eiga samling med samiske læremidlar og filmar som vert lånte ut til opplæringsbruk.

I Finnmark fylkes *Handlingsplan for skulebibliotek 2008–2011. Grunnskolen og vidaregåande opplæring* peikar fylkesmannen i Finnmark på at skulebiblioteka bør byggje opp samlingar av litteratur på samisk og kvensk og om samiske og kvenske forhold. Også alt av musikk og film på samisk bør finnast i skulebiblioteka. I planen går det også fram at det elektroniske biblioteksystemet som vert brukt i Finnmark, no er tilpassa samiske teikn, og at skulebibliotekarane ved dei samiske vidaregåande skulane har teke initiativ til å få utvikla webbaserte søkjeord på samisk.

Tilbodet i skulebiblioteket av litteratur og læringsressursar i andre medieformer på samisk vert avgrensa av at det vert skrive svært lite på samisk, særleg for ungdom, jf. også omtale over.

### 12.2.4 Fag- og forskingsbibliotek med samiske samlingar

Fag- og forskingsbibliotek med samiske spesialsamlingar finst først og fremst ved dei store institusjonane der samisk undervisning eller forskning er emne for verksemda. For forskingsbiblioteka er det ei viktig oppgåve å formidle dokumentasjon og forskning om samiske tilhøve, ikkje minst forskingspublikasjonar på samisk.

Blant dei viktigaste samiske fag- og forskingsbiblioteka kan nemnast biblioteket ved den samiske høgskolen i Kautokeino, Sametingets bibliotek i Karasjok og Universitetet i Tromsø med Senter for samiske studier.

Universitetet i Tromsø er tildelt det nasjonale ansvaret for samisk forskning og undervisning i Noreg. Senter for samiske studier ved Universitetet i Tromsø har utarbeidd ein samisk forskingsdatabase.

Universitetsbiblioteket i Tromsø arbeider elles aktivt for å gjere samisk kultur synleg. Biblioteket har jamleg aktivitetar som utstillingar, markeringar og arrangement i samband med bokutgjevingar og prisutdelingar. Universitetsbiblioteket har i 2008 etablert ei eiga samling for samisk og annan

urfolkslitteratur. Denne samlinga er søkbar gjennom Bibsys Ask.

### 12.2.5 Bibliografi over samisk materiale

Ein bibliografi er ein viktig dokumentasjon over ein nasjons kultur og kulturarv. Samisk bibliografi er ei liste over litteratur på samisk, på norsk og på andre språk når emnet er relevant for samiske forhold.

I NOU 1987: 34 *Samisk kultur og utdanning* vart det slått fast at det var stort behov for ein bibliografi som gjev eit samla oversyn over nye og gamle samiske dokument. Fram til då hadde registreringa vore mangelfull, og spreidd i ulike oppslagsverk, tidsskriftindeksar og nasjonalbibliografier. I perioden 1979–1987 hadde Universitetsbiblioteket i Trondheim ansvaret for bibliografien, og i 1993 fekk Nasjonalbiblioteket ansvaret for å vidareføre arbeidet med utgangspunkt i lov om avleveringsplikt. I perioden 1988–1992 var det uklart kven som hadde ansvaret for bibliografien.

I november 2008 er det 15 500 postar i bibliografien. Bibliografien vert brukt av alle med interesse for samisk kultur og språk, men primært er den til nytte for forskarar og bibliotek i samiske område. I løpet av 2009 vil Nasjonalbiblioteket starte arbeidet med å flytte produksjonen av samisk bibliografi frå eit internt, utdatert system i Nasjonalbiblioteket til BIBSYS, på lik line med resten av Nasjonalbibliografien. Nasjonalbiblioteket ønskjer å utvide den samiske bibliografien med fleire materialtypar, som til dømes film og innspelt musikk. Det er også ønskeleg å supplere bibliografien med utgjevingar i perioden 1988–1993, og for perioden før 1945.

Sidan samisk bibliografi berre dekkjer utgjevingar i Noreg, har det gjennom fleire år vore diskutert korleis ein felles samisk bibliografi for heile det samiske busetnadsområdet best kan realisast. Dette har førebels ikkje lukkast, sidan data er registrerte i ulike datasystem i fleire land. Berre ein felles nordisk/russisk bibliografi kan gje eit komplett oversyn over samiske utgjevingar.

## 12.3 Bibliotektenester til nasjonale minoritetar

Dei nasjonale minoritetane i Noreg omfattar jødane, romfolket (sigøynarane), romanifolket (taterane), kvenene og skogfinnane. Kvensk, romanes (språket til rom) og romani (språket til romanifolket) er verna av Europarådets minoritetsspråkspakt. Vi viser til St.meld. nr. 35 (2007–2008)

*Mål og meining* (språkmeldinga) for grundig informasjon.

Språkmeldinga legg til grunn at jødane i dag stort sett snakkar norsk, men nokre få kan snakke det opphavlege språket jiddisch. Nokre få hundre personar kan i tillegg snakke moderne hebraisk. Det flerspråklige bibliotek ved Deichmanske bibliotek formidlar mellom anna bøker på moderne hebraisk. Det Mosaiske Trossamfund i Noreg har også eit bibliotek.

Av dei om lag 300–400 personane som er av romfolket i Noreg, snakkar om lag 90 prosent romanes. Internasjonalt er det mange romspråk, med mange ulike namn. Internasjonalt finst det litteratur på romanes. Språket til romanifolket i Noreg er norsk romani, som er heilt ulikt romanes. I språkmeldinga står det at overslaga over dei som kan snakke norsk romani, varierer frå nokre få hundre til nokre tusen. På romani finst det fleire ordbøker og nokre songhefte. Det er elles ikkje gjeve ut bøker på romani og romanes i Noreg.

Kvensk er den offisielle nemninga på språket til kvenene som innvandra frå Finland og Nord-Sverige i perioden mellom ca. 1500–1800. Skogfinnane snakka tidlegare finsk, men dei aller fleste av etterkomarane deira snakkar no norsk. Finske ord og uttrykk er framleis i bruk på Finnskogen.

### 12.3.1 Nærare om kvensk og finsk bibliotekteneste

I 2005 vart kvensk anerkjent som eit eige språk med vern på nivå II etter den europeiske minoritetsspråkpakta. Det finst nesten ikkje utgjevingar på kvensk, med unntak for nokre få romanar i kvensk språkdrakt. I tillegg finst Bibelen og religiøse skrifter på kvensk. Samstundes er det meste av litteraturen som vert lånt ut gjennom biblioteka skrive med standardfinsk rettskriving. Språket vert også nytta i gudstenester, i song og musikk, i annonsar og omsetjingar. Det finst ei kvenskspråkleg avis i Noreg, Ruijan Kaiku, som kjem ut ti gonger i året.

Kvensk er ikkje omfatta av eksisterande innkjøpsordningar eller av forlagsstøtte. Det er også eit svært lite marknadspotensial for kvenske bøker. For biblioteka betyr dette at det er svært lite litteratur på kvensk å kjøpe inn, men det vil vere mogeleg å kjøpe inn litteratur som vert utgjeve om kvenene. Det er no sett i gang eit arbeid med å utvikle ei språknorm for læremidlar, jf. nettstaden [www.kvensk.no](http://www.kvensk.no).

*Finsk bibliotekteneste* ved Finnmark fylkesbibliotek har fungert som sentralbibliotek for finsk litteratur i Noreg med ein eigen post på statsbudsjet-

tet sidan 1985. Målet er å ha eit tilfredsstillande tilbod av finskspråkleg litteratur for alle i Noreg som ønskjer å lære eller lese finsk. Tilbodet på finsk omfattar bøker for barn og vaksne, lydbøker, musikk, DVD, notar, CD-rom og språkkurs. Finnmark fylkesbibliotek tilbyr også foredrag om bøker, forfattarar og trendar i den nyaste finske og finlandssvenske litteraturen. Norsk-finsk informasjons- og språksenter ved fylkesbiblioteket tek også på seg omsetjingar for offentlege etatar, bedrifter og privatpersonar.

Statstilskotet er eit vederlag for å vere eit sentralt formidlingsorgan med samlingar av finsk litteratur som vert stilt til disposisjon for andre bibliotek, men Finnmark fylkeskommune nyttar også ein god del eigne midlar til tenesta. Statstilskotet til finsk bibliotekteneste i 2009 er 354 000 kroner. Tilbodet er tilgjengeleg på nettsidene til Finnmark fylkesbibliotek. Her finst det også lenkjer til sentrale finske kulturinstitusjonar.

## 12.4 Bibliotektenester til andre minoritetsspråklege

Ifølgje Statistisk Sentralbyrå (SSB) har innvandrarane i Noreg bakgrunn frå 213 land og sjølvstyrte regionar. Dei har kome til Noreg som flyktningar, som arbeidsinnvandrarar, for å ta utdanning eller gjennom familierelasjonar til nokon i Noreg. I dag er det om lag 460 000 innbyggjarar i Noreg som anten har innvandra til Noreg sjølv, eller som er fødte i Noreg med innvandrarforeldre. Til saman utgjer desse gruppene 9,7 prosent av innbyggjarane i 2008. Dei største innvandrargruppene i Noreg kjem frå Polen, Pakistan og Sverige.

### 12.4.1 Innvandrargruppers bruk av biblioteket

Undersøkinga *Hvem er de og hvor går de – om brukerne og deres adferd* viste at innvandrargruppene er overrepresenterte på biblioteket i forhold til innbyggjartalet. Mellom brukarane som ikkje hadde norsk som morsmål, var menn i fleirtal, medan kvinnene var i fleirtal i gruppa med norsk som morsmål. Brukarar med annan bakgrunn enn norsk kjem oftare enn andre brukarar til biblioteket saman med kjende. Dei nytta også Internett på biblioteket i større grad.

Ei undersøking gjennomført av ABM-utvikling i 2006<sup>1</sup> viser at når folkebiblioteka først har tilbod på andre språk, har dei gjerne både brosjyrar, avi-

ser, tidsskrifter og eigne samlingar. Biblioteka kjøper også ofte inn materiale som kan vere til støtte i norskopplæringa som ordbøker, lettlest litteratur på norsk, lydbøker, språkkurs og bøker om norske samfunnsforhold. Ein del bibliotek arrangerer leksehjelp, i eigen regi eller i samarbeid med frivillige organisasjonar.

Mange folkebibliotek i kommunar med større grupper språklege og kulturelle minoritetar arbeider aktivt med å leggje til rette for desse brukargruppene. Nokre bibliotek har eit etablert samarbeid med til dømes innvandrarorganisasjonar, Internasjonalt senter og ulike kulturgrupper. På denne måten får biblioteka nærare kjennskap til bibliotekbehova til desse brukarane. Kontakten kjem også til nytte ved at ulike innvandrargrupper aktivt deltek på kulturarrangement i biblioteket.

Fleire fylkesbibliotek har sett i gang tiltak for å fremje fleirkulturell kompetanse i biblioteka. Dette omfattar erfaringsoverføring, nettverksbygging, rettleiing, kurs, konferansar og sirkulasjonssamlingar av litteratur på ulike språk.

Skulebiblioteka i grunnskulen og vidaregåande skule har eit stort potensial i å støtte opp under skulens arbeid med morsmålsopplæring, språkopplæring på norsk og integreringstiltak. Skulebiblioteket ved Vahl skole i Oslo har til dømes arbeidd aktivt med dette og har fått positive reaksjonar på arbeidsmetodane sine.

Utgangspunktet på universitet og høgskolar er at studentane må ha tilstrekkelege norskkunnskapar til å kunne følgje undervisning og andre faglege opplegg, men det kan også her vere behov for spesielle tiltak for at studentar med annan språkbakgrunn skal lukkast i å gjennomføre studiet. I tillegg må ein sjå på fleirspråklege og fleirkulturelle studentar som ein viktig ressurs i både utdanning og forskning, slik at det bør leggjast til rette for ei større breidde også i bibliotektilbodet.

Ved Høgskolen i Oslo er NAFO (Nasjonalt senter for fleirkulturell opplæring) oppretta for å arbeide med utfordringar knytte til fleirkulturell opplæring. Prosjektet *Minoriteter i Profesjonsutdanning* er også lagt til Høgskolen i Oslo, og i tilknytning til dette er det nettbaserte forumet *Mangfold i Akademia* (MaiA) oppretta. Det er viktig at biblioteka ved universitet og høgskolar også tek del i røynsleane frå dette prosjektet.

I Mangfaldsåret har fleire bibliotek søkt om prosjektmidlar frå ABM-utvikling til fleirkulturelle prosjekt. Det er gjeve midlar til fire prosjekt.

– *Moss bibliotek*: til nettverksbygging mellom biblioteka, vaksenopplæringsorganisasjonane og innvandrarorganisasjonane, og leggje til rette for hospitantplass i bibliotek

<sup>1</sup> Vaagan, Robert 2006.

- *Tromsø bibliotek*: til å utvikle biblioteket som ein møtestad for dei ulike kulturane i byen og samarbeid med vaksenopplæringa
- *Aust-Agder bibliotek og kulturformidling*: til å utvikle forteljar- og formidlingskompetanse i fleirkulturelle miljø
- *Hordaland fylkesbibliotek*: til nettverksprosjekt mellom bibliotek i eit fylke for å utvikle ein metodikk for korleis biblioteka i små kommunar med få minoritetsspråklege, kan gje eit fullverdig bibliotektilbod til desse brukarane, og korleis biblioteka kan utvikle kompetanse på dette området.

I Nasjonalbiblioteket vart pliktavlevering av trykksaker frå innvandrorganisasjonar i fokus i samband med Mangfaldsåret 2008. Vidare vart utstillinga *Pliktavlevert mangfold – trykksaker fra minoriteter i Norge* laga i samband med eit fleirkulturelt arrangement saman med OXLO-uken<sup>2</sup>, Oslo kommune og Rådet for innvandrorganisasjonar i Oslo.

#### 12.4.2 Det flerspråklige bibliotek

Det flerspråklige bibliotek (DFB) vart etablert som ei eiga avdeling av Deichmanske bibliotek i Oslo i 1983. Biblioteket er primært eit kompetanse- og rettleiingssenter for fylkes- og folkebiblioteka i spørsmål som har med bibliotektilbod til innvandrarak og flyktningar å gjere. Staten har inngått kontrakt med Oslo kommune ved Deichmanske bibliotek om kjøp av denne tenesta. Mange utdanningsinstitusjonar som til dømes grunnskolar og universitet nyttar også Det flerspråklige bibliotek. I dei siste åra har biblioteket også fått mange spørsmål frå barnehagar.

DFB har som visjon å vere inkluderande, integrerande og internasjonalt. For å oppfylle dette arbeider DFB med integrasjon, kulturelt mangfald og interkulturell kompetanse. DFB gjer det mogeleg for folkebiblioteka å gje eit bibliotektilbod på aktuelle morsmål til dei minoritetsspråklege innbyggjarane ved at biblioteka kan tinge både depot og enkelte bøker, musikk og filmar frå DFB til sine lånarar. På nettsidene til DFB får ein oversyn over tilbodet. DFB er nasjonal fjernlånssentral for litteratur på nyare innvandringspråk. Om lag 45 prosent av målgruppene bur i eller i nærleiken av Oslo.

Det flerspråklige bibliotek har samlingar på i alt 30 språk. Samlingane er samansett av skjønnlittera-

tur og fagbøker for både barn og vaksne. På ein del språk finst også teikneseriar, lydbøker og filmar. I 2007 var utlånet frå Det flerspråklige bibliotek til brukarar i Oslo på 108 000 og fjernlånet til resten av landet var på 75 377. Dette var ein nedgong frå 2006 på 17 prosent i Oslo og 8 prosent til resten av landet.

Når det gjeld vidareutlån i biblioteka rundt i landet frå dei depota som vert lånte frå DFB, vert desse utlåna registrerte i dei enkelte biblioteka, men dei vert ikkje synlege på utlånsstatistikken til DFB. Dette gjer at ein kan gå ut frå at utlånet av desse bøkene totalt sett er høgare enn det som kjem fram i statistikken. Utlånet frå DFBs samlingar varierer også mykje med asylpolitikken, slik at når det er mange asylsøklarar i landet, går utlånet opp.

Det flerspråklige bibliotek driv også nettportalen Bazaar med mellom anna nettutgåver av aviser og tidsskrifter frå 50 land, og eit utval av radio- og tv-sendingar over Internett, jf. omtale i boks. 12.1.

Staten ved ABM-utvikling finansierer ein vesentleg del av verksemda ved Det flerspråklige bibliotek. Tilskotet frå staten i 2008 er 8,35 mill. kroner, medan Oslo kommune medverkar direkte med i underkant av 2 mill. kroner. I tillegg er DFB integrert i Deichmanske bibliotek på mange ulike måtar slik at det er ikkje lett å talfeste nøyaktig kor stor kommunen sin del er.

Statens tilskot til Det flerspråklige bibliotek har auka vesentleg dei siste åra. Dette har gjort det mogeleg å inkludere fleire språk som dari, pashto og burmesisk i samlingane samstundes som samlingar på andre språk er fornya. Det flerspråklige bibliotek byggjer også opp samlingar av lydbøker og film på dvd. Tilbodet av barne- og ungdomslitteratur er oppgradert og det er lagt vekt på tospråkleg litteratur for barn. Det er planar om å kjøpe inn musikk i 2009.

I bibliotekutgreiinga er det peika på at ei felles-teneste som Det flerspråklige bibliotek ikkje må vere til hinder for at andre kommunar med ein relativt høg konsentrasjon innanfor ei språkgruppe, kan ta heilt eller delvis ansvar for eigne samlingar. Fleire kommunar gjer dette i dag. Dette kan også skje gjennom interkommunalt samarbeid og med fylkeskommunal koordinering. Gjennom høyringa av bibliotekutgreiinga kom det fram at mange kommunar ønskjer eit meir systematisk utviklingsarbeid mellom ABM-utvikling, biblioteka og Det flerspråklige bibliotek. Særleg storbybiblioteka minner om at biblioteka har viktige oppgåver med å fremje interesse for kulturen og historia til innvandrarakane.

<sup>2</sup> OXLO står for Oslo Extra Large og er ein del av kommunens arbeid mot rasisme, fordommar og diskriminering.

**Boks 12.1 Bazar**

Bazar er ei skreddarsydd teneste for språklege minoritetar i Noreg. Bazar er tilgjengeleg på 14 språk, inkludert russisk, og inneheld informasjon om arbeid, bustad, norskopplæring, integrering, introduksjonsordning, mattradisjonar, norsk historie, helseinformasjon og lenkjer til digitale utgåver av aviser og tidsskrifter frå heile verda. Bazar er utvikla og vert haldne ved like av Det flerspråklige bibliotek ved Deichmanske bibliotek i Oslo. Føremålet med Bazar er å gjere overgangen frå heimlandet til Noreg lettare, fremje integrasjon i det norske samfunnet og sikre kontakten med heimlandets samfunnsutvikling, kultur og språk.

[www.bazar.deichman.no](http://www.bazar.deichman.no)

Departementet viser elles til at Finnmark fylkeskommune har søkt om støtte frå departementet til å utvikle nasjonal norsk-russisk bibliotek- og informasjonsteneste ved Sør-Varanger bibliotek i Kirkenes. Det vert i søknaden vist til at det er stor etterspurnad etter russisk litteratur i Noreg generelt og i Finnmark spesielt. Finnmark fylkeskommune har tidlegare gjennomført og fått støtte via ABM-utvikling til prosjektet norsk-russisk bibliotek- og informasjonsteneste i grenseland i samarbeid med Sør-Varanger kommune, Troms fylkeskommune og bibliotek i Murmansk fylke.

**12.5 Departementets vurdering**

Det er eit mål å sikre eit godt bibliotektilbod for det samiske folket, nasjonale minoritetar og andre minoritetsspråklege. Lov om folkebibliotek § 1 slår klart fast at bibliotektilbodet skal omfatte alle som bur i landet. Tilbodet til samane, dei nasjonale minoritetane og andre minoritetsspråklege er ikkje omtala spesielt i lova eller i lovgrunnlaget, men er understreka i retningslinene for folkebibliotek frå 1993.

Etter biblioteklova er det kommunane som har ansvaret for å gje eit tilfredstillande bibliotektilbod til minoritetsspråklege. Kommunane har ansvar for å kartlegge behovet, undersøkje kvar det finst tilgjengeleg materiale og eventuelt byggje opp egne samlingar ut frå lokale behov. Mange folkebibliotek har likevel ikkje kompetanse, eller mange nok innbyggjarar med andre morsmål enn norsk,

til å gje eit breitt nok tilbod. Mange folkebibliotek har difor ikkje hatt høve til å byggje opp ei stor og variert boksamling til desse gruppene. Det finst heller ikkje trykt litteratur på alle språk.

I ein framtidig ny folkebibliotekstruktur med meir samarbeid om bibliotektenester over kommunegrensene, vil det vere naturleg å styrkje og å utvikle kompetansen og arbeidet med fleirkulturelle bibliotektenester slik at kommunane vert i betre stand til å følgje opp ansvaret som dei er tillagde i biblioteklova. I tillegg har staten eit ansvar for å medverke til at det finst nasjonale tenester og tiltak som kan gje betre bibliotektenester til minoritetsspråklege.

*Samiske bibliotektenester*

Sametinget har dei siste åra fått overført midlar til ei rekkje samiske kulturinstitusjonar og tiltak frå Kultur- og kyrkjedepartementet. Føremålet har vore å gje Sametinget ein meir direkte innverknad på forvaltninga av midlar til samiske kulturtiltak og institusjonar som har samisk kunst og kultur som sitt arbeidsområde.

I dag er det Sametinget som har det overordna ansvaret for å styrkje og utvikle bibliotektilbodet til det samiske folket, medan norske styresmakter har ansvaret for at ein innanfor ramma av ein nasjonal bibliotekpolitikk sikrar eit godt bibliotektilbod for alle grupper. Eit velfungerande Sametingets bibliotek, som kan vere eit kompetansesenter for alle bibliotek, er difor svært viktig.

Ein velfungerande samisk bibliografi er ein føresetnad for å utvikle gode samiske bibliotektenester. Det må difor arbeidast vidare med å utvikle ein felles samisk bibliografi. Dette er eit arbeid som Nasjonalbiblioteket i dag har ansvaret for i samarbeid med dei andre nordiske nasjonalbiblioteka.

Ei samisk innkjøpsordning for litteratur har vore etterspurt av fleire aktørar. Kultur- og kyrkjedepartementet har også ved fleire høve drøfta saka i nordisk samanheng, med tanke på å få gjeninnført ei nordisk innkjøpsordning som eksisterte i perioden 1985–1999. Denne ordninga vart opphavleg oppretta i Norsk kulturråd, men vart etter kvart flytta til Nordisk Sameråd. Ordninga vart lagt ned i 1999, utan at departementet kan sjå at det vart gjennomført ei evaluering.

Føremålet med ei eiga innkjøpsordning for samisk litteratur måtte vere å stimulere til at samisk litteratur vert meir tilgjengeleg, og å sikre at det vert gjeve ut samiske bøker i ei tilstrekkeleg mengde og av ein god nok kvalitet. Departementet vil ikkje utelukke at ei innkjøpsordning for samisk



litteratur kan vere eit godt tiltak, men meiner likevel at det er behov for å vurdere dette verkemidlet nærare.

Sametinget har no teke eit initiativ for å undersøkje om det vil vere mogeleg å innføre ei innkjøpsordning for samisk litteratur. Undersøkinga vil vurdere ei slik ordning, og sjå dette verkemidlet i samanheng med eksisterande tiltak for å stimulere til produksjon og spreing av samisk litteratur. Undersøkinga vil også vurdere korleis ei slik ordning bør organiserast og kva omfang ho eventuelt bør ha.

Departementet vil sjå til at det samiske perspektivet vert innarbeidd i nasjonale satsingar på bibliotekområdet. Det vil også vere viktig å utvikle gode strategiar for samarbeid om det samiske over landegrensene. Departementet viser elles til at regjeringa for tida arbeider med å utvikle ein ny samisk språkpolitikk med eit strategisk og heilskapleg perspektiv, jf. omtale i St. meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og meining*. Ein sentral del av dette arbeidet er å utvikle ein handlingsplan for samisk språk.

#### *Bibliotektenester til nasjonale minoritetar*

Gjennom Finsk bibliotekteneste vert behovet for finsk litteratur i Finnmark og i resten av landet i dag godt teke vare på. Gjennom aktiv formidling og foredrag til andre bibliotek får fleire kjennskap til den finske litteraturen. Departementet går inn for at noverande ordning med statstilskotet til Finsk bibliotekteneste vert vidareført.

Det er eit stort potensial for formidlingssamarbeid mellom abm-institusjonane om kulturen og språket til dei nasjonale minoritetane. Musea som arbeider med dei nasjonale minoritetane og deira historie, har også bibliotek med samlingar av litteratur og musikk av og om desse minoritetane. Det er også eit stort potensial for samarbeid med andre land om formidlingstiltak.

#### *Det integrerande biblioteket*

Departementet legg til grunn at biblioteka har ei tosidig oppgåve i det fleirkulturelle samfunnet. På den eine sida skal biblioteka gjere sitt til inkludering gjennom litteratur- og kunnskapsformidling, og på den andre sida skal biblioteka formidle kunnskap om breidda av det kulturelle mangfaldet i Noreg. Opplæring, aktivitetar og tilbod i biblioteket er med på å skape personleg utvikling, og medverkar til integrering, læring og kulturforståing.

Biblioteket kan også vere ein aktør som kan bidra til å utvikle norskkunnskapane til dei grup-

pene som er i ein opplæringssituasjon. For innvandrarakar, uansett alder, vil det vere ein stad å hente litteratur på norsk, også lettlest litteratur, slik at språket kan utvikle seg over tid.

I eit organisert samarbeid med skulane og vaksenopplæringsorganisasjonane kan biblioteka tilby møtestader for lesing, læring og oppleving. Biblioteka kan her vere aktive og skape ein møtestad med tilbod om til dømes norskopplæring, dataopplæring eller jentegrupper. Slike formelle møte kan over tid bli uformelle møte, som igjen er med på å skape tilhøyrslø, identitet og inkludering.

For å styrkje biblioteka som bidragsytarar til inkludering, integrering og kulturelt mangfald, er det nødvendig med meir systematisk utviklingsarbeid på dette området. Departementet vil vurdere desse aspekta i samband med tiltak for å styrkje det generelle kompetansebehovet i biblioteksektoren.

#### *Det flerspråklige bibliotek*

Departementet vil peike på at det prinsipielt sett er kommunane som har hovudansvaret for å tilby bibliotektenester til dei ulike språklege minoritetane som er busette i kommunane. Dei har ansvar for å kjøpe inn materiale og byggje opp samlingar som er tilpassa desse gruppene. Staten skal gjennom ekstratiltak støtte opp om kommunane sitt arbeid.

Det flerspråklige bibliotek får statstilskot for å vere eit nasjonalt kompetansesenter og nettverksbyggjar. Det flerspråklige bibliotek skal medverke til auka integrasjon av språklege minoritetar, og til å utvikle kunnskapen om bibliotektenester til minoritetsspråklege. Departementet meiner at dei funksjonane og den relevansen biblioteket har for minoritetsspråklege i alle landets kommunar, bør utviklast i tida framover. Biblioteket som kompetansesenter bør styrkjast, og biblioteket kan også i aukande grad medverke som kursarrangør og koordinator for prosjekt og nettverk. I denne samanhengen vil det vere viktig å utvikle dei kompetanse på kulturelt mangfald hos dei tilsette i biblioteka.

#### *Norsk-russisk bibliotek- og informasjonsteneste*

Departementet viser til at Det flerspråklige bibliotek også har eit nasjonalt ansvar for russiske bibliotektenester. Det flerspråklige bibliotek kjøper inn russisk bibliotekmateriale, har ein informasjonsdatabase om norske samfunnstilhøve og gjev også digitalt tilgjenge til ei rekkje russiske informasjonskjelder og aviser, jf. nettstaden [www.bazar.deich](http://www.bazar.deich)

man.no omtala i boks 12.1. Prinsipielt sett ønskjer ikkje departementet å byggje opp nye nasjonale sentra for språkgrupper som alt er dekte gjennom Det flerspråklige bibliotek. Departementet viser generelt til at det er kommunane som har ansvar å styrkje tilbodet til minoritetsspråklege grupper busette i kommunane.

Departementet ser likevel at det kan vere behov for å styrkje det russiske bibliotektilbodet i nordområda gjennom mellom anna å utvikle biblioteksamarbeidet og lånesamarbeidet over grensa mellom Noreg og Russland. Departementet viser i denne samanhengen til at det i januar 2009 vart signert ein handlingsplan for norsk-russisk kultursamarbeid i nordområda. Departementet vil arbeide vidare med å utvikle ei norsk-russisk bibliotekteneste i Kirkenes innanfor ramma av denne handlingsplanen. Dette vil ikkje innebere å flytte det nasjonale ansvaret for russisk frå Det flerspråklige bibliotek, men det vil vere eit tiltak som kan styrkje og betre norsk-russisk samarbeid om bibliotektenester.

## 12.6 Oppsummering av tiltak og strategiar

---

- Kultur- og kyrkjedepartementet vil syte for at det samiske perspektivet vert vareteke i nasjonale satsingar på bibliotekfeltet.
- Nasjonalbiblioteket vil arbeide vidare med å utvikle ein felles samisk bibliografi i samarbeid med dei andre nordiske nasjonalbiblioteka og eventuelt det russiske nasjonalbiblioteket.
- Sametinget vil undersøkje om det skal innførast ei innkjøpsordning for samisk litteratur, korleis ei slik ordning bør organiserast, og kva omfang ho eventuelt bør ha.
- For å styrkje biblioteka som bidragsytarar til inkludering, integrering og kulturelt mangfald, er det nødvendig med meir systematisk utviklingsarbeid på dette området.
- Kultur- og kyrkjedepartementet vil styrkje og utvikle Det flerspråklige bibliotek som eit nasjonalt kompetansesenter for bibliotektenester til minoritetsspråklege. Biblioteket kan i større grad medverke som kursarrangør og koordinator for prosjekt og nettverksarbeid.
- Norsk-russisk bibliotekteneste i Kirkenes vil verte vurdert innanfor ramma av handlingsplanen for norsk-russisk kultursamarbeid som vart signert i januar 2009. Det flerspråklige bibliotek ved Deichmanske i Oslo vil framleis ha det nasjonale ansvaret for russiske bibliotektenester.





Figur 13.1 Blindeskriftmateriale ved Nasjonalbiblioteket

Foto: Nasjonalbiblioteket

## 13 Spesielle bibliotektenester

### 13.1 Innleiing

I folkebiblioteklova er målgruppa for folkebiblioteka sine tenester «alle som bor i landet». Dette er utdjupa mellom anna i retningslinene for reglement for folkebibliotek, der det heiter at «grupper med spesielle behov må spesielt tilgodeses».

I dette kapitlet vert det sett nærare på tilrettelagde bibliotektenester, bibliotek i fengsel og bibliotek i helseinstitusjonar.

### 13.2 Tilrettelagd litteratur og bibliotektenester

Lov nr. 42 av 20. juni 2008 om forbud mot diskriminering på grunn av nedsatt funksjonsevne (diskriminerings- og tilgjengelighetsloven), gjeld også for biblioteka. Lova legg rammer for det ansvaret det offentlege har til universell utforming av bygningar og av offentlege ikt-tenester.

Også tenestene som biblioteka i høgre utdanning tilbyr, må vere tilgjengelege for alle, jf. § 4–3 om læringsmiljø, der det heiter at styret har ansvar for «at læringsmiljøet er utformet etter prinsippet om universell utforming».

Gjennom prosjektet *Det tilgjengelege bibliotek* i perioden 2001–2005 vart det utarbeidd retningslinjer og verktøy som biblioteka kan nytte i arbeidet med å følgje opp desse krava. Det er òg gjennom fleire gode prosjekt bygt opp røynslar med formidling av tilrettelagd litteratur i biblioteka. Biblioteka og bibliotektenestene skal vere tilgjengelege for alle, og enkeltmenneske og grupper må få tilgjenge til litteratur og tenester som er spesielt tilrettelagde for deira behov. Tenestene til Norsk Lyd- og Blindeskriftbibliotek, jf. nærare omtale i pkt. 4.2.2, er difor særskilt viktige.

#### 13.2.1 Leser søker bok

*Leser søker bok* er ein allianse som arbeider for at det vert laga tilrettelagde bøker, ved å gje støtte til forfattarar, illustratørar og forlag. I tillegg arbeider *Leser søker bok* for at lesarane enkelt skal finne fram til bøkene, både i handelen og i biblioteka. Kvart år kjem katalogen *Bok til alle* ut, og på nettsida

www.boksøk.no kan ein søkje i ein eigen database over tilrettelagde bøker. Leser søker bok inngår avtaler om samarbeid med folkebibliotek om å vere «Bok til alle»-bibliotek.

Gjennom avtala skal biblioteket styrkje samlinga av tilrettelagd litteratur og etablere ei ordning med leseombod. Mange klarer ikkje å lese bøker sjølve, anten fordi synet eller konsentrasjonen sviktar, eller at ein har vanskar med å forstå. Leseombodet les høgt for desse. *Leser søker bok* tilbyr både økonomisk og fagleg støtte til «Bok til alle»-biblioteka, og opplæring for leseombod. Leser søker bok får støtte til drifta over Kultur- og kyrkje-departementets budsjett, og har fått prosjektmidlar frå ABM-utvikling til å styrkje tilbodet i biblioteka.

#### 13.2.2 Bibliotektenester til teiknspråklege

For å kunne yte bibliotektenester for teiknspråklege, er det ein føresetnad at det vert produsert både bøker og anna som er spesielt tilrettelagde for denne gruppa. Over statsbudsjettet vert det løyvt tilskot til produksjon av videogram for døve. Føremålet er å produsere teiknspråkbøker på dvd for barn og unge for å styrkje leseevna, men òg for

#### Boks 13.1 Eplebiblioteket

*Eplebiblioteket* ved Tromsø bibliotek og byarkiv tilbyr gode tenester for barn med nedsatt funksjonsevne. Målet er å skape bibliotektenester og utforme biblioteklokale som er gode å bruke for alle barn, også barn med nedsatt funksjonsevne. Det er eit mål at alle skal få eit likeverdig tilbod ved sitt lokale bibliotek. Verkemidla som vert tekne i bruk, er ein kombinasjon av universell utforming og spesiell tilrettelegging. Også kompetanseutvikling og brukarmedverknad er viktige strategiar for å nå målet. Fleire folkebibliotek utviklar no slike tilbod i eige bibliotek på grunnlag av røynslene frå *Eplebiblioteket* i Tromsø.

å byggje opp under teiknspråk som eige kulturelt uttrykk.

I 2009 dekte beløpet på 694 000 kroner tre tiltak, det eine i form av eit forprosjekt. Det vart behandla 8 søknader på i alt 2,55 mill. kroner. Då ordninga vart oppretta, vart det lagt til grunn at det skulle vere ein plan for opptrapping av løyvingane, slik at støtta til produksjon kom opp i 2,5 millionar, og rakk til 10 – 13 produksjonar i året. Utvalet som vurderer søknadene, anbefaler no ei evaluering av ordninga.

### 13.3 Bibliotek i fengsel

Etter folkebiblioteklova § 1 og straffegjennomføringslova § 4 har innsette rett til bibliotektenester. I tillegg står det i opplæringslova at elevar skal ha tilgjenge til bibliotek som er tilpassa deira behov, noko som også gjeld elevar i fengsla. Tilgang til bibliotektenester blir dessutan understreka i internasjonale konvensjonar og avtaler som Noreg har ratifisert, til dømes FN's *Standard Minimum Rules for the Treatment of Prisoners* og Europarådets rekommendasjon nr. R (87) 3 *De europeiske fengselsregler*.

Staten har hatt ansvaret for fengselsbiblioteka heilt sidan tenesta starta som ei prøveordning i 1979. Justisdepartementet har ansvar for lokale, utstyr og inventar, medan Kultur- og kyrkjedepartementet dekkjer utgifter til løn og utlansmedium. ABM-utvikling forvaltar ordninga. Ordninga er regulert av avtaler mellom ABM-utvikling og kvar enkelt kommune, og mellom det enkelte bibliotek og det enkelte fengsel. Når det vert bygt nye fengsel, vert det planlagt lokale til bibliotek.

Fengselsbiblioteka er viktige både med omsyn til livskvalitet under soning og i arbeidet med å rehabiliterer innsette. Biblioteka er ein ressurs for organisert opplæring, for uformell læring og som kjelde til informasjon. Biblioteka gjev også kulturopplevingar og underhaldning.

Ifølgje bibliotekstatistikken for 2007 låner innsette i fengsla om lag 18 gonger fleire bøker og andre medium enn andre bibliotekbrukarar. I 2007 lånte kvar innsett 90 bøker og andre medium medan gjennomsnittet per innbyggjar var 5,1.

I *bibliotekutgreiinga* vert det peika på at organiseringa av bibliotektenester i fengsel er med på å skape eit godt tilbod til dei innsette. Tenestene er samordna og integrerte i det nasjonale biblioteknettverket. Bibliotekutgreiinga peika elles på at auka soningskapasitet i fengsla ville føre til eit større behov for bibliotektenester, at det var behov for å vurdere alternative måtar å tilby tenester i

mindre fengsel, og at restriksjonar på bruk av Internett i fengsel legg band på tilgjengen til digitale bibliotektenester.

Som oppfølging av bibliotekutgreiinga vart det laga ein plan for bibliotektenester i fengsel for åra 2007–2009. Tilskotet til fengselsbibliotekordninga auka frå 5,9 mill. kroner i 2005 til 14,5 mill. kroner i 2008. For 2009 er tilskotet over statsbudsjettet på over 17 mill. kroner.

Budsjettauken har gjort det mogeleg å betre situasjonen for dei fengselsbiblioteka som alt er finansierte av statlege midlar, og å opprette nye fengselsbibliotek. I 2008 vart det gjort avtaler med ni bibliotek om å levere bibliotektenester til fengsel. Når desse avtalene er i drift, vil det vere tilbod om bibliotektenester ved om lag 85 prosent av dei soningsplassane som staten er pliktig til å gje eit tilbod til.

### 13.4 Bibliotek i helseinstitusjonar

Bibliotektilbod i helseinstitusjonar er omfatta av Lov om folkebibliotek, jf. § 1. I § 2 der det er understreka at «folkebibliotekvirksomheten omfatter også bibliotektenester for pasienter i sykehus og helseinstitusjoner og andre som har spesielle vansker med å bruke biblioteket». I § 14 er står det vidare at «Det kan gis særlege statstilskudd til visse bibliotekformål som ikke naturlig hører inn under den enkelte kommunes ansvarsområde, eller som er av særlig betydning for opprettholdelse av et nasjonalt bibliotekssystem. Departementet gir nærmere bestemmelser.»

Det er ikkje gjeve slike føresegnar.

Fram til biblioteklova vart endra i 1985 stod det i dåverande § 11 at alle sjukehus skal syte for at pasientar får høve til å låne bøker. Til dette føremålet skal det årleg løyvast eit beløp over sjukehusets budsjett. Med «sjukehus» er her også meint institusjonar som er underlagde Lov om psykisk helsevern.

Etter revisjonen av biblioteklova i 1985, vart dette endra med føresegnene i § 2, som nemnd over. Dette er framleis gjeldande lov. I Ot.prp. nr. 14 (1985–86), førearbeida til lov om folkebibliotek, står det at for dei institusjonane som er eit statleg ansvar, som visse sjukehus og fengsla, er bibliotektilbodet eit statleg ansvar. Det vart laga ein utbyggingsplan for bibliotektenester i statlege helseinstitusjonar og den første løyvinga vart gjeve over statsbudsjettet i 1985.

Denne planen vart ikkje følgt opp vidare, og det vart etter kvart opp til folke- og fylkesbibliotek å følgje opp dette i eit samarbeid med helseinstitusjo-

nane. Fram til sjukehusreforma i 2002 var det flest fylkeskommunale sjukehus og helseinstitusjonar, men med innføringa av dei statlege helseføretaka er dette no endra. I dag har fylkeskommunane ikkje lenger ansvar for helseinstitusjonar. Staten eig helseinstitusjonane gjennom dei statlege helseføretaka, medan kommunane er eigarar av institusjonar innanfor pleie- og omsorg.

Då staten overtok ansvaret var det ingen automatikk i at staten skulle ha eit spesielt ansvar for pasientbiblioteka i form av ei eiga tilskotsordning. I dag er det berre Rikshospitalet som får driftstilskot til pasientbibliotek over Kultur- og kyrkjedepartementets budsjett med ein samla sum på om lag 1,9 mill. kroner i 2009. Tilskotet vert utbetalt til Deichmanske bibliotek som utfører tenesta etter avtale med Rikshospitalet.

Ullevål universitetssykehus har utvikla ein ny modell for bibliotek i helseinstitusjonar. I 2000 vart det etablert eit nytt læresenter for pasientar og pårørande. Det tidlegare pasientbiblioteket vart integrert i det nye læresenteret for å gje eit utvida tilbod til pasientar, pårørande og tilsette. Pasientbiblioteket er her integrert i ein modell som omfattar informasjon, kurs, rettleiing og utlån av litteratur, video, musikk og kunst til pasientane. Det er lagt stor vekt på å leggje til rette for bruk av Internett. I tillegg kjem den oppsøkjande verksemda på avdelinga i form av boktraller og bokdepot.

I bibliotekutgreiinga vart det vist til at helsevesenet er samansett av eit mangfald av ulike institusjonar, og det vert vurdert som lite tenleg å etablere statlege støtteordningar til bibliotektenester i helseinstitusjonar innanfor eit slikt system. Bibliotekutgreiinga er difor klar på at ansvaret for å drive og finansiere slike tenester, bør leggjast til helsevesenet. Det vert vist til at fleire av dei statlege musea får si driftsstøtte gjennom sine fagdepartement, slik som Forsvarsmuseet under Forsvarsdepartementet, Norsk vegmuseum under Samferdselsdepartementet og Nasjonalt medisinsk museum under Helse- og omsorgsdepartementet.

For å medverke til ei positiv utvikling av bibliotektenestene ikkje berre ved dei statlege helseføretaka, men også ved andre helseinstitusjonar, gjer bibliotekutgreiinga framlegg om at det bør etablere eit innsatsprogram for å utvikle gode og tenlege bibliotektenester knytte til helse og rehabilitering. Det vert særleg vist til at modellen som er utvikla ved Ullevål universitetssykehus, kan fungere som ein pilot også for andre institusjonar.

Ved mindre einingar vert det vist til at det kan vere meir tenleg å inngå avtale om drift av pasientbibliotek med eit lokalt folkebibliotek. Det vert

også vist til at formidling er viktig, og at tiltak som leseombodsordninga til Leser søker bok kan fungere positivt for brukarar ved helseinstitusjonar og andre institusjonar som har behov for slike tenester. Eit nasjonalt organ som ABM-utvikling kan medverke til ei samla utvikling av feltet.

### 13.5 Departementets vurdering

---

#### *Tilrettelagd litteratur og bibliotektenester*

Det er eit mål at både dei fysiske biblioteka og dei tenestene som biblioteka tilbyr skal vere tilgjengelege for alle. Dette er eit viktig perspektiv som må byggjast inn i alle planar for å utvikle biblioteka i framtida. Med dei auka krava som blir stilte til antidiskriminering og inkludering, er Norsk lyd og blindeskriftbiblioteks arbeid særst aktuelt. Det set krav til NLB om å gjere ein større del av folkebiblioteklitteraturen tilgjengeleg for publikum. Det set også strengare krav til studenttenesta. Tilbodet til studentane skal vere breitt og av god kvalitet, og litteratur skal kunne produserast på kort tid til studentar som har rett på slik tilrettelegging. Arbeidet som vert utført i Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek, er av stor verdi og skal utviklast vidare. Tilbodet gjennom NLB gjer at menneske med syns- og lesehemningar får eit godt bibliotektilbod, høve til å delta i kulturliv og til å ta høgare utdanning.

I dei komande åra vil det vere ei utfordring for NLB å halde oppe dagens høge produksjonsnivå, og samstundes fortsetje den sterke satsinga på å vidareutvikle produkt, produksjonsmåtar og distribusjonsformer. Ei utvikling av tenestetilbodet og auka samarbeid med andre produsentar av tilrettelagd litteratur, er avgjerande for at syns- og lesehemma skal kunne ha full nytte av den teknologiske utviklinga. Like viktig er eit godt samarbeid med biblioteka om formidlingsspørsmål, og med forlagsbransjen om tilgjenge til elektronisk grunnlagsmateriale.

Departementet vil også særleg trekkje fram det arbeidet som vert utført av Leser søker bok og leseomboda rundt omkring i landet. Leser søker bok har avtaler om samarbeid med mange folkebibliotek.

#### *Bibliotek i fengsel*

Departementet vil understreke at det dei siste åra er gjort mykje godt arbeid for å utvikle bibliotektenester i fengsla.

Det er eit mål at alle innsette skal ha tilbod om bibliotektenester. Fengsel med meir enn 25 innsette bør normalt ha eige bibliotek, og i mindre

fengsel bør ein normalt sikre fullgode bibliotektenester på alternative måtar.

Ei særleg utfordring for fengselsbiblioteka er dei restriksjonane som er lagde på tilgjenge til Internett, og dermed på tilgjenge til digitale tenester. Det vil i denne samanhengen vere viktig å følge det arbeidet som vert gjort for å utvikle sikre nett i samband med fengselsundervisninga, og eventuelt vurdere om og korleis dette kan implementerast i biblioteka.

I tida framover vil det vere viktig å arbeide for at det vert tilgjenge til bibliotektenester også ved dei 15 prosent av soningsplassane som i dag ikkje får eit tilbod om statleg finansierte bibliotektenester. Dette er eit mål som er innan rekkjevidde gjennom auken i tilskotet for 2009.

Ein må også sjå til at det vert oppretta bibliotek i nybygde fengsel. Særleg viktig er det å sjå til at det nye fengslet som opnar i Halden i 2010 får eit tilbod. Departementet vil følge opp plan for bibliotektenester i fengsel slik at alle innsette får eit godt bibliotektilbod.

#### *Bibliotek i helseinstitusjonar*

Departementet viser til at vi i dag har eit mangfald av helseinstitusjonar på ulike forvaltningsnivå, og at dei ulike målgruppene ved institusjonane har ulike behov. Departementet meiner at det særleg må leggjast vekt på å sikre bibliotektilbodet til barn og unge, langtidspasientar og pasientar innan rehabilitering. Brukarane må få eit tilbod som er tilpassa individuelle behov, og tenestene må omfatte tilgjenge til bøker, musikk, lydbøker og formidling. Det er eit spesielt ansvar å syte for at barn i skulealder får dekt sitt behov for skulebibliotektenester.

Departementet meiner at ansvaret for drift og finansiering av bibliotektenester i helseinstitusjonar bør leggjast til helsevesenet. For eit statleg

pasientbibliotek som til dømes biblioteket ved Rikshospitalet, vil dette innebære at dagens tilskot over Kultur- og kyrkjedepartementets budsjett i framtida vert gjeve over Helse- og omsorgsdepartementets budsjett, og at dei statlege helseføretaka har eit ansvar for at institusjonane yter bibliotektenester til sine pasientar. Ei slik organisering vert i dag nytta også innanfor museumssektoren, til dømes for Nasjonalt medisinsk museum og Forsvarsmuseet.

Modellen som er utvikla på Ullevål universitetssykehus, kan fungere som ein pilot for å etablere tilsvarende tenester ved andre statlege helseføretak. Ved mindre einingar kan det vere tenleg å inngå avtale om drift av pasientbibliotek med eit lokalt folkebibliotek. Det vil samstundes vere viktig å vidareutvikle tiltak innanfor litteraturformidling, slik som leseombodsordninga som Leser søker bok har etablert.

For kommunale helseinstitusjonar må den enkelte kommunen finne ut korleis tilbodet til brukarane skal organiserast. Ofte kan personale eller pasientar sjølve bruke folkebiblioteket, eller folkebiblioteket kan ha ei oppsøkjande teneste ved dei ulike institusjonane.

### **13.6 Tiltak og strategiar**

---

- Kultur- og kyrkjedepartementet vil sjå til at produksjonsnivået ved NLB vert halde oppe, og at tenestene vert utvikla i takt med den teknologiske utviklinga.
- Kultur- og kyrkjedepartementet vil fullføre planen for bibliotektenester i fengsel slik at alle innsette får eit godt bibliotektilbod.
- Kultur- og kyrkjedepartementet vil overføre ansvaret for drift og finansiering av bibliotektenester i helseinstitusjonar til helsevesenet.







Figur 14.1

Foto: ScanStockphoto.com

## 14 Økonomiske og administrative konsekvensar

I denne meldinga vert det gjort framlegg om ei satsing på biblioteka i perioden 2010-2014. Satsinga skal leggje til rette for at bibliotekfeltet arbeider i same retning, og tek i bruk løysingar som gjev brukarane bibliotektenester av høg kvalitet. Dette inneber at biblioteka og dei ulike forvaltningsnivåa må ta i bruk løysingar og byggje strukturar som er robuste nok til å møte morgondagens utfordringar. Ein viktig konsekvens av dette er at statlege tiltak i endå større grad skal gje meirverdi for biblioteka, og at ein på kommunalt og fylkeskommunalt nivå må medverke til å forme ein lokal og regional bibliotekpolitikk som byggjer opp under nasjonale målsetjingar.

Det vert ikkje gjort framlegg om å endre den eksisterande ansvars- og oppgåvefordelinga mellom forvaltningsnivåa på bibliotekområdet. Ansvar for biblioteka vil framleis vere delt mellom kommunalt, fylkeskommunalt og statleg nivå, og mellom Kultur- og kyrkjedepartementet og Kunnskapsdepartementet. For å styrkje samarbeidet og samspelet mellom forvaltningsnivåa, vert det gjort framlegg om ei ordning med friviljuge samarbeidsavtaler mellom staten og fylkeskommunane. Desse samarbeidsavtalene skal vere verktoy for å gjennomføre nasjonal politikk og nasjonale satsingar, og danne grunnlag for regionale og kommunale handlingsplanar på bibliotekområdet.

Det er også eit viktig mål å betre samarbeidet og samordninga på statleg nivå i åra framover. I meldinga vert det lagt til grunn at Kultur- og kyrkjedepartementet og Kunnskapsdepartementet må samarbeide nærare om viktige bibliotekpolitiske saker. Dette handlar mellom anna om samarbeid for å justere retningslinene til ABM-utvikling, men også om å samarbeide nærare om oppgåver som kompetanseutvikling, forskings- og utviklingsspørsmål, lisensar og konsortieavtaler og tiltak for å styrkje leselyst og lesedugleik.

Dei tiltaka som det elles vert gjort framlegg om i meldinga, vil i stor grad handle om å setje i gang

prosessar for å utvikle samarbeidet og samordninga i bibliotekfeltet. Dette er prosessar av administrativ karakter som kan føre til at ein nyttar eksisterande ressursar på nye og meir tenlege måtar. Det vert lagt til grunn at ein gjennom omprioriteringar innanfor eksisterande budsjettamme skal kunne frigjere midlar til konkrete satsingar.

Meldinga varslar i tillegg ei rekkje lovrevisjonar. Dette omfattar den pågåande revisjonen av åndsverklova, revisjon av folkebiblioteklova og pliktavleveringslova. Det er dessutan varsla harmoniseringar mellom folkebiblioteklova og universitets- og høgskulelova for å styrkje ressursdelinga og samarbeidet om fjernlån. Desse lovrevisjonane vil ikkje ha eit innhald som fører med seg nemneverdige økonomiske endringar. Eventuelle justeringar i lovverket kan opne for enkelte administrative endringar som kan frigjere midlar til konkrete og målretta satsingar og tiltak i bibliotekfeltet.

Generelt sett er dei tiltaka som er omtala i denne meldinga anten pågåande tiltak, eller tiltak som ein ønskjer å vurdere nærare i samband med dei årlege budsjettproposisjonane. I nokon grad vil det vere snakk om å omprioritere midlar i institusjonar med statleg tilskot, og i nokon grad vil det vere snakk om å stimulere til at kommunalt og fylkeskommunalt nivå medverkar til løysingar som er i tråd med overordna nasjonale målsetjingar. Det er i alle høve ein føresetnad at dei mål, strategiar og tiltak som det vert gjort framlegg om i denne meldinga, skal kunne dekkjast innanfor dei gjeldande budsjettammene.

Kultur- og kyrkjedepartementet

tilrår:

Tilråding frå Kultur- og kyrkjedepartementet av 17. april 2009 om Bibliotek blir send Stortinget.

**Vedlegg 1****Litteraturliste**

- Abelsnes, Kristine (2008): Nasjonale lisenser: en utredning om nasjonale lisenser for informasjonsressurser. Rapport til ABM-utvikling. Oslo 2008
- ABM-utvikling (2003): Norsk digitalt bibliotek. Innstilling avgitt av arbeidsgruppe oppnevnt av ABM-utvikling for å utrede hovedutfordringer for etablering av et norsk digitalt bibliotek
- ABM-utvikling (2008): Kompetanseutvikling i bibliotek: rammer og prioriteringer. Høringsutkast. Oslo, november 2008
- ABM-utvikling (2006): Artotekordning i Noreg, rapport og anbefaling til KKD 28.08.2006
- ABM-utvikling (2006): Danser med ulver. ABM-skrift nr. 24. Oslo 2003
- ABM-utvikling (2006): Bibliotekreform 2014 – del I: Strategier og tiltak. ABM-skrift nr. 30. Oslo 2006.
- ABM-utvikling (2006): Bibliotekreform 2014 – del II: Norgesbiblioteket – nettverk for kunnskap og kultur. ABM-skrift nr. 31. Oslo 2006
- ABM-utvikling (2006): Kulturarven til alle. ABM-skrift nr. 32. Oslo 2006
- ABM-utvikling (2007): Statistikk for bibliotek og museum 2006. ABM-skrift nr. 41. Oslo 2007
- ABM-utvikling (2008): Hvem er de og hvor går de? Brukeratferd i norske storbybibliotek. ABM-skrift nr. 46. Oslo 2008
- ABM-utvikling (2008): Statistikk for arkiv, bibliotek og museum 2007. ABM-skrift nr. 49. Oslo 2008
- Adrial Jönsson, Christina (2005): Svenska forskningsbibliotek. Treårsrapport 2002–2004. Kungliga biblioteket/BIBSAM. Stockholm 2005.
- Anderson, Chris (2004): The long tail. Wired, oktober 2004
- Audunson, Ragnar (2004): En sømløs biblioteklov for sømløse bibliotektenester. ABM-skrift nr. 6. Oslo 2004
- Barstad, Johan et. al. (2007): Kartlegging av skulebibliotek i grunnskulen og vidaregåande opplæring, Møreforskning Volda, arbeidsrapport nr. 204, 2007.
- Behovsanalyse. Rapport frå arbeidsgruppe oppnevnt av BIBSYS' styre 08.04.2008. Avlevert 05.12.2008.
- Bibliotek- og Mediestyrelsen (2008): «Fremtidens biblioteksbetjening af børn».
- Borgen, Jorun Spord og Brandt, Synnøve Skjersli Brandt (2006): Ekstraordinært eller selvfølgelig? Evaluering av Den kulturelle skolesekken, NIFU-STEP, Rapport 5/2006
- Buland, Trond et. al. (2008): Det er nå det begynner! : sluttrapport fra evalueringen av tiltaksplanen «Gi rom for lesing!», SINTEF Teknologi og samfunn (IFIM), Trondheim 2008.
- Buland, Trond, Finbak, Liv, Ervik, Kristianne V. og Stene, Trine (2007): Lokal grunnmur gir nasjonalt byggverk? : evaluering av tiltaksplanen «Gi rom for lesing!», Delrapport 3, SINTEF Teknologi og samfunn (IFIM), Trondheim, 2007.
- Buland, Trond, Havn, Vidar og Finbak, Liv (2006): Leselyst: helt uten smak av tran? : evaluering av tiltaksplanen Gi rom for lesing!, Delrapport 2, SINTEF Teknologi og samfunn (IFIM), Trondheim, 2006.
- Buland, Trond, Dahl, Thomas og Finbak, Liv (2005): Et ord sier mer enn tusen bilder : evaluering av tiltaksplanen «Gi rom for lesing!», Delrapport 1, SINTEF Teknologi og samfunn (IFIM), Trondheim, 2005.
- Buskoven, Nina Kristin. (2006): Undersøkelse om bibliotekbruk. Rapport. Statistisk sentralbyrå. 2006/14.
- Daal, Victor van, m. fl., PIRLS. Norske elevers leseinnnsats og leseferdigheter. Resultater for fjerde og femte trinn i den internasjonale studien PIRLS 2006, november 2007.
- Danmark. Biblioteksstyrelsen. (2006). Fra informasjon til viden; Biblioteksstyrelsens oplæg til strategi for dansk biblioteksudvikling.
- Danmark. Biblioteksstyrelsen. (2004). Børnehavebiblioteket – når pædagoger og bibliotekarere går hånd i hånd.

- Danmark. Styrelsen for bibliotek og medier. (2008). Folkebibliotekerne efter kommunalreformen.
- Direktoratet for forvaltning og IKT (DIFI) 2008: Evaluering av ABM-utvikling, DIFI-rapport nr. 9 2008.
- Europarådet. (1995). Europarådets rammekonvensjon om beskyttelse av nasjonale minoriteter
- Europarådet. (1992). Minoritetsspråkpakten
- Europarådets tilråding nr. R (87) 3 De europeiske fengselsregler
- Finland. Undervisningsministeriet (2003). Biblioteksstrategi 2010 – Policy för tillgång til kunnskap och kultur.
- Finland. Undervisningsministeriet (2007). Utvecklingsprogram för bibliotek 2006–2010: biblioteket som ett mångsidigt servicecenter på landsbygden och i tätorterna.
- Undervisningsministeriets publikasjoner 2007:5
- FNs konvensjon om barnets rettigheter
- FNs Standard Minimum Rules for the Treatment of Prisoners
- Framework for the Future – MLA Action Plan for Public Libraries – «towards 2013»,
- Guthu, Lene og Gravdahl, Berit (2008): Borger og bruker: en analyse av den norske befolknings digitale kompetanse, Vox, 2008.
- Handlingsplan for skolebibliotek 2008–2011. Grunnskolen og vidaregåande opplæring, Finnmark fylke
- Hernes, Sigbjørn: Undersøkelse for Universitets- og høgskolerådet om norske vitenskapelige artikler 2005–2006 og institusjonsarkiv.
- Hoel, T. og Helgevold, L. (red) (2007). Bok i bruk i barnehagen. Språkstimulering gjennom leseaktiviteter. Universitetet i Stavanger: Lesesenteret.
- Hoel, T., L.B. Bråthen og M. Kaasa (red). (2008). Les for meg, plis – om barn, litteratur og språk. ABM-skrift nr. 47. Oslo, 2008.
- Huysmans, Frank and Carlien Hillebrink (2008). The future of the Dutch public library: ten years on. The Hague: Netherlands Institute for Social Research.
- IFLA/UNESCOs folkebibliotekmanifest (1994)
- IFLA/UNESCOs skolebibliotekmanifest
- IFLAs Internett-manifest (2002)
- IFLAs flerkulturelle bibliotekmanifest (2006)
- Information behaviour of the researcher of the future (2008): undersøking gjennomført av University College London for British Library og Joint Information Systems Committee (JISC)
- Institute of Museum and Library Service (2008): Kartlegging av bruken av museum og bibliotek som informasjonskjelder (www.imls.gov)
- Kunnskapsdepartementet, (2008): Kartlegging av språkstimulering og språkkartlegging i kommunene, sluttrapport, mars 2008, Rambøll management
- Kunnskapsdepartementet (2007): Skapende læring. Strategi for kunst og kultur i opplæringen 2007–2010
- Kunnskapsdepartementet (2005): Forskrift om akkreditering, evaluering og godkjenning etter lov om universitet og høyskoler.
- Kunnskapsdepartementet (2006): Forskrift om standarder og kriterier for akkreditering av studier og kriterier for akkreditering av institusjoner i norsk høyere utdanning,
- Learning a Living. First results of the Adult Literacy and Life Skills (ALL) Survey. Ministry of Industry, Canada and Organisation for Economic Co-operation and Development (OECD), Paris 2005
- Lesesenteret (2007): Bok i bruk i barnehagen. Språkstimulering gjennom leseaktiviteter, Lesesenteret 2007.
- NOU 1987: 34 Samisk kultur og utdanning
- Opphavsrett i kunnskapsøkonomien, Commission of the European Communities Brussels (COM), 2008
- Sametinget (2003): Sametingsrådets redegjørelse om samiske bibliotekstjenester. Karasjok: Sametinget.
- Sanderstøl, Vebjørn (2009): Katalogdata. Juridiske problemstillinger knyttet til eierskap og produksjon, ABM-skrift nr. 53. Oslo 2009
- Statskonsult (2006): Evaluering av organiseringen av ABM-utvikling. Statskonsult rapport nr. 14 2006.
- St.meld. nr. 22 (1999–2000) Kjelder til kunnskap og oppleving. Om arkiv, bibliotek og museum i ei IKT-tid og om bygningsmessige rammevilkår på kulturområdet
- St.meld. nr. 27 (2000–2001) Gjør din plikt – krev din rett
- St.meld. nr. 38 (2002–2003) Den kulturelle skolesekken
- St.meld. nr. 39 (2002–2003) Ei blot til lyst
- St.meld. nr. 48 (2002–2003) Kulturpolitikk fram mot 2014
- St.meld. nr. 27 (2004–2005) Om opplæring innenfor kriminalomsorgen
- St.meld. nr. 17 (2005–2006) 2008 som markeringssår for kulturelt mangfald
- St.meld. nr. 16 (2006–2007) ... og ingen stod igjen. Tidlig innsats for livslang læring

St.meld. nr. 17 (2006–2007) Eit informasjonssamfunn for alle

St.meld. nr. 22 (2006–2007) Veiviseren

St.meld. nr. 7 (2007–2008) Statusrapport for Kvalitetsreformen i høgre utdanning

St.meld. nr. 8 (2007–2008) Kulturell skulesekk for framtida

St.meld. nr. 14 (2007–2008) Dataspill

St.meld. nr. 23 (2007–2008) Språk bygger broer. Språkstimulering og språkopplæring for barn, unge og voksne

St.meld. nr. 28 (2007–2008) Samepolitikken

St.meld. nr. 31 (2007–2008) Kvalitet i skolen

St.meld. nr. 32 (2007–2008) Samspill. Et løft for rytmisk musikk

St.meld. nr. 35 (2007–2008) Mål og mening

Svensk biblioteksforening (2007): Sverige – så in i Norden efter: en jämförelse av nationell bibliotekspolitik i Danmark, Finland, Norge og Sverige.

The Museums, Libraries and Archives Council (MLA) (2008): MLA Action Plan for Public Libraries – «towards 2013»

Tveit, Åse Kristine. (2006): Rom for lek og læring: bibliotektilbudet til barn og unge. ABM-skrift nr. 27. Oslo: ABM-utvikling

Vabø, Agnete og Ramberg, Inge (2009): Arbeidsvilkår i norsk forskning, rapport 9, 2009.

Vaagan, Robert (2006): Bibliotekene og det flerkulturelle Norge, ABM-skrift nr. 22, 2006.

Aabø, Svanhild (2005): The Value of Public Libraries. Dr.gradsavhandling. Faculty of Arts. University of Oslo, 2005.

*Lenkjer*

<http://digikombi.biblioteknett.no/>

<http://obiblio.sourceforge.net/>

<http://wiki.biblioteklaboratoriet.no/index.php/>

Koha

[www.abelprisen.no](http://www.abelprisen.no)

[www.bazar.deichman.no](http://www.bazar.deichman.no)

[www.bam-portal.de/](http://www.bam-portal.de/)

[www.biblev.no/](http://www.biblev.no/)

[www.biblioteksvar.no](http://www.biblioteksvar.no)

[www.bibliotheek.nl](http://www.bibliotheek.nl)

[www.europeana.eu](http://www.europeana.eu)

[www.europeanalocal.eu](http://www.europeanalocal.eu)

[www.helsebiblioteket.no](http://www.helsebiblioteket.no)

[www.koha.org](http://www.koha.org)

[www.kulturminne-frigg.no](http://www.kulturminne-frigg.no)

[www.kulturminne-ekofisk.no](http://www.kulturminne-ekofisk.no)

[www.kvensk.no](http://www.kvensk.no)

[www.litteratursiden.dk](http://www.litteratursiden.dk)

[www.litteratursiden.no](http://www.litteratursiden.no)

[www.nb.no](http://www.nb.no)

[www.nb.no/nmff/80millioner.php](http://www.nb.no/nmff/80millioner.php)

[www.reaktor.deichman.no](http://www.reaktor.deichman.no)

[www.skrivebua.no](http://www.skrivebua.no)

[www.theeuropeanlibrary.org](http://www.theeuropeanlibrary.org)

[www.onskebok.no](http://www.onskebok.no)



Offentlege institusjonar kan tinge fleire eksemplar frå:  
Servicesenteret for departementa  
Post og distribusjon  
E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no  
Faks: 22 24 27 86

Opplysningar om abonnement, laussal og pris får ein hjå:  
Akademika AS  
Avdeling for offentlege publikasjonar  
Postboks 84 Blindern, 0314 Oslo  
E-post: offpubl@akademika.no  
Telefon: 22 18 81 00  
Faks: 22 18 81 01  
Grønt nummer: 800 80 960

Publikasjonen er også tilgjengeleg på  
[www.regjeringen.no](http://www.regjeringen.no)

Omslagsillustrasjon: Kristin Berg Johnsen, Koboltdesign

Trykk: 07 Gruppen 04/2009

